DET KONGELEGE
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT


Meld. St. 5

(2026–2027)

Melding til Stortinget

Ein likestillingspolitikk i takt med tida

Likestilling for gutar og menn



DET KONGELEGE
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Meld. St. 5

(2026–2027)

Melding til Stortinget

Ein likestillingspolitikk i takt med tida

Likestilling for gutar og menn

Innhald

1 Eit løft for gutar og menn 9
1.1 Innleiing 9
1.2 Gutar og menns likestillings-utfordringar 9
1.3 Bakteppe for meldinga 11
1.4 Likestillingspolitikk i takt med tida 12
1.4.1 Oppslutninga om likestilling er i endring 13
1.4.2 Det er store forskjellar mellom menn 14
1.4.3 Kjønnsnormer kan ha noko å seie for livet til gutar og menn ... 14

2 Menn har eit sterkt diskrimineringsvern 17
2.1 Regjeringa meiner det er gode grunnar til å oppretthalde formålsføresegna i likestillings- og diskrimineringslova 17
2.1.1 Kjønnsnøytral formålsføresegn er ikkje eit nytt forslag 18
2.1.2 Mange høyringsinstansar meiner at formålsføresegna bør behaldast 18
2.2 Menns vern i lovgivinga 19
2.2.1 Likestillings- og diskrimineringslova 19

3 Eit likestilt familieliv 25
3.1 Fedrar er i større grad enn mødrer fornøgde med lengda på fedrekvoten 25
3.1.1 Fedrars uttak av foreldrepenge-perioden 27
3.2 Fedrar opplever at helsestasjons-tilbodet er lite tilpassa dei 27
3.3 Tiltak for å leggje betre til rette for fars rolle som omsorgsperson 27
3.3.1 Føre vidare den tredelte foreldrepengeordninga 28
3.3.2 Fedrars rettar er styrkte 28
3.3.3 Eit helsestasjonstilbod som anerkjenner menn som likestilte omsorgspersonar 28
3.3.4 Trepartssamarbeidet for betre balanse mellom arbeid og familie blir vidareført 30
3.4 Rolla til far etter samlivsbrot 30
3.4.1 Stor auke i delt bustad, men få barn bur berre hos far 31
3.4.2 Dei fleste fedrar ser barna jamleg etter samlivsbrot, men enkelte opplever samværshindring 31
3.4.3 Menn som blir fedrar utanfor samliv, har òg foreldreansvar 32
3.4.4 Er fedrar mindre fornøgde med familievernet? 33
3.4.5 Er det vanskelegare for fedrar å få medhald i ei foreldretvist-sak? 34
3.5 Tiltak for å leggje til rette for likeverdige foreldre også etter samlivsbrot 35
3.5.1 Likare fordeling av avgjerds-myndigheit mellom foreldre i delte familiar 36
3.5.2 Foreldre skal som utgangspunkt vere einige om flytting 36
3.5.3 Moglegheita domstolen har til å fastsetje delt bustad, blir styrkt 36
3.5.4 Endringar for å styrkje foreldresamarbeidet 37
3.5.5 Tiltak for å motverke samværs-hindring 37
3.6 Andre familiekonstellasjonar 38
3.6.1 Tiltak knytte til samværsrett for andre enn foreldra 38

4 Likestilling i barnehage, skule og utdanning 41
4.1 Forskjellar mellom gutar og jenter begynner før skulestart 42
4.1.1 Ulik praksis og forventingar i barnehagen til gutar og jenter 42
4.2 Tiltak for ein god start i barnehagen og skulen 42
4.2.1 Tiltak for betre kvalitet og kompetanse blant tilsette i barnehagen og skulen 43
4.2.2 God overgang til skulestart 44
4.3 Kjønnsforskjellar i grunnskulen og vidaregåande opplæring 45
4.3.1 Gutar er overrepresenterte blant elevar med låge skuleprestasjonar 46
4.3.2 Gutar er meir fornøgde med skulen enn jenter 48
4.3.3 Gutar er overrepresenterte blant barn og elevar som får særskild oppfølging 49

4.3.4 Gutar fullfører vidaregåande opplæring i mindre grad enn jenter 50
4.4 Tiltak for betre læring og auka fullføring 51
4.4.1 Ein betre start på skuleløpet 52
4.4.2 Ein meir praktisk skulekvardag i grunnskulen 53
4.4.3 Tidleg innsats og meir og betre læring 54
4.4.4 Mindre skjerm for meir læring og trivsel 55
4.4.5 Betre tilpassing og tilrettelegging i eit inkluderande fellesskap 55
4.4.6 Betre tilgang til SFO 57
4.4.7 Tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring 57
4.4.8 Antal karakterar på vitnemålet i vidaregåande opplæring 58

5 Eit likestilt arbeidsliv 61
5.1 Dårlegare rammer for arbeids- og familielivsbalanse i enkelte delar av arbeidslivet? 61
5.2 Enkelte menn opplever diskriminering i arbeidslivet 62
5.3 Menn er overrepresenterte i utsette yrke 63
5.3.1 Menn er mest utsette for arbeidsulykker 63
5.3.2 Arbeidsinnvandrarar er særleg utsette for sosial dumping 64
5.3.3 Menn blir òg utsette for trakassering 64
5.4 Tiltak for eit godt arbeidsliv 64
5.4.1 Rammer for eit arbeidsliv som gjer det mogleg å kombinere arbeid og omsorg 65
5.4.2 Integrering og arbeid mot diskriminering i arbeidslivet 65
5.4.3 Følgje opp ny nasjonal arbeidsmiljøstrategi 66
5.4.4 Følgje opp Meld. St. 7 (2024–2025) Om seksuell trakassering 66
5.4.5 Førebyggje og motverke sosial dumping og arbeidslivs-kriminalitet 66
5.5 Vedvarande kjønnsdeling i utdanning og arbeidsliv 67
5.5.1 Kjønnsdeling i vidaregåande opplæring, høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning ... 68
5.5.2 Få menn i viktige velferds-tenester 69
5.6 Tiltak for færre kjønnsdelte utdanningsval og ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad 71
5.6.1 God karriererettleiing 71
5.6.2 Nasjonalt senter for yrkesfag 72
5.6.3 Meir kunnskap om og erfaring med arbeidslivet 72
5.6.4 Miljø med kompetanse på kjønnsdelte utdanningsval 72
5.6.5 Frå kjønnspoeng til kjønns-kvotar 73

6 Betre helse for gutar og menn 77
6.1 Levevanar, levekår og forventa levealder 77
6.1.1 Seksuell helse blant menn 80
6.2 Tiltak for å styrkje folkehelsa 81
6.2.1 Nasjonal livskvalitetsstrategi (2025–2030) og vidare oppfølging 82
6.2.2 Tilrådingar om skjermbruk for barn og unge 82
6.2.3 Nasjonalt program for rusmiddelførebygging 83
6.2.4 Innsats for redusert bruk av tobakks- og nikotinprodukt 83
6.2.5 Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029 83
6.2.6 Tiltak for å redusere sosiale forskjellar i kosthald 83
6.2.7 Meir kunnskap om somatisk helse, psykisk helse, rusmiddel-problem og livskvalitet blant menn i lågaste inntektskvartil 84
6.2.8 Auke helsekompetansen i befolkninga 84
6.2.9 Følgje opp strategien God seksuell helse – vårt felles ansvar 84
6.3 Psykiske helseutfordringar blant menn 85
6.4 For mange menn døyr i sjølvmord 88
6.5 Flest menn blant dei med rusmiddel- og avhengnads-lidingar 88
6.6 Menn er overrepresenterte i tvunge psykisk helsevern 89
6.7 Tiltak for å betre menns psykiske helse og redusere problematisk rusmiddelbruk 89
6.7.1 Styrkt arbeid med å førebyggje sjølvmord 90

6.7.2 Lågterskeltilbod innanfor psykisk helse- og rusmiddelfeltet 91
6.7.3 Oppfølging av handlingsplan for å heve levealderen for personar med alvorlege psykiske lidingar og/eller alvorlege rusmiddelproblem 91
6.7.4 Meir tilgjengeleg, samanhengande og koordinert behandling av rusmiddellidingar gjennom førebyggings- og behandlingsreforma 92
6.7.5 Følgje opp handlingsplan mot overdosar 92
6.7.6 Styrkje døgnkapasiteten og det heilskaplege pasientforløpet innanfor psykisk helse 93
6.8 Sosial ulikskap i bruk av helse- og omsorgstenester 93
6.9 Tiltak for likeverdige helse- og omsorgstenester 94
6.9.1 Vurdere nye kreftscreening-program 94
6.9.2 Betre kunnskap for å styrkje kvaliteten i helse- og omsorgstenestene 95
6.9.3 Betre utnytting av helsedata 96
6.9.4 Digitale sjølvhjelps- og behandlingsverktøy 96
6.9.5 Innsats for betre helse- og omsorgstenester til innsette 97

7 Vald og kriminalitet 99
7.1 Omfanget av alvorleg fysisk vald blant menn 99
7.2 Menn blir òg utsette for vald i nære relasjonar 100
7.3 Kjønnsnormer og maskulinitet kan gjere det vanskeleg å snakke om seksuell vald og overgrep 101
7.4 Mangel på informasjon til offer for ikkje-familiær vald 102
7.5 Krisesentertilbodet til menn 102
7.6 Tiltak for å fange opp og førebyggje vald og overgrep 103
7.6.1 Tilbod til personar som utøver vald og overgrep 103
7.6.2 Hjelpetilboda skal vere kjende og tilgjengelege, også for valdsutsette menn 105
7.6.3 Tiltak for å førebyggje vald og overgrep i nære relasjonar 107
7.7 Negativ sosial kontroll og æresmotivert vald rammar også menn 109
7.8 Innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald 109
7.9 Rekruttering til kriminalitet 110
7.9.1 Gutar er overrepresenterte blant barn og unge som utøver kriminalitet 110
7.9.2 Risikofylte og skadelege internettmiljø for barn og unge 110
7.9.3 Gutar og unge menn er særleg sårbare for radikalisering 110
7.10 Tiltak for å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet, radikalisering og rekruttering til kriminelle miljø 111
7.10.1 Førebygging av og kamp mot barne- og ungdomskriminalitet 111
7.10.2 Tiltak for betre førebygging, meir kunnskap om dei ekstreme valdelege internettsamfunna og betre oppfølging 112
7.10.3 Innsats for å førebyggje radikalisering og valdeleg ekstremisme 113
7.11 Utfordringar for gutar og menn i møte med rettssystemet: kjønnsforskjellar i kontroll og straff 113
7.11.1 Gutar og menn med minoritetsbakgrunn kan vere meir utsette for tilfeldige politikontrollar 113
7.11.2 Moglege skeivskapar i straffeutmålinga 113
7.11.3 Utfordringar i straffegjennomføring, rehabilitering og tilbakeføring til samfunnet 114
7.12 Tiltak i samband med kontroll, straffeutmåling og gjennomføring av straff 114
7.12.1 Oppfølging av evalueringa av pilotprosjektet med kvitteringsordning for personkontrollar 115
7.12.2 Tiltak knytte til moglege forskjellar i straffeutmåling 115
7.12.3 Betre rehabilitering og oppfølging etter gjennomført straff 115

8 Det viktige fellesskapet 117
8.1 Einsemd og sosial isolasjon 118
8.2 Fritidsvanane blant unge gutar har endra seg: meir skjerm og mindre kultur 118
8.3 Idretten både formar og speglar normer for kjønn 120
8.4 Deltaking, fellesskap og utfordringar i digitale spelmiljø 121

8.5 Behov for fleire tilgjengelege lågterskeltilbod 122
8.6 Tiltak for å styrkje det viktige fellesskapet og motverke einsemd 122
8.6.1 Gode rammevilkår for frivillig sektor til å skape inkluderande fellesskap og møteplassar 123
8.6.2 Styrking av fritidsklubbar og andre opne møteplassar for ungdom 124
8.6.3 Styrking av anlegg til idrett, kultur og eigenorganisert aktivitet lokalt 124
8.6.4 Innsatsar for å sikre at kulturen når alle 125
8.6.5 Samarbeid for å styrkje inkluderinga av barn og unge 126
8.6.6 Inkluderande, trygg og tilgjengeleg dataspelkultur 126
8.6.7 Meir kunnskap om målretta tiltak for auka deltaking 127
8.6.8 Jamne ut sosiale forskjellar i livskvalitet 127
8.6.9 Betre fellesskap og møteplassar for eldre gjennom eldreløftet til regjeringa 128
8.7 Gutar og menn er overrepresenterte blant personar med speleproblem 128
8.7.1 Regjeringa sin innsats mot speleproblem 129
8.8 Demokratisk utanforskap, ytringsklima og digital påverknad blant unge menn 130
8.8.1 Nokre menn har lågare tillit og lågare valdeltaking 130
8.8.2 Gutar og menns deltaking i samfunnsdebatten 131
8.8.3 Informasjon, normer og forventningar som gutar og unge menn møter på internett 131
8.9 Tiltak for eit demokratisk og motstandsdyktig samfunn 133
8.9.1 Meir kunnskap om demokrati og medborgarskap i skulen 133
8.9.2 Biblioteka som opne og demokratiske møteplassar 133
8.9.3 Styrkt innsats for eit ope og opplyst offentleg ordskifte og motstandskraft mot desinformasjon 134
8.9.4 Tiltak for ein trygg oppvekst i eit digitalt samfunn 135
8.9.5 Nordisk samarbeid om meir kunnskap om algoritmestyrt innhald, likestilling og demokratisk motstandskraft 135

9 Ein fornya likestillingspolitikk 139
9.1 Utfordringar i organiseringa og gjennomføringa av likestillingspolitikken 139
9.1.1 Fleire tilrådingar om eit styrkt verkemiddelapparat 140
9.1.2 Likestillingsarbeidet i kommunane 140
9.2 Tiltak for eit godt verkemiddelapparat for likestillingspolitikken 140
9.2.1 Gjennomgang av verkemiddel på likestillingsfeltet og oppfølging av tilrådingane frå OECD 141
9.2.2 Meir kompetanse på likestilling og gode rammer for eit sterkt sivilt samfunn 141
9.2.3 Betre kunnskapsgrunnlag og statistikk om kjønn og menns likestillingsutfordringar 142
9.3 Fremje likestilling for gutar og menn internasjonalt 143

10 Økonomiske og administrative konsekvensar 144

Referansar 145

Vedlegg
1 Oppfølging av forslaga frå Mannsutvalet 156

DET KONGELEGE
KULTUR- OG LIKESTILLINGSDEPARTEMENT

Meld. St. 5

(2026–2027)

Melding til Stortinget

Ein likestillingspolitikk i takt med tida

Likestilling for gutar og menn

Tilråding frå Kultur- og likestillingsdepartementet 20. november 2026, godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)



Figur 1.1

Kjelde: Anagram design.

1 Eit løft for gutar og menn

1.1 Innleiing

Likestilling mellom kvinner og menn handlar om like rettar, fridom og moglegheit til å leve det livet ein ønskjer, uavhengig av kjønn. Dette er grunnleggjande verdiar i det norske samfunnet og ein føresetnad for rettferd og demokrati. Samtidig er dette verdiar regjeringa meiner ein ikkje kan ta for gitt.

I Noreg har likestillingspolitikken over lang tid hatt som hovudmål å betre kvinners situasjon. Denne innsatsen har vore nødvendig og rett og har bidrege til store framsteg. Kvinners auka deltaking i utdanning, arbeidsliv og politikk har styrkt demokratiet, verdiskapinga og vore ein viktig føresetnad for utviklinga av velferdsstaten. Endringane har òg komme menn til gode. I dag har kvinner og menn i større grad høve til å dele på forsørgjaransvaret og mange fedrar har langt betre høve til å vere omsorgspersonar og vere til stades i livet til barna sine enn menn i tidlegare generasjonar.

Likestillingsarbeidet må kontinuerleg utviklast i takt med tida og dei utfordringane kvinner og menn møter. No inneber det å erkjenne at politikken ikkje i stor nok grad har fanga opp alle sider ved likestillinga. Særleg har utfordringar som gjeld gutar og menn, fått for lite merksemd.

Regjeringa meiner at ein breiare og meir heilskapleg likestillingspolitikk, som i større grad omfattar gutar og menn, vil styrkje samfunnsutviklinga. Det å ta likestilling for gutar og menn på alvor bryt ikkje med måla og verdiane av likestillingspolitikken. Det bidreg tvert om til å vidareføre dei.

1.2 Gutar og menns likestillingsutfordringar

Denne meldinga konsentrerer seg om gutar og menns likestillingsutfordringar. Eit viktig utgangspunkt er Mannsutvalet si offentlege utgreiing NOU 2024: 8 *Likestillingens neste steg,* som gir ein brei gjennomgang og vurdering av likestillingsutfordringar for gutar og menn på tvers av samfunnsområde.

Meldinga er bygd opp rundt temaa familieliv, barnehage, skule og utdanning, arbeidsliv, helse, vald og kriminalitet, fellesskap og ei fornya likestillingspolitikk. Korleis samfunnet er organisert, kan ha noko å seie for opplevingane gutar og menn har av val, meistring og fridom på desse områda.

Samstundes er gutar og menn ei samansett og mangfaldig gruppe. Jenter og gutar, kvinner og menn utviklar seg ulikt, og det finst biologiske skilnader mellom kjønna. Kjønnsnormer kan òg påverke kva forventningar dei møter, og kva val dei tek. Meldinga byggjer vidare på ei forståing av at skilnadene mellom menn ofte er store, og i nokre tilfelle større enn skilnadene mellom kvinner og menn.

Eit likestilt familieliv

Fedrane si involvering i familielivet har auka mykje dei siste tiåra. Dei fleste fedrar deltek aktivt i omsorgsarbeidet og ønskjer å ta ei større rolle i livet til barna. Samtidig opplever enkelte menn at dei framleis ikkje blir møtte og anerkjende som likeverdige omsorgspersonar verken i familien eller i arbeidslivet. Særleg etter samlivsbrot kan enkelte fedrar oppleve avgrensa moglegheiter til å ta vare på relasjonen til barna.

Regjeringa vil
- føre ein familiepolitikk som gir rom for å kombinere familieliv og arbeidsliv
- leggje til rette for at foreldre skal vere likestilte omsorgspersonar

Sjå tiltak i kapittel 3.

Likestilling i barnehage, skule og utdanning

Gutar oppnår i gjennomsnitt svakare resultat i skulen enn jenter, dei er overrepresenterte blant elevar som får spesialpedagogisk hjelp og individuell tilrettelegging, og dei fullfører vidaregåande opplæring i lågare grad enn jenter. Desse forskjellane kan få noko å seie for vidare utdanningsløp, tilknyting til arbeidslivet og levekår seinare i livet.

Kjønnsforskjellane reiser òg spørsmål om kor vidt barnehagen og skulen i tilstrekkeleg grad varetek ulike behov og føresetnader blant gutar og jenter.

Regjeringa vil
- styrkje kvaliteten i barnehagen, gjennom tilstrekkeleg bemanning og kompetanse
- betre elevane sine lese- og skriveferdigheiter
- at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring og bli kvalifiserte til arbeid eller vidare utdanning

Sjå tiltak i kapittel 4.

Eit likestilt arbeidsliv

Menn har generelt høg yrkesdeltaking, men møter òg særskilde utfordringar i arbeidslivet. For nokre i enkelte delar av arbeidslivet kan det dreie seg om at dei i praksis kan ha dårlegare vilkår for balansen mellom arbeid og familie. Menn er òg overrepresenterte i utsette yrke, og det er først og fremst menn som døyr i arbeidsulykker.

Arbeidslivet og utdanningsval er framleis kjønnsdelt. Kjønnsdelinga i seg sjølv kan påverke kva yrke og sektorar kvinner og menn søkjer seg til. Samtidig har kjønnsdelinga noko å seie for kvaliteten, kompetansen og mangfaldet i sentrale velferdstenester.

Regjeringa vil
- leggje til rette for god balanse mellom familie og jobb
- styrkje HMS-arbeidet på den enkelte arbeidsplassen
- halde fram innsatsen for å hindre sosial dumping og arbeidslivskriminalitet
- ha betre oppfølginga av aktivitets- og forklaringsplikta for arbeidsgivarar
- ha fleire menn i kvinnedominerte yrke og fleire kvinner i mannsdominerte yrke

Sjå tiltak i kapittel 5.

Betre helse for gutar og menn

Menn har høgare dødelegheit enn kvinner gjennom store delar av livsløpet, og forskjellane mellom menn med høg og låg inntekt er særleg store. Menn er overrepresenterte i statistikk over rusmiddelproblem, avhengnadslidingar, dødelegheit etter ulykker og sjølvmord. Menn har òg høgare førekomst av dei fleste ikkje-smittsame sjukdommar, som hjarte- og karsjukdom, kreft og diabetes type 2. Sjølv om mange menn har god helse, tyder mykje på at menns helseutfordringar ikkje alltid blir fanga opp tidleg nok.

Korleis helse- og omsorgstenestene er innretta, kan ha noko å seie for når, om og korleis menn søkjer og får hjelp. Menns helsekompetanse og normer knytte til maskulinitet kan òg ha noko å seie for korleis helseutfordringar oppstår og blir handterte.

Regjeringa vil
- fremje friske leveår for gutar og menn gjennom livsløpet gjennom kunnskap og folkehelsepolitikk retta mot område der menn har høgare dødelegheit og sjukdomsbelasting enn kvinner
- jamne ut forskjellar i friske leveår og levealder mellom ulike grupper av menn
- fremje god psykisk helse og motverke skadeleg bruk av rusmiddel for gutar og menn gjennom innsats for god folkehelse og i helse- og omsorgstenestene

Sjå tiltak i kapittel 6.

Vald og kriminalitet

Førestillingar om maskulinitet kan påverke korleis vald blir utøvd, forstått og opplevd, både blant dei som utøver vald, og dei som blir utsette for vald.

Det er i stor grad menn som utøver og blir utsette for alvorleg fysisk vald, særleg vald som skjer i det offentlege rommet, og som blir utført av ukjende gjerningspersonar. Alvorleg partnarvald og seksuelle overgrep blir i hovudsak utførte av menn. Samtidig blir også gutar og menn utsette for vald i nære relasjonar, negativ sosial kontroll og æresmotivert vald. Denne typen sårbarheit har fått mindre merksemd, og det er behov for anerkjenning av og kunnskap om erfaringane til gutar og menn. Tilbodet til valdsutsette menn varierer òg i kvalitet og tilgjengelegheit.

Enkelte grupper gutar og menn kan vere særleg sårbare for rekruttering til kriminelle eller ekstreme miljø. Ungdom som utøver kriminalitet, lever ofte i familiar og nærmiljø prega av store levekårsutfordringar, og mange har sjølv erfaring med vald og omsorgssvikt.

Kjønnsforskjellar gjer seg dessutan gjeldande i samband med politikontrollar, straffeutmåling og straffegjennomføring.

Regjeringa vil
- følgje opp *Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner (2024–2028)*

– bidra til likeverdige og tilgjengelege hjelpetilbod for valdsutsette menn og kvinner
– utarbeide tilrettelagd helseinformasjon på Helsenorge til personar som er utsette for ikkje-familiær vald
– omtale tiltak for og oppfølging av personar som er utsette for ikkje-familiær vald, i nasjonal rettleiar for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofar
– *følgje opp Sjef i eget liv – styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold 2025–2028*

Sjå tiltak i kapittel 7.

Det viktige fellesskapet

Sosialt fellesskap er svært viktig for livskvalitet, meistring og tilhøyrsel. For mange av utfordringane som meldinga omtalar, er trygge og gode fellesskap ein del av løsninga. Nokre grupper av gutar og menn opplever einsemd, sosial isolasjon og manglande tilhøyrsel. Sjølv om dei fleste barn og unge deltek i organiserte fritidsaktivitetar, varierer deltakinga etter kjønn, familieøkonomi, utdanninga til foreldra og tilgangen til sosiale nettverk.

Enkelte grupper menn deltek òg i mindre grad enn andre i demokratiske prosessar som val, og nokre søkjer til alternative fellesskap på internett. Oppleving av utanforskap, manglande innverknad og tilhøyrsel kan bidra til redusert tillit og lågare oppslutning om demokratiske verdiar. Det kan òg gjere enkelte meir mottakelege for ytterleggåaende eller polariserande bodskapar.

Regjeringa vil
– leggje til rette for eit mangfaldig og levande kulturliv som bidreg til ytringsfridom, meiningsbryting og eit ope offentleg ordskifte
– sikre at alle har tilgang til kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet og tilbod om idrett og fysisk aktivitet, uavhengig av kjønn, bustad, økonomi og sosial bakgrunn
– bidra til gode rammevilkår for lokale og nasjonale kultur- og frivilligaktørar som medverkar til å skape aktivitetar og møteplassar
– bidra til eit kvalitetsløft for fritidsklubbar og andre opne møteplassar for barn og unge
– tidleg identifisere og gi god behandling for problematisk speleåtferd og auke og dele kunnskap om spel og speleproblem
– jobbe for ein trygg digital oppvekst og betre skjermbalanse for unge

Sjå tiltak i kapittel 8.

Ein fornya likestillingspolitikk

Norsk likestillingspolitikk byggjer på at alle offentlege styresmakter har ansvar for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Offentlege utgreiingar og ein gjennomgang av OECD peikar likevel på at ansvaret for likestilling ofte er svakt operasjonalisert og ujamt følgt opp. Når likestillingsomsyn ikkje blir integrerte systematisk i styring, tenesteutvikling og avgjerdsprosessar, kan offentlege tenester i mindre grad treffe behova til ulike grupper. Offentlege styresmakter har eit ansvar for å sikre at politikk og tenester varetek behova til både kvinner og menn. For å lykkast med det må kunnskapen om kjønn, i denne samanhengen om gutar og menn, styrkjast.

Regjeringa vil
– styrkje strukturen for likestillingspolitikken
– bidra til eit godt kunnskapsgrunnlag om likestilling for gutar og menn
– fremje likestillinga for gutar og menn internasjonalt

Sjå tiltak i kapittel 9.

1.3 Bakteppe for meldinga

Mannsutvalet blei utnemnt av regjeringa 26. august 2022 for å greie ut gutar og menns likestillingsutfordringar. Utvalet fekk i oppdrag å kartleggje og analysere korleis kjønn påverkar livssituasjonen til gutar og menn i Noreg, og å foreslå tiltak som kan bidra til eit meir likestilt samfunn. I april 2024 leverte utvalet ein rapport i form av ei offentleg utgreiing med tittelen NOU 2024: 8 *Likestillingens neste steg*. Rapporten peikar på utfordringar knytte til mellom anna utdanning, arbeidsliv, helse, familieliv, vald og utanforskap. Utvalet foreslår 35 tiltak fordelt på fire innsatsområde:

1. Menn som omsorgspersonar – tiltak for å styrkje rolla menn har i familien og som omsorgsgivarar
2. Kjønnsforskjellar i utdanning og arbeidsliv – tiltak for å redusere ulikskapar i skuleprestasjonar, utdanningsval og yrkesdeltaking
3. Sårbarheit og helse – tiltak retta mot den psykiske og fysiske helsa til menn og førebygging av utanforskap
4. Ein likestillingspolitikk for alle – tiltak for å sikre at likestillingspolitikken inkluderer og varetek også gutar og menns perspektiv

Boks 1.1 Innspel frå unge om gutars likestillingsutfordringar

Som del av kunnskapsgrunnlaget for denne meldinga fekk Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) i oppdrag å arrangere eit innspelsmøte med unge gutar.

I 2026 gjennomførte Redd Barna ein workshop med 20 deltakarar frå ungdomsråd og organisasjonar frå ulike delar av landet. Formålet var å få fram erfaringane og vurderingane til dei unge og forslaga deira til tiltak for å styrkje likestillinga for gutar og menn.

Deltakarane beskriv likestilling som like moglegheiter for alle, og dei peikar særleg på press i samband med kjønnsroller, prestasjonsforventingar og vanskar med å uttrykkje kjensler. Fleire trekkjer fram einsemd, psykiske helseutfordringar, mangel på trygge relasjonar og det at gutar sjeldnare oppsøkjer hjelp.

Følgjande tiltak blei løfta fram:

- Ein meir tilpassa skule, med større vekt på praktisk læring, betre oppfølging av gutar og auka fokus på likestilling og samtykke
- Styrkt psykisk helsetilbod, inkludert lågterskeltilbod, som er betre tilpassa gutar, og auka openheit om kjensler
- Fleire trygge møteplassar og fritidstilbod for å motverke einsemd og utanforskap
- Tiltak i digitale medium, mellom anna auka regulering, betre kjeldekritikk og arbeid mot skadelege nettmiljø
- Haldningsskapande arbeid som utfordrar stereotype kjønnsroller og fremjar ei meir inkluderande forståing av maskulinitet

Deltakarane etterlyser ein heilskapleg og tverrsektoriell innsats med vekt på tidleg innsats og medverknad frå unge når politikk og tiltak skal utformast.

Utgreiinga blei send på offentleg høyring, og Kultur- og likestillingsdepartementet fekk i underkant av 100 høyringsfråsegner frå ulike organisasjonar, partane i arbeidslivet, offentlege instansar og forskingsmiljø.

Utgreiinga har i hovudsak blitt godt motteken. Fleire høyringsinstansar argumenterer for at ho set søkjelys på eit tema som har fått lite merksemd i norsk likestillingspolitikk. Enkelte høyringsinstansar uttrykkjer uro for at auka merksemd på menn kan føre til mindre merksemd på kvinners likestillingsutfordringar, mens andre argumenterer for at utgreiinga burde gått endå lenger i å fremje gutar og menns likestilling.

I denne meldinga til Stortinget gjer regjeringa greie for korleis mange av Mannsutvalets forslag til tiltak blir følgde opp. Regjeringa har likevel lagt til grunn eit breiare kunnskapsgrunnlag og omtaler fleire tema og politikkområde som er viktige for gutar og menn.

1.4 Likestillingspolitikk i takt med tida

Tradisjonelt har likestillingskamp vore tett knytt til arbeidet for kvinners rettar og moglegheiter. Gjennom fleire tiår har målretta innsats bidrege til store framsteg, til dømes høg yrkesdeltaking blant både kvinner og menn, sterkare økonomisk sjølvstende og ei meir likestilt fordeling av omsorgsansvar. Mange har erfart kva fordelar det har vore med likestillingspolitikken, og oppslutninga om likestilling som samfunnsverdi har lenge vore høg.

Teknologisk utvikling, auka konkurranse i utdanning og arbeidsliv og endra arbeidsformer er døme på utviklingstrekk som har skapt nye moglegheiter for mange. Samtidig har det vakse fram nye forventingar til både kvinner og menn. Utviklingstrekka skjer parallelt med at tradisjonelle kjønnsnormer framleis påverkar moglegheitene, livsvala og handlingsrommet til den enkelte. Likestillingspolitikken må evne å møte både dei nye samfunnsutviklingsstrekka og kjønnsforskjellane som framleis finst.

Også synet på likestilling er i endring. Særleg blant unge menn er det no fleire som meiner at likestillinga er ført langt nok eller for langt. Forskjellane mellom dei som meiner at likestillinga bør førast vidare, og dei som meiner at ho er kommen langt nok eller for langt, handlar ikkje nødvendigvis om i kva grad likestilling er viktig, men om synet på kva utfordringar som står att, kva forskjellar som bør viast merksemd, og korleis politikken bør innrettast. Nokre opplever dessutan likestillingspolitikken som mindre relevant.

Regjeringa meiner at ein likestillingspolitikk med brei legitimitet må ta forskjellar i erfaringar og problemforståingar på alvor. Likestillingsarbeidet må vere relevant for både kvinner og menn, og det må bidra til eit samfunn der alle har fridom til å forme sitt eige liv.

Det inneber òg å anerkjenne at kjønn verkar saman med andre forhold, som sosial bakgrunn, utdanning, bustad, etnisitet, helse og funksjonsevne. Mange av utfordringane som blir omtalte i denne meldinga, oppstår i samspelet mellom kjønn og andre levekårsfaktorar.

Skal likestillingspolitikken utviklast i takt med tida, er det nødvendig å forstå både endringar i haldningane befolkninga har til likestilling, forskjellane internt blant kvinner og menn og korleis kjønnsnormer framleis påverkar moglegheiter og val.

1.4.1 Oppslutninga om likestilling er i endring

Det er generelt stor oppslutning om likestilling i befolkninga.

Samtidig er det teikn til endring. Tala frå haldningsundersøkinga som CORE gjennomførte i 2025, viser tydeleg at andelen som meiner at likestillinga bør førast vidare, minkar blant både kvinner og menn. Kjønnsforskjellen er samtidig tydeleg: Det er særleg unge menn som meiner at likestillinga er ført langt nok eller for langt (Kitterød, Larsen, Seehus, Teigen, & Wik, 2025).

I 2025 svarte 76 prosent av kvinnene og 49 prosent av mennene i CORE-undersøkinga at likestillinga bør førast vidare. Blant unge menn i alderen 18–29 år var andelen mykje lågare: 36 prosent meinte at likestillinga bør førast vidare, 38 prosent meinte at ho er ført langt nok, og 18 prosent meinte at ho er ført for langt.

Undersøkinga viser at unge menn som meiner at likestillinga er ført langt nok eller for langt, har nokre gjennomgåande haldningar:

- Dei er oftare einige i at likestilling allereie er oppnådd i samfunnet, samanlikna med dei som meiner at likestillinga bør førast vidare.
- Dei meiner i mindre grad at likestilling generelt er viktig i samfunnet. Minst oppslutning om likestilling som verdi finn vi blant dei som meiner at likestillinga er ført *for* langt.
- Dei er i større grad tilbøyelege til å meine at kvinner og menn er ulike av natur, med ulike tankar, kjensler og interesser.
- Dei er mindre tilbøyelege til å meine at det er kvinner som møter flest hinder i arbeidslivet, og meir tilbøyelege til å oppfatte menn som den gruppa som møter flest hindringar. Særlig dei som meiner at likestillinga er ført for langt, peikar på menn som mest utsette i arbeidslivet.
- Unge menn som meiner at likestillinga er ført *for* langt, gir sterkast støtte til ein modell der mor har hovudansvaret for heimen og far har hovudansvaret for å forsørgje familien. Samtidig meiner likevel eit *fleirtal* av desse (56 prosent) at ansvaret for heim og familie bør delast likt.
- Uavhengig av om kvotering eller tilleggspoeng er til fordel for kvinner eller menn, er dei som meiner at likestillinga er ført for langt, mest skeptiske til slike ordningar.

CORE Survey viser gjennomgåande kjønnsforskjellar i vurderinga av om dokumenterte forskjellar mellom kvinner og menn er eit samfunnsproblem. På tvers av tema som arbeidsliv og utdanning er menn i gjennomsnitt *mindre tilbøyelege* enn kvinner til å meine at slike forskjellar er problematiske. Særleg unge menn som meiner at likestillinga er ført langt nok eller for langt, skil seg ut ved at dei i mindre grad enn andre oppfattar

Boks 1.2 CORE Survey – likestillingsundersøkinga

CORE Survey – likestillingsundersøkinga er ei nettbasert spørjeundersøking om haldningar til likestilling blant eit landsrepresentativt utval av personar i alderen 18–79 år, med eit tilleggsutval av unge i alderen 18–29 år. Totalt har 4375 respondentar delteke i 2025.

Undersøkinga dekkjer eit breitt spekter av oppfatningar om og haldningar til likestilling, både meir tradisjonelle og nye likestillingsspørsmål. Ho kartlegg korleis befolkninga ser på likestilling, og analyserer korleis dette heng saman med faktorar som kjønn, alder, utdanning, bustad og politisk stemmegiving. Undersøkinga blei gjennomført første gong våren 2022 og deretter gjenteken våren 2025.

Eit av spørsmåla i CORE Survey er om likestilling mellom kvinner og menn bør førast vidare eller ikkje. Spørsmålet er formulert slik: «I dei seinare åra er det lagt vekt på å skape likestilling mellom kvinner og menn. Vil du seie at likestillinga (1) bør førast vidare, (2) er ført langt nok eller (3) er ført for langt, eller (4) veit du ikkje?».

kjønnsforskjellar som problematiske. Det gjeld både forskjellar i arbeidslivet og forskjellar i utdanningssystemet, også på område der gutar i gjennomsnitt kjem dårlegare ut enn jenter – med unntak av barnløyse, som dei i større grad enn dei som meiner at likestillinga bør førast vidare, oppfattar som eit problem.

Vurderingar av kjønnsforskjellar varierer med andre ord både med kjønn og med korleis statusen og relevansen til likestillinga blir oppfatta. Svara kan reflektere både kunnskap om faktiske kjønnsforskjellar og vurderingar av kor problematiske ein opplever at desse er. Ettersom vi ikkje kan vite sikkert korleis respondentane har tolka spørsmåla, bør funna forståast som overordna mønster i oppfatningar snarare enn eintydige konklusjonar.

Samla indikerer dette, og andre funn frå forskinga, at forskjellar i oppslutning om likestilling ikkje nødvendigvis handlar om støtte til likestilling som prinsipp, men i større grad om ulike vurderingar av kva som står att, kva som utgjer eit problem, og kven ein opplever at likestillingspolitikken er relevant for. Innsikt i desse ulike problemforståingane er viktig når ein skal utforme og sikre legitimiteten til likestillingspolitikken.

1.4.1.1 Den offentlege samtalen om likestilling er òg i endring

Den offentlege samtalen om likestilling er òg i endring. Ein medieanalyse frå TRY viser at likestillingsspørsmål i aukande grad blir framstilt som individuelle erfaringar og livsstilsval, særleg i sosiale medium. Tema som tidlegare blei forstått som strukturelle, som arbeidsdeling, omsorgsansvar og psykisk helse, blir i større grad tolka som personlege forhold (TRY, 2026).

1.4.2 Det er store forskjellar mellom menn

Kvinner og menn som grupper skil seg framleis frå kvarandre på ei rekkje samfunnsområde, men det er òg store forskjellar internt i gruppene. Likestillingspolitikken og likestillingsdebatten har i stor grad teke utgangspunkt i samanlikningar mellom gjennomsnittskvinna og gjennomsnittsmannen. Slike samanlikningar er viktige for å identifisere strukturelle kjønnsforskjellar, men kan samtidig bidra til å skjule stor variasjon internt i gruppene.

For menn er forskjellane mellom dei som kjem best og dårlegast ut på ulike levekårsindikatorar, ofte større enn forskjellane mellom menn som gruppe og kvinner som gruppe. Det inneber at utfordringar som rammar enkelte grupper av menn, ikkje alltid blir synlege når merksemda blir retta mot gjennomsnittlege kjønnsforskjellar.

Mange av utfordringane som særleg gjeld menn, oppstår i samspelet mellom kjønn og andre faktorar, som sosioøkonomisk bakgrunn, utdanningsnivå, geografisk tilhøyrsel, etnisitet, helse eller funksjonsevne. For nokre grupper menn kan slike forhold gi kumulative ulemper som påverkar moglegheitene innanfor utdanning, arbeidsliv, helse og sosial deltaking. Eit meir nyansert kunnskapsgrunnlag som fangar opp variasjonar internt i kjønnskategoriane, kan derfor bidra til betre forståing av korleis likestillingsutfordringar fordeler seg i befolkninga, og gi grunnlag for meir treffsikre tiltak.

1.4.3 Kjønnsnormer kan ha noko å seie for livet til gutar og menn

Kjønn er ei grunnleggjande inndeling i samfunnet og kan påverke korleis ein forstår seg sjølv, korleis ein blir møtt, og kva moglegheiter ein opplever at ein har. Ei biologisk forståing av kjønn tek gjerne utgangspunkt i kategoriane «kvinne» og «mann», der forskjellane i hovudsak er knytte til faktorar som gen og hormonnivå, kroppsstorleik, hjernestruktur og – ikkje minst – reproduksjon. Samtidig handlar ikkje kjønn berre om biologiske forhold, men òg om korleis det blir uttrykt og praktisert gjennom handlingar, val og samhandling med andre (West & Zimmerman, 1987; Solbrække & Aarseth, 2006; NOU 2019: 19). Kjønnsuttrykk kjem mellom anna til syne gjennom kroppsspråk, klede og åtferd og blir tolka i lys av førestillingane i samfunnet om femininitet og maskulinitet. Dei fleste identifiserer seg med sitt biologiske kjønn, men ikkje alle gjer det, og det betyr at kjønn rommar eit mangfald av identitetar og uttrykk.

Kjønnsnormer og -roller kan påverke kva val som verkar moglege, ønskjelege og legitime. Kjønn kan forme forventingane ein møter på tvers av arenaer som familie, barnehage, skule, fritid og medium (NOU 2019: 19). Maskulinitet kan forståast som normer, forventingar og verdiar knytte til det å vere mann i ein bestemt kulturell og historisk kontekst (St.meld. nr. 8 (2008–2009)). Det finst ikkje éin måte å vere mann på, men fleire samtidige og til dels motstridande maskulinitetsideal (Connell 1995, omtalt i NOU 2024: 8).

Maskulinitetsnormer kan påverke handlingsrommet, identitetsutviklinga og livsvala til gutar og menn. Normene kan gi retning og tilhøyrsel, og dei kan opplevast som positive, men dei kan òg verke avgrensande dersom dei inneber snevre for-

Boks 1.3 Unge si forståing av gute- og mannsrolla

Innspelsmøtet med dei unge (sjå boks 1.1) viste at dei har eit nyansert, men òg relativt samstemt syn på både likestilling og mannsrolla. Ungdommane teiknar eit bilete av ei mannsrolle som er prega av krysspress. Det er forventa at gutar skal vere moderne, likestillingsorienterte og opne, men samtidig møter dei tydelege krav om å leve opp til meir tradisjonelle ideal som å prestere i utdanning og arbeid, oppnå økonomisk tryggleik og kunne fylle ei framtidig rolle som forsørgjar. Det å lykkast blir i stor grad målt gjennom prestasjon og status, og det skaper eit stort press i kvardagen.

Ungdommane beskriv at desse forventingane i stor grad blir handheva sosialt. Både jamaldringar og omgivnadene bidreg til å opprætthalde normer for kva som blir rekna som ein «rett» måte å vere gut på. Dersom ein viser sårbarheit eller uvisse eller vel utradisjonelle retningar, kan det føre til negative reaksjonar og lågare sosial anerkjenning. Det avgrensar handlingsrommet til dei unge gutane, ikkje minst dei som ønskjer å bryte med etablerte mønster.

Fleire peikar òg på at det ikkje nødvendigvis «lønner seg» å vise kjensler. Sjølv om det blir forventa at gutar skal vere meir opne, opplever dei det i praksis som risikabelt, med mindre dei allereie har høg sosial status eller blir oppfatta som vellykka. Dermed blir det å handtere kjensler ofte noko som skjer når ein er åleine, noko som kan bidra til einsemd og manglande nære relasjonar.

Ungdommane trekkjer òg fram at påverknaden ikkje berre kjem frå nærmiljøet, men i tillegg frå storsamfunnet. Dei opplever at gutar i mindre grad enn jenter blir oppmuntra til å utforske alternative roller. Det kan bidra til å oppretthalde snevre rammer for kva ein opplever som akseptabel maskulinitet.

Eit samisk perspektiv peika på sterke tradisjonelle forventingar om at samiske menn skal vere sjølvstendige og praktisk orienterte – altså ein viss «machokultur» – men òg på aukande aksept for meir likestilte og omsorgsorienterte mannsroller.

ventingar om korleis gutar og menn bør tenkje, kjenne og opptre. Erfaringar med maskulinitet varierer mykje mellom menn, mellom anna avhengig av sosial og kulturell bakgrunn og livssituasjon.

#UngIDag-utvalet argumenterer for at gutar sitt handlingsrom når det gjeld korleis dei kan vere gutar, ofte er snevrare enn jenter sitt handlingsrom når det gjeld korleis dei kan vere jenter – særleg når gutane nærmar seg uttrykk, aktivitetar og eigenskapar som blir oppfatta som feminine (NOU 2019: 19). Reaksjonar frå samfunnet kan bidra til å vidareføre opplevde grenser for maskulinitet og femininitet.

Likestillingspolitikken og samfunnsutviklinga har bidrege til endringar i mannsrolla, til dømes når det gjeld forventingar til omsorg og utøving av foreldrerolla. Desse endringane har utvida handlingsrommet for mange menn i familie- og privatlivet. Samtidig opplever framleis nokre menn tradisjonelle forventingar om høg yrkesinnsats, tilgjengelegheit og prestasjon i arbeidslivet, og samla kan det bidra til eit krysspress. Dette gjeld òg for kvinner.

Likestillingspolitikken må framleis bidra til å utvide handlingsrommet, anerkjenne mangfaldet og utfordre normer som avgrensar valfridom, deltaking og livskvalitet.



Figur 2.1

Kjelde: Anagram design.

2 Menn har eit sterkt diskrimineringsvern

Menn har eit sterkt rettsleg vern mot kjønnsdiskriminering i lovverket. Diskriminering av ein person fordi vedkommande er mann, er ulovleg. Kvinner har eit tilsvarande vern som menn mot kjønnsdiskriminering.

Mannsutvalet har sett spørsmålet om ei kjønnsnøytral formålsføresegn i likestillings- og diskrimineringslova på dagsordenen, og det har fått mykje merksemd i den offentlege debatten om menns likestilling. Utvalet meiner at det er eit prinsipielt problem at eitt kjønn er prioritert særskilt i formålsføresegna i lova, og at det ikkje lenger er openbert at det er kvinner som gruppe som er mest utsett for diskriminering. Mannsutvalet uttaler at dei ikkje har hatt høve til å gjennomføre ei juridisk vurdering av dette spørsmålet, men viser til at den tilsvarande lovgivinga i Sverige og Danmark er kjønnsnøytral.

Regjeringa meiner at det er gode grunnar til å behalde formålsføresegna slik ho er i dag. Samtidig kan eit alternativ vere å greie ut ei revidering av heile formålsføresegna. Då kan ein opne for ein ny inngang til problemstillinga. Til dømes at lova skal bidra til å ta vare på verdiar som fridom, deltaking, tryggleik, inkludering, mangfald, eller at lova skal fremje like rettar for alle. Dette vil eventuelt opne for ei kjønnsnøytral formålsføresegn, som ikkje særskilt fremhevar eitt kjønn framfor eit anna.

2.1 Regjeringa meiner det er gode grunnar til å oppretthalde formålsføresegna i likestillings- og diskrimineringslova

Kvinner og menn har allereie eit likt vern mot diskriminering etter lovgivinga, og ei endring av formålsføresegna vil ikkje endre det materielle innhaldet i vernet.

Regjeringa meiner at å fjerne tilvisinga til kvinner frå formålsføresegna kan gi inntrykk av at ein har komme lenger i arbeidet med kvinners likestilling enn det ein faktisk har. At lova særleg tek sikte på å betre kvinners stilling, må forståast i lys av den historiske bakgrunnen for vernet mot

Boks 2.1 Kva er formålsføresegna i likestillings- og diskrimineringslova?

Formålsføresegna i likestillings- og diskrimineringslova § 1 består av tre ledd.

Første ledd fastset at formålet med lova er å fremje likestilling og hindre diskriminering på grunn av dei diskrimineringsgrunnlaga som lova vernar, som mellom anna er kjønn. Andre ledd definerer likestilling, mens tredje ledd lyder slik: «Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners og minoriteters stilling. Loven skal bidra til å bygge ned samfunnsskapte funksjonshemmende barrierer, og hindre at nye skapes.»

Formålsføresegna uttrykkjer det overordna målet og dei overordna omsyna med lova, men etablerer ikkje rettar eller plikter for verken styresmakter eller enkeltpersonar (Prop. 81 L (2016–2017), s. 310). Formålsføresegna har ikkje eit sjølvstendig materielt innhald. Det er med andre ord ikkje formålsføresegna som fastset kva rettar kvinner eller menn har etter lova. At menn er verna mot diskriminering på grunn av kjønn, følgjer av forbodet mot diskriminering i § 6, ikkje av formålsføresegna i § 1. Den rettslege betydinga av formålsføresegna er slik sett avgrensa.

Sjølv om formålsføresegna ikkje har eit sjølvstendig materielt innhald, kan ho ha noko å seie når lova skal tolkast, ved at dei andre føresegnene i lova må forståast og brukast i lys av formålet som kjem til uttrykk i § 1. Når det gjeld føresegna om positiv særbehandling av menn, er forarbeida til lova heilt klare på at formålsføresegna ikkje er til hinder for slik særbehandling (Prop. 81 L (2016–2017), s. 176). Formålsføresegna har vidare ein viktig symbolfunksjon.

diskriminering. Vernet har vakse fram for å motverke usakleg forskjellsbehandling av menneske som gjennomgåande har vore særleg utsette for diskriminering, som kvinner, etniske minoritetar, homofile og personar med funksjonsnedsetjingar. Framhevinga av kvinner og minoritetar i formålsføresegna reflekterer dette. Det betyr likevel ikkje at kvinner har eit sterkare diskrimineringsvern enn menn.

Ei kjønnsnøytral formålsføresegn vil kunne sende eit signal om at vi har nådd målet om likestilling. Det har vi ikkje, etter regjeringas syn. Eit slikt signal kan vere eit hinder i arbeidet mot diskriminering og for likestilling. Likestillingsarbeidet handlar ikkje berre om likebehandling, men òg om å motverke systematiske og strukturelle forskjellar mellom kjønna. Det er desse vedvarande ulikskapane som grunngir den særskilde omtalen av stillinga til kvinner i formålsføresegna.

Regjeringa synest at ei formålsføresegn som særleg framhevar kvinners stilling, vil vere mest i tråd med tilrådingane frå kvinnekomiteen til FN. Komiteen har ved fleire høve, og seinast i merknadene sine til Noregs landsrapport i 2023 oppfordra Noreg til å ha ei meir kjønnsspesifikk tilnærming til lovgiving, politikk og programutvikling (CEDAW, 2023, paragraf 15). Regjeringa oppfattar likevel ikkje at det følgjer av forpliktingane våre etter kvinnekonvensjonen at vi må unngå ei kjønnsnøytral formålsføresegn. Det ligg innanfor handlingsrommet til statane at ein sjølv kan vurdere korleis lovgivinga, også formålsføresegna, skal utformast for å oppfylle forpliktingane etter konvensjonen.

Regjeringa er oppteken av at kvinners rettar er under press i fleire delar av verda, og frykter at ei endring av formålsføresegna kan bli oppfatta som ei nedtoning av omsynet til kvinners likestilling og rettar. Sjølv om intensjonen med ei endring ville vere å tydeleggjere vernet mot diskriminering for gutar og menn, risikerer ein at endringa nasjonalt og internasjonalt blir tolka som ei nedprioritering av vernet for kvinner og jenter. I ein situasjon der rettane til kvinner og jenter blir utfordra, meiner regjeringa at ein bør vere varsam med endringar som kan takast til inntekt for ei forståing av at likestilling for kvinner og jenter står i motsetnad til omsynet til gutar og menn.

2.1.1 Kjønnsnøytral formålsføresegn er ikkje eit nytt forslag

Formuleringa om at lova særleg tek sikte på å betre kvinners stilling, har bakgrunn i likestillingslova frå 1978. Sidan den gongen har spørsmålet om ei kjønnsnøytral formålsføresegn vore vurdert fleire gonger. I 2009 foreslo Diskrimineringslovutvalet at formålsføresegna skulle vere kjønnsnøytral, som ein del av forslaget frå utvalet om å samle vernet mot diskriminering i éi lov (NOU 2009: 14, ss. 103–105). Utvalet grunngav dette med at lova skulle omfatte fleire diskrimineringsgrunnlag, og at desse burde sidestillast. Likestillingslova 2013 § 1 andre ledd vidareførte likevel tillegget frå 1978-lova om at lova særleg skulle ta sikte på å betre stillinga til kvinner.

I høyringa av ny felles likestillings- og diskrimineringslov i 2015 foreslo det dåverande Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet ei kjønnsnøytral formålsføresegn ved å ikkje føre vidare formuleringa «særlig tar sikte på å bedre kvinners stilling». Departementet viste til at ei samla lov skulle gi eit meir heilskapleg og likeverdig vern mot diskriminering, og at det derfor var lite naturleg å framheve eitt diskrimineringsgrunnlag særskilt i føresegna.

Forslaget til ny formålsføresegn møtte motstand i den offentlege høyringa. På bakgrunn av høyringsinnspela endra departementet standpunkt og foreslo å føre vidare formuleringa om at lova særleg tek sikte på å betre kvinners stilling (Prop. 81 L (2016–2017), s. 58). Departementet viste til at kvinner framleis er dårlegare stilte enn menn på dei fleste samfunnsområde, og slutta seg til synet til høyringsinstansane som sa at det er viktig å signalisere at kvinners rettar og likestilling mellom kvinner og menn er ein grunnleggjande verdi i samfunnet. Det blei òg uttrykt bekymring for at ein ved ei kjønnsnøytral formålsføresegn kan risikere å ikkje oppdage kvinnediskriminerande barrierar og indirekte forskjellsbehandling av kvinner. Dette må ein sjå i samanheng med bakgrunnen for at diskrimineringsvernet av kjønn som gruppe voks fram, nemleg at kvinner systematisk er blitt utsette for langt meir usakleg forskjellsbehandling enn menn i ein historisk kontekst.

2.1.2 Mange høyringsinstansar meiner at formålsføresegna bør behaldast

Det konkrete lovendringsforslaget til Mannsutvalet er å fjerne orda «kvinners og» frå likestillings- og diskrimineringslova § 1 tredje ledd første setning. Ved å følgje forslaget frå utvalet ville ny § 1 tredje ledd første setning vere slik: «Loven tar særlig sikte på å bedre minoriteters stilling.»

Forslaget frå Mannsutvalet byggjer i stor grad på dei same argumenta som tidlegare har vore

fremja. Utvalet meiner at det er prinsipielt uheldig at eitt kjønn blir framheva særskilt i formålsføresegna i lova, og peikar på at ei kjønnsnøytral formulering i større grad kan signalisere at også menn kan vere utsette for diskriminering og ha behov for likestillingspolitiske tiltak.

Forslaget møtte motstand i høyringa som blei gjennomført i 2024. Av 97 høyringsinstansar til Mannsutvalet si utgreiing har 33 uttalt seg om formålsføresegna. Fem instansar uttrykkjer støtte til forslaget, fem tek ikkje eksplisitt stilling, mens 23 uttrykkjer usemje.

Høyringa viser at det er brei semje om at gutar og menns likestillingsutfordringar må takast på alvor. Usemja gjeld først og fremst om dette krev ei endring av formålsføresegna i lova. Fleirtalet av høyringsinstansane meiner at kvinners vedvarande strukturelle utfordringar, signaleffekten av lovføresegna og Noregs internasjonale forpliktingar taler for å behalde dagens formulering. Eit mindretal meiner at ei kjønnsnøytral føresegn betre vil uttrykkje at likestillingsarbeidet omfattar begge kjønn, og at det vil styrkje legitimiteten i lova blant gutar og menn.

Fleire av innvendingane som er fremja i høyringa av forslaget frå Mannsutvalet, er samanfallande med argumenta frå høyringa i 2015. Enkelte høyringsinstansar har òg spurt om forslaget er godt nok utgreidd.

Det blir peika på at kvinner framleis kjem dårlegare ut enn menn på fleire samfunnsområde. Til dømes argumenterer fleire med at kvinner framleis har lågare inntekt i gjennomsnitt enn menn, og kvinner er dårlegare representerte enn menn på toppen av næringslivet. Omfanget av valdtekt, alvorleg partnarvald og vald i nære relasjonar har auka. Kvinner er særleg utsette for seksuell vald, alvorleg partnarvald og partnardrap. Det blir peikt på at kvinner i større grad enn menn opplever seksuell trakassering. Det blir òg argumentert for at ei nøytral formålsføresegn vil bidra til å styrkje ei feilaktig oppfatning av at vi er i mål når det gjeld kvinners likestilling.

Enkelte høyringsinstansar set spørsmålsteikn ved om det er formålstenleg å ha ei formålsføresegn dersom ein *ikkje* trekkjer fram grupper som har eit særleg behov for diskrimineringsvern. Andre høyringsinstansar ønskjer heller å trekkje ordet «menn» inn i formålsføresegna. Likestillings- og diskrimineringsombodet støttar i høyringssvaret sitt ikkje forslaget frå utvalet om å fjerne «kvinners og» frå formålsføresegna. Ombodet er likevel einig med utvalet i at formålsføresegna bør synleggjere at likestillingsutfordringar òg kan ramme menn. Slik ombodet ser det, bør formålsføresegna ikkje vere kjønnsnøytral, men heller framheve eit kjønnsspesifikt perspektiv. Slik lyder det konkrete forslaget ombodet har til ny ordlyd:

> Loven tar særlig sikte på å bedre kvinners og menns stilling der det finnes ulikhet som er til hinder for likestilling og som har sammenheng med kjønn, herunder kjønn i kombinasjon med andre diskrimineringsgrunnlag.

2.2 Menns vern i lovgivinga

Menn og gutar har eit breitt rettsleg vern mot diskriminering og trakassering. Vernet er forankra på fleire nivå. Grunnlova fastset grunnleggjande prinsipp om likskap og ikkje-diskriminering. Grunnlova § 98 fastslår at alle er like for lova, og at ingen må utsetjast for usakleg eller uforholdsmessig forskjellsbehandling. Diskrimineringsforbodet følgjer òg av ei rekkje internasjonale menneskerettskonvensjonar og EØS-rettslege forpliktingar som er ein del av norsk rett. Likestillings- og diskrimineringslova gir eit omfattande vern mot diskriminering på grunn av mellom anna kjønn, og har føresegner som mellom anna pålegg offentlege styresmakter og arbeidsgivarar aktivt likestillingsarbeid. Kjernen i diskrimineringsvernet er at kvar enkelt har eit vern mot usakleg forskjellsbehandling som har samanheng med ein verna eigenskap eller eit verna kjenneteikn, til dømes kjønn, sjølv om rettskjeldene varierer noko når det gjeld korleis vernet er formulert.[1]

2.2.1 Likestillings- og diskrimineringslova

Likestillings- og diskrimineringslova definerer likestilling som likeverd, like moglegheiter og like rettar og legg til grunn at tilgjengelegheit og tilrettelegging er grunnleggjande føresetnader for likestilling. Lova gjeld på alle samfunnsområde og er ufråvikeleg. Rettar og plikter etter lova kan derfor ikkje fråvikast ved avtale.

Lova inneheld både føresegner som vernar den enkelte mot diskriminering og trakassering, og føresegner som pålegg offentlege styresmakter, arbeidsgivarar og arbeidslivsorganisasjonar å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje

[1] Sjå mellom anna Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK) artikkel 14, FNs konvensjon om sivile og politiske rettar (SP) artikkel 2 nr. 1 og artikkel 26, FNs konvensjon om økonomiske, sosiale og kulturelle rettar (ØSK) artikkel 2 nr. 1 og FNs konvensjon om barnets rettar artikkel 2.

likestilling og hindre diskriminering. Arbeidsgivarar og leiinga i organisasjonar og utdanningsinstitusjonar har òg plikt til å førebyggje og prøve å hindre trakassering, også seksuell trakassering, innanfor ansvarsområda sine. Lova inneheld òg føresegner om positiv særbehandling, kjønnsrepresentasjon, individuell tilrettelegging og universell utforming.

2.2.1.1 Forbod mot å diskriminere

Gutar og menn er omfatta av vernet mot diskriminering på grunn av kjønn, på lik linje med jenter og kvinner.

Spørsmål om gutar og menns likestilling oppstår likevel ikkje berre i saker som gjeld diskriminering på grunn av kjønn isolert sett. Gutar og menn kan òg bli diskriminerte på grunn av andre forhold som er verna etter lova, eller på grunn av ein kombinasjon av fleire diskrimineringsgrunnlag. Homofile menn er til dømes verna mot diskriminering på grunn av seksuell orientering, mens transpersonar er verna gjennom diskrimineringsgrunnlaget kjønnsidentitet. Menn som har omsorgsoppgåver for nærståande, er verna mot diskriminering på grunn av omsorgsoppgåver, på lik linje med kvinner. Vidare har både kvinner og menn eit diskrimineringsvern på grunn av permisjon ved fødsel og adopsjon. Også alder, funksjonsnedsetjing, etnisitet, livssyn og religion er relevante diskrimineringsgrunnlag for gutar og menn. I nokre tilfelle kan diskrimineringa vere knytt til fleire forhold samtidig, til dømes at ein person blir forskjellsbehandla både fordi han er mann, og fordi han har ei bestemt seksuell orientering eller ein bestemt etnisk bakgrunn. Lova forbyr uttrykkjeleg slik samansett diskriminering.

For at det skal vere snakk om diskriminering, må det liggje føre direkte eller indirekte forskjellsbehandling som ikkje er tillaten etter reglane om lovleg forskjellsbehandling eller positiv særbehandling. Forskjellsbehandlinga må ha samanheng med eitt eller fleire av dei verna diskrimineringsgrunnlaga. Det må med andre ord vere ein årsakssamanheng mellom forskjellsbehandlinga og det eller dei grunnlaga lova vernar.

Direkte forskjellsbehandling ligg føre når ein person blir behandla dårlegare enn andre i ein tilsvarande situasjon på grunn av eit verna diskrimineringsgrunnlag. For gutar og menn kan dette til dømes vere tilfelle der ein person blir avvist som leigetakar fordi han er mann, eller ikkje får tilgang til ei teneste på grunn av kjønnet sitt. Indirekte forskjellsbehandling ligg føre når reglar, praksisar, vilkår, handlingar eller unnlatingar som tilsynelatande er nøytrale, i realiteten gjer at personar med eit bestemt verna kjenneteikn stiller dårlegare enn andre.

2.2.1.2 Lovleg forskjellsbehandling

Ikkje all forskjellsbehandling er diskriminering. I nokre situasjonar kan forskjellsbehandling vere nødvendig for å vareta legitime formål eller omsyn. Likestillings- og diskrimineringslova opnar derfor for at forskjellsbehandling kan vere lovleg, men berre dersom ho har eit sakleg formål, er nødvendig for å oppnå formålet og ikkje er uforholdsmessig inngripande overfor den eller dei som blir forskjellsbehandla, jf. § 9 første ledd. Alle dei tre vilkåra må vere oppfylte. I arbeidslivet er høvet til lovleg forskjellsbehandling endå strengare, ved at eit ytterlegare vilkår om «avgjørende betydning for utøvelsen av arbeidet» må vere oppfylt for at direkte forskjellsbehandling skal reknast som forholdsmessig, jf. § 9 andre ledd.

I tillegg til den generelle tilgangen til lovleg forskjellsbehandling i § 9 har likestillings- og diskrimineringslova ei eiga føresegn om forskjellsbehandling knytt til graviditet, fødsel, amming og permisjon ved fødsel eller adopsjon i § 10. Bakgrunnen for at det er lovfesta ei eiga føresegn om desse forholda, er at ein vil gjere det tydeleg at forbodet mot slik diskriminering er svært strengt (Prop. 81 L (2016–2017), s. 150). Vernet gjeld også fedrar. Far har eit særleg sterkt vern mot forskjellsbehandling som følgje av omsorgspermisjon i samband med fødsel og ved uttak av den delen av foreldrepermisjonen som er reservert for kvar av foreldra.

For permisjonsperiodar som ikkje blir omfatta av det særskilde vernet, gjeld dei alminnelege reglane om lovleg forskjellsbehandling i § 9. Ved tilsetjing og oppseiing er forskjellsbehandling på grunn av graviditet, fødsel, amming og permisjon ved fødsel eller adopsjon uansett aldri tillate. Det gjeld òg ved forlenging av ei midlertidig stilling.

2.2.1.3 Positiv særbehandling

Positiv særbehandling er ei form for forskjellsbehandling som har til formål å fremje likestilling. Grunntanken er at eit diskrimineringsforbod åleine ikkje alltid er nok for å oppnå reell likestilling. I nokre tilfelle kan det vere nødvendig med særskilde tiltak for å avhjelpe strukturelle ulemper og barrierar. Eit døme på positiv særbehandling er at ein ved tilsetjing kan leggje vekt på kjønnet til ein søkjar dersom søkjarane elles

har like gode kvalifikasjonar og vilkåra for positiv særbehandling elles er oppfylte.

For at positiv særbehandling etter likestillings- og diskrimineringslova § 11 skal vere tillate, må tre vilkår vere oppfylte. For det første må særbehandlinga vere eigna til å fremje formålet med lova, det vil seie å fremje like moglegheiter og rettar. For det andre må det vere eit rimeleg forhold mellom formålet ein ønskjer å oppnå, og kor inngripande særbehandlinga er for den eller dei som blir dårlegare stilt(e). Særbehandlinga må med andre ord vere forholdsmessig (Prop. 81 L (2016–2017), s. 318). For det tredje må særbehandlinga stanse når formålet med henne er oppnådd. Utgangspunktet er derfor at ordningar med positiv særbehandling bør vere midlertidige.

I dag gjeld tilgangen til positiv særbehandling etter likestillings- og diskrimineringslova § 11 på same måte for kvinner og menn. At lova «særlig tar sikte på å bedre kvinners […] stilling», jf. § 1 tredje ledd, står ikkje i motsetning til at det er tilgang til positiv særbehandling av menn. Det kjem fram eksplisitt av forarbeida til lova (Prop. 81 L (2016–2017), s. 310).

Tidlegare var tilgangen til å positivt særbehandle menn meir avgrensa enn tilgangen til å positivt særbehandle kvinner. Positiv særbehandling av menn var berre tillate ved tilsetjingar og opptak til utdanningar knytte til omsorg for og undervisning av barn, og dette var regulert i ei eiga forskrift. Då den nye likestillings- og diskrimineringslova tok til å gjelde i 2018, blei forskrifta oppheva. Tilgangen til å positivt særbehandle menn følgjer no av den alminnelege føresegna om positiv særbehandling, på same måte som for kvinner. Regelverket gjer det i dag mellom anna mogleg for arbeidsgivarar å leggje vekt på at ein søkjar er mann. Vilkåra for positiv særbehandling må i så fall vere oppfylte for den aktuelle stillinga. I dag er det altså ikkje berre tilsetjingar og opptak til utdanningar knytte til omsorg for og undervisning av barn som er aktuelle for bruk av positiv særbehandling til fordel for menn. I andre sektorar der menn som gruppe er underrepresenterte eller svakare stilte, kan ein nytte positiv særbehandling dersom vilkåra for dette er oppfylte.

Nokre tiltak som blir assosierte med positiv særbehandling, er regulerte andre stader i lovverket. Døme på slike føresegner er krav om kjønnsbalanse i offentlege utval, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 28, eller reglar om kjønnsrepresentasjon i selskapsstyre som følgjer av føretakslovgivinga, sjå mellom anna aksjelova § 6-11 a og allmennaksjelova § 6-11 a.

2.2.1.4 Aktivitets- og forklaringsplikta

Eit vern mot diskriminering er ein grunnleggjande føresetnad for likestilling, men er ikkje i seg sjølv nok til å motverke strukturelle og systematiske forskjellar i samfunnet. I tillegg til det individuelle diskrimineringsvernet har likestillings- og diskrimineringslova derfor føresegner som pålegg offentlege styresmakter, arbeidslivsorganisasjonar og arbeidsgivarar å arbeide førebyggjande og systematisk for likestilling. Desse pliktene kjem fram av kapittel 4 i lova om aktivt likestillingsarbeid, der aktivitets- og forklaringsplikta utgjer sentrale verkemiddel.

Aktivitets- og forklaringsplikta til offentlege styresmakter inneber at dei på alle nivå, både som styresmaktsutøvarar og tenesteytarar, skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og hindre diskriminering, jf. § 24 første ledd første punktum. At offentlege styresmakter skal arbeide «aktivt» for å fremje likestilling og hindre diskriminering, inneber mellom anna at dei må setje i verk konkrete tiltak (Prop. 63 L (2018–2019), s. 92). Lova stiller ikkje krav om at bestemte tiltak skal gjennomførast, men føreset at offentlege styresmakter vurderer kva tiltak som er relevante, på bakgrunn av ein analyse av den aktuelle situasjonen.

Aktivitetsplikta omfattar òg at ein skal arbeide for å førebyggje trakassering, inkludert seksuell trakassering, og kjønnsbasert vald og motarbeide stereotypisering, jf. § 24 første ledd andre punktum. Presiseringa gjer det tydeleg at likestillingsarbeidet òg omfattar tiltak for å motverke stereotype oppfatningar og forventingar knytte til kjønn, inkludert førestillingar som kan bidra til ulik behandling av eller avgrense moglegheitene til gutar og menn.

Offentlege styresmakter skal vidare gjere greie for kva dei gjer for å vareta omsynet til likestilling og ikkje-diskriminering i arbeidet sitt. Forklaringa skal leggjast fram i årsrapporten, årsmeldinga eller eit anna offentleg tilgjengeleg dokument.

Også alle arbeidsgivarar, uavhengig av storleik, sektor og bransje, skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling, jf. § 26. Arbeidet skal mellom anna omfatte områda rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, forfremjing, utviklingsmoglegheiter, tilrettelegging og moglegheit for å kombinere arbeid og familieliv. Aktivitetsplikta inneber dessutan ei plikt til å prøve å hindre trakassering, inkludert seksuell trakassering, og kjønnsbasert vald.

I tillegg er alle offentlege arbeidsgivarar og arbeidsgivarar i private verksemder av ein viss

storleik pålagde å følgje ein lovfesta arbeidsmetode i likestillingsarbeidet. Arbeidsgivarar i private verksemder med meir enn 50 tilsette skal nytte ein konkret arbeidsmetode i fire trinn i arbeidet med å fremje likestilling og hindre diskriminering. Dette følgjer av likestillings- og diskrimineringslova § 26. Også arbeidsgivarar i private verksemder med mellom 20 og 50 tilsette blir omfatta dersom dei tillitsvalde eller eit fleirtal av dei tilsette krev det. Arbeidsgivarar som er omfatta av plikta til å følgje denne lovpålagde arbeidsmetoden, skal òg gjere greie for korleis dei arbeider for å oppfylle pliktene, jf. § 26 a. Forklaringa skal leggjast fram i årsmeldinga eller i eit anna offentleg tilgjengeleg dokument.



Figur 3.1

Kjelde: Anagram design.

3 Eit likestilt familieliv

Utviklinga dei siste tiåra har vore prega av auka fedreinvolvering og eit sterkare ønske blant mange menn om å ta aktivt del i omsorga for eigne barn. Sjølv om dette har bidrege til meir likestilte familiar, opplever nokre fedrar at rammevilkåra i arbeidslivet og enkelte delar av familiepolitikken i avgrensa grad støttar opp under omsorgsrolla deira. Dette kan vere særleg utfordrande i samband med samlivsbrot.

Regjeringa vil leggje til rette for eit likestilt foreldreskap, der begge foreldra i utgangspunktet har den same retten og den same plikta til å gi barnet omsorg, både gjennom å bruke tid saman med barnet og gjennom å delta i avgjerder som har med barnet å gjere. Familiepolitiske ordningar som barnehagetilbod og økonomisk støtte skal gjere det lettare for foreldre å kombinere omsorg for eigne barn med arbeid. På den måten ønskjer regjeringa å gi rom for eit godt familieliv.

Regjeringa vil
- føre ein familiepolitikk som gir rom for å kombinere familieliv og arbeidsliv
- leggje til rette for at foreldre skal vere likestilte omsorgspersonar

3.1 Fedrar er i større grad enn mødrer fornøgde med lengda på fedrekvoten

Noreg var det første landet i verda som introduserte fedrekvoten i foreldrepermisjonen, og sidan 1993 har fedrekvoten blitt utvida, redusert og utvida igjen fleire gonger. I dag utgjer han 15 av totalt 49 veker med foreldrepengar for foreldre som vel ei ordning med 100 prosent dekning, eller 19 av totalt 61 veker og éin dag for dei som vel ei ordning med 80 prosent dekning.[1]

[1] For at ein skal ha rett til foreldrepengar, må fleire vilkår vere oppfylte, sjå til dømes om foreldrepengar på nav.no.

Boks 3.1 Mannsutvalet foreslår

Mannsutvalet argumenterer for at reelt likestilt foreldreskap føreset at menn har faktiske, ikkje berre formelle, høve til å vere omsorgspersonar gjennom heile livsløpet, også etter samlivsbrot. Mannsutvalet meiner at tydelege kjønna mønster i permisjonsuttak, tidsbruk og fordeling av ansvar ikkje først og fremst reflekterer menns manglande vilje til omsorg, men strukturelle og rettslege rammer, normer i arbeidslivet og praksis i familievernet og domstolane som samla sett gjer det vanskelegare for menn å ta og behalde omsorgsansvar (NOU 2024: 8).

Mannsutvalet foreslår til saman ni tiltak for å styrkje menns rolle som omsorgspersonar:
- Endre foreldrepengeordninga og rettar i samband med fødsel
- Styrkje nybakte fedrar og medmødrers rolle og rettar
- Etablere trepartssamarbeid for betre balanse mellom arbeid og familie i mannsdominerte bransjar
- Utvide meklingsplikta ved samlivsbrot og foreldrekonfliktar til seks timar før det kan reisast sak for domstolane
- Styrkje moglegheita domstolane har til å idømme delt bustad
- Leggje kompetansen til å flytte barnet innanlands til foreldreansvaret
- Innføre økonomiske ordningar som fremjar likestilling
- Greie ut lovfesta rett til ulønt permisjon for omsorgsarbeid for personar utanfor den nærmaste familien
- Greie ut rettsleg rammeverk for barn i familiar med fleire enn to omsorgspersonar

Boks 3.2 Forskjellar i menn og kvinners tidsbruk på lønt og ulønt arbeid

Det er brei semje blant både menn og kvinner om at idealet er lik fordeling av ansvar for heim og familie (Kitterød & Teigen, 2024).

I praksis er det likevel stor forskjell på kor mykje tid kvinner og menn bruker på lønt og ulønt arbeid (Bufdir, 2025). Når det gjeld omsorg for barn, er det først og fremst ein kjønnsforskjell i omsorgsarbeid blant par der det yngste barnet er tre år eller yngre (Arnesen H. S., 2024a). Blant par med barn i alderen 3–6 år har det skjedd ei stor endring det siste tiåret: Forskjellen mellom kvinner og menn er redusert frå litt over éin time per dag i 2010 til fire minutt i 2022 (Bufdir, 2025).

Omsorgsarbeidet varierer også mellom menn. Fedrar med høgare utdanning bruker meir tid på omsorg og samvær med barn enn fedrar med kortare utdanning, og fedrar i dei mest sentrale kommunane bruker meir tid på omsorgsoppgåver enn fedrar i mindre sentrale område.

Opinion si pårørandeundersøking frå 2023 finn at blant vaksne (over 40 år) som er pårørande til éin eller fleire eldre (over 65 år) med omfattande omsorgsbehov som bur heime, er det ei overvekt av kvinner (63 prosent) (Opinion, 2023).

Fedrekvoten har bidrege til auka permisjonsbruk for far og sikrar far tid i permisjon med barnet. Fedrekvoten bidreg til at fedrar tidleg kan ta ei aktiv rolle i livet til barnet, og til at barnet kan få ei betre tilknyting til far. Fedrekvoten har òg utfordra tradisjonelle kjønnsroller ved å leggje til rette for likare fordeling av omsorgsarbeid, som er tilfellet i dag, i langt større grad enn det var tidlegare.

Dagens foreldrepengeordning gir fedrar høve til å ta heile eller delar av fellesperioden.

Dei fleste mødrer og fedrar er einige om at delar av foreldrepermisjonen bør reserverast for far. 86 prosent av mødrene og 92 prosent av fedrane svarer positivt når dei får spørsmål om dei synest det burde vere ein fedrekvote (Arntsen, 2022, s. 116).

Det er likevel usemje om kor stor del som bør vere reservert for far. Fedrar er i større grad enn mødrer fornøgde med dagens lengd. 40 prosent av fedrane meiner at fedrekvoten burde vere på 15 veker, som i dag, 23 prosent meiner at han burde vere lengre, mens 30 prosent meiner at han burde vere kortare. Heile tre av fire mødrer skulle ønskje at dei kunne vore heime lenger, og 52 prosent av mødrene synest at fedrekvoten slik han er i dag, er for lang. Berre 35 prosent av mødrene meiner at fedrekvoten burde vere på 15 veker, som i dag, eller lengre (Arntsen, 2022, ss. 116–121).



Figur 3.2 Foreldrepengeordning ved 100 prosent lønnskompensasjon

3.1.1 Fedrars uttak av foreldrepengeperioden

I 2025 tok fedrar ut i gjennomsnitt 31,2 prosent av foreldrepengedagane, det vil seie i underkant av lengda på fedrekvoten. Det er rett over 11 prosent meir enn i 2018, altså før foreldrepengeordninga blei tredelt. Fedrar bruker med andre ord heile fedrekvoten i aukande grad. I praksis er fellesperioden hovudsakleg mors.

Fedrar som fekk barn i første halvår 2023, tok ut følgjande av foreldrepengeordninga:[2]

- 61 prosent av fedrane som fekk barn i 1. halvår 2023, tok ut *nøyaktig* det som var fedrekvoten.
- 23,4 prosent av fedrane tok ut *meir* enn fedrekvoten. Denne andelen auka med 2,8 prosentpoeng frå førre rapportering for andre halvår 2022. Andelen har auka sidan 2020.
- 15,6 prosent av fedrane tok ut *mindre* enn fedrekvoten. Utanom siste måling, der andelen auka med 0,2 prosentpoeng, har denne andelen minka sidan 2019.

Det er nokre grupper menn som tek ut ein mindre del av foreldrepengane enn gjennomsnittet. I ei undersøking frå 2017 såg ein at fødelandet til fedrane hadde noko å seie for synet på fedrekvoten. Fedrar som var fødde i Noreg og Norden, var oftast positive, med 91 prosent som var for fedrekvoten. Blant fedrar fødde i Nord-Amerika, Australia og Europa (inkludert Aust-Europa) var 78 prosent for fedrekvoten, mens 73 prosent av fedrane i dette utvalet som var fødde i Asia, Afrika og Latin-Amerika, var for fedrekvoten (Schou, 2017).

Bruken av foreldrepengeordninga varierer òg med tilknyting til arbeidsmarknaden, yrke og forhold ved arbeidsplassen. Sjølvstendig næringsdrivande tek som regel kortare og sjeldnare permisjon enn lønnstakarar, særleg blant fedrar. Det er relativt små forskjellar mellom foreldre i ulike yrkesgrupper, men fedrar i undervisningsyrke tek lengst pappaperm. Fedrar i privat sektor tek sjeldnare og kortare permisjon enn fedrar i offentleg forvalting (Engvik & Pettersen, 2021). Slike forskjellar kan ha samanheng med korleis ulike arbeidsplassar og bransjar legg til rette for å kombinere arbeid og omsorgsansvar. Dette er også i tråd med Mannsutvalets vurdering av at det i enkelte mannsdominerte arbeidsplassar kan eksistere ein kultur som er prega av forventingar om til dømes overtid, noko som kan påverke fedrars moglegheiter til å nytte permisjonsordningar og delta i omsorga for barna (NOU 2024: 8).

[2] Foreldrepengar kan takast ut i tre år frå fødselen av, og 1. kvartal 2023 er dermed den siste tilgjengelege statistikken for fedrar som er garantert ferdige med uttaket. Tal frå Arbeids- og velferdsdirektoratet.

3.2 Fedrar opplever at helsestasjonstilbodet er lite tilpassa dei

Ein studie av korleis førstegangsfedrar opplevde møtet med helsetenesta (svangerskapsomsorga, føde- og barselavdelinga og helsestasjonstenesta) under svangerskapet, under fødselen og i barnets tre første levemånader, viser at fedrane som deltok i studien, opplever at helse- og omsorgstenestene under svangerskap, fødsel og barseltid i hovudsak rettar seg mot mor og barn, og at dei sjølve i mindre grad blir inkluderte som sjølvstendige omsorgspersonar (Solberg & Glavin, 2018).

Ein litteraturstudie som samanfattar kunnskap om fedrars møte med helsestasjonstenesta, peikar på at det er eit misforhold mellom forventingane samfunnet har til ei aktiv farsrolle, og måten helsetenestene møter fedrane på (Øygarden, Glavin, Sæther, Solberg & Brekke, 2025). Manglande tydelegheit når det gjeld kva rolle fedrar skal ha, fråvær av individuelle samtaletilbod og ein praksis som blir opplevd som mor–barn-orientert, blir trekt fram i forskinga som noko av det som kan bidra til at fedrar trekkjer seg tilbake og i mindre grad nyttar helsestasjonstenesta (Øygarden, Glavin, Sæther, Solberg & Brekke, 2025; Solberg & Glavin, 2018).

3.3 Tiltak for å leggje betre til rette for fars rolle som omsorgsperson

Regjeringa ønskjer ein politikk som både legg praktisk til rette for fedreinvolvering, og tydeleg anerkjenner rolla til far i heimen. Formålet med likestillings- og familiepolitikken er mellom anna å leggje til rette for at mødrer og fedrar skal ha reelle høve til å praktisere eit likestilt familieliv.

Regjeringa vil trekke fram følgjande tiltak:

- føre vidare den tredelte foreldrepengeordninga
- fedrars rettar er styrkte
- eit helsestasjonstilbod som anerkjenner menn som likestilte omsorgspersonar
- føre vidare trepartssamarbeid for betre balanse mellom arbeid og familie

3.3.1 Føre vidare den tredelte foreldrepengeordninga

Regjeringa legg stor vekt på å føre vidare den tredelte foreldrepengeordninga.

Ordninga har styrkt fedrars deltaking i omsorga for eigne barn, og ho legg til rette for at begge foreldra kan kombinere arbeid og familieliv på ein god måte.

3.3.2 Fedrars rettar er styrkte

Regjeringa har gjennomført lovendringar den siste tida som styrkjer rettane til fedrar. Slik regjeringa ser det, varetek dagens ordning og styrkingane som er gjorde den siste tida, balansen mellom fleksibilitet for foreldra og omsynet til at både mødrer og fedrar skal ha høve til å kombinere omsorg for barnet med yrkesaktivitet.

For det første er fedrars og medmødrers sjølvstendige rett til foreldrepengar styrkt.

Frå 2. august 2022 blei det innført åtte veker betalt permisjon til far/medmor, uavhengig av mors aktivitetsplikt (kravet om at mor går ut i arbeid, utdanning osv.). Frå 2. august 2024 blei retten ytterlegare styrkt ved at aktivitetsplikta til mor blei oppheva i to veker til. Det inneber at fedrar og medmødrer som har opptent rett til foreldrepengar gjennom yrkesaktivitet i minst seks av dei siste ti månadene, no har ein sjølvstendig rett til å ta ut foreldrepengar i til saman ti veker der mor ikkje har tent opp rett til foreldrepengar. To av vekene kan takast ut i samband med fødselen.

Endringane er særleg viktige i familiar der berre far eller medmor har tent opp rett til foreldrepengar. For dei gir regelverket auka høve til å vere heime med barnet utan krav om at mor går ut i arbeid, utdanning eller annan aktivitet. Truleg får rundt 4900 fedrar og medmødrer høve til å vere lenger heime med barnet. Det kan bidra til at fleire barn får ei tidleg og god tilknyting til begge foreldra i det første leveåret.

For det andre er foreldrepengeordninga styrkt ved at foreldrepengeperioden ved 80 prosent dekningsgrad er forlengd med elleve stønadsdagar for barn fødde frå 1. juli 2024. Tidlegare fekk familiar som valde redusert inntektsdekning (80 prosent) og lengre tid saman med barnet, ei lågare samla utbetaling enn familiar som valde 100 prosent dekning. Statistikken viser at dette bidrog til at dei fleste valde full dekning, samtidig som bruken av ulønt permisjon auka – særleg blant mødrer, men også blant fedrar.

Utvidinga inneber at den samla utbetalinga no er om lag den same, uavhengig av om foreldra vel 80 eller 100 prosent dekningsgrad. Foreldre taper dermed ikkje lenger økonomisk på å velje redusert dekning. Forlenging av foreldrepengeperioden gir foreldra auka fleksibilitet og gjer kvardagen med små barn enklare for både mor og far.

Det blir gjennomført ei ny foreldrepengeundersøking i 2026, der spørsmåla mellom anna handlar om kor tilfreds ein er med lengda på eigen del av foreldrepengane, val av 80 eller 100 prosent uttak av foreldrepengane og ulønt permisjon i forlenging av foreldrepengeperioden.

Med desse endringane har Noreg oppfylt krava i EU-direktivet om balanse mellom arbeidsliv og familieliv for foreldre og omsorgspersonar. I lovforarbeida blei det samtidig understreka at aktivitetskravet framleis gjeld for uttak utover dei ti vekene. Grunngivinga er at ordninga skal stimulere til kvinners arbeidsdeltaking og tilknyting til arbeidsmarknaden.

3.3.3 Eit helsestasjonstilbod som anerkjenner menn som likestilte omsorgspersonar

Foreldra er dei viktigaste omsorgspersonane til barnet, og engasjementet og omsorga deira har mykje å seie for helsa og utviklinga til barnet, både på kort og lang sikt. Helsestasjonen er ein viktig arena for støtte og rettleiing til foreldre, og det er viktig at også fedrar blir involverte i tilbodet til helsestasjons- og skulehelsetenesta.

Alle kommunar skal gi tilbod om helsestasjons- og skulehelsetenester. Nasjonal fagleg retningslinje for helsestasjons- og skulehelsetenesta slår fast at tenesta skal vere eit universelt og helsefremjande tilbod til alle barn og unge og foreldra deira. Retningslinja understrekar at både mor og far – eller andre omsorgspersonar – skal reknast som likeverdige foreldre og inviterast inn i oppfølginga av barnet.

3.3.3.1 Tilbod til gutar og menn

I nasjonal fagleg retningslinje for helsestasjons- og skulehelsetenesta tilrår Helsedirektoratet at kommunane tilbyr foreldregrupper som ein integrert del av helsestasjonsprogrammet, og at det blir vurdert eigne gruppetilbod for fedrar og medmødrer. Eit døme er helsestasjonen i Bydel Gamle Oslo sitt tilbod om pappatreff ein gong i månaden.

Formålet med fedregrupper er å skape ein arena for erfaringsutveksling og refleksjon rundt overgangen til foreldrerolla. For å leggje til rette for fedrars deltaking peikar retningslinja på

Boks 3.3 Helsestasjonstilbodet

Kvar enkelt kommune organiserer tilbodet i helsestasjonen etter lokale behov. Helsestasjon for barn på 0–5 år er eit gratis tilbod for barn og foreldre. Målet med helsestasjonsprogrammet for barn på 0–5 år er

- at foreldre skal oppleve at dei meistrar foreldrerolla
- å bidra til eit godt samspel mellom foreldre og barn
- å fremje fysisk, psykisk og sosial utvikling hos spedbarn og småbarn
- å førebyggje, hindre og avdekkje vald, overgrep og omsorgssvikt
- å avdekkje fysiske og psykiske utviklingsavvik tidleg
- å bidra til at barn får oppfølging og blir tilviste vidare ved behov

I tillegg til det standardiserte helsestasjonsprogrammet for nybakte foreldre tilbyr enkelte helsestasjonar foreldrerettleiingskurs og barselgrupper. Fleire kommunar har i dag eige tilbod retta mot fedrar.

behovet for organisatorisk tilpassing, som å leggje samlingane til tidspunkt som passar med arbeidskvardagen, eller til perioden der menn gjerne har foreldrepermisjon. Etablering av eigne arenaer for fedrar blir sett i samanheng med det heilskaplege arbeidet til tenesta for å nå gutar og menn og skal bidra til å senke terskelen for kontakt med tenesta.

I Meld. St. 28 (2024–2025) *Tro på framtida – uansett bakgrunn* blir dei første 1000 dagane skildra i eit familieperspektiv, der også den psykiske helsa til fedrane og forholdet deira til barnet blir anerkjent. Dette blir også spegla i retningslinja for helsestasjons- og skulehelsetenesta, som understrekar at tenestetilbodet omfattar heile familien. Det same gjeld ulike tiltak og modellar som blir prøvde ut, til dømes modellen Nye familiar, som blir prøvd ut i Oslo kommune.

Kultur- og likestillingsdepartementet gir tilskot til å vidareføre prosjektet «Ein likestilt helsestasjon» i regi av Reform – ressurssenter for menn, gjennom tilskotsordninga til familie- og likestillingspolitiske tiltak, som blir forvalta av Bufdir.

Reform-prosjektet har som mål å styrkje arbeidet til helsestasjonane med likestilt foreldrestøtte ved å inkludere fedrar og andre ikkje-fødande foreldre på ein meir systematisk måte i barselopp-

Boks 3.4 Nye familiar

Nye familiar er eit program for tidleg innsats med heimebesøk av helsesjukepleiar frå siste del av svangerskapet og gjennom dei to første leveåra til barnet. Programmet er brukarstyrt og kjem i tillegg til den ordinære oppfølginga ved helsestasjonen.

Målet er å styrkje meistringsevna til foreldra og å gjere dei trygge i foreldrerolla i foreldrerolla gjennom tidleg innsats. Tiltaket er meint å vere eit førebyggjande og helsefremjande tilbod til beste for barnet og familien.

Tilbodet er retta mot par som får det første barnet sitt, det første barnet sitt i Noreg eller det første barnet sitt med ein ny partnar, og mot familiar med fleire barn som har ekstra behov. Deltakarane får tilbod om gjentekne heimebesøk frå før fødselen og fram til barnet er to år.

Data frå evalueringa så langt viser mellom anna at:

- foreldra som fekk tilbod om Nye familiar, opplevde å få tidleg og tilpassa støtte allereie i svangerskapet.
- heimen blei opplevd som ein trygg arena for å snakke om eigne erfaringar og forventingar, og tilliten til og relasjonen med helsesjukepleiaren var god heilt frå starten av.
- ei universell tilnærming, der alle får tilbod om heimebesøk, blei opplevd som positiv.
- fedrane kjende seg inkluderte og opplevde at heimebesøket i svangerskapet bidrog til auka familiefokus og større deltaking i oppfølginga ved helsestasjonen etter fødselen.
- heimebesøket i svangerskapet gav nyttig informasjon om helsestasjonstilbodet etter fødselen, som fleire gav uttrykk for at dei hadde lite kunnskap om frå før.

Kjelde: Hofstad, 2026.

følginga. Prosjektet byggjer på fleire tidlegare prosjektperiodar der Reform har utvikla samtaleverktøy, faglege opplegg og informasjonsmateriell som kan takast i bruk direkte i helsestasjonstenesta.

Erfaringar frå prosjektperioden viser at individuelle samtalar med fedrar og andre ikkje-fødande foreldre gir helsestasjonane betre innsikt i behova til foreldra, særleg når det gjeld psykisk helse og foreldrerolla. Fedrane opplevde samtalane som nyttige og rapporterte lågare terskel for vidare kontakt med helsestasjonen. Helsesjukepleiarane erfarte samtidig at viktige problemstillingar blei avdekte tidlegare når samtalane var individuelt retta (Reform, 2023).

Prosjektet har utvikla ein modell for meir systematisk inkludering av fedrar og andre ikkje-fødande foreldre i det ordinære barselprogrammet til helsestasjonen. I perioden 2026–2028 skal modellen takast i bruk i fleire kommunar gjennom opplæring, rettleiing og lokal tilpassing, samtidig som det blir utvikla betre løysingar for dokumentasjon og erfaringsinnhenting. Satsinga skal bidra til eit meir likeverdig, familieorientert og førebyggjande helsestasjonstilbod til beste for barn, foreldre og familiar.

3.3.4 Trepartssamarbeidet for betre balanse mellom arbeid og familie blir vidareført

Regjeringa har etablert eit trepartssamarbeid for betre balanse mellom arbeid og familie i mannsdominerte og kvinnedominerte bransjar, i tråd med forslaget frå Mannsutvalet og som varsla i strategien til regjeringa for likestilling mellom kvinner og menn 2025–2030. Samarbeidet er lagt til arbeidsgruppa for likestilling i arbeidslivet under arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd.

Kultur- og likestillingsdepartementet har, i samarbeid med Arbeids- og inkluderingsdepartementet, sett i gang eit forskingsprosjekt som kartlegg korleis manns- og kvinnedominerte bransjar legg til rette for arbeids- og familielivsbalanse i dag. Rapporten vil bli lagd fram mot slutten av 2026.

Prosjektet ser særleg på korleis ulike rammevilkår – som arbeidstidsordningar, tilpassing av arbeidstid, foreldrepermisjon, jobbkrav og innretning av lønns- og bonussystem – påverkar høvet tilsette har til å oppnå balanse mellom arbeid og familieliv. Prosjektet skal òg analysere korleis desse ordningane er organiserte i utvalde bransjar, og korleis dei påverkar det faktiske høvet til å kombinere jobb og omsorgsansvar. I tillegg skal prosjektet sjå på kva utfordringar både arbeidsgivarar og arbeidstakarar møter med tanke på å leggje til rette for arbeids- og familielivsbalanse.

Med utgangspunkt i kunnskapen som blir innhenta, vil regjeringa invitere til diskusjon med partane i arbeidsgruppa om korleis trepartssamarbeidet for betre balanse mellom arbeid og familie kan førast vidare frå og med 2027. Forslaget frå Mannsutvalet er eit oppfølgingsprosjekt som skal prøve ut konkrete verktøy og arbeidsformer for å styrkje balansen mellom arbeid og familieliv. Særleg foreslår utvalet at det blir utvikla og testa løysingar for arbeidstidsplanlegging og tilrettelegging i samband med skift- og turnusarbeid, der utfordringane ofte er størst.

3.4 Rolla til far etter samlivsbrot

Samlivsbrot treffer foreldre ulikt. Dei aller fleste menn opplever at rolla deira som far blir vidareført etter eit brot, og dei aller fleste foreldre opplever at dei har eit godt samarbeid utan konfliktar (sjå òg boks 3.4). Nokre fedrar opplever at samlivsbrot påverkar høvet deira til å ta del i livet til barna, og at den forventa likestillinga i samlivet ikkje blir vidareført når familielivet endrar form.

Mannsutvalet viser til at dei fekk fleire førespurnader undervegs i arbeidet frå menn med erfaringar frå samlivsbrot og omsorg for barn. Fleire fedrar beskreiv ei sterk oppleving av maktesløyse og fortviling knytt til redusert kontakt eller tap av kontakt med barna. Enkelte uttrykte mistillit til det offentlege tenesteapparatet og fortalde om erfaringar med skam og sosial belasting i møte med omgivnadene etter brotet.

I kvalitative studiar blir samlivsbrot beskrive som eit tap av eit livsprosjekt for fedrar, også i tilfelle der forholdet i utgangspunktet ikkje fungerte. Etter eit brot må mange foreldre etablere ein ny busituasjon og nye rutinar, ofte samtidig som spørsmål om bustad og samvær med barnet skal avklarast. Når samlivsbrotet skjer kort tid etter fødselen, kan prosessen falle saman med ein allereie krevjande fase i foreldreskapet. Fleire beskriv at dei opplever meiningsløyse og tap av sosial tilhøyrsel, og at dei mistar ein sentral del av seg sjølve når dei ikkje kan utøve foreldrerolla i praksis (Oftung, 2009, omtalt i NOU 2024: 8). Samtidig kan enkelte foreldre få meir sjølvstendig ansvar og meir åleinetid med barna enn før brotet, noko som kan innebere både nye moglegheiter og nye belastingar (Oftung, 2009, omtalt i NOU 2024: 8).

3.4.1 Stor auke i delt bustad, men få barn bur berre hos far

Foreldre har avtalefridom med omsyn til kva ordningar med bustad for barnet dei skal praktisere når dei ikkje bur saman.

Undersøkingar av bustadordningar viser at stadig fleire foreldre avtaler at barna skal ha «delt bustad» når foreldra flyttar frå kvarandre, altså at dei skal bu vekselvis hos begge foreldra. I 2020 praktiserte 43 prosent av foreldre som tidlegare har budd saman, ei slik løysing. Hos resten har barnet bustad hos anten mor eller far. Der barnet bur hos éin av foreldra, bur flest hos mor (86 prosent), mens 14 prosent bur hos far.[3]

3.4.2 Dei fleste fedrar ser barna jamleg etter samlivsbrot, men enkelte opplever samværshindring

Barn og foreldre har ein gjensidig rett til samvær. Foreldre har i utgangspunktet avtalefridom når det gjeld omfanget av samvær, men ein avtale om samvær skal alltid ta utgangspunkt i kva som er best for barnet. Foreldra skal leggje vekt på kva barnet meiner, i takt med alderen til barnet og kor modent det er.

Sidan dei fleste som praktiserer bustad hos éin forelder, har bustad hos mor (86 prosent), vil det vere flest fedrar som har samvær med barn.

Dei fleste samværsforeldre ser barna jamleg. Ei undersøking frå 2022 viser at 76 prosent av samværsforeldra seier at dei ser barnet kvar månad, og i gjennomsnitt er dei saman med barnet 8,1 dagar i månaden (Møller et al., 2023).

Dei viktigaste kjenneteikna for foreldre med lite samvær er lang reiseveg, eldre barn og kortvarig relasjon til den andre forelderen. Å ikkje vere yrkesaktiv gjer òg månadleg kontakt mindre sannsynleg (Møller et al., 2023).

Mykje samvær heng særleg saman med kort reiseveg og det at foreldra er einige om dei daglege reglane for barna. Samværet er òg meir omfattande jo betre helse foreldra har, og det er meir omfattande for yngre barn enn for eldre barn. Foreldre som har hatt eit lengre forhold til den andre forelderen, er i lita grad blant dei som har lite samvær med barnet (Møller et al., 2023).

Det finst inga samla oversikt over kor mange foreldre som opplever samværshindring. Familievernet har dei siste par åra registrert saker der det er stans i samvær. I 2023 registrerte dei 999 slike saker blant dei vel 28 000 avslutta kliniske sakene (Bufdir, 2022a).

Det er tre hovudtypar av årsaker til at det er stans i samværet, ifølgje ein rapport frå Bufdir: Barnet vegrar seg for samvær med ein av foreldra,

[3] Det er ikkje samsvar mellom antalet/andelen som ifølgje undersøkingar avtaler delt bustad, og det foreldre registrerer som delt bustadadresse i Folkeregisteret.

Boks 3.5 Konfliktar etter brot

Dei fleste foreldre opplever ikkje konflikt etter brot. I 2020 oppgir 43 prosent at dei *ikkje* opplever konflikt, noko som er ein auke frå 35 prosent i 2012. Det er i tillegg mange som svarer at dei *i lita grad* opplever konflikt (28 prosent). Andelen som oppgir at dei har stor grad av konflikt med den andre forelderen, er 14 prosent i 2020, ein nedgang frå 15 prosent i 2012 (Møller et al., 2023).

Foreldre som opplever konfliktar, rapporterer at konflikten gjeld økonomi, relasjonen mellom foreldra og barnerelaterte spørsmål som oppseding, organisering av kvardagen til barnet og praktisk oppfølging. Det er brei fagleg semje om at eit vedvarande og høgt konfliktnivå mellom foreldra kan vere skadeleg for barnet.

Rapporten *Konflikter og samarbeid mellom foreldre som bor hver for seg* finn at det er ein klar samanheng mellom opplevd konfliktnivå på den eine sida og misnøye med bustadordninga, usemje om reglane og usemje om oppfølginga av fritidsaktivitetane til barna på den andre sida. Dei som har dårleg økonomi, har eit meir konfliktfylt forhold, og konfliktnivået er særleg høgt blant dei som betaler mykje barnebidrag (Møller et al., 2023).

Enkelte av desse konfliktområda gjeld spørsmål som heilt eller delvis er regulerte gjennom lovverk og offentlege ordningar, og der rammevilkåra kan påverke korleis foreldreskapet blir utøvd i praksis.

Foreldre med delt bustad rapporterer gjennomgåande om lågare konfliktnivå enn foreldre der barnet bur fast hos éin av foreldra.

Kjelde: Møller et al., 2023.

eller den eine forelderen held barnet tilbake frå samvær, anten rettmessig eller urettmessig. Samtidig peikar Bufdir på at årsakene til stans i samvær ofte er samansette, og at det er fleire årsaker som verkar saman over tid (Bufdir, 2022a).

3.4.3 Menn som blir fedrar utanfor samliv, har òg foreldreansvar

Nokre menn blir fedrar utanfor samliv. Tal frå Statistisk sentralbyrå viser at mellom 9,5 og 13,5 prosent av mødrene til barna som blei fødde i perioden 2002–2023, budde åleine då barnet blei født. Dette gjeld mellom 5 000 og 6 500 barn årleg. Fedrane i denne gruppa kan vere nært knytte til barnet og deltakande i livet til barnet, men det kan òg vere tilfelle der farskapet ikkje er fastsett, eller der faren ikkje ønskjer å ha kontakt med barnet.

Blant samværsforeldra var det i 2020 4 prosent som ikkje hadde møtt eller vore saman med barnet etter brotet. 11 prosent hadde hatt samvær etter brotet, men ikkje dei siste tolv månadene. 15 prosent hadde vore saman med barnet dei siste tolv månadene, men hadde ikkje hatt jamleg månadleg samvær (Møller et al., 2023).

Når juridisk farskap blir etablert, får faren rettar og plikter som har med barnet å gjere, til dømes samværsrett og bidragsplikt. Foreldreansvaret gir myndigheit til å ta avgjerder om eller på vegner av barnet. Fram til 2020 hadde mor foreldreansvar for barnet åleine dersom foreldra ikkje var gifte eller budde saman då barnet blei født. Etter 2020 har barnelova hatt som utgangspunkt at alle foreldre har felles foreldreansvar, uavhengig av om dei er gifte eller bur saman når barnet blir født.


Det første året etter at farskapet er fastsett, kan både mødrer og fedrar melde frå til Folkeregisteret om at mor skal ha foreldreansvaret åleine.

Erfaringar sidan 2020 viser at det er ei marginal gruppe einslege mødrer som får foreldreansvar åleine på bakgrunn av einsidig melding (Prop. 117 L (2024–2025), ss. 88–90). Dersom faren likevel ønskjer foreldreansvaret, kan han leggje saka fram for retten, som skal ta ei avgjerd ut frå ei vurdering av kva som er best for barnet.

Barne- og familiedepartementet har evaluert lovendringa om felles foreldreansvar frå fødsel for å følgje opp eit oppmodingsvedtak frå Stortinget.[4] Som eit ledd i oppfølginga av dette vedtaket blei det innhenta faktaopplysingar frå Arbeids- og velferdsdirektoratet, Bufdir, Domstoladministrasjonen, Helsedirektoratet og Politidirektoratet for å få eit bilete av korleis gjeldande reglar verkar i praksis. Svara kan oppsummerast slik:

- Det ser ikkje ut til at lovendringa har ført til at fleire einslege mødrer ikkje vil oppgi kven som er far til barnet deira.
- Det er få mødrer som melder frå at dei vil ha foreldreansvaret åleine. Lovendringa har ført

[4] Oppmodingsvedtak 491, 7. mars 2017.



Figur 3.3 Andel fedrar med familierelasjon til barnet som har foreldreansvar når barnet er 1 år

Kjelde: Folkeregisteret, henta frå NOU 2024: 8, s. 79.

til at fleire enn tidlegare har felles foreldreansvar.
- Talet på saker for lagmannsrettane om foreldreansvar har ikkje auka.
- Det ligg ikkje føre datamateriale som gir kunnskap om korvidt konfliktnivået mellom foreldra har auka etter lovendringa.
- Kripos kjenner ikkje til aktuelle saker med adressesperre etter lovendringa og meiner at føresegna bør førast vidare.


Barnelovutvalet ønskte ikkje å føre vidare regelen om at foreldre får felles foreldreansvar uavhengig av samlivsstatus. Ut frå faktagrunnlaget frå relevante direktorat om korleis reglane verkar i praksis, konkluderte departementet i lovproposisjonen med at det er lite som tilseier at det er behov for å reversere lovendringa. I ny barnelov er derfor utgangspunktet i lova med felles foreldreansvar uavhengig av samlivsstatusen til foreldra vidareført.

3.4.4 Er fedrar mindre fornøgde med familievernet?

På bakgrunn av møte med tilsette ved Homansbyen og Enerhaugen familievernkontor i Oslo og familievernets spisskompetansemiljø for vald og høgkonflikt viser Mannsutvalet til at det i samtalane blei beskrive at mange menn opplever at dei må kjempe for inntil 50 prosent av samværstida med barnet, mens kvinner kan oppleve at dei skal ha barnet minst 50 prosent av tida. Det blei òg vist til at nokre menn opplever familievernet som «kvinnenes banehalvdel». Samtidig viste dei tilsette som Mannsutvalet møtte, til at dei har blitt meir bevisste på å møte begge foreldra upartisk (NOU 2024: 8).

Også Familievernutvalet viser til at menn kan vere mindre fornøgde med meklinga enn kvinner, og at familievernkontoret kan oppfattast som ein kvinnearena. Utvalet foreslo auka bevisstheit om at menn òg skal oppleve familievernet som relevant (NOU 2019: 20, s. 140).

Ein forskingsrapport frå Folkehelseinstituttet frå 2025 om foreldre sine brukaropplevingar ved familievernkontoret viser derimot at det ikkje er nokon forskjellar i korleis kvinner og menn vurderer nytten av hjelpa dei har fått her (Bårdstu & Holt, 2025). Unntaket er på spørsmål om dei synest at dei har fått rettleiing og råd som er tilpassa sine eigne eller familien sine behov. Her vurderer kvinner nytten som større enn det menn gjer. FHI påpeikar at dette funnet står i motsetning til tidlegare studiar av kor nyttig kvinner og menn opplever at hjelpa dei får, er. Her har kvinner ein tendens til å rapportere meir nytte enn menn (Eldridge et al., 2022; Halford et al., 2016; Knobloch Fedders et al., 2004, omtalt i Bårdstu & Holt, 2025). Formålet med rapporten har vore å få meir og oppdatert kunnskap om korleis ulike brukargrupper av foreldre som får ulike tilbod ved familievern-



Figur 3.4 Menns og kvinners vurdering av nytteverdien av hjelpa. Gjennomsnittsskår på fem spørsmål om brukaroppleving

Kjelde: Bårdstu & Holt, 2025, s. 25.

Boks 3.6 Ny lov om familieverntenesta

Barne- og familiedepartementet arbeider no med ei ny lov om familieverntenesta. I dette arbeidet vil departementet vurdere korleis ulike brukargrupper kan varetakast best mogleg. Det er eit siktemål at dei som bruker familievernet, opplever tenesta som relevant, og at det blir gitt eit tilpassa tilbod.

kontoret (mekling, foreldresamarbeid etter brot, familieterapi og parterapi), opplever hjelpa, og kva faktorar som heng saman med opplevd nytte.

3.4.5 Er det vanskelegare for fedrar å få medhald i ei foreldretvistsak?

Når foreldra ikkje blir einige om foreldreansvaret, om kvar barna skal bu fast, om samvær eller om flytting med barnet ut av landet, kan dei bringe dette inn for domstolen for avgjerd.


Foreldra må ha møtt til minst éin time med mekling ved eit familievernkontor eller hos ein annan meklar før dei kan fremje ei sak for domstolen. Det er færre saker for domstolane enn det er høgkonfliktsaker i mekling, noko som inneber at ein god del foreldre med konflikt får hjelp til å løyse konfliktane gjennom mekling eller på annan måte, mellom anna gjennom tilbod i familievernet.

Dei siste åra har talet på nye foreldretvistsaker for domstolane lege stabilt på rundt 2 500–2 700 saker i året, men i 2025 har det vore 2 900 innkomne saker. Det blir ikkje ført detaljert statistikk over foreldretvistsakene som blir behandla i domstolane, og det ligg derfor ikkje føre nokon statistikk over kva utfall sakene har fått, heller ikkje om det er mødrer eller fedrar som har fått medhald.

Det er gjennomført fleire undersøkingar av kva kjønnet til foreldra har å seie for avgjerder i foreldretvistar i lagmannsrettane og i Høgsterett. I 2017 bad Stortinget regjeringa om å «initiere en gjennomgang av dommer avsagt i barnefordelingssaker, for å finne svar på i hvilken grad fedre ikke når frem i rettssystemet og om det er grunn til å senke terskelen for å sende foreldre tilbake til mekling».

Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) fekk i oppdrag å gjennomføre dette under forskingsprosjektet «Foreldretvistar og barns rettar». Kristin Skjørten oppsummerte gjennomgangen og skriv at eit hovudinntrykk er at lagmannsrettane vel mor og far ganske jamt i foreldretvistar (Skjørten, 2021).

Undersøkinga er supplert med funn frå tilsvarande undersøkingar som gir informasjon om utfallet i foreldretvistar for lagmannsrettane for omtrent halvparten av åra frå 1998 til 2018. Det dominerande inntrykket er at det er ei ganske jamn fordeling av barna mellom far og mor over tid, men det ligg òg føre ei skeivfordeling anten i favør av mor eller far i nokre av periodane.



Figur 3.5 Utfallet i foreldretvistane om bustad i lagmannsrettane

Kjelde: Skjørten, 2021, s. 102.

Boks 3.7 Meir og betre kunnskap om foreldretvistsaker

Barne- og familiedepartementet arbeider med å sjå på korleis ein kan få meir og betre kunnskap om desse sakene i domstolen, til dømes om kva foreldra reiser sak om, korleis sakene blir behandla, og kva som er resultatet av sakene.

Skjørten meiner det ville ha vore oppsiktsvekkjande – og kanskje urovekkjande – om det skulle vist seg at barn blei tilnærma likt fordelte i heile denne perioden, for det er ikkje rettferdig fordeling mellom foreldre som er oppgåva til retten, men ei konkret vurdering av barnets beste i kvar enkelt sak (Skjørten, 2021).

Mannsutvalet hevdar i utgreiinga si at fram til behandling i lagmannsretten og Høgsterett skjer det ein seleksjon av sakene, og dermed er det ikkje grunnlag for å teikne noko bilete av kva som kjenneteiknar *fleirtalet* av sakene som kjem til domstolane (NOU 2024: 8).

3.5 Tiltak for å leggje til rette for likeverdige foreldre også etter samlivsbrot

Regjeringa meiner at foreldre bør ha eit likestilt utgangspunkt i omsorga for barn også etter samlivsbrot. Regjeringa har allereie teke viktige grep for å sikre at begge foreldra skal kunne ha ei tydeleg, aktiv og ansvarleg rolle i livet til barnet, til beste for barnet. Dette kjem fram i den nye barnelova. Lova er vedteken og skal etter planen tre i kraft i løpet av 2027.

Mannsutvalet foreslår tre tiltak som handlar om rolla til far etter samlivsbrot. Regjeringa si vurdering er at den nye barnelova delvis følgjer opp desse, og at det er fleire tiltak i lova som støttar opp under intensjonen bak forslaget frå utvalet.

Den nye lova tek utgangspunkt i at mødrer og fedrar er likestilte og har dei same rettane og pliktene overfor barna, uavhengig av om dei bur saman eller ikkje. Vanlegvis har barn behov for kontakt med og omsorg frå begge foreldra, og begge foreldra bør ta ansvar for kvardagen til barnet. Når begge foreldra tek initiativ og følgjer opp barnet i barnehagen, skulen og på fritida, vil dette som regel vere det beste for barnet.

Regjeringa legg derfor vekt på at foreldra skal ha eit likestilt utgangspunkt etter barnelova, slik at både mødrer og fedrar får eit reelt høve til å utøve omsorg og delta i avgjerder som gjeld barnet. Avgjerder om kvardagen og omsorgssituasjonen til barnet skal takast med utgangspunkt i kva som er best for barnet, og retten barnet har til å bli høyrt og til å medverke etter alder og modenskap skal varetakast. Det gjeld både når foreldra bur saman, og etter samlivsbrot.

Nedanfor følgjer ein gjennomgang av dei sentrale grepa i den nye barnelova som er av særleg betyding for rolla til far etter samlivsbrot.

Boks 3.8 Oversikt over viktige endringar i den nye barnelova

Den nye barnelova inneheld fleire konkrete grep som samla skal sikre eit meir likestilt foreldreskap etter samlivsbrot og bidra til å vareta behovet til barnet betre enn tidlegare regelverk:

- Innføring av «dagleg myndigheit» som hovudregel etter samlivsbrot, som inneber at myndigheita foreldra hadde under samlivet, blir vidareført etter brot
- Meir fleksible reglar for når foreldre kan avtale at barnet skal bu hos begge, ved å gå bort frå tidlegare føring om at ein føreset at barnet skal bu «betydelig tid» hos begge
- Utgangspunkt om at foreldre skal vere einige om flytting med barnet innanlands
- Styrking av moglegheita domstolen har til å fastsetje delt bustad, ved at ordlyden «særlege grunnar» blir teken ut av lova
- Endringar i meklingsordninga for å styrke foreldresamarbeidet
- Vidareføring av utgangspunktet i lova om at alle barn frå fødselen skal ha foreldre med felles foreldreansvar
- Ei ny føresegn i reglane om foreldreansvar som tydeleggjer at foreldre så langt som mogleg skal samarbeide om å vareta helsa, livskvaliteten og utviklinga til barnet
- Plikt for retten til å ta ei midlertidig avgjerd, etter krav frå ein part, i tilfelle der det er påstand om samværshindring. Avgjerda skal så vidt mogleg takast innan seks veker.
- Inkludering av samværsforelders bukostnader i reisekostnader som blir delte mellom foreldra i tilfelle der samværet finn stad på heimstaden til barnet

3.5.1 Likare fordeling av avgjerdsmyndigheit mellom foreldre i delte familiar

I den nye barnelova er det innført ein hovudregel om at begge foreldra skal ha dagleg myndigheit (det vil seie rett til å ta vanlege, praktiske avgjerder om dagleglivet til eit barn) for barnet etter eit samlivsbrot. Dagleg myndigheit vil vanlegvis leggje til rette for at barn og foreldre kan bevare familielivet når foreldra flyttar frå kvarandre, og at begge foreldra framleis kan ta avgjerder som er viktige for dagleglivet til barnet. Foreldra vil etter denne føresegna få lik myndigheit til å ta dei viktigaste avgjerdene om barnet i dagleglivet, som det som gjeld barnehage, skule, fritidsaktivitetar og kvar i landet barnet skal bu. Mødrer og fedrar vil i utgangspunktet vere likestilte når det skal gjerast avtalar om korleis familielivet skal organiserast. Når begge foreldra får dagleg myndigheit for barnet etter eit samlivsbrot, vil begge stille med det same utgangspunktet, og dei kan vere trygge på at dei vil behalde den tidlegare rolla si i forholdet til barnet. Dette vil i seg sjølv kunne vere konfliktdempande.

Forarbeida til lova legg til grunn at avgjerder som ligg til den daglege myndigheita, langt på veg kan takast av foreldra kvar for seg, med mindre noko anna er fastsett.

3.5.2 Foreldre skal som utgangspunkt vere einige om flytting

I den nye barnelova er utgangspunktet at foreldra etter eit samlivsbrot må vere einige dersom barnet skal flytte innanlands.

Både Mannsutvalet og fleirtalet i Barnelovutvalet foreslo at retten til å avgjere kvar i landet barnet skal bu, burde leggjast til foreldreansvaret (NOU 2024: 8; NOU 2020: 14). Som beskrive i forarbeida til den nye barnelova ville ei slik endring medført at også når foreldra aldri har budd saman, og har liten kontakt i det daglege, ville begge hatt myndigheit til å avgjere kvar i landet barnet skal bu. Regjeringa har vurdert at ein slik regel vil vere for vidtgåande, mellom anna sett i lys av Grunnlova § 106, som gir den enkelte rett til fritt å ferdast innanfor grensene og velje kvar han eller ho vil bu.

Med den nye regelen om dagleg myndigheit til begge foreldra etter samlivsbrot vil begge ha like mykje å seie om flytting, uavhengig av kven av foreldra barnet bur saman med. Regelendringa inneber at foreldra må vere einige før ein av dei kan flytte til ein annan stad i landet med barnet.

Regjeringa legg til grunn at dette vil leggje til rette for at barn og foreldre kan bevare familielivet sitt når foreldra går frå kvarandre, og styrkje retten barn har til å ha kontakt med begge foreldra.

Dersom foreldra ikkje blir einige om at barnet skal kunne flytte, kan dei bringe spørsmålet om dagleg myndigheit og bustad inn for domstolen. Før den tid kjem, må det meklast i familievernet, og barnet har rett til å medverke under meklinga. Sjølve spørsmålet om flytting i Noreg, kan det ikkje reisast eiga sak om.

3.5.3 Moglegheita domstolen har til å fastsetje delt bustad, blir styrkt

Når foreldra ikkje er einige om at barnet skal ha delt bustad, kan dei leggje saka fram for retten. Domstolen må då ta stilling til om det vil vere til beste for barnet å bu saman med begge foreldra ved å ha delt bustad.

Etter den gjeldande barnelova må det liggje føre «særlige grunner» for at retten skal kunne

Boks 3.9 Regjeringa sine vurderingar av delt bustad

Barnelovutvalet meinte i NOU 2020: 14 *Ny barnelov* at det skal vere opp til foreldra å avtale kven barnet skal bu hos, etter at dei har lytta til barnet og lagt vekt på kva barnet meiner. Utvalet kunne ikkje sjå nokon alternativ til at lova skulle vere heilt open på dette punktet, for det er foreldra som, etter å ha lytta til barnet, veit best kva løysingar som passar for dei. Mannsutvalet har i tiltak 5 foreslått å styrkje moglegheita domstolane har til å fastsetje delt bustad, ved å fjerne kravet om «særlige grunner», men har ikkje foreslått delt bustad som hovudregel i lova.

I arbeidet med den nye barnelova vurderte Barne- og familiedepartementet spørsmålet om å innføre delt bustad som hovudregel i lova, men det blei ikkje foreslått i lovproposisjonen. Dette er særleg grunngitt med at barn skal sikrast ei konkret vurdering av kva som er det beste for det enkelte barnet, og at barnet må ha ein reell rett til medverknad. Det kjem fram av lovproposisjonen til ny barnelov at tidlegare føring om at barnet bur «betydelig tid» hos begge, ikkje lenger skal gjelde som ein føresetnad for delt bustad.

fastsetje delt bustad. Eit fleirtal i både Mannsutvalet og Barnelovutvalet har foreslått at kravet om særlege grunnar skal opphevast (NOU 2024: 8; NOU 2020: 14).

Forslaget er følgt opp i ny barnelov. No vil domstolen gjere ei vurdering av kva ordning som vil vere best for det enkelte barnet i den konkrete saka. Det betyr at «særlige grunner» er teke ut av den nye barnelova.

3.5.4 Endringar for å styrkje foreldresamarbeidet

Mannsutvalet foreslo at dagens obligatoriske meklingsplikt på éin time skal utvidast, slik at ueinige foreldre blir pålagde seks timars mekling før dei kan leggje saka fram for domstolen. Barnelovutvalet foreslo det same.

Regjeringa foreslo at ordninga med éin time obligatorisk mekling blir videreført i den nye barnelova, og Stortinget vedtok dette. Det finst ingen forskingsbasert kunnskap om at meir obligatorisk mekling vil føre til at fleire saker blir løyste utanfor domstolane. I perioden 1993–2006 var det tre timars obligatorisk mekling i saker der foreldra ikkje blei einige. Evalueringa viser at det blei inngått om lag like mange avtalar då kravet til obligatorisk mekling blei redusert til éin time, som då det var krav om inntil tre timars mekling (Ådnanes, Haugen, Jensberg, Rantalaiho, & Husum, 2011). Regjeringa har derfor ikkje funne grunn til å foreslå utviding av det obligatoriske elementet i meklinga. Foreldre som ønskjer meir mekling, får tilbod om dette, men det er frivillig å delta.

Det er likevel vedteke ei rekkje andre endringar i den nye barnelova som har som mål å førebyggje og redusere konflikt. Endringane skal styrkje samarbeidet mellom foreldra og hindre at unødvendige saker kjem opp for domstolen.

Det er mellom anna gjort fleire endringar i meklingsordenen med ny barnelov. Formålet med meklinga er å gi foreldra informasjon og eit grunnlag for vidare samarbeid om barnet. Det er vidare eit mål å setje foreldra i stand til å inngå avtalar som varetek helsa, livskvaliteten og utviklinga til barnet. Det er gjort tydeleg at foreldra er dei nærmaste til å finne løysingar i dei fleste tilfelle, ved at lova skil mellom familiesamtale og mekling. Barneperspektivet er styrkt i mekling ved at det er tydelegare at foreldra skal sørgje for at barnet får ytre meiningane sine fritt i samband med avtale og mekling, og at dei skal leggje vekt på kva barnet meiner, alt etter kor gamalt og modent barnet er.

Den nye barnelova stiller tydelegare forventingar til at foreldre så langt som mogleg skal samarbeide, og presiserer at foreldre må ta omsyn til at det som er best for barnet, kan endre seg gjennom oppveksten til barnet, mellom anna ut frå alder og modenskap. Barns grunnleggjande rettar er løfta i den nye barnelova og blir dermed synlegare for foreldre.

Barne- og familiedepartementet arbeider med ei ny forskrift for meklingsordninga der ein mellom anna ser på fleire endringar for å sikre ei innretning av meklingstilbodet som støttar opp under målsetjinga om å førebyggje og dempe konflikt og få i gang foreldresamarbeidet. Departementet ser til dømes på korleis meklinga kan innrettast slik at ho i større grad konsentrerer seg om eventuell usemje mellom foreldra og behova til barnet. Ein ser òg på korleis dei grunnleggjande rettane til barnet og meiningane til barnet kan komme tydelegare i sentrum for meklinga til foreldra. Ein vurderer dessutan korleis ein kan leggje til rette for å gjere det enklare å gjennomføre fleire meklingstimar, mellom anna ved å gjere det mogleg å bruke fjernmøte.

Regjeringa legg til grunn at dei samla endringane i den nye lova med forskrift vil leggje til rette for betre samarbeid og fleire frivillig inngåtte avtalar mellom foreldre.

3.5.5 Tiltak for å motverke samværshindring

Dei fleste barn ønskjer og treng begge foreldra i livet sitt, og det vil vanlegvis vere eit gode for barnet å ha det. Det at ein del barn og foreldre ikkje har samvær sjølv om samvær vil vere til barnets beste, er eit problem og kan få alvorlege følgjer for relasjonen mellom barn og foreldre, med risiko for varig brot i kontakten. Brot i kontakten mellom barn og ein forelder kan vere del i ein forbigåande konflikt, mens det i andre tilfelle kan vere langt meir alvorleg, til dømes dersom barnet blir halde tilbake frå kontakt med ein forelder som har gode omsorgsevner, mens barnet har ein omsorgssituasjon som ikkje er tilfredsstillande. I desse alvorlege tilfella vil urettmessig brot i kontakten kunne utgjere ein risiko. God rettleiing om retten barnet har til omsorg frå begge foreldra, kan bidra til å motverke samværshindring. Målet er at det skal gjennomførast samvær mellom foreldre og barn når slikt samvær er til barnets beste. Foreldra har eit gjensidig ansvar for at samværsretten blir oppfylt.

Den nye barnelova kan bidra til å førebyggje samværshindring, særleg gjennom tiltaka som

skal førebyggje og dempe foreldrekonflikt, sjå omtale under 3.5.5.

Vidare er det teke inn i den nye barnelova at retten etter krav frå ein part skal ta midlertidige avgjerder i saker om samværshindring, og det er teke inn ein frist for midlertidig avgjerd på seks veker i tilfelle der retten har plikt til dette. Regelen vil sikre at retten tek ei rask avgjerd som foreldra må rette seg etter i påvente av ei endeleg avgjerd. Tilgangen til å påleggje tvangsbot dersom samvær blir hindra, blir vidareført i den nye barnelova. Ved samværshindring kan ein forelder krevje ny avgjerd mellom anna om bustad og samvær, sjølv om dette ikkje lenger er presisert i lova.

Tiltak mot samværshindring har vore utgreidd ei rekkje gonger tidlegare utan at ein har funne enkle løysingar. Etter regjeringa si vurdering finst det ikkje regulatoriske tiltak som i seg sjølv vil gi varige løysingar i slike situasjonar, eller som ikkje har negative konsekvensar for ein av partane. Regjeringa meiner at det er viktig med førebyggjande tiltak for å motverke samværshindring. Lovendringar som byggjer opp under likestilt foreldreskap og samarbeid om felles barn etter samlivsbrot, kan bidra til førebygging. Regjeringa reknar familieverntilbodet om mekling, foreldrerettleiing osv. som eit viktig tiltak for å førebyggje konfliktar og for å hjelpe foreldra med å finne løysingar når samværshindring har skjedd. I arbeidet med ny forskrift om mekling og familieverntilbodet ser Barne- og familiedepartementet på kva grep ein kan ta for å løfte fram omsynet til barnet sin rett til begge foreldra, for å styrkje bevisstheita om dette ytterlegare.

Ved behandlinga av ny barnelov gjorde Stortinget oppmodingsvedtak 1007 (2024–2025), der dei bad regjeringa om å greie ut fleire tiltak for å motverke samværshindring. Barne- og familiedepartementet arbeider med å gå gjennom regelverket om barnebidrag og vil sjå nærmare på korleis regelverket i størst mogleg grad kan innrettast for å unngå at økonomi blir ein faktor som påverkar avtalar om bustad og samvær.

3.6 Andre familiekonstellasjonar

Familiar varierer i samansetning og organisering og omfattar òg likekjønna foreldre, familiar med transforeldre eller ikkje-binære foreldre og ulike former for formelle og uformelle foreldreskap. Samtidig er mange lover, ordningar og tenester framleis utforma med utgangspunkt i heterofile parforhold. Det kan komme til uttrykk i alt frå regelverk og juridiske definisjonar til utforming av skjema, informasjonsmateriell og praksis i tenester, der kategoriar som «mor» og «far» blir lagde til grunn. Slike strukturar kan bidra til manglande gjenkjenning og anerkjenning av regnbogefamiliar og påverke korleis dei opplever møtet med det offentlege.

Tilgangen til foreldreskap er ulikt fordelt også fordi skeive menn har meir avgrensa høve til å få barn enn kvinner. Det fører til at enkelte søkjer løysingar i utlandet eller etablerer alternative familieformer.

Det finst lite kunnskap om normbrytande familiekonstellasjonar i Noreg. Rapporten «Skeive livsløp: En kvalitativ studie av levekår og sammensatte identiteter blant lhbtis-personer i Norge» er eit unntak (Eggebø, Stubberud & Anderssen, 2019). Ein del av informantane i studien opplevde eit motsetningsforhold mellom å leve som skeiv mann og å få barn. Prosessen med å erkjenne og komme ut som homofil innebar for nokre ei sorg over det dei oppfatta som tapet av moglegheita til å få eigne barn. Andre hadde levd skeivt då dei var unge vaksne, men hadde valt å gifte seg og etablere familie med ein person av motsett kjønn i tråd med heteronormative forventingar til familie- og vaksenliv. Fleire fortalde om desse heteroseksuelle parforholda som å gå på akkord med seg sjølv og fornekte og skjule kven ein eigentleg var, og prosessen med å komme ut resulterte seinare i samlivsbrot og brotne relasjonar.

3.6.1 Tiltak knytte til samværsrett for andre enn foreldra

I Noreg kan eit barn berre ha to juridiske foreldre. Dette er no nedfelt i den nye barnelova.

Mannsutvalet har peika på at familiar som består av fleire enn to omsorgspersonar, manglar det juridiske rammeverket som andre familiar nyt godt av (NOU 2024: 8). Det gjeld både likekjønna foreldre og steforeldre.

Ansvar og rettar knytte til omsorga for barn er formelt avgrensa til dei to juridiske foreldra. Det inneber at omsorgsutøvarar som ikkje er juridiske foreldre, ikkje blir omfatta av regelverket som gjeld samvær med barn etter samlivsbrot og retten til foreldrepermisjon.

Både ansvar og omsorg kan i dagleglivet utøvast av andre omsorgspersonar enn foreldra så lenge det skjer frivillig. Spørsmålet kan likevel bli sett på spissen ved eit samlivsbrot, der samarbeidsklimaet mellom foreldra kan gjere det vanskeleg å inngå avtalar.

I den nye barnelova er det no lovfesta at det i spesifikke tilfelle kan fastsetjast samvær mellom

barnet og andre enn foreldra. Slektningar som er nært knytte til barnet, kan krevje at domstolen skal fastsetje samvær dersom éin av eller begge foreldra er døde. Denne retten blir vidareført, og samtidig kan søsken og andre som er nært knytte til barnet, i særlege tilfelle krevje at domstolen fastset samvær. Det kan til dømes gjelde tidlegare sosiale foreldre. Utgangspunktet er at det er foreldra sjølve, i samråd med barnet, som avgjer kven barnet skal ha samvær med. Lovendringa opnar for samvær i tilfelle der foreldra ikkje legg til rette for samvær mellom barnet og personar som barnet blir rekna for å ha nære, personlege band til. Det må i kvart enkelt tilfelle vurderast om tilknytinga mellom barnet og den andre personen er sterk nok til at det skal kunne reisast sak, og om det vil vere til beste for barnet at det blir fastsett samvær.



Figur 4.1

Kjelde: Anagram design.

4 Likestilling i barnehage, skule og utdanning

Gutar som gruppe kjem svakare ut enn jenter på enkelte sentrale utdanningsindikatorar: Dei oppnår i gjennomsnitt lågare resultat, dei er overrepresenterte blant barn og unge som får spesialpedagogisk hjelp i barnehagen og individuell tilrettelegging i grunnskulen, og dei fullfører vidaregåande opplæring i mindre grad enn jenter. Desse forskjellane kan påverke vidare moglegheiter i utdanning, arbeidsliv og samfunnsdeltaking.

Dei vedvarande kjønnsforskjellane i skulen har utløyst ein debatt om undervisningsformer, læringsmiljø og organisering av skulekvardagen er godt nok tilpassa mangfaldet blant elevane, medrekna behova til gutar.

Regjeringa er oppteken av at alle barn og unge skal ha like gode høve til å lære, meistre og delta, uavhengig av kjønn. Forskjellar i utdanning kan heller ikkje forståast gjennom kjønn åleine. Forskjellane heng ofte saman med andre forhold som saman med kjønn påverkar oppvekst- og læringsvilkåra til barn og unge, som sosial bakgrunn eller innvandrarbakgrunn.

Regjeringa meiner at utfordringane må møtast gjennom eit utdanningssystem som er rusta til å vareta mangfaldet blant barn og unge. Høg kvalitet i dei ordinære tilboda, tidleg innsats, god tilrettelegging og ei meir praktisk og variert opplæring skal bidra til at fleire elevar opplever meistring og får utvikle potensialet sitt. Det vil vere til fordel for alle barn og unge og kan vere særleg viktig for ein del gutar.

Regjeringa vil
- styrkje kvaliteten i barnehagen, gjennom tilstrekkeleg bemanning og kompetanse
- betre elevane sine lese- og skriveferdigheiter

Boks 4.1 Mannsutvalet foreslår

Mannsutvalet argumenterer for at dagens barnehage- og skulesystem ikkje tek nok omsyn til kva behov gutar har, og korleis gutar lærer. Utvalet peikar på at det i for stor grad varierer kor mykje barnehagane førebur barn på skulestart, og at det er uheldig at gutar og jenter bruker tida si ulikt i barnehagen. Gutane bruker i mindre grad tid på leik og aktivitetar som kan vere skuleførebuande.

Mannsutvalet er vidare særleg bekymra for at det er fleire gutar enn jenter som ikkje gjennomfører vidaregåande opplæring, og meiner at det er behov for tidleg innsats for å få fleire til å fullføre vidaregåande. Kjønnsdelte utdanningsval er òg ei utfordring. Mannsutvalet etterlyser meir systematisk innsats for å fremje utradisjonelle val, særleg blant gutar, og understrekar behovet for mannlege rollemodellar i oppvekstsektoren.

Mannsutvalet foreslår til saman ti tiltak retta mot mindre kjønnsforskjellar i utdanning og arbeidsliv:

- Innføre leikbasert læring i barnehagen
- Innføre fleksibel skulestart
- Innføre ein meir praktisk og variert skulekvardag
- Styrkje alternative opplæringsløp i vidaregåande opplæring
- Sikre rett til læreplass
- Endre poengberekninga på vitnemålet frå grunnskulen og vidaregåande opplæring
- Gjennomføre nasjonal satsing for at fleire unge skal velje og gjennomføre kjønnsutradisjonelle utdanningsprogram på yrkesfag
- Gjennomføre nasjonal satsing for at fleire unge skal velje og gjennomføre kjønnsutradisjonelle utdanningsprogram i høgare utdanning
- Endre opptaksreglane til høgare utdanning
- Auka innsats for psykososialt arbeidsmiljø og mot trakassering og seksuell trakassering i arbeidslivet

– at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring og bli kvalifiserte til arbeid eller vidare utdanning

Kjønnsdelte utdanningsval heng tett saman med ein kjønnsdelt arbeidsmarknad og blir samla omtalte i kapittel 5. Der blir òg trakassering og seksuell trakassering omtala.

4.1 Forskjellar mellom gutar og jenter begynner før skulestart

Kjønnsforskjellar i kognitive og sosiale ferdigheiter begynner tidleg. Gutar utviklar i gjennomsnitt generelle kognitive evner noko seinare enn jenter i småbarns- og førskulealderen. Stoltenberg-utvalet oppsummerer den viktigaste forskjellen slik: Jenter har betre språkforståing alt før barna begynner på skulen, mens gutar har betre romforståing enn jenter i 4–6-årsalderen (NOU 2019: 3, s. 11). Det er òg andre døme på at kjønnsforskjellar oppstår tidleg. Jenter utviklar ofte ferdigheiter knytte til planlegging, sjølvregulering og sosioemosjonell kompetanse tidlegare enn gutar, noko forsking viser kan gi fordelar i læringssituasjonar (NOU 2019: 3, s. 93). Ein norsk studie viste at jenter på 2,5 år meistrar fleire kvardagsaktivitetar i barnehagen enn jamaldrande gutar, mellom anna i samband med måltid, påkleding, pottebruk og det å hjelpe andre (Meland, Kaltvedt & Reikerås, 2016). Samtidig er fleire av desse kjønnsforskjellane generelt små (Gramvik, 2025).

Årsakene til kjønnsforskjellane er framleis uklare. Dei kan skrive seg frå biologiske faktorar som gir ulike omsorgs- og læringsbehov hos gutar og jenter, men kan òg vere eit resultat av, eller bli forsterka gjennom, korleis barn blir møtte og forma av forventingar frå foreldre, barnehagepersonell og samfunnet generelt (NOU 2019: 3, s. 117).

4.1.1 Ulik praksis og forventingar i barnehagen til gutar og jenter

#UngIDag-utvalet reiser i NOU 2019: 19 *Jenterom gutterom og mulighetsrom* spørsmål om tilsette i barnehagen møter gutar og jenter med ulike forventingar og ulik praksis. Utvalet trekkjer mellom anna fram forsking som viser at gutar oftare blir omtalte som tøffe og sterke, mens jenter i større grad blir beskrivne som søte og fine. Ein studie viser at gutar oftare får hjelp og i mindre grad møter krav om at dei skal vere rolege og vente på tur, og at personalet oftare oppheld seg fysisk nær jenter og gir dei ros for å hjelpe til, særleg under måltid (Meland, Reikerås & Kaltvedt, 2019). #UngIDag-utvalet viser òg til andre studiar som peikar på at gutar ofte får meir merksemd i gruppesamanheng, mens jenter i større grad blir møtte gjennom éin-til-éin-samtalar. Jenter blir dessutan raskare bedde om å roe seg i fysisk leik. Samla sett meiner #UngIDag-utvalet at forskinga tyder på at tradisjonelle førestillingar om kjønn framleis kan komme til uttrykk i samspelet mellom barn og tilsette (Emilsen 2015; Meland & Kaltvedt 2019; Svaleryd 2004; Østrem et al. 2009; Hoel, Johansen & Renolen 2010, omtalt i NOU 2019: 19).

Som Mannsutvalet òg påpeikar, er det viktig å understreke at mykje av denne forskinga er gjennomført for ein del år sidan. Det er derfor usikkert i kva grad funna gir eit dekkjande bilete av dagens praksis i barnehagane.

Boks 4.2 Barnehagedeltaking

Det er lite som tyder på at det er forskjellar mellom kjønna når det gjeld kven som går i barnehagen og ikkje. Barnehagedeltakinga er generelt høg: I 2025 gjekk 94,5 prosent av barn i alderen 1–5 år i barnehagen (Utdanningsdirektoratet, 2026a).

Ifølgje Utdanningsdirektoratet gjekk 89,5 prosent av minoritetsspråklege barn i alderen 1–5 år i barnehagen i 2024. Det er ein auke frå 85,3 prosent i 2020, men deltakinga er framleis noko lågare enn i befolkninga samla sett. Forskjellane er størst blant dei yngste barna (Utdanningsdirektoratet, 2025a). Tal frå IMDi viser at 66 prosent av minoritetsspråklege eittåringar gjekk i barnehage i 2024, mot 89 prosent blant eittåringar med norsk, samisk, svensk, dansk eller engelsk morsmål (IMDi, 2025).

4.2 Tiltak for ein god start i barnehagen og skulen

Barnehagen er ein viktig fellesarena for barn og er med på å leggje grunnlaget for den vidare utviklinga deira. Barnehagen skal byggje opp under eigenverdien til barndommen og sikre ein god start og like moglegheiter for alle. I barnehagen skal barna erfare tryggleik, fellesskap og leik og få opplevingar som stimulerer nysgjerrigheit, utforsking og meistring, som grunnlag for

Boks 4.3 Blir gutar for lite førebudde til skulestart?

Overgangen frå barnehage til skule inneber ei stor endring i kvardagen til barna. Sjølv om skulen framleis gir rom for leik, mellom anna gjennom skulefritidsordninga (SFO), møter barna ein meir strukturert og organisert kvardag med andre forventingar til deltaking, merksemd og det å vere sjølvstendig.

Mannsutvalet viser til forsking som finn kjønnsforskjellar i enkelte ferdigheiter som kan ha noko å seie ved skulestart, mellom anna språk, konsentrasjon og sjølvregulering. Utvalet vurderer at dette kan bidra til at overgangen til skulen kan vere meir krevjande for enkelte gutar enn for jenter. Samtidig blir det understreka at variasjonen innanfor kjønna er stor, og at kunnskapsgrunnlaget ikkje gir grunnlag for eintydige konklusjonar om årsakene til forskjellane. På denne bakgrunnen meiner utvalet at barnehagen har eit potensial til å bidra til å jamne ut slike forskjellar før skulestart (NOU 2024: 8).

Det blir samtidig peika på ulike faglege perspektiv på korleis barnehagen best kan støtte barna si utvikling og førebu dei på skulestart. Mens enkelte studiar trekkjer fram positive effektar av meir systematisk vaksenstyrte og leikbaserte aktivitetar, framhevar andre kor mykje den frie leiken, fysisk aktivitet og meistringserfaringar har å seie for utvikling, motivasjon og føresetnader for skulestart.

Mannsutvalet viser òg til store variasjonar i korleis barnehagar arbeider med overgangen til skulen (NOU 2024: 8).

Sjå omtale av tiltaka for god overgang til skulestart i kapittel 4.2.2

trivsel, læring og danning. Ein barnehage som legg til rette for leik, læring og utvikling for barn med ulike behov og føresetnader, kan bidra til å gi fleire barn ein god start på skuleløpet og motverke at forskjellar blir etablerte på eit tidleg stadium.

Boks 4.4 Likestilling blir vareteke i styringsdokument, men bør styrkjast i praksis

Regjeringa meiner at målet om likestilling er godt vareteke i sentrale styringsdokument for barnehagesektoren og grunnskulen, som i barnehagelova og i rammeplanane.

Når det gjeld barnehagen, vurderte også #UngIDag-utvalet (NOU 2019: 19) at omsynet til likestilling i stor grad er vareteke i overordna styringsdokument. Utvalet peika samtidig på at det framleis er mogleg å styrkje arbeidet med likestilling i praksis. Som potensielle forklaringar viste utvalet mellom anna til breidda i oppgåver som barnehagane skal ta hand om, og til kor viktig det er med kompetanse og bevisstheit i arbeidet med å identifisere og motverke kjønnsstereotypiar og tradisjonelle kjønnsroller.

Regjeringa legg til rette for at alle barn skal få ein god start, gjennom

- tiltak for betre kvalitet og kompetanse blant tilsette i barnehagen
- god overgang frå barnehage til skule

4.2.1 Tiltak for betre kvalitet og kompetanse blant tilsette i barnehagen og skulen

Arbeidet med likestilling, kjønnsperspektiv og normkritikk er ein del av den grunnleggjande og breie profesjonsfaglege kompetansen som trengst for å skape inkluderande og likeverdige tilbod for alle barn.

Regjeringa si vurdering er at det viktigaste grepet for å løfte likestillingsarbeidet i praksis, er å leggje til rette for ein barnehage med god nok bemanning og tilsette med høg kompetanse. Det er viktig for å sikre at både gutar og jenter får utvikla potensialet sitt og får den støtta dei treng, på eit tidleg tidspunkt.

Barnehagestrategien til regjeringa dannar grunnlaget for satsinga på eit betre barnehagetilbod (Kunnskapsdepartementet, 2023). Målet er høg kvalitet, brei deltaking og eit inkluderande tilbod som gir alle barn gode moglegheiter for læring, utvikling og meistring.

Tidleg deltaking i barnehage kan beskytte mot seinare utdanningsfråfall, gitt at kvaliteten er god. Sidan minoritetsspråklege barn historisk sett har

hatt noko lågare barnehagedeltaking, og sidan gutar generelt har høgare risiko for fråfall i vidaregåande opplæring, kan det vere grunn til å vere merksam på om ulik barnehagedeltaking òg kan bety noko for kjønnsforskjellar seinare i utdanningsløpet.

Det er sett i gang fleire prosessar for å styrkje kvaliteten i barnehagetilbodet. Her er nokre døme:

- Regjeringa ønskjer å halde foreldrebetalinga låg for å sikre høg deltaking og tilgjengelegheit i barnehagen.
- Regjeringa etablerte ei partssamansett arbeidsgruppe i 2025 for å greie ut korleis gratis barnehage for alle barn i Noreg kan innførast. Sluttrapporten frå arbeidsgruppa understrekar at det trengst endå større innsats for å skape ein meir berekraftig barnehagesektor med gjennomgåande høg kvalitet, der både barna og dei tilsette trivst.
- Våren 2026 starta regjeringa ein felles innsats for kvalitet i barnehagetilbodet med partane i barnehagesektoren. Dei har utvikla ein samarbeidsavtale og vil fram mot 2030 utvikle tiltak for bemanning, rekruttering av barnehagelærarar, organisering og leiing, partssamarbeid, partnarskap med universitet og høgskular og kompetanse i samisk kultur og språk (samarbeidsavtalen *Felles innsats for barnehagekvalitet* blir publisert i slutten av november 2026).
- Sametinget har eit parallelt arbeid som baserer seg på strategiplan for samiske barnehagetilbod 2021–2025. Prosessen har som mål å gjere dei samiske barnehagetilboda meir attraktive og styrkje språkkompetansen, rekrutteringa og det pedagogiske innhaldet i barnehagane.

I 2025 la regjeringa fram strategien for eit nytt heilskapleg system for kompetanse- og karriereutvikling for tilsette i barnehage og skule (Kunnskapsdepartementet, 2025a):

- Systemet skal sørgje for at lærarar og andre tilsette får høve til å utvikle kompetansen sin. Det skal bidra til at alle barn og elevar får eit godt pedagogisk tilbod, slik at dei utviklar seg, lærer og trivst.
- Systemet inneheld kompetansetiltak som vidareutdanning, kollektiv kompetanseutvikling, leiarutvikling, rettleiing for nyutdanna lærar og spesialiserte roller. Det er eit supplement til og støttar opp under ansvaret som kommunane, fylkeskommunane og private eigarar har for at dei tilsette har rett og nødvendig kompetanse. Systemet legg til rette for at kompetansetiltaka kan innrettast med utgangspunkt i lokale behov.
- I 2027 foreslår regjeringa å bruke nær 2,9 milliardar kroner på desse kompetansetiltaka for tilsette i barnehage, skule og SFO.

Sjølv om tiltaka ovanfor ikkje er retta spesielt mot gutar, kan dei påverke likestillinga ved å styrkje kompetansen på inkluderande praksis, tidleg innsats og tilpassa oppfølging. Det kan bidra til å møte nokre av dei utfordringane som er dokumenterte for gutar i utdanningsløpet, som svakare skuleprestasjonar og høgare risiko for fråfall, samtidig som tiltaka støttar opp under målet om likeverdige moglegheiter for alle barn og elevar.

4.2.2 God overgang til skulestart

Regjeringa deler Mannsutvalet si bekymring for at overgangen frå barnehage til grunnskule kan vere krevjande for mange barn, og er oppteken av korleis overgangen kan bli betre.

Ein trygg og god start i barnehagen legg eit viktig grunnlag for seinare overgangar i utdanningsløpet. Rammeplan for barnehagen understrekar at personalet skal sørgje for tett oppfølging når barnet begynner i barnehagen, slik at barnet føler tryggleik og tilhøyrsel og kan leike, utforske og lære (Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver, 2017). Barnehagen skal i samarbeid med heimen vareta barnet sitt behov for omsorg, trivsel og utvikling, og trygge og inkluderande barnehagemiljø er ein grunnleggjande føresetnad for meistring og læring (Kunnskapsdepartementet, 2023; Barnehageloven, 2005, § 1).

Mannsutvalet foreslår å innføre nasjonale føringar for at barnehagane skal ta i bruk eit forskingsbasert førskuleopplegg for leikbasert læring som er utvikla gjennom Agderprosjektet. Utvalet viser til at dette særleg kan komme gutar til gode, mellom anna fordi gutar i gjennomsnitt skårar lågare enn jenter på enkelte ferdigheiter knytte til sjølvregulering og i mindre grad vel aktivitetar som førebur dei til skulestart, når innhaldet er basert på fri leik (NOU 2024: 8). Regjeringa meiner likevel at barnehagane framleis bør ha fridom til å organisere det pedagogiske arbeidet ut frå behovet til barna og lokale forhold, og at det ikkje er nødvendig å innføre nasjonale føringar om bruk av bestemte førskuleopplegg.

Leik, læring og utvikling er, og skal framleis vere, kjerneoppgåver i barnehagen, i tråd med rammeplanen. Det er det faglege og pedagogiske skjønnet til barnehagelærarane som avgjer korleis

Boks 4.5 Fellesskuleutvalet

Fellesskuleutvalet la i 2026 fram utgreiinga *Fellesskolen. Bærebjelken i framtidens samfunn* (NOU 2026: 10). Utgreiinga vurderer korleis fellesskulen kan vidareutviklast for å møte framtidige samfunnsutfordringar samtidig som han varetek det breie samfunnsoppdraget sitt. Utvalet framhevar kor viktig fellesskulen er for demokrati, sosial mobilitet, tillit og samfunnsdeltaking, og understrekar at oppgåva til skulen framleis er å bidra til både danning og utdanning for alle elevar.

Utvalet nemner fleire utviklingstrekk som er venta å påverke rammevilkåra til skulen i åra framover, mellom anna teknologiutviklinga, utfordringar knytte til demokrati, demografiske endringar, auka individualisering, større ulikskap og større mangfald i befolkninga. Slik utvalet vurderer det, stiller desse utviklingstrekka nye krav til evna skulen har til å fremje læring, fellesskap og inkludering.

For å styrkje den framtidige rolla til fellesskulen foreslår utvalet ei rekkje tiltak retta mot mellom anna læreplanutvikling, profesjonsutvikling for lærarar, arbeid med den faglege og sosiale læringa til elevane og handteringa av den teknologiske utviklinga. Utvalet legg til grunn at ein sterk og inkluderande fellesskule er avgjerande for å sikre at alle elevar har dei same moglegheitene, og for å bevare den høge tilliten og den sterke samanhengskrafta i samfunnet.

Utgreiinga utgjer eit sentralt kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet med utviklinga av norsk skule og rolla til fellesskulen i samfunnet i tida som kjem.

måla i rammeplanen blir omsette i praksis. Dette skjønnet byggjer mellom anna på kompetansen som blir utvikla gjennom barnehagelærarutdanninga, der kunnskap om utvikling, leik, læring, omsorg, tilknyting, inkludering og overgangar mellom heim, barnehage og skule står sentralt. Regjeringa meiner derfor at kvaliteten i tilbodet best blir styrkt gjennom høg kompetanse hos dei tilsette og profesjonsfagleg utvikling, framfor gjennom nasjonale føringar om bruk av bestemte pedagogiske opplegg.

Regjeringa ønskjer å leggje til rette for ein trygg og samanhengande overgang frå barnehage til skule. I dei første skuleåra er leik, utforsking, fysisk aktivitet og praktiske arbeidsmåtar viktige element i opplæringa. Regjeringa legg òg vekt på tiltak som skal bidra til ein meir praktisk og variert skulekvardag, med mål om å fremje motivasjonen, trivselen og læringa til elevane (Meld. St. 34 (2023–2024)).

Rammeplanen har brei legitimitet i sektoren, og evalueringar viser at tilsette og barnehagestyrarar oppfattar han som eit godt pedagogisk styringsverktøy. Regjeringa vil samtidig halde fram arbeidet med å styrkje kvaliteten i barnehagen, mellom anna gjennom eit trygt og godt barnehagemiljø, god nok kompetanse blant dei tilsette og gode overgangar mellom heim, barnehage og skule. Desse forholda er viktige for alle barn og kan òg bidra til å møte nokre av utfordringane Mannsutvalet nemner.

4.3 Kjønnsforskjellar i grunnskulen og vidaregåande opplæring

Enkelte meiner at dagens skule i stor grad premierer ferdigheiter som språk, konsentrasjon og sjølvregulering, og at det kan gi jenter fordelar fordi dei ofte utviklar slike ferdigheiter tidlegare enn gutar (sjå kapittel 4.1). Stoltenberg-utvalet meiner at forskjellar i sjølvregulering mellom yngre gutar og jenter kan indikere at stillesitjande læringsformer ikkje er like godt tilpassa alle barn på same alderstrinn. Utvalet understrekar samtidig at sjølvregulering kan styrkjast gjennom trening i tidlege barneår, både hos gutar og jenter, med moglege positive konsekvensar for seinare utdannings- og livsløpsutfall (NOU 2019: 3, s. 23).

Fellesskuleutvalet viser korleis ny teknologi som sosiale medium og KI i stadig større grad utfordrar læringsprosessane til elevane og stiller større krav til evna til sjølvregulering, konsentrasjon og uthald.

I eit innspelsmøte med unge våren 2026 (sjå boks 1.1) gav dei fleste deltakarane uttrykk for at dei var heilt eller delvis einige i påstanden om at «skulen er laga for jenter». Fleire nyanserte likevel dette ved å nemne at skulen først og fremst premierer eigenskapar som evne til å sitje stille, følgje med og arbeide strukturert over tid. Etter deira syn er dette krav som jenter lettare innfrir. Fleire meinte òg at gutar som tilpassar seg desse forventingane, ofte får særleg positiv merksemd.

Mannsutvalet meiner at dagens grunnskule i for lita grad er tilpassa ulike måtar å lære på, og at ein meir stillesitjande og teoretisk skulekvardag kan bidra til kjønnsforskjellar i skuleprestasjonar (NOU 2024: 8). Utvalet framhevar betydinga av kroppsleggjord læring og meiner at meir fysisk aktivitet, praktisk læring og variasjon i skulekvardagen kan styrkje motivasjonen, meistringa og læringa for alle elevar og særleg komme gutar og andre elevar med behov for meir aktiv læring til gode. Utvalet vurderer at dette kan bidra til å redusere kjønnsforskjellar i utdanning og samtidig fremje helse og trivsel.

Evalueringa av seksårsreforma peikar på at leiken har fått mindre plass i skulen og ikkje blir utnytta nok som eit naturleg potensial for utvikling og læring (Bjørnestad et al., 2024). Evalueringa viser at det er variasjon i kor mykje barn får leike i skulen, og at læreplanverket gir eit stort lokalt handlingsrom for skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar. Norsk forsking finn òg at aktivitetsnivået til barn fell kraftig, og at stillesitjinga aukar når barna begynner på skulen (Aadland, Okely, & Nilsen, 2022; Deng & Fredriksen, 2018). Kunnskapsgrunnlaget viser at meir leik og fysisk aktivitet i skulen, når det blir lagt godt til rette for det, kan bidra til betre trivsel og læringsmiljø og styrkje læringa og den faglege utviklinga til elevane (Barnes, Gray, & Woodrow, 2026; Li & Kangas, 2026).

I evalueringa av fornyinga av læreplanverket i grunnopplæringa blei eit utval elevar på 8. trinn spurt om korleis dei oppfattar undervisninga (Brevik et al., 2026). Forskarane fann ein kjønnsforskjell i favør av gutane, som mykje oftare enn jentene meinte at undervisninga var interessant. Jentene meinte langt sjeldnare enn gutane at dei fekk faglege utfordringar og tilbakemeldingar frå faglærarane. Undersøkinga blei gjennomført både før og etter innføringa av læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) og viste kjønnsforskjellar over tid og ein stor auke i den faglege interessa til gutane frå 2015 til 2022. Forskarane peikar på at utviklinga kan henge saman med meir elevmedverknad og meir utforskande arbeidsmetodar. Vidare meiner forskarane at det kan handle om at lærarane følgjer med i samfunnsdebatten om at gutar bør inkluderast meir i undervisninga, og dermed er meir merksame på gutane. Forskarane meiner at dei tydelege kjønnsforskjellane viser at det er behov for å vektleggje relasjonar og læringsaktivitetar i klasserommet som i større grad tek omsyn til dei faglege behova og interessene til både gutar og jenter (Brevik et al., 2026).

Boks 4.6 Døme på likestillingsressursar

Utdanningsdirektoratet har utvikla støttemateriell for arbeidet med likestilling innanfor rammene av læreplanverket. Det omfattar mellom anna ressursar knytte til den overordna delen, der utvikling av inkluderande læringsmiljø og anerkjenning av mangfald står sentralt, og dessutan dei tverrfaglege temaa demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring. Temaa synleggjer samanhengar mellom likestilling, menneskerettar, deltaking, identitet og livsmeistring og legg til rette for arbeid med mellom anna kjønn, normer, tilhøyrsel og psykisk helse. Dette skal bidra til at alle elevar opplever tryggleik, meistring og likeverd i skulen.

I tillegg har direktoratet utvikla rettleiing og støtte til arbeidet med skulemiljø og retten til eit trygt og godt skulemiljø og dessutan tematiske ressursar om inkludering og mangfald i opplæringa. Til saman gir dette støtte til arbeidet med å fremje likeverd og motverke diskriminering i skulen.

Kanvas og Likestillingssenteret har, saman med Dronning Mauds Minne Høgskole for barnehagelærerutdanning (DMMH), vidareutvikla eit ressurshefte om likestilt og likeverdig pedagogisk praksis i barnehagen.

Mannsutvalet understrekar at spørsmålet ikkje først og fremst bør vere om skulen er tilpassa jenter eller gutar, men om utdanningssystemet evnar å møte mangfaldet blant barn og unge godt nok. Samtidig framhevar utvalet at det er behov for meir kunnskap om årsakene til at gutar har svakare utdanningsresultat, og om korleis skulen kan lykkast betre med å motivere og inkludere elevar med ulike føresetnader og behov (NOU 2024: 8).

4.3.1 Gutar er overrepresenterte blant elevar med låge skuleprestasjonar

Gutar er overrepresenterte blant elevane med dei svakaste skuleprestasjonane, både i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa.

I grunnskulen har læringsresultata blitt mykje dårlegare dei seinare åra. Det er dokumentert mellom anna gjennom internasjonale undersøkingar som Programme for International Student Assess-

ment (PISA). Sjølv om det er ei tilsvarande utvikling i mange OECD-land, er nedgangen i Noreg større enn i dei fleste andre OECD-land (OECD, 2026a).

Kjønnsforskjellane i læringsresultata i Noreg har vore relativt stabile over tid. Jentene gjer det markant betre enn gutane i lesing i internasjonale undersøkingar for elevar i grunnskulen, mens kjønnsforskjellane er mindre i naturfag og matematikk. I PISA-undersøkinga er kjønnsforskjellane i leseferdigheiter større for norske elevar enn OECD-gjennomsnittet, og det er særleg mange gutar blant dei svakaste lesarane. I PISA-undersøkinga frå 2025 presterer 41 prosent av gutane på lågaste meistringsnivå i lesing, mens andelen er 27 prosent blant jentene (Jensen et al., 2026). Svake grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning kan gjere det vanskelegare å gjennomføre vidare utdanning og få ei stabil tilknyting til arbeidslivet.

Kjønnsforskjellane følgjer eit noko anna mønster blant vaksne. The Programme for the International Assessment of Adult Competencies (PIAAC) er ei internasjonal undersøking av ferdigheitene til vaksne (16–65 år) i leseforståing, talforståing og problemløysing. Undersøkinga viser at både kvinner og menn i Noreg har gode ferdigheiter samanlikna med andre land.

Den siste PIAAC-undersøkinga gjennomført i 2022–2023, viser at kvinner i gjennomsnitt har noko betre leseforståing enn menn. I den førre undersøkinga, frå 2012, var det omvendt. Mens leseferdigheitene til menn har halde seg stabile, har kvinnene hatt framgang. 17 prosent av mennene har svake leseferdigheiter (nivå 1 eller lågare), mot 13 prosent av kvinnene. Delen som skårar på dei to høgaste ferdigheitsnivåa, er om lag lik for begge kjønn (Kalcic & Keute, 2024; Keute, 2024).

I talforståing skårar menn framleis betydeleg høgare enn kvinner. Begge kjønn har betra ferdigheitene sine sidan 2012, men framgangen har vore størst blant kvinnene. I talforståing er delen med svake ferdigheiter om lag lik blant kvinner og menn. Menn er derimot klart overrepresenterte på dei høgaste ferdigheitsnivåa. Blant 16–24-åringane er forskjellane i talforståing mindre enn i eldre aldersgrupper.

Mange gutar presterer på nivå med dei beste jentene i grunnskulen, men samtidig er gutar underrepresenterte blant dei aller høgast presterande og overrepresenterte blant dei svakast presterande. Kjønnsforskjellane er relativt små dei første skuleåra, men aukar gjennom grunnskulen og er størst på ungdomstrinnet (NOU 2019: 3). Gutar med lågt utdanna foreldre og gutar med innvandrarbakgrunn har lågare gjennomsnittskarakterar enn andre gutar.

Kjønnsforskjellane i standpunktkarakterane på 10. trinn er tydelege, og dei er størst i norsk, noko som tyder på at forskjellane særleg er knytte til lese- og skriveferdigheiter (NOU 2024: 8, ss. 107–108). Det er små kjønnsforskjellar i standpunktkarakterane i matematikk.

I skuleåret 2025–2026 fekk gutane for første gong sidan innføringa av Kunnskapsløftet i gjennomsnitt høgare karakter enn jentene på skriftleg eksamen i matematikk på 10. trinn (Utdanningsdirektoratet, 2026b).

Grunnskulepoeng blir rekna ut på grunnlag av standpunkt- og eksamenskarakterane frå grunnskulen og blir brukte ved opptak til vidaregåande opplæring.

Fleire gutar enn jenter har låge grunnskulepoeng. 9 prosent av gutane har under 30 grunnskulepoeng, mot 5 prosent av jentene. Omvendt er det fleire jenter enn gutar som oppnår høge grunnskulepoeng. 27 prosent av jentene får 50 grunnskulepoeng eller meir, mens det same gjeld 13 prosent av gutane (SSB, 2026a).

Frå 2015 til 2025 blei delen elevar som gjekk ut av grunnskulen utan grunnskulepoeng, meir enn dobla frå 4,2 til 8,8 prosent. I 2026 gjekk delen ned med 1,4 prosenteiningar, til 7,4 prosent.[1] Andelen er høgast blant elevar frå låginntektsfamiliar, elevar som har foreldre med låg utdanning, og elevar som har høgt fråvær og svake resultat på nasjonale prøver. Det er òg størst vekst over tid i desse gruppene (Kool, Steffensen, & Bennetzen, 2026).

Ein litt høgare andel gutar enn jenter manglar grunnskulepoeng, høvesvis 7,9 og 6,9 prosent. Kjønnsforskjellen er størst blant innvandrarar, der 17,8 prosent av gutane og 14,5 prosent av jentene manglar grunnskulepoeng. Blant norskfødde med innvandrarforeldre manglar 7,0 prosent av gutane og 5,0 prosent av jentene grunnskulepoeng, mens andelen er om lag lik for jenter og gutar i resten av befolkninga.

Dette illustrerer korleis kjønn, sosial bakgrunn og innvandringsbakgrunn kan verke saman, og at risikoen for svake utdanningsresultat er særleg høg i enkelte grupper.

Gutar har i gjennomsnitt lågare standpunktkarakterar enn jenter i dei aller fleste fellesfaga i vidaregåande skule, med unntak av kroppsøving

[1] Det blir ikkje berekna grunnskulepoeng for elevar som manglar karakter i meir enn halvparten av faga. Elevar utan grunnskulepoeng blir behandla individuelt ved opptak til vidaregåande skule.

og matematikk for påbyggingselevar (2PY). Jenter har òg betre karakterar på skriftleg eksamen i dei fleste fellesfaga, med unntak av 2PY og engelsk Vg1 på yrkesfaglege utdanningsprogram (Utdanningsdirektoratet, 2026b).

4.3.1.1 Større kjønnsforskjellar i standpunkt enn på eksamen

Kjønnsforskjellane er gjennomgåande mindre ved eksamen enn ved standpunktvurdering. Studiar frå andre land viser eit tilsvarande mønster (Contreras, 2024). Ein norsk studie finn at kjønnsforskjellen i differansen mellom standpunkt- og eksamenskarakterar er størst blant elevar med svake ferdigheiter og låg sosioøkonomisk bakgrunn (Alne & Herstad, 2026).

I grunnskulen blir elevane trekte ut til éin skriftleg eksamen i norsk, engelsk eller matematikk på 10. trinn. Elevar som blir trekte ut i norsk skriftleg, får normalt to eksamenskarakterar, éin i hovudmål og éin i sidemål. Til samanlikning får elevane om lag 15 standpunktkarakterar. I vidaregåande skule er om lag 80 prosent av karakterane på vitnemålet standpunktkarakterar (Utdanningsdirektoratet, 2023, s. 12). Standpunktkarakterane har derfor samla sett vesentleg større betyding enn eksamenskarakterane for opptak til vidare utdanning.

I fleire studiar av kjønnsforskjellar i skuleresultat blir karakterar fastsette av lærarane samanlikna med anonymt vurderte eksamensresultat (Lavy, 2008; Falch & Naper, 2013). Nokre av desse studiane byggjer på ein føresetnad om at anonym skriftleg eksamen med ekstern sensur gir eit meir objektivt mål på den faglege kompetansen til elevane enn standpunktkarakterar som blir fastsette av læraren som underviser i faget.

Standpunkt og eksamen vurderer kompetansen til elevane på ulike måtar. Eksamenskarakteren er eit uttrykk for kompetansen eleven viser på ei enkeltståande prøve, mens standpunktkarakteren skal vise den samla kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa. Standpunkt byggjer på vurderingar gjennom skuleåret, mellom anna prøver, munnleg aktivitet og innleveringar. Ein norsk studie av elevar på 10. trinn viser at det likevel er ein sterk samanheng mellom standpunkt- og eksamenskarakterane, men at samanhengen varierer mellom faga. Samanhengen er sterkast i matematikk og svakast i norsk (Arencibia Alemán, Sandsør, Zachrisson, & Blömeke, 2024).

At kjønnsforskjellane er større i standpunkt enn på eksamen, kan ha ulike forklaringar. Jenter bruker meir tid på lekser (Bakken, 2025) og skårar høgare i gjennomsnitt på sjølvregulering og planmessigheit enn gutar (NOU 2019: 3). Dette kan ha meir å seie for faglege prestasjonar over tid enn på ei enkeltståande prøve og dermed bidra til større kjønnsforskjellar i standpunktkarakterar enn på eksamen. Stoltenberg-utvalet viser òg til forsking som tyder på at gutar presterer relativt sett betre enn jenter i konkurranseprega prøvesituasjonar og når resultatet har mykje å seie. Utvalet peiker samtidig på at forskingsresultata ikkje er eintydige (NOU 2019: 3).

Kjønnsstereotypiske forventingar hos lærarane kan òg påverke vurderinga av den faglege kompetansen til elevane, men forskinga er ikkje eintydig (Zanga & De Gioannis, 2023). Ein norsk studie som undersøkjer vurdering av anonyme prøver på ungdomstrinnet, finn lite som tyder på systematiske kjønnsforskjellar i vurderinga av enkeltprøver (Lynnebakke, Kindt, Alne, & Reiling, 2024). Ein annan norsk studie viser at elevar med nedsett karakter i orden og oppførsel i vidaregåande skule får lågare standpunktkarakterar også når ein samanliknar elevar med same eksamensresultat (Reiling, Alne, Vennerød-Diesen, & Pedersen, 2025). Forskarane meiner dette kan tyde på at orden og oppførsel påverkar lærarane si vurdering av den faglege kompetansen til elevane. Samanhengen mellom nedsett karakter i orden og oppførsel og lågare standpunktkarakterar er like sterk for jenter og gutar. Det kan likevel bidra til kjønnsforskjellar i standpunktkarakterar fordi fleire gutar enn jenter får nedsett karakter i orden og oppførsel.

4.3.2 Gutar er meir fornøgde med skulen enn jenter

Trivsel, fråvær og psykisk helse er avgjerande faktorar for læring og meistring. Ungdata 2025 viser at gutane er meir fornøgde enn jentene med skulen dei går på (Bakken, 2025). Jentene rapporterer lågare trivsel, meir stress og fleire psykiske plager, mens gutane oppgir høgare trivsel og meistring, men noko lågare motivasjon for skulearbeid. Jentene gruer seg oftare til å gå på skulen og opplever meir stress relatert til skulearbeid. Jentene skulkar meir enn gutane, bortsett frå i vg3, der 55 prosent av gutane og 54 prosent av jentene opplyser at dei har skulka minst éin gong det siste året. I Ungdata 2025 svarer 92 prosent av gutane på 8. trinn at dei er fornøgde med livet, mens 79 prosent av jentene er det. Gutane rapporterer at dei opplever meir meistring, er meir fornøgde med eiga helse og er mindre plaga av hovudverk og psykiske plager. Forskjellane har

blitt større over tid, med ein nedgang i trivsel blant jenter og ein auke blant gutar (Bakken, 2025).

Funna frå Ungdata 2025 illustrerer at ulike sider ved situasjonen til barn og unge ikkje nødvendigvis utviklar seg i same retning. Mens jenter i gjennomsnitt oppnår betre faglege resultat enn gutar, rapporterer gutar gjennomgåande høgare trivsel, større tilfredsheit med livet og færre psykiske plager. Dette understrekar kor viktig det er å vurdere læringsutbytte, trivsel og psykisk helse som ulike, men gjensidig påverkande dimensjonar ved oppveksten og skulekvardagen til barn og unge. Det illustrerer òg kvifor eit einsidig fokus på skuleprestasjonar kan gi eit ufullstendig bilete av likestillingsutfordringane i oppvekstsektoren. Mens gutar i større grad møter utfordringar knytte til læringsresultat og utdanningsløp, rapporterer fleire jenter utfordringar knytte til psykisk helse, stress og skulepress. Eit likestillingsperspektiv må derfor omfatte begge desse utfordringsbileta samtidig.

4.3.3 Gutar er overrepresenterte blant barn og elevar som får særskild oppfølging

Langt fleire gutar enn jenter får individuelt tilrettelagd opplæring i grunnskulen. Mønsteret tek til alt i barnehagen, der gutar er overrepresenterte blant dei som får spesialpedagogisk hjelp.


I 2025 hadde i underkant av 9000 barn vedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen. Det svarer til 3,4 prosent av alle barn i barnehage. Denne andelen har lege relativt stabilt sidan 2018. 65 prosent av barna som får spesialpedagogisk hjelp, er gutar. Gutar er overrepresenterte i alle aldersgrupper, og forskjellen mellom gutar og jenter aukar med alder, sjølv om andelen gutar med vedtak har gått noko ned i 2025 samanlikna med 2023 (Utdanningsdirektoratet, 2025b).

I 2025 hadde 4,2 prosent av gutane i barnehagen vedtak om spesialpedagogisk hjelp, mot 2,4 prosent av jentene. Prosentdelen med vedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehagen har gått opp blant jenter og ned blant gutar dei siste fem åra.

Også i grunnskulen er gutane klart overrepresenterte blant elevar som får individuelt tilrettelagd opplæring. Andelen elevar som får slik opplæring, har dei siste åra lege stabilt på litt under 8 prosent. Gutane utgjer om lag to tredelar av elevane som får individuelt tilrettelagd opplæring (Utdanningsdirektoratet, 2026c).

Det er avgrensa kunnskap om kvifor gutar er så tydeleg overrepresenterte i spesialpedagogiske tiltak.


Kjønnsforskjellane kan gjenspegle reelle forskjellar i utvikling og behov for støtte, men kjønnsforskjellar i korleis åtferda til barn blir forstått, tolka og vurdert, kan òg ha noko å seie for kven som blir fanga opp av systemet, og kven som



Figur 4.2 Andel barn i barnehage med vedtak om spesialpedagogisk hjelp, fordelt på kjønn[1]

[1] Det finst ikkje tal som viser kjønnsfordelinga blant barn i barnehage, så når vi skal rekne ut andelen barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp innanfor kvart kjønn, legg vi til grunn at kjønnsfordelinga i barnehagen er lik kjønnsfordelinga blant alle barn i alderen 1–5 år.

Kjelde: Utdanningsdirektoratet, 2025b; SSB, 2026c.



Figur 4.3 Andel barn med individuelt tilrettelagd opplæring (ITO) i grunnskulen 2025–2026

Kjelde: Utdanningsdirektoratet, 2026c.

kan ha behov for særskild oppfølging (Nordahl et al., 2018, s. 115). Forsking frå grunnskulen har mellom anna reist spørsmål ved om den lågare andelen jenter som får individuelt tilrettelagd opplæring, kan komme av at vanskane til jenter i mindre grad blir lagde merke til, eller at dei blir identifiserte på eit seinare tidspunkt enn vanskane til gutane. Studiar viser òg at jenter si åtferd i klasserommet i større grad blir anerkjend som ønskt og tilpassa rammene til skulen, mens gutar oftare blir oppfatta som bråkete og urolege.

Samla tyder dette på at kjønnsforskjellar i behov, identifisering og oppfølging er sentrale for å forstå kvifor gutar i større grad enn jenter får spesialpedagogiske tiltak gjennom utdanningsløpet.

4.3.4 Gutar fullfører vidaregåande opplæring i mindre grad enn jenter

Andelen som fullfører vidaregåande opplæring, har auka det siste tiåret, med om lag 10 prosentpoeng blant både gutar og jenter (SSB, 2026b). Gutar fullfører likevel vidaregåande opplæring i mindre grad enn jenter. Blant elevane som begynte på vidaregåande opplæring i 2019, fullførte 78,3 prosent av gutane, mot 85,6 prosent av jentene.[2] Kjønnsforskjellen har vore ganske stabil det siste tiåret, men gjekk noko ned frå 2018- til 2019-kullet fordi andelen jenter som fullførte, gjekk noko ned.


4.3.4.1 *Kjønnsforskjellar i fullføring varierer med individuelle kjenneteikn*

Kjønnsforskjellane i fullføring varierer mellom elevgrupper. Kjønnsforskjellane er vesentleg større blant elevar som har foreldre med låg utdanning, enn blant elevar som har høgt utdanna foreldre (SSB, 2026b).

Den samla kjønnsforskjellen i fullføring heng mellom anna saman med at gutar oftare enn jenter har låge karakterar frå grunnskulen. Når ein samanliknar elevar med same karakternivå frå grunnskulen, er kjønnsforskjellane i fullføring mindre. Blant elevar med eit karaktersnitt på 4 eller høgare er det små forskjellar i fullføring mellom gutar og jenter. Blant elevar med eit snitt under 4 er fullføringsdelen noko høgare blant gutar enn blant jenter. Blant elevar som manglar grunnskulepoeng, er forskjellen derimot stor i favør av jentene: 51 prosent av jentene og 34 prosent av gutane i denne gruppa fullfører (SSB, 2026b).

På yrkesfaglege utdanningsprogram er fullføringa særleg låg blant gutar med innvandrarbakgrunn. Blant gutar som sjølve har innvandra, fullfører 48 prosent. Andelen er 60 prosent blant norskfødde gutar med innvandrarforeldre og 75

[2] Fullføring av vidaregåande opplæring blir målt fem år etter oppstart for elevar på studieførebuande utdanningsprogram og etter seks år for elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram.



Figur 4.4 Fullføring av vidaregåande opplæring etter innvandrarbakgrunn. Kjønn og todelt utdanningsprogram. 2019-kullet

Kjelde: SSB, 2026d.

prosent blant gutar i resten av befolkninga (SSB, 2026g). Kjønnsforskjellane er òg klart større blant elevar med innvandrarbakgrunn. På yrkesfag er forskjellen mellom jenter og gutar 18 prosentpoeng blant innvandrarar og 11 prosentpoeng blant norskfødde med innvandrarforeldre, mot om lag 2 prosentpoeng i resten av befolkninga. På studieførebuande er kjønnsforskjellane mindre, men følgjer det same mønsteret: høvesvis 8, 7 og 2 prosentpoeng.

Ulik tilgang til læreplass kan vere ei av forklaringane på den låge fullføringa blant gutar med innvandrarbakgrunn på yrkesfag. SSB finn at både innvandrargutar og norskfødde gutar med innvandrarforeldre i vesentleg mindre grad enn gutar i resten av befolkninga får læreplass (Kool, 2025). Noko av forskjellen kan knytast til lågare karakterar og høgare fråvær, men forskjellen er framleis stor også når vi tek omsyn til desse forholda. Dei som ikkje får læreplass, har vesentleg lågare sannsyn for å fullføre utdanninga og vere i arbeid ni år seinare enn dei som får læreplass (Bratholmen & Ekren, 2020).

Felteksperiment som er gjennomførte i Noreg, viser at jobbsøkjarar med utanlandsk bakgrunn blir diskriminerte på arbeidsmarknaden (Midtbøen & Rogstad, 2012). Fafo har gjennomført eit surveyeksperiment der eit utval lærebedrifter blei bedt om å vurdere fiktive og anonymiserte søkjarar ut frå kor sannsynleg det var at dei ville kalle dei inn til intervju. Studien skal gi svar på om læreplassøkjarar med ulik bakgrunn, mellom anna minoritetsbakgrunn, blir vurderte ulikt, og om ulik informasjon om søkjarane påverkar vurderingane. Den første artikkelen frå prosjektet skal publiserast i 2027. Studien vil gi meir kunnskap om kvifor gutar med minoritetsbakgrunn har større utfordringar med å få læreplass enn andre søkjarar.

4.4 Tiltak for betre læring og auka fullføring

Regjeringa ønskjer å snu den negative læringsutviklinga gjennom tydelege grep. Ambisjonen er klar: Ferdigheitene til elevane i lesing, skriving og rekning skal styrkjast. Regjeringa ønskjer ein betre tilpassa skulekvardag for dei yngste der ein ser læring, leik, fysisk aktivitet og sosial utvikling i samanheng. Regjeringa har teke grep for meir og betre læring gjennom meir konsentrasjon i klasserommet, ved å fjerne mobilen og gjennom tryggare og mindre skjermbruk i skulekvardagen. Det er òg publisert nasjonale tilrådingar for restriktiv bruk av kunstig intelligens i skulen.

Fleire viktige grep er lagde fram i den heilskaplege og sektorovergripande politikken til regjeringa for å fremje sosial utjamning og sørgje for like moglegheiter for barn gjennom oppveksten (Meld. St. 28 (2024–2025)). Desse grepa kjem alle elevar til gode, og mange av dei er

sentrale for å møte utfordringar der gutar er overrepresenterte.

Regjeringa vil styrkje språk- og leseferdigheiter og andre grunnleggjande ferdigheiter frå barnehagen og gjennom grunnskulen for at fleire barn og unge skal få høve til å lykkast. Samtidig vil regjeringa leggje betre til rette for tett oppfølging av elevane, særleg i dei første skuleåra, og vidareutvikle ein meir praktisk, variert og aktiv skule som fremjar læring, motivasjon og meistring. Regjeringa vil òg styrkje kompetansen i barnehage og skule ved å vidareutvikle lærarutdanningane.

Regjeringa har òg teke ei rekkje grep for å fremje eit trygt læringsmiljø og gi læraren større autoritet i klasserommet. Det er innført lovreglar som klargjer at tilsette på nærmare vilkår kan gripe inn fysisk, mellom anna for å avverje at ein elev krenkjer ein person fysisk eller psykisk eller utset seg sjølv for fysisk fare eller vesentleg forstyrrar opplæringa til andre elevar. Frå og med hausten 2026 er det nye reglar om informasjonsdeling i samband med skulebyte. Når ein elev skiftar skule, må den gamle skulen dele personopplysningar som er nødvendige for å førebyggje åtferd som i vesentleg grad går ut over skulemiljøet til medelevane eller arbeidsmiljøet til dei tilsette, med den nye skulen. I opplæringslova av 2024 er også krenkingsomgrepet i skulemiljøreglane gjort tydelegare. Regjeringa har tidlegare i 2026 hatt eit forslag ute på høyring om at ein skuleeigar skal få tilgang til å påleggje ein elev opplæring utanfor eigen klasse for ein avgrensa periode dersom åtferda til eleven går alvorleg ut over tryggleiken til medelevar eller tilsette eller medelevane si læring. Kunnskapsdepartementet arbeider med å vurdere høyringsinnspela.

Regjeringa trekkjer fram følgjande innsatsar:

- tiltak for ein betre start på skuleløpet
- ein meir praktisk skuledag i grunnskulen
- tidleg innsats og meir og betre læring
- mindre skjerm for meir læring og trivsel
- betre tilpassing og tilrettelegging i eit inkluderande fellesskap
- betre tilgang til SFO
- tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring
- antalet karakterar på vitnemålet i vidaregåande opplæring

4.4.1 Ein betre start på skuleløpet

Dei første skuleåra er særleg viktige, for dei legg grunnlaget for læring, trivsel og tilhøyrsel i skulen. Ein god skulestart må ta omsyn til at elevane har ulike forkunnskapar, erfaringar og føresetnader, og samtidig vareta behovet for leik, fysisk aktivitet, utforsking, vennskap og tryggleik.

Regjeringa meiner derfor at det er behov for å sikre meir leik og leikinspirerte aktivitetar på dei lågaste trinna. Fysisk aktivitet er òg svært viktig for at barn skal trivast, og bidreg til utvikling av språklege, kognitive, motoriske, emosjonelle og sosiale ferdigheiter. Det er godt dokumentert at regelmessig fysisk aktivitet gir betre læring og fremjar sosiale ferdigheiter (WHO, 2020; Physical Activity Guidelines Advisory Committee, 2018; Kolle et al., 2019). Helsedirektoratet understrekar òg at fysisk aktivitet har ein direkte positiv effekt på konsentrasjon, sjølvregulering og hukommelse (Helsedirektoratet, 2025a). Dette gjer det lettare, særleg for dei yngste elevane, å delta i undervisninga og meistre grunnleggjande ferdigheiter i lesing, skriving og rekning. Sosiale og emosjonelle ferdigheiter kan òg ha innverknad for helse, deltaking i arbeidslivet og sosial fungering seinare i livet (OECD, 2024).

Mannsutvalet etterlyser elles ein meir praktisk og variert skulekvardag. Utvalet peikar på at dette kan styrkje motivasjon, meistring og læring for alle elevar, men at slike tiltak kan ha særleg positiv effekt for gutar og andre elevar med behov for meir aktiv og kroppsleg læring (NOU 2024: 8).

Regjeringa har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å foreslå endringar i struktur og innhald i skuledagen for 1. og 2. trinn. Målet er at endringane skal bidra til ei prioritering av det viktigaste faginnhaldet for aldersgruppa og leggje til rette for særleg tett oppfølging av utviklinga av lese-, skrive- og rekneferdigheitene. Samtidig skal endringane leggje til rette for meir leik og fysisk aktivitet i skulen, gi betre moglegheiter for utvikling av sosiale og emosjonelle ferdigheiter og sikre ein god overgang frå barnehage til skule.

Endringa skal òg sikre at ein ser leik og sosioemosjonell og fysisk utvikling i samanheng med utvikling av faglege ferdigheiter og fagleg kompetanse. Forslag til endringar i skuledagen på 1.–2. trinn skal høyrast hausten 2026, og det blir lagt opp til ein prosess der endringar vil vere fastsette og gjelde for alle frå og med skuleåret 2028/2029.

4.4.1.1 Dagens moglegheiter for fleksibel skulestart skal vere godt kjende

Mannsutvalet foreslår at det skal bli lettare for foreldre å velje at barnet skal begynne på skulen eitt år tidlegare eller seinare enn i august det året det fyller seks år. I praksis vil det innebere å fjerne

kravet om sakkunnig vurdering.[3] Ei sakkunnig vurdering er ei fagleg utgreiing frå pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) som vurderer om eit barn er modent nok.

Fleksibel skulestart har vore vurdert fleire gonger tidlegare. I samband med den nye opplæringslova såg regjeringa på kva reglar som bør gjelde for tidleg og utsett skulestart. Regjeringa meiner at ei sakkunnig vurdering kan vere med og redusere risikoen for eventuelle negative konsekvensar som ein utsett eller tidleg skulestart kan ha for barn, både på kort og lang sikt. Sentrale organisasjonar som Barneombodet, Statped og Elevorganisasjonen har òg halde fast på at det er viktig at foreldre får hjelp til ei totalvurdering frå sakkunnige før dei tek ei endeleg avgjerd. Barnets beste må vere utgangspunkt når kommunen, i samråd med foreldre og barn, vurderer desse sakene. Også Stoltenberg-utvalet vurderte ulike modellar for fleksibel skulestart og konkluderte med eit fleirtal at dagens ordning burde vidareførast. Fleirtalet av høyringsinstansane støtta dette i høyringsrunden av utgreiinga.

Regjeringa er samtidig oppteken av at dagens høve til fleksibel skulestart skal vere godt kjent. Sjølv om hovudregelen er at barn startar på skulen det året dei fyller seks år, opnar opplæringslova for både utsett og tidleg skulestart. Barn utviklar seg i ulikt tempo, og det er stor variasjon i modning og utvikling ved skulestart, både mellom og innanfor kjønna. Ved søknad om utsett skulestart skal det gjerast ei konkret og individuell vurdering av utviklinga og behova til barnet, basert på ei sakkunnig vurdering der det beste for barnet skal vere eit grunnleggjande omsyn og synet til foreldra skal leggjast vekt på. Regjeringa meiner dette gir eit viktig handlingsrom for ein skulestart som er tilpassa det enkelte barnet. Samtidig kan det oppstå krevjande vurderingar i slike saker. Regjeringa vil derfor hente inn meir informasjon frå kommunane for å få belyst ulike problemstillingar knytte til kommunanes praksis.

Opplæringslova er tydeleg på at kommunar og fylkeskommunar skal gi elevar og foreldre nødvendig informasjon om opplæringa og om kva rettar og plikter elevane har. Dagens reglar legg òg godt til rette for *forsøk* med fleksibel skulestart. Opplæringslova opnar for å gjere tidsavgrensa unntak frå lova dersom det må til for å gjennomføre pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Forsøka skal vere etisk forsvarlege og godt fagleg underbygde, og dei skal ikkje svekkje dei grunnleggjande rettane til elevane. Forsøka skal evaluerast og rapporterast.

Som del av oppfølginga av Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skule og SFO* tok Kunnskapsdepartementet initiativ til å gi kommunar høve til å prøve ut modellar for fleksibel skulestart. Utdanningsdirektoratet fekk i oppdrag å invitere kommunar til slik utprøving. Det var lita interesse for å prøve ut ulike modellar for fleksibel skulestart. Sjølv etter at søknadsfristen blei utvida, var det berre Trondheim kommune og Kristiansand kommune som ønskte å prøve ut ulike modellar for fleksibel skulestart. Dei to kommunane valde å gjennomføre utprøvinga innanfor regelverket og ikkje som eit forsøk med tidsavgrensa unntak frå lova. Dei rapporterte derfor ikkje til nasjonale utdanningsstyresmakter om resultata, og det ligg heller ikkje føre noka nasjonal evaluering av utprøvinga. Trondheim kommune har dokumentert erfaringane frå utprøvinga gjennom eigne prosjektbeskrivingar og følgjeforsking. Dokumentasjonen gjeld i hovudsak modellar for å styrkje overgangen mellom barnehage, SFO og skule, mellom anna gjennom leikbaserte arbeidsformer, tettare samarbeid mellom institusjonane og fleksibel bruk av personale. Det synest derimot ikkje å liggje føre offentleg tilgjengelege evalueringar av den delen av utprøvinga som gjaldt endra praktisering av utsett eller framskoten skulestart (Hermstad, Mordal, Caspersen, & Utmo, 2023).

4.4.2 Ein meir praktisk skulekvardag i grunnskulen

Regjeringa meiner, til liks med Mannsutvalet, at ein meir praktisk, aktiv og variert skulekvardag er eit av dei viktigaste grepa for å styrkje læring, trivsel og motivasjon blant elevane. Ein skule som i større grad gir rom for praktiske arbeidsformer, fysisk aktivitet og varierte læringssituasjonar, kan engasjere breiare og bidra til at fleire elevar opplever meistring i skulekvardagen. Det gjeld både gutar og jenter, men er særleg viktig for elevar som ikkje finn seg til rette i ein skulekvardag med vekt på teoretiske og stillesitjande arbeidsformer.

Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole – Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn* har ei brei systemtilnærming til utfordringane i norsk skule. Praktisk og variert læring blir løfta fram som eit sentralt verkemiddel for å styrkje

[3] Ei reell endring vil krevje meir enn å fjerne kravet om sakkunnig vurdering. Opplæringslova § 2-4 stiller òg opp materielle vilkår for utsett og tidleg skulestart: For utsett skulestart må det vere tvil om barnet har komme langt nok i utviklinga til å begynne på skulen, mens tidleg skulestart føreset at dette er forsvarleg.

læring, motivasjon og trivsel blant elevane. Tiltaka er ikkje spesielt retta mot eitt kjønn, men kan ha særleg betyding for å

- redusere kjønnsforskjellar i motivasjon og læringsutbytte
- styrkje deltaking og meistring blant elevar med låg motivasjon
- førebyggje fråfall gjennom auka relevans og betre tilpassa opplæring

Tiltaka må sjåast i samanheng med annan politikk for kvalitetsutvikling i skulen, mellom anna arbeid med kompetanseutvikling, skulemiljø og styringssystem, og dei vil i stor grad vere avhengige av lokal implementering for å få ønskt effekt.

Eit hovudgrep i arbeidet til regjeringa er eit nasjonalt program for ein meir praktisk skule. Programmet skal byggjast opp over tid og omfattar økonomiske stimuleringstiltak som ei eiga tilskotsordning og rentekompensasjonsordning og dessutan pedagogiske og kompetansebyggjande støtteressursar. Dei nasjonale sentera skal bidra med dette. Dei skal mellom anna etablere eigne utviklingsprosjekt der pilotskular i samarbeid med sentera skal bidra til kompetanseutvikling, erfaringsdeling og spreiing av inspirasjon for å fremje ein meir praktisk skulekvardag. Formålet er å støtte opp under skulane i arbeidet med å ta i bruk varierte og praktiske arbeidsformer og styrkje motivasjon, trivsel og fagleg læring. Det skal i tillegg bidra til mindre stillesitjing og meir fysisk aktivitet i skulen.

Det blir arbeidd med ein justert læreplan i kroppsøving for grunnopplæringa, som etter planen skal gjelde frå skuleåret 2027–2028. Formålet med endringane er å gjere det tydelegare kva kompetanse elevane skal utvikle i faget, og kva som skal liggje til grunn for vurderinga. Regjeringa vil satse på meir fysisk aktivitet på ungdomstrinnet og planlegg å auke timetalet i kroppsøving på ungdomstrinnet.

Regjeringa vil òg leggje til rette for ein meir praktisk og variert skule ved å innføre valfag på mellomtrinnet og krav om at skulane på ungdomstrinnet skal tilby arbeidslivsfag som eit alternativ til framandspråk. Tiltaka skal gi elevane fleire høve til å utvikle praktisk kompetanse og gjere dei betre rusta til å velje vidare utdanningsløp.

Regjeringa foreslår i statsbudsjettet for 2027 å løyve 30 millionar kroner til program for ein meir praktisk og variert skule, i tillegg til 208 millionar kroner til ei tilskotsordning for investeringar i utstyr og læringsarenaer. Investeringsramma i rentekompensasjonsordninga er òg auka. Ordninga gir kommunane kompensasjon for renteutgifter knytte til investeringar i læringsarenaer, utstyr og inventar i grunnskulen.

Sjølv om jenter i gjennomsnitt har betre faglege resultat enn gutar, trivst dei dårlegare på skulen og har meir fråvær og fleire psykiske plager. Dette understrekar behovet for eit godt skulemiljø, tilpassa opplæring og positive forventingar til alle elevar (Meld. St. 34 (2023–2024)).

Det er særleg viktig å støtte elevar med høgt fråvær eller risiko for å falle frå. Studiar viser at manglande tilrettelegging kan vere ei årsak til bekymringsfullt skulefråvær (Bergene et al., 2023). Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole. Bedre læring, motivasjon og trivsel på 5.–10. trinn* legg mellom anna vekt på meir praktisk og variert opplæring, betre individuell tilpassing, eit sterkare lag rundt eleven og auka spesialpedagogisk støtte. Tiltaka skal særleg støtte elevar med svake faglege resultat, høgt fråvær eller behov for særskild tilrettelegging og kan òg komme mange gutar til gode fordi dei er overrepresenterte på dei lågaste meistringsnivåa.

Kunnskapsdepartementet vil òg styrkje førebygginga og oppfølginga av skulefråvær. Utdanningsdirektoratet har saman med andre relevante direktorat utarbeidd forslag til ei nasjonal fagleg retningslinje, med vekt på mellom anna tidleg oppfølging, elevmedverknad og samarbeid mellom skulen, heimen og andre tenester (Meld. St. 34 (2023–2024)).

4.4.3 Tidleg innsats og meir og betre læring

Gode språk- og leseferdigheiter legg eit viktig grunnlag for vidare læring, utdanning og deltaking i arbeids- og samfunnslivet. Gutar er overrepresenterte blant elevar med svake leseferdigheiter, jf. kapittel 4.3.1. Innsats for språk og lesing gjennom heile utdanningsløpet er derfor særleg relevant i møte med utfordringar som rammar gutar.

Regjeringa vil styrkje innsatsen for språk, lesing og læring frå barnehagen og gjennom grunnskulen. Arbeidet begynner i barnehagen, der barn skal få gode erfaringar med språk, bøker, leik og læring, og skal følgjast opp i skulen gjennom systematisk arbeid med lesing og andre grunnleggjande ferdigheiter. Kunnskapsdepartementet arbeider òg med å leggje om skulekvardagen for dei yngste for å få ein betre overgang frå barnehage til skule, meir leik og fysisk aktivitet og sterkare konsentrasjon om lesing, skriving og rekning. Det blir mellom anna vurdert om delar av innhaldet i opplæringa på 1. og 2. trinn bør organiserast i breiare fagområde enn i dag (Utdanningsdirektoratet, 2026d).

Gjennom Leseløftet, den nasjonale satsinga på å styrkje leseferdigheiter og leselyst blant barn og unge, satsar ein på fleire bøker allereie i barnehagen og på å styrkje skulebiblioteka. Det er òg oppretta ein lesekommisjon som skal bruke det beste av forsking og erfaring, slik at barnehagar og skular får råd og hjelp i arbeidet med å utvikle motiverte og gode lesarar. Regjeringa har òg vore tydeleg på at skjerm ikkje skal fortrengje trykte bøker i skulen.

I tillegg til å styrkje leseferdigheitene til elevane vil regjeringa styrkje dei grunnleggjande ferdigheitene i skriving og rekning. Frå 2027 planlegg regjeringa ei satsing på grunnleggjande ferdigheiter. Regjeringa vil løyve 465 millionar kroner til eit nytt øyremerkt tilskot til lærarressursar på toppen av dagens lærarnorm. Ordninga skal gjelde frå skuleåret 2027–2028 og bidra til at fleire elevar får meir av opplæringa i lesing, skriving og rekning i smågrupper. Tilskotet vil bli retta inn mot begynnaropplæringa på 1. og 2. trinn og mot 5. og 8. trinn som er viktige overgangar mellom hovudtrinna i skulen. Regjeringa har òg sendt på høyring eit forslag om å lovfeste krav om at skulane skal organisere delar av opplæringa i lesing, skriving og rekning på 1. og 2. trinn som smågruppeundervisning.

Læreplanen i matematikk er endra for å gjere det tydelegare kva elevane skal lære, og det er lagt meir vekt på grunnleggjande rekneferdigheiter. Kunnskapsdepartementet arbeider vidare med å utvikle læreplanane i fleire fag. Det er òg gjort endringar i læreplanane som sikrar at skulane skal vere særleg varsame med bruk av skjerm på 1.–4. trinn, og at bruken av digitale einingar ikkje skal dominere undervisninga på desse trinna. Regjeringa vil leggje fram ein strategi for realfag og teknologi i 2027.

Kompetansen til lærarar og andre tilsette i barnehage og skule skal styrkjast gjennom vidareutdanning og kollektiv kompetanseutvikling. Kunnskapsdepartementet har vidare sendt forslag til nye rammeplanar for lærarutdanningane på høyring, med tydelegare krav til kva framtidige lærarar skal kunne. Det blir mellom anna foreslått å leggje meir vekt på klasseleiing, leik og korleis lærarar kan støtte barn og elevar i lesing, skriving og rekning gjennom utdanningsløpet. For lærarar som utdannar seg mot dei lågaste trinna, blir obligatorisk spesialpedagogikk foreslått i tillegg til eit praktisk eller estetisk fag. Forslaget legg vekt på meir praksisnære lærarutdanningar og tettare samarbeid mellom lærarutdanningane, barnehagane og skulane.

4.4.4 Mindre skjerm for meir læring og trivsel

Alle barn i Noreg skal ha ein trygg skulekvardag der dei kan utvikle seg og lære i eit fellesskap utan unødige distraksjonar. Regjeringa vil beskytte elevane frå skadeleg innhald og frå teknologi som kan verke forstyrrande eller på andre måtar kan svekkje læring og trivsel. I ei tid der mange barn og unge har høg skjermbruk på fritida, må skulen vere ein stad som styrkjer konsentrasjonen til elevane og gir dei rom til å leike, lære og utvikle seg.

Regjeringa har teke grep for å fjerne mobiltelefonen frå klasserommet, for å få på plass filter mot skadeleg innhald på digitale einingar og for å styrkje personvernet til elevane. Kunnskapsgrunnlaget peika i retning av at skjerm kan verke forstyrrande og gi dårlegare konsentrasjon og uthald og svakare leseforståing (NOU 2026: 10, ss. 124–126). Regjeringa vil derfor at digitale einingar berre skal brukast i skulen når dei styrkjer læringa til elevane, og når dei blir brukte til å gi elevane nødvendig digital kompetanse. For elevane på 1.–4. trinn skal ein vere særskild varsam med skjermbruk, og skjermbruken skal ikkje dominere undervisninga, og frå 1. august 2026 står dette i alle læreplanane i skulen. Departementet har bedt Utdanningsdirektoratet sende på høyring eit forslag om at digitale ferdigheiter ikkje lenger skal vere ei av dei grunnleggjande ferdigheitene i læreplanverket. I tida framover vil regjeringa vurdere endringar i læreplanane og i rammeplanen for barnehagen for å sikre at det digitale ikkje er til hinder for læring og trivsel, samtidig som barn og unge skal få den digitale kompetansen dei treng.

Regjeringa har òg teke grep for å verne læringa til elevane frå kunstig intelligens. Mykje tyder på at kunstig intelligens enkelt lèt elevane ta snarvegar, slik at dei går glipp av viktige trinn i læringsprosessen (NOU 2026: 10, ss. 64–76). Slik «kognitiv latskap» kan særleg svekkje læring hos yngre elevar og dei som allereie har svake ferdigheiter. Frå hausten 2026 er det derfor gitt nasjonale tilrådingar om kunstig intelligens i skulen som gjer det klart at elevane på 1.–7. trinn i all hovudsak ikkje skal ha tilgang til kunstig intelligens. På 8.–10. trinn kan generativ kunstig intelligens brukast gradvis og forsiktig under føresetnad av at lærarane har tileigna seg tilstrekkeleg kompetanse.

4.4.5 Betre tilpassing og tilrettelegging i eit inkluderande fellesskap

Regjeringa tek på alvor at gutar er overrepresenterte blant barn som får spesialpedagogisk hjelp

og individuell tilrettelegging. Alle barn skal oppleve meistring, læring og tilhøyrsel i barnehagen, og barn som treng ekstra støtte, skal få hjelp så tidleg som mogleg.

Regjeringa har som mål at det ordinære tilbodet i barnehagen skal vere så godt og inkluderande at det møter behova til flest mogleg barn. Samtidig skal dei som treng ekstra støtte, få den hjelpa dei treng for å kunne delta i fellesskapet og utvikle seg på lik linje med andre barn.

Utdanningsdirektoratet leverte i februar 2026 ein rapport om status og tiltak for tidleg innsats, tilpassa opplæring og individuell tilrettelegging (Haukanes, Rønning, Nordhagen, Ryssevik, & Johansen, 2026). Rapporten viser at arbeidet med å styrkje inkludering, tidleg innsats og individuell tilrettelegging i barnehage og skule har hatt ei positiv utvikling dei siste åra. Erfaring viser at både barnehagar, skular og PP-tenesta bevegar seg i retning av måla om eit meir inkluderande og tilpassa tilbod til alle barn og elevar. Ei sentral utvikling er at individuell tilrettelegging i aukande grad skjer innanfor fellesskapet når barna og elevane deltek i ordinære tilbod. I skulen blir tiltak i større grad gjennomførte i klasserommet, mens barnehagane i aukande grad inkluderer spesialpedagogisk støtte i leik og læringsaktivitetar. Dette bidreg til ein meir heilskapleg, inkluderande praksis. Samtidig er biletet noko meir nyansert sidan det har vore ein auke i andelen elevar som har fast tilhøyrsel i ei eiga tilrettelagd eining (avdeling eller skule). Kompetansen innanfor spesialpedagogikk og inkluderande praksis i barnehage og skule er styrkt gjennom omfattande satsingar på etter- og vidareutdanning dei seinare åra. Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis, som har vore under oppbygging dei siste fem åra, er no innlemma i dei nye heilskaplege systema for kompetanse- og karriereutvikling. Frå 2026 blir tilskotsordningane for kollektiv kompetanseutvikling samla i færre og meir heilskaplege ordningar for barnehage og opplæring. Målet er å styrkje kompetansen i sektoren og støtte opp under arbeidet med inkluderande praksis, likeverd og likestilling.

Ei meir heilskapleg kompetanseutvikling kan gi tilsette og leiarar betre føresetnader for å identifisere og følgje opp ulike behov tidleg, leggje til rette for deltaking i fellesskapet og utvikle inkluderande lærings- og arbeidsmiljø. Det kan medverke til å gi alle barn og elevar like moglegheiter for læring, utvikling og meistring, uavhengig av kjønn eller individuelle føresetnader. Det er ein større del gutar enn jenter som har vedtak om individuell tilrettelegging. Frå eit likestillingsperspektiv kan satsinga bidra til å møte nokre av utfordringane som særleg påverkar gutar. Styrkt kompetanse på inkluderande praksis, læringsmiljø og spesialpedagogiske behov kan gi barnehagar og skular betre føresetnader for å fange opp og følgje opp barn og elevar som har behov for støtte. Det kan vere viktig for å motverke at faglege utfordringar blir etablerte tidleg, og at dei blir forsterka gjennom utdanningsløpet. Satsinga kan dermed føre til meir likeverdige moglegheiter for læring og meistring for både gutar og jenter.

Det har vore stor interesse for vidareutdanning dei siste åra, spesielt innanfor spesialpedagogikk. Både i barnehage- og skulesektoren har talet på tilsette som får tilbod om slik vidareutdanning, auka kraftig sidan 2020. Studieåret 2025–2026 fekk om lag 570 barnehagelærarar tilbod om vidareutdanning i spesialpedagogikk, ein markant auke frå 70 i 2020. Blant tilsette i grunnopplæringa har talet på deltakarar på vidareutdanning i spesialpedagogikk auka frå i underkant av 300 lærarar i 2020 til over 1 400 i 2025–2026. Den tidlegare nemnde rapporten frå Utdanningsdirektoratet viser at det framleis er behov for å styrkje den spesialpedagogiske kompetansen i barnehagar og skular for å sikre tidleg innsats og inkluderande praksis, særleg knytt til vanlege utfordringar som ADHD og autismespekterforstyrringar (Haukanes, Rønning, Nordhagen, Ryssevik, & Johansen, 2026).

I budsjettet for 2027 har regjeringa foreslått å setje av 10 millionar kroner til å følgje opp tiltak i rapporten, mellom anna praksisnære individuelle kompetansetiltak på det spesialpedagogiske feltet, som ADHD/autisme, lese- og skrivevanskar og matematikkvanskar.

Regjeringa har òg sendt forslag til nye rammeplanar for lærarutdanningane på høyring, med tydelegare krav til kva framtidas lærarar skal kunne. Gjennom konkrete krav til kjernekompetansar i dei nye rammeplanane skal studentane få meir kompetanse på leik, klasseleiing, samarbeid med heimen og tverrsektorielle støttetenester. Dei skal òg lære korleis dei betre kan støtte elevane i lesing, skriving og rekning i klasserommet gjennom heile skuleløpet.

Alle som utdannar seg mot dei lågaste stega i grunnskulen, skal ha eit obligatorisk emne i spesialpedagogikk for å vere betre førebudde på mangfaldet i klasserommet. Dei skal òg ha eit obligatorisk praktisk eller estetisk fag som skal bidra til ein meir praktisk og variert skule. Høyringa av forslaget til nye rammeplanar har frist 11. januar 2027, og departementet tek sikte på å fastsetje dei nye rammeplanane våren 2027.

4.4.6 Betre tilgang til SFO

Regjeringa innførte hausten 2022 tilbod om 12 timar gratis SFO i veka for alle førsteklassingar. Ordninga blei utvida til 2. trinn hausten 2023 og til 3. trinn hausten 2024. Frå hausten 2026 var det innført gratis SFO (12 timar per veke) for elevar på 4. trinn i levekårsutsette område i 14 utvalde kommunar gjennom ei statleg områdesatsing. Andelen førsteklassingar med SFO-plass auka frå 84 prosent i 2021 til 92 prosent i 2022; det viser at ordninga med 12 timar gratis SFO har hatt stor effekt (Gilje & Haraldsrud, 2025). Utvidinga til 2. trinn i 2023 gav ein auke frå 79 prosent til 92 prosent, og for 3. trinn i 2024 var veksten heile 23 prosentpoeng. Etter innføringa begynte 60 prosent av barna som tidlegare stod utan SFO-plass, å delta – eit tydeleg teikn på at tiltaket har påverka deltakinga betrakteleg. Økonomiske avgrensingar påverkar kven som går i SFO. Gratisordningar har jamna ut deltakinga, spesielt i distrikta – sannsynlegvis blant familiar med lågare inntekt og deltidsarbeidande foreldre (Gilje & Haraldsrud, 2025).[4]

Offisiell statistikk frå Utdanningsdirektoratet og SSB rapporterer ikkje på minoritets-/majoritetsspråkleg bakgrunn eller kjønnsfordeling blant barna som bruker SFO. Sjølv om det ikkje finst nokon nasjonal statistikk over SFO-deltaking fordelt på kjønn, kan auka deltaking vere relevant også i eit gute- og likestillingsperspektiv. SFO gir barn tilgang til sosialt fellesskap, organiserte aktivitetar og trygge vaksne utanom undervisningstida. For barn som treng ekstra støtte til sosial utvikling, trivsel og deltaking, kan SFO-deltaking styrkje tilhøyrselen og meistringa. Ettersom gutar er overrepresenterte blant elevar som opplever faglege utfordringar, og som seinare står i særleg risiko for ikkje å fullføre utdanningsløpet, kan tidleg deltaking i inkluderande fellesskap utanfor den ordinære undervisninga vere særleg viktig for denne gruppa.

Ordninga kan òg ha noko å seie for yrkesdeltakinga til fedrar og moglegheita til å kombinere arbeid og omsorgsansvar ved at fleire familiar får eit rimelegare og meir tilgjengeleg tilbod om tilsyn og aktivitetar for barna etter skuletid.

[4] Sjå SSB-artikkel «Fleire barn i SFO etter innføring av gratis deltid»: «Det er tiltaket om 12 timer gratis SFO som synes å ha mest påvirkning på deltakelse. Fakturapris utover 12 timer gratis er av mindre betydning. Det er ikke kontrollert for andre effekter, som for eksempel husholdningens inntekt, da det ikke er individbasert datagrunnlag.» (Gilje & Haraldsrud, 2025).

4.4.7 Tiltak for at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring

Regjeringa har som mål at fleire skal fullføre vidaregåande opplæring og bli kvalifiserte til læreplass, arbeid eller utdanning, uavhengig av kjønn.

Regjeringa legg til rette for dette gjennom fleire grep:

- Oppfølginga av fullføringsreforma og utvida rettar og plikter i opplæringslova
- Innsats for at fleire skal få læreplass

4.4.7.1 Fullføringsreforma og ny opplæringslov

Den nye opplæringslova, som tok til å gjelde 1. august 2024, gir både utvida rettar og meir fleksibilitet i den vidaregåande opplæringa. Med den såkalla fullføringsretten har alle rett til opplæring inntil dei har fullført med studie- eller yrkeskompetanse. Rettane er eit av dei viktigaste grepa i fullføringsreforma, særleg for gutar, som i mindre grad enn jenter fullfører vidaregåande opplæring. Når alle får rett til opplæring til dei har bestått vidaregåande opplæring, ikkje berre rett til å gå i vidaregåande eit gitt antal år, vil òg fleire kunne få opplæring som treffer behova deira, og fleire vil bli kvalifiserte til arbeid, læreplass og vidare utdanning.

I den nye opplæringslova er målgruppa for oppfølgingstenesta utvida frå 21 år til 24 år. Oppfølgingstenesta følgjer opp og rettleier ungdom som har rett til vidaregåande opplæring, men som ikkje er i opplæring eller arbeid. Ved å utvide målgruppa kan langt fleire få oppfølging og tilbod om kompetansefremjande tiltak, til dømes vidaregåande opplæring. I tillegg er det innført uavgrensa rett til omval inntil ein fyller 19 år, og skulane skal følgje opp elevar som har fråvær, for å sikre endå tettare oppfølging undervegs i opplæringa. Samla skal endringane sikre at fleire fullfører, uavhengig av kjønn, og at dei får den kompetansen dei treng i arbeidslivet eller i vidare utdanning.

4.4.7.2 Fleire skal få læreplass

Sjansane for å fullføre vidaregåande opplæring med fagbrev er større når elevane får læreplass, og regjeringa har derfor som mål at fleire skal få læreplass. I den nye opplæringslova er det frå 1. august 2024 innført ein rett til læreplass eller eit anna tilbod på vidaregåande trinn 3 i regi av fylkeskommunane. Føresegna presiserer at læreplass er målet i fag- og yrkesopplæringa, og at også søkjarar som ikkje får læreplass, er sikra progresjon i det yrkesfaglege løpet.

Boks 4.7 Fleksible opplæringsmodellar i fag- og yrkesopplæringa

I fag- og yrkesopplæringa er det tre vegar til fag- eller sveinebrev: lærlingordninga, som vanlegvis inneber to år i skule og to år i bedrift, fagbrev på jobb og praksiskandidatordninga.

Mannsutvalet foreslo ein nasjonal modell for å styrkje alternative opplæringsløp i den vidaregåande opplæringa. Sjølv om hovudmodellen i fag- og yrkesopplæringa er to år i skule og to år i bedrift, har fylkeskommunane i dag, gjennom fleksibiliteten i fag- og timefordelinga, høve til å tilby alternative opplæringsmodellar. I det yrkesfaglege løpet kan det vere snakk om opplæringsmodellar som vekslar mellom opplæring i skule og bedrift i ulik grad gjennom heile eller delar av opplæringsløpet. Regjeringa meiner det er viktig at fylkeskommunane har dette handlingsrommet til å tilby opplæringsmodellar i tråd med lokale behov og ønske.

Regjeringa har saman med partane i arbeidslivet inngått ein samfunnskontrakt for fleire læreplassar. Målet er at alle som er formelt kvalifiserte, skal få tilbod om læreplass. Eit delmål i dette arbeidet har vore å motarbeide all diskriminering i rekruttering av lærlingar. For å følgje opp prioriteringane i samfunnskontrakten blei det løyvd eit øyremerkt tilskot til fylkeskommunane som skulle bidra til betre kvalifisering og formidling av læreplassar. Frå og med 2026 blei tilskotet innlemma i rammetilskotet til fylkeskommunane.

Vidare er det, som ein del av fullføringsreforma, innført rett til yrkesfagleg rekvalifisering. Det inneber at alle har rett til opplæring fram mot eit nytt fagbrev, sjølv om ein har eit frå før eller allereie har studiekompetanse. Regjeringa har òg endra kravet til bruk av lærlingar i offentlege oppdrag. Frå og med 1. august 2025 er det krav om minst éin lærling når bedrifta inngår kontrakt med det offentlege. I tillegg må minst 10 prosent av arbeidet utførast av lærlingar. Målet med endringa er at fleire som er kvalifiserte for læreplass, skal få det, og at fleire skal velje yrkesfagleg vidaregåande opplæring.

4.4.8 Antal karakterar på vitnemålet i vidaregåande opplæring

Stoltenberg-utvalet påpeika at sidan kjønnsforskjellane i karakterar er store i språkfaga, i favør av jentene, vil det kunne gagne jentene mest at det er mange språkkarakterar på vitnemålet (NOU 2019: 3). Sjølv om utvalet først og fremst vurderer timetal og vekting av dei ulike karakterane ut frå ungdomstrinnet, tilrådde dei å greie ut vekting av karakterar etter timetal eller andre alternative modellar også i den vidaregåande opplæringa. Eksamensgruppa, som blei sett ned av Kunnskapsdepartementet i 2018, og som leverte sluttrapporten sin i 2020, gjorde òg enkelte vurderingar av at talet på karakterar i norskfaget ut frå skeivskapar i utteljinga til faga på vitnemålet kan få konsekvensar for opptak til høgare utdanning.

Regjeringa vurderer fortløpande endringar i ulike læreplanar i heile opplæringsløpet og vil vurdere endringar også i norskfaget både når det gjeld innhald og talet på karakterar. Hausten 2026 blei det høyrt forslag til endring av krav til framandspråk fellesfag i studieførebuande opplæring for elevar som ikkje har hatt framandspråk i ungdomsskulen, og det har vore arrangert ein innspelsrunde til foreløpige forslag til framtidas vidaregåande opplæring. Arbeidet med dette må ein mellom anna sjå i samanheng med oppdraga Utdanningsdirektoratet jobbar med om å greie ut ei sikrare og forbetra eksamensordning og utvikle eit nytt rammeverk for innhald og struktur i den vidaregåande opplæringa.



Figur 5.1

Kjelde: Anagram design.

5 Eit likestilt arbeidsliv

For gutar og menn handlar likestilling i arbeidslivet mellom anna om høvet til å kombinere arbeid og familieliv, og om eit trygt arbeidsmiljø. Menn er overrepresenterte i enkelte yrke med høgare risiko for arbeidsulykker, sosial dumping og arbeidskriminalitet, og enkelte grupper av menn opplever diskriminering i arbeidsmarknaden (NOU 2024: 8).

Arbeidsmarknaden i Noreg er prega av høg sysselsetjing, men òg av tydelege kjønnsdelte utdannings- og yrkesval. Gutar og menn søkjer seg sjeldnare til kvinnedominerte utdanningar og yrke. Det bidreg til å oppretthalde ein kjønnsdelt arbeidsmarknad, der menn er i stort mindretal i sentrale velferdstenester. Konsekvensen er at barn og unge i avgrensa grad møter menn i viktige tenester som omsorgs- og velferdsyrke. Det kan ha noko å seie for kjensla av å høyre til og opplevinga av å bli forstått. Betre kjønnsbalanse kan gi fleire rollemodellar og meir representative tenester.

Menn som av ulike grunnar står utanfor arbeidslivet, midlertidig eller varig, skal ha ein økonomi som gjer det mogleg å leve eit verdig liv og delta i samfunnet. Det norske velferdssamfunnet har gode ordningar for inntektssikring og eit godt offentleg tenestetilbod. Ordningar som sjukepengar, arbeidsavklaringspengar, uføretrygd og økonomisk sosialhjelp bidreg til inntektssikring og reduserer konsekvensane av sjukdom, arbeidsløyse og andre livsutfordringar som særleg rammar enkelte grupper av menn. På denne måten er velferdsordningane viktige for å jamne ut sosiale forskjellar, forhindre utanforskap og bidra til å fremje likestilling.

Regjeringa arbeider for eit arbeidsliv der alle har høve til å delta og til å kombinere arbeid med andre delar av livet. Det inneber òg at ein ser på forhold som påverkar moglegheitene, arbeidsmiljøet og livskvaliteten i arbeidslivet for gutar og menn, og på kva tiltak som kan bidra til mindre kjønnsdelte utdannings- og yrkesval.

Regjeringa vil
- leggje til rette for god balanse mellom familie og jobb
- styrkje HMS-arbeidet på den enkelte arbeidsplassen
- halde fram innsatsen for å hindre sosial dumping og arbeidslivskriminalitet
- ha betre oppfølging av aktivitets- og forklaringsplikta for arbeidsgivarar
- ha fleire menn i kvinnedominerte yrke og fleire kvinner i mannsdominerte yrke

Boks 5.1 Mannsutvalet foreslår

Mannsutvalet meiner at likestillingspolitikken i for lita grad har belyst utfordringar som særleg rammar menn, også i arbeidslivet (NOU 2024: 8). Utvalet peikar på den store kjønnsdelinga i arbeidsmarknaden, arbeidsmiljøutfordringar som særleg gjeld dei mannsdominerte næringane, trakassering og menns moglegheiter til å ha balanse mellom arbeid og familieliv. Utvalet meiner at normene i mannsdominerte yrke ofte er mindre familievennlege og meir prega av overtidskultur og lite tilrettelegging for omsorgsplikter. Dei meiner at dette kan gjere det vanskeleg for menn å kombinere forsørgjarrolla med aktiv omsorg i familien.

Mannsutvalet har følgjande forslag på dette området:
- Etablere eit trepartssamarbeid for betre balanse mellom arbeid og familie i mannsdominerte bransjar
- Satse på gode HMS-rutinar for psykososialt arbeidsmiljø og mot trakassering, inkludert seksuell trakassering, i arbeidslivet

5.1 Dårlegare rammer for arbeids- og familielivsbalanse i enkelte delar av arbeidslivet?

Mannsutvalet meiner at kjønnsdelinga i arbeidslivet fører til ulikt handlingsrom for menn og kvinner, og

Boks 5.2 Kva arbeidet har å seie for menns identitet

Arbeid gir ikkje berre inntekt og økonomisk tryggleik – for mange kan det òg vere ein viktig arena for meistring, fellesskap og sosiale relasjonar. For mange menn har det å vere i arbeid og bidra økonomisk tradisjonelt vore eit viktig ideal og ein del av identitetsforståinga, særleg i vaksenlivet (St.meld. nr. 8 (2008–2009)). Sjølv om kjønnsrollene og forventingane til kvinner og menn har endra seg mykje, er arbeid framleis ei viktig kjelde til identitet, meistring og sosial tilhøyrsel for mange menn (NOU 2024: 8). Konsekvensane av å falle ut av arbeidslivet kan dermed handle om meir enn økonomi. Arbeidslivstilknyting viser seg å ha direkte konsekvensar for helsa. For menn er samanhengen mellom arbeidsløyse og dårleg helse, inkludert auka risiko for sjukehusinnleggingar, dødelegheit og sjølvmord, sterkare enn for kvinner (Heggebø, 2022).

at det er vanskeleg å kombinere arbeid og familieliv i ein del mannsdominerte yrke (NOU 2024: 8).

Tal frå levekårsundersøkinga om arbeidsmiljø frå 2025 viser at over éin av tre sysselsette synest at jobben går utover privatlivet. Dette er aller mest utbreidd blant dei som jobbar i undervisningsyrke, og blant leiarar i hotell, restaurant og varehandel. Kvinner opplever oftare enn menn at jobben går utover privatlivet, 40 mot 33 prosent (SSB, 2025c). Samtidig opplever fleire menn enn kvinner, 23 mot 17 prosent, at det er venta at dei skal vere tilgjengelege for jobbførespurnader i fritida (SSB, 2025c). Næringar og yrke der mange synest at jobbkrava går utover privatlivet, er kjenneteikna av arbeid utanom ordinær arbeidstid, lange arbeidsveker, forventingar om tilgjengelegheit utanom arbeidstid eller arbeid som fører til at ein ofte er sliten etter arbeidsdagen.

5.2 Enkelte menn opplever diskriminering i arbeidslivet

Samtidig som det norske arbeidslivet i aukande grad er etnisk mangfaldig, er det ei utfordring med etnisk diskriminering i tilsetjingsprosessar.

Boks 5.3 Status på menns deltaking i arbeidslivet

Menn har tradisjonelt hatt høg yrkesdeltaking i Noreg, og i 2025 var 72 prosent av menn i alderen 15–74 år sysselsette. Menn utgjorde då 53 prosent av dei sysselsette (SSB, 2025a). Forskjellane mellom kvinner og menn i både sysselsetjing og deltidsarbeid er blitt mindre over tid, særleg som følgje av auka yrkesdeltaking og meir heiltidsarbeid blant kvinner.

Samtidig er det store forskjellar blant menn. Menn med innvandrarbakgrunn og menn med funksjonsnedsetjingar har til dømes mykje lågare sysselsetjingsgrad enn menn generelt. I 2025 var 70 prosent av menn med innvandrarbakgrunn sysselsette, mot 82 prosent i befolkninga elles (SSB, 2025b).

Det er teikn til ei svakare sysselsetjingsutvikling blant menn i det ein kan kalle kjernealderen i arbeidslivet (25–54 år). I 2025 låg sysselsetjingsdelen under EU-gjennomsnittet. Sysselsetjinga aukar generelt med utdanningsnivå og er klart høgare blant personar med høgare utdanning enn blant personar med lågare utdanningsnivå (Eurostat, 2026). I 2025 var andelen utanfor arbeid og utdanning høgare blant unge menn enn blant unge kvinner. Andelen uføre er høgare blant kvinner i alle aldersgrupper, med unntak av dei under 25 år.

Sysselsetjing og arbeidsløyse varierer meir blant menn enn blant kvinner fordi menn oftare jobbar i konjunkturfølsame næringar som industri, bygg og anlegg. Desse blir sterkare påverka av opp- og nedgangstider. Til dømes fall sysselsetjinga meir for menn enn for kvinner under finanskrisa i 2008–2009 og etter oljeprisfallet i 2014. Kvinner arbeider dessutan i større grad i offentleg sektor og i tenestenæringar som er mindre påverka av konjunktursvingingar.

Fleire mannsdominerte næringar, som petroleumssektoren, står overfor omstillingar i åra som kjem. For å halde oppe yrkesdeltakinga blir det viktig med tilgang til utdanning, kompetanseutvikling og omstilling. Arbeidsinnvandrarar i bygg- og anleggsbransjen er blant gruppene som er mest utsette for konjunktursvingingar og arbeidsløyse.

Boks 5.4 Jobbsjansen

Formålet med tilskotsordninga er å bidra til auka sysselsetjing blant heimeverande innvandrarkvinner som står langt frå arbeidsmarknaden, og som har behov for kvalifisering for å komme i jobb eller ordinær utdanning. Jobbsjansen skal gjennom individuelt tilpassa program styrkje kvalifikasjonane til deltakarane slik at kvar enkelt på sikt kan få varig tilknyting til arbeidslivet og bli økonomisk sjølvhjelpt. At denne gruppa innvandrarkvinner kjem i arbeid og gjennom det kan bidra til familieøkonomien, kan betre moglegheita for meir likedeling av omsorgspliktene i heimen.

I 2024 sende forskarar ut over 2700 fiktive jobbsøknader frå likt kvalifiserte personar med bakgrunn frå ei rekkje ulike land til stillingsutlysingar i den norske arbeidsmarknaden (Larsen & Midtbøen, 2024). Det kom fram at religiøs tilhøyrsel påverkar moglegheitene på arbeidsmarknaden. Menn med muslimsk bakgrunn frå land utanfor Europa har 14 prosent sjanse for å bli innkalla til jobbintervju, mens menn med norsk majoritetsbakgrunn som ikkje oppgir noka tilknyting til kristendom, har 40 prosent sjanse. Muslimske menn med bakgrunn utanfor Europa må altså søkje på om lag tre gonger så mange stillingar for å få innkalling til jobbintervju. I søknadene blei det oppgitt at søkjaren anten var fødd i Noreg eller hadde innvandra som seksåring. Diskrimineringa rammar både innvandrarar og etterkommarar av innvandrarar i Noreg (Larsen & Midtbøen, 2024). Også tidlegare undersøkingar har vist tilsvarande mønster.

Forskarane fann òg at når majoritetsnorske søkjarar oppgav at dei hadde ei kristen tilknyting, medførte det ein reduksjon i moglegheita for å bli innkalla til jobbintervju på 17,5 prosent samanlikna med andre tilsvarande søkjarar (Amundsen, 2024). Tilhøyrsel til kristendommen hadde ingenting å seie for søkjarar frå andre land i Europa, USA og Russland. Søkjarar frå land utanfor Europa hadde derimot *høgare* sjanse for å få ein positiv respons dersom dei oppgav tilhøyrsel til kristendom, samanlikna med søkjarar med same bakgrunn utan tilknyting til nokon religion.

Personar med innvandrarbakgrunn kan òg oppleve diskriminering etter at dei har komme inn på arbeidsmarknaden. Personar med minoritetsbakgrunn forheld seg til risikoen for å bli diskriminerte og prøver å unngå å bli diskriminerte ved å prøve å tone ned den etniske og religiøse bakgrunnen sin for å få innpass i arbeidslivet (Orupabo, Larsen, & Nadim, 2026). Gutar med minoritetsbakgrunn opplever i større grad enn andre elevar at dei ikkje får læreplass i yrkesfagleg utdanning, sjå meir om dette i kapittel 4.

Også personar med funksjonsnedsetjing opplever diskriminering i tilsetjingsprosessar i Noreg (Bjørnshagen & Østerud, 2021). Sjølv om det er lite kjønnsdelt kunnskap, er det grunn til å tru at også menn med funksjonsnedsetjingar blir utsette for diskriminering i arbeidslivet.

5.3 Menn er overrepresenterte i utsette yrke

Menn og kvinner blir utsette for ulike eksponeringar, krav og belastingar i arbeidsmiljøet som følgje av at majoriteten av menn og majoriteten av kvinner jobbar i ulike næringar og yrke (les meir om dette i kapittel 5.5). Dei typiske mannsdominerte næringane har arbeid som i hovudsak er manuelt og fysisk, med avgrensa kontortid. Slike yrke inneber i mindre grad direkte samhandling med pasientar, klientar eller kundar enn kvinnedominerte yrke, der relasjonelt og emosjonelt arbeid utgjer ein større del av arbeidskvardagen (STAMI, 2024).

5.3.1 Menn er mest utsette for arbeidsulykker

Menn rapporterer oftare om arbeidsskadar og arbeidsrelatert nedsett høyrsel enn kvinner, men gjennomgåande noko færre ulike arbeidsrelaterte helseplager enn kvinner (STAMI, 2024). Dette heng saman med at menn er overrepresenterte i utsette yrke som yrke innanfor bygg, anlegg og industri, noko som òg blir gjenspegla i statistikken for arbeidsrelaterte ulykker.

I 2022 oppgav 2,4 prosent av sysselsette menn å ha hatt ein arbeidsskade som førte til fråvær frå jobb det siste året, samanlikna med 1,7 prosent av sysselsette kvinner (STAMI, 2022). Det er særleg unge og utanlandske menn som er utsette for arbeidsulykker. I perioden 2020–2024 var det 129 menn som døydde i arbeidsulykker. Det svarer til heile 97 prosent av dødsulykkene i arbeidslivet i perioden (Arbeidstilsynet, 2026).

Arbeidsgivarar har ansvaret for å kartleggje og vurdere risiko ved arbeidet og for å setje i verk risikoreduserande tiltak. Arbeidstilsynet peikar på

at sjølv om arbeidsulykker ofte har komplekse årsakssamanhengar, går manglar i det systematiske HMS-arbeidet igjen i årsaksanalysane (Arbeidstilsynet, 2024). Mannsutvalet meiner at sjølv om det har vore stor innsats for å betre det fysiske arbeidsmiljøet på mange mannsdominerte arbeidsplassar, så er det behov for å gjere dette arbeidet meir treffsikkert (NOU 2024: 8, s. 152).

5.3.2 Arbeidsinnvandrarar er særleg utsette for sosial dumping

Fleirtalet av arbeidsinnvandrarar til Noreg er menn. Blant arbeidsinnvandrarar frå EU-land i Sentral- og Aust-Europa som kom til Noreg mellom 1990 og 2020, er tre av fire menn. For arbeidsinnvandrarar frå tredjeland og andre EU-land er andelen menn om lag sju av ti (NOU 2022: 18).

Mange arbeidsinnvandrarar arbeider i mannsdominerte næringar som bygg og anlegg, industri og landbruk, der risikoen for sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er høgare enn i arbeidslivet elles. Risikobransjar for arbeidslivskriminalitet er ofte kjenneteikna av låg terskel for etablering, stort innslag av ufaglært og utanlandsk arbeidskraft, og få formelle kompetansekrav. Bransjane har gjerne lange kontraktskjeder, utstrekt bruk av midlertidig og atypiske tilsetjingsformer, sesongarbeid og låg organisasjonsgrad på både arbeidstakar- og arbeidsgivarsida (Brunovskis, Bøckmann, Jahnsen & Ødegård, 2026).

Arbeidsinnvandrarutvalet peikte på at mange har svak tilknyting til arbeidslivet, avgrensa norskferdigheiter og manglande kunnskap om rettar og plikter i norsk arbeidsliv. Det kan gjere dei særleg sårbare for utnytting og bidra til svakare integrering. Utvalet understreka derfor betydinga av eit meir seriøst og regulert arbeidsliv, mellom anna gjennom innsats mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet og betre lønns- og arbeidsvilkår (NOU 2022: 18).

5.3.3 Menn blir òg utsette for trakassering

Trakassering, inkludert seksuell trakassering, kan få alvorlege konsekvensar for den som blir ramma, og kan skape utryggleik og dårleg arbeidsmiljø. Seksuell trakassering omfattar ulike former for uønskt seksuell merksemd og førekjem på mange arenaer, særleg i arbeidslivet (Meld. St. 7 (2024–2025)).

I levekårsundersøkinga om arbeidsmiljø frå 2025 oppgir 5,3 prosent av dei sysselsette at dei har blitt utsette for uønskt seksuell merksemd (SSB, 2025d). Kvinner blir i langt større grad enn menn utsette for uønskt seksuell merksemd. Førekomsten av uønskt seksuell merksemd varierer mykje mellom bransjar og er høgast i helse- og omsorgssektoren og overnattings- og serveringsbransjen. I desse sektorane blir menn utsette i større grad enn i andre yrke. Menn er i større grad utsette på kvinnedominerte arbeidsplassar enn på mannsdominerte arbeidsplassar (Hov, Horvei, & Bjerkebakke, 2025). Menn med kjønnsoverskridande identitet/uttrykk, menn med etnisk minoritetsbakgrunn og menn med funksjonsnedsetjing er langt meir utsette for uønskt seksuell merksemd i arbeidslivet enn menn totalt sett. Trakasseringsbarometeret 2025 viser ein auke i omfanget av uønskt seksuell merksemd i arbeidslivet blant menn under 30 år frå 2023, frå 18 til 34 prosent (Hov, Horvei & Bjerkebakke, 2025).

Underrapportering førekjem truleg både blant kvinner og menn, men kan vere særleg utbreidd blant menn. Forsking indikerer at ein er meir tilbøyeleg til å oppfatte ein situasjon som seksuell trakassering når ei kvinne blir utsett for det av ein mann, enn omvendt (Bjerkebakke & Sogge, 2024). Det kan òg vere forskjellar når det gjeld kjennskapen til omgrepet «seksuell trakassering» og terskelen for å omtale ei handling som trakassering. Normer om maskulinitet og skam knytte til det å stå fram som sårbar, kan bidra til at menns erfaringar blir bagatelliserte eller ikkje blir rapporterte (Meld. St. 7 (2024–2025)).

5.4 Tiltak for eit godt arbeidsliv

Skal Noreg nå målet om eit likestilt arbeidsliv og eit godt arbeidsliv for alle, må likestillingspolitikken rette merksemda også mot arbeidslivsforhold som har noko å seie for menn, eller der menn er særleg utsette eller sårbare.

Regjeringa følgjer opp dette gjennom:

- rammer for eit arbeidsliv som gjer det mogleg å kombinere arbeid og omsorg
- grep for eit arbeidsliv utan diskriminering
- ny nasjonal arbeidsmiljøstrategi
- melding til Stortinget om seksuell trakassering
- førebygging av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet

Målet om god balanse mellom arbeid og familieliv må sjåast i samanheng med andre innsatsar, mellom anna tiltaka i Helsepersonellplanen for å auke delen heiltidsstillingar, meir helgearbeid og meir fleksible turnusordningar. Slike ordningar må utviklast gjennom partssamarbeidet, innanfor

krava til eit forsvarleg arbeidsmiljø og ein helsefremjande arbeidssituasjon, og med omsyn til arbeidstakarane sitt omsorgsansvar og livsfase.

5.4.1 Rammer for eit arbeidsliv som gjer det mogleg å kombinere arbeid og omsorg

Noreg har i stor grad eit lov- og regelverk som legg til rette for at alle arbeidstakarar skal kunne kombinere arbeid og familieliv.

For det første skal arbeidsgivarar jobbe for at tilsette kan kombinere arbeid og familieliv. Dette er ein del av aktivitets- og forklaringsplikta arbeidsgivarar har etter likestillings- og diskrimineringslova § 26. Lova seier ikkje noko om kva tiltak som skal setjast i verk, men tiltaka skal byggje på undersøkingar og kartlegging av utfordringar på arbeidsplassen.[1]

For det andre er arbeidsmiljølova tydeleg på at alle arbeidstakarar skal ha eit trygt og forsvarleg arbeidsmiljø. Regulering av arbeidstid er sentralt for å gjere det mogleg å kombinere arbeid med familie- og omsorgsansvar. Dette er regulert i arbeidsmiljølova, og Arbeidstilsynet fører tilsyn med og kontrollerer at regelverket blir følgt. Arbeidsmiljølova opnar òg opp for fleksible arbeidstidsordningar, slik at arbeidstakaren kan tilpasse arbeidskvardagen etter eigne behov. Dette kan vere særleg viktig for arbeidstakarar i ein periode med omsorgsansvar for små barn eller pårørandeomsorg for foreldre, ektefellar eller andre.

5.4.1.1 Vidareføre trepartssamarbeid for betre arbeids- og familielivsbalanse

Mannsutvalet peikar på at tiltak for meir likestilling i arbeidslivet hovudsakleg har vore retta mot kvinnedominerte bransjar og i mindre grad har bygd på kunnskap om mannsdominerte bransjar og korleis ein kan leggje til rette for betre balanse mellom arbeid og familie/fritid (NOU 2024: 8).

Regjeringa har følgt opp Mannsutvalets forslag med å etablere eit trepartssamarbeid for betre balanse mellom arbeid og familie i mannsdominerte og kvinnedominerte bransjar. Samarbeidet er lagt til arbeidsgruppa for likestilling i arbeidslivet under arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd. Les meir om vidareføringa av trepartssamarbeidet i kapittel 3.3.4.

5.4.1.2 Meir kunnskap om balansen mellom arbeid og familie/fritid

Kultur- og likestillingsdepartementet har, i samarbeid med Arbeids- og inkluderingsdepartementet, lyst ut eit forskingsprosjekt som skal kartleggje korleis manns- og kvinnedominerte bransjar legg til rette for arbeids- og familielivsbalanse i dag.

OsloMet (Arbeidsforskningsinstituttet AFI) har fått i oppdrag av Arbeids- og inkluderingsdepartementet å kartleggje tilsette i leiande og særleg uavhengige stillingar, som leiarstillingar, og blant sjølvstendig næringsdrivande. Dette er stillingar som er unnatekne frå arbeidstidsreglane, og dermed har ikkje desse arbeidstakarane det same vernet som andre når det gjeld regulert arbeidstid, kviletid og overtidsgodtgjersle.

5.4.1.3 Betre oppfølging av aktivitets- og forklaringsplikta for arbeidsgivarar

Aktivitets- og forklaringsplikta er eit viktig verktøy som skal sørgje for at menn og kvinner har like moglegheiter på jobb og ikkje blir diskriminerte på arbeidsplassen. Mellom anna skal arbeidsgivarane jobbe aktivt for at dei tilsette skal kunne kombinere arbeid og familieliv, oppleve karriereutvikling og ikkje bli trakasserte på arbeidsplassen.

Regjeringa har varsla to nye utgreiingar av aktivitets- og forklaringsplikta i 2027. For det første skal ein greie ut tekniske løysingar for å gjennomføre og rapportere på pliktene som følgjer av aktivitets- og forklaringsplikta, medrekna lønnskartleggingsplikta. Ein skal sjå prosjektet i lys av eventuelle nye krav som følgjer av likelønnsdirektivet og berekraftsdirektivet. For det andre skal ein gå gjennom aktivitets- og forklaringsplikta med sikte på å gjere regelverket til eit meir effektivt verkemiddel for likestilling i arbeidslivet og for å gjere det meir handterleg for arbeidsgivarane. Ein skal mellom anna sjå på om det er mogleg å innføre meir effektive sanksjonar. Utgreiingane er ei oppfølging av tiltak i *Strategi for likestilling mellom kvinner og menn 2025–2030* og ein del av arbeidet med å gjennomføre likelønnsdirektivet til EU.

5.4.2 Integrering og arbeid mot diskriminering i arbeidslivet

Hausten 2023 lanserte regjeringa ein handlingsplan mot rasisme og diskriminering i arbeidslivet med vekt på barrierar både på vegen inn i og opp-

[1] Les meir om aktivitets- og forklaringsplikta i kapittel 2.

over i arbeidslivet. Planen gjeld for perioden 2024–2027, og 16 av tiltaka er under overskrifta *arbeidsliv*. I 2025 publiserte regjeringa ein midtvegsrapport for å finne status på tiltaka (Arbeids- og inkluderingsdepartementet, 2025).

Integrerings- og mangfaldsdirektoratet gjennomfører ei rekkje av tiltaka til regjeringa som skal bidra til å fremje meir etnisk mangfald i arbeidslivet. Tiltaka omfattar mellom anna ei tilskotsordning for verksemder og kunnskaps- og rettleiingsplattforma Mika.no. Plattforma gir arbeidsgivarar tilgang til forsking, erfaringsbasert kunnskap og verktøy for å førebyggje diskriminering og styrkje inkludering på arbeidsplassen. Mika.no har mellom anna blitt nytta til å følgje opp tiltak frå handlingsplanen, som til dømes å formidle kunnskap om kva mangfaldsleiing er.

I 2027 vil regjeringa leggje fram ein integreringsstrategi som tek tak i nokre av dei største utfordringane på integreringsfeltet. Målet med strategien er auka arbeidsdeltaking, betre levekår og mindre segregering. I tillegg vil regjeringa sjå på kva slags kulturelle barrierar som står i vegen for at innvandrarar kan delta i arbeids- og samfunnslivet.

5.4.3 Følgje opp ny nasjonal arbeidsmiljøstrategi

Arbeidsmiljøet i Noreg er generelt godt, men likevel er det framleis utfordringar i fleire yrke og bransjar. Undersøkingar viser at sjølv om mange verksemder gjennomfører enkeltståande HMS-aktivitetar, er det for mange arbeidsplassar som ikkje har systematisk oppfølging. Det er utvikla kunnskap og kunnskapsbaserte, verksemdsretta verktøy og verkemiddel til bruk i HMS-arbeidet til verksemdene gjennom mellom anna IA-avtalens arbeidsmiljøsatsing og bransjeprogramma, men det er framleis eit potensial for at fleire verksemder skal ta i bruk verktøya.

Kvinnearbeidshelseutvalet (NOU 2025: 5) peikar på at lov- og avtaleverket i norsk arbeidsliv legg til rette for at partane på arbeidsplassen kan og skal samarbeide om førebyggjande arbeidsmiljøarbeid, men at det likevel er eit forbetringspotensial når det gjeld arbeidet med risikovurderingar og målretta førebyggjande arbeidsmiljøarbeid i verksemdene generelt. Kunnskap om belastingar i arbeidsmiljøet påverkar kjønna ulikt, er viktig for at det ikkje skal oppstå forskjellsbehandling mellom kjønna når risikoar skal vurderast. For å få fram forskjellar mellom kvinner og menn presenterer Statens arbeidsmiljøinstitutt resultat av forskinga si fordelt på kjønn.

Partssamarbeid og innsatsen til partane lokalt og sentralt er avgjerande for eit trygt og godt arbeidsmiljø. Styresmaktene og partane i arbeidslivet er einige om å styrkje det førebyggjande arbeidsmiljøarbeidet i norsk arbeidsliv. Dette er vidareført i avtalen om redusert sjukefråvær og fråfall frå arbeidslivet for 2025–2028 (IA-avtalen).

Arbeidsmiljøet har påverknad på helsa, trivselen og livskvaliteten til den enkelte og kan førebyggje sjukdom og skadar. For å styrkje arbeidsmiljøarbeidet i verksemdene vil regjeringa òg leggje fram ein nasjonal arbeidsmiljøstrategi.

Stortinget har vedteke endringar i arbeidsmiljølova som presiserer krava til det psykososiale arbeidsmiljøet. Målet er å rettleie verksemdene og å understreke at det psykososiale er ein viktig del av eit fullt forsvarleg arbeidsmiljø, på lik linje med det fysiske arbeidsmiljøet. Den nye arbeidsmiljøstrategien vil følgje opp dette og ha psykososialt arbeidsmiljø som eit av innsatsområda sine.

5.4.4 Følgje opp Meld. St. 7 (2024–2025) *Om seksuell trakassering*

Regjeringa har lagt fram Meld. St. 7 (2024–2025) *Om seksuell trakassering*. Meldinga gir den første samla framstillinga av kunnskap om omfanget av seksuell trakassering på tvers av ulike samfunnsområde, i arbeidslivet, i utdanning og skule, i kulturlivet, i fritidsaktivitetar, idrett og frivillig verksemd og på internett. Meldinga gir òg ei samla oversikt over relevant regelverk, aktørar og verkemiddel i arbeidet med å førebyggje seksuell trakassering.

På den eine sida viser meldinga at det er avgjerande at arbeidslivet og andre samfunnsarenaer set i verk konkrete tiltak for å fremje eit aktivt førebyggjande arbeid. På den andre sida viser ho at det er behov for eit breitt likestillingsarbeid som tek eit oppgjer med forventingar til korleis kvinner og menn skal oppføre seg, maktubalanse og ukultur. Dette er med på å løfte diskusjonen om kva som skal til for å få eit samfunn som er fritt for seksuell trakassering, og peikar ut retninga for den vidare politikkutviklinga.

5.4.5 Førebyggje og motverke sosial dumping og arbeidslivskriminalitet

1. august 2025 la regjeringa fram ein oppdatert *Handlingsplan mot sosial dumping og arbeidslivskriminalitet* med 38 tiltak som skal få bukt med utnytting av arbeidstakarar.

Handlingsplanen rettar seg ikkje spesifikt mot menn, men mange av tiltaka vil ha ein positiv

effekt for mannlege arbeidstakarar, særleg i bransjar der menn er overrepresenterte og risikoen for utnytting er høg, slik som innanfor bygg og anlegg, transport, bilpleie og landbruk.

Vidare er mange av tiltaka retta mot utanlandske arbeidstakarar, som i stor grad er menn. Låg formell kompetanse, dårlege norskkunnskapar og liten kjennskap til rettar og plikter i norsk arbeidsliv gjer at denne gruppa er særleg utsett for å bli utnytta i arbeidslivet.

Handlingsplanen inneheld ei rekkje tiltak for å fremje eit organisert arbeidsliv, styrkje rettane til arbeidstakarane og hindre utnytting. Han skal òg mobilisere forbrukar- og innkjøpsmakt og styrkje det tverretatlege samarbeidet om kontroll og oppfølging. I tillegg omfattar planen tiltak for å auke kunnskapen om sosial dumping og arbeidslivskriminalitet og for å styrkje det internasjonale samarbeidet.

5.5 Vedvarande kjønnsdeling i utdanning og arbeidsliv

Noreg har ein sterkt kjønnsdelt arbeidsmarknad. Menn og kvinner arbeider i stor grad i ulike sektorar, næringar og yrke. Mønsteret blir tidleg etablert gjennom utdanningsval. Alt i vidaregåande opplæring vel gutar og jenter langt på veg ulike utdanningsprogram og fagområde, og desse forskjellane blir vidareførte i høgare utdanning og i arbeidslivet.

Dei største næringane i Noreg er bygg og anlegg, industri, varehandel, undervisning og helse- og sosialtenester. Med unntak av varehandelen er alle desse sterkt kjønnsdelte. Menn dominerer i bygg og anlegg, industri og tekniske yrke, mens kvinner er sterkt overrepresenterte i undervisning og helse. Særleg innanfor helse- og sosialtenestene, som er den største næringa i Noreg, er kvinner i stort fleirtal; her er 8 av 10 tilsette kvinner. Den sterke kvinnedominansen i denne sektoren bidreg vesentleg til den samla kjønnsdelinga i arbeidsmarknaden (NOU 2024: 8).

Den kjønnsdelte arbeidsmarknaden påverkar gutar og menn på fleire måtar. For det første kan det avgrense opplevinga til den enkelte av kva utdannings- og yrkesval som er reelt tilgjengelege. Når eit yrke er dominerte av eitt kjønn, kan terskelen for å velje utradisjonelt vere høg, særleg i ungdomsåra når normer og forventingar frå omgivnadene ofte har mykje å seie. Det kan føre til at tradisjonelle førestillingar om kva yrke som passar for kvinner og menn, kan leggje føringar for kva utdanning gutar og jenter vel. For det andre har kjønnsdelinga konsekvensar for kva tenester befolkninga møter, og for kva rollemodellar som er tilgjengelege under oppveksten til barn og unge.

Det er teikn til endring i den kjønnsdelte arbeidsmarknaden, men utviklinga har i hovudsak skjedd ved at kvinner har gått inn i tidlegare mannsdominerte yrke. Menn har i langt mindre grad søkt seg til kvinnedominerte utdanningar og yrke. Skal ein få fleire menn eller kvinner inn på

Boks 5.5 Kvifor vel gutar og jenter ulikt?

Utdanningsval blir påverka av ei rekkje faktorar, og det er inga enkel forklaring på kvifor gutar og jenter ofte vel ulike utdanningar. Mannsutvalet viser til forsking som peika på betydinga av mellom anna interesser, skuleprestasjonar, sosial og etnisk bakgrunn, kjønnsstereotypiar og fråfall og gjennomføring i utdanningsløpet (NOU 2024: 8).

Familie, venner og andre rollemodellar speler òg ei viktig rolle. Kva utdanningar og yrke ungdom møter i omgivnadene sine, kan påverke kva moglegheiter dei oppfattar som aktuelle. Til dømes kan gutar som kjenner menn som arbeider i omsorgsyrke, lettare sjå for seg ein slik yrkesveg sjølve (Vestøl, 2020).

Når enkelte utdanningar og yrke er sterkt knytte til eitt kjønn, kan terskelen for å velje utradisjonelt opplevast som høg. Det kan avgrense moglegheita til å velje utdanning og yrke ut frå eigne interesser og talent og bidra til å halde oppe tradisjonelle førestillingar om kva yrke som passar for kvinner og menn.

Strukturane og rammevilkåra i arbeidslivet påverkar òg utdanningsvala. Lønn, arbeidsvilkår, status og karrieremoglegheiter har noko å seie for kor attraktive ulike utdanningar og yrke verkar. Mannsutvalet peikar på at fleire tradisjonelt mannsdominerte yrke har vore knytte til høgare lønn og status enn kvinnedominerte yrke (NOU 2024: 8). Det kan ha bidrege til å gjere slike yrke attraktive også for kvinner, mens menn i mindre grad har hatt tilsvarande insentiv til å søkje seg til kvinnedominerte yrke.

studium der det er ujamn kjønnsbalanse, må det vere fleire av det underrepresenterte kjønnet som faktisk søkjer seg til desse utdanningane. Den høge terskelen for menn til å velje desse utdanningane og yrka er særleg sentral om ein vil prøve å forstå kvifor kjønnsdelinga endrar seg så sakte.

5.5.1 Kjønnsdeling i vidaregåande opplæring, høgare yrkesfagleg utdanning og høgare utdanning

I den vidaregåande opplæringa vel gutar oftare yrkesfaglege utdanningsprogram enn jenter. I skuleåret 2024–2025 valde om lag 60 prosent av gutane som begynte på vg1, eit yrkesfagleg utdanningsprogram (Utdanningsdirektoratet, 2026e). Det er i hovudsak på dei yrkesfaglege programma at kjønnsdelinga er svært skeiv, mens det er betre kjønnsbalanse på dei studieførebuande programma.


På helse- og oppvekstfag har andelen gutar falle dei siste åra. Dette er programmet med nest lågast andel gutar. I 2019–2020 var 21 prosent av elevane på helse- og oppvekstfag gutar, mens det i skuleåret 2024–2025 berre var 15 prosent.

Også i høgare yrkesfagleg utdanning er utdanningsvala sterkt kjønnsdelte. Dette er praksisnære og korte utdanningar på nivået over vidaregåande opplæring som skal svare på behovet i arbeidslivet. Talet på studentar har meir enn dobla seg sidan 2017, og det er i dag omtrent like mange menn som kvinner som tek høgare yrkesfagleg utdanning. Utdanningsvalet til studentane gjenspeglar i stor grad dei same kjønnsdelte mønstera som i vidaregåande opplæring. Kvinner dominerer innanfor helse- og velferdsfag; her er 86 prosent av studentane kvinner. Menn dominerer innanfor tekniske fag og samferdsel, der høvesvis 88 og 89 prosent av studentane er menn. Dei kjønnsdelte vala ser ut til å påverke både karriereutvikling og inntekt, men det er meir å hente lønns- og karrieremessig for mennene enn for kvinnene som tek fagskuleutdanning.

I Meld. St. 11 (2024–2025) *Fagfolk for en ny tid: med høyere yrkesfaglig utdanning* foreslår regjeringa å greie ut det juridiske handlingsrommet for å innføre kvotar i samband med opptak til høgare yrkesfagleg utdanning. Eit tiltak i meldinga er å vurdere å endre regelverket, slik at ein i større grad kan gi søkjarar med ulike bakgrunnar opptak til fagskuleutdanning. Kunnskapsdepartementet vil i oppfølginga av dette tiltaket også vurdere om det kan ha ein effekt på kjønnssamansetninga i høgare yrkesfagleg utdanning (Meld. St. 11 (2024–2025), ss. 84–85).

Dei kjønnsdelte mønstera blir vidareførte i høgare utdanning òg. Det er fleire menn innanfor teknologiske fag, IKT og idrett, mens kvinner er i fleirtal på helse- og sosialfag, i visse lærarutdanningar, på språkstudium og i rettsvitskap. Berre nokre få fagområde, som økonomi og administrasjon og primærnæringsfag, har ei relativt jamn kjønnsfordeling.

Over tid har det skjedd endringar i kjønnsfordelinga på fleire fagområde innanfor høgare utdanning. Tidlegare mannsdominerte fag som



Figur 5.2 Andel jenter og gutar på vg1 etter utdanningsprogram, 2024–2025

Kjelde: (Utdanningsdirektoratet, 2026e).

juss, medisin og psykologi er no kvinnedominerte, mens økonomiske og administrative fag har fått ei jamnare fordeling. Kvinner har i større grad valt å gå inn i fagområde som tradisjonelt har vore mannsdominerte, mens menn i mindre grad har valt kvinnedominerte fag.

Ei kunnskapsoppsummering frå 2019 viser at sjølv om gutar i gjennomsnitt gjer det betre enn jenter i tekniske og numeriske fag enn i teoretiske fag og språkfag, så vel gutar og jenter med dei same akademiske styrkane framleis ikkje likt. Spesielt har jenter ein tendens til å velje bort tekniske karrierar, sjølv når dei gjer det betre i tekniske og numeriske fag enn i teoretiske fag og språkfag (Reisel, Skorge & Uvaag, 2019).

5.5.1.1 Færre menn enn kvinner tek høgare utdanning

I dag har fleire kvinner enn menn fullført ei grad i høgare utdanning. Fleirtalet av kvinner i aldersgruppa 25–66 år har høgare utdanning, mens fleirtalet av menn i same aldersgruppe har vidaregåande skule som høgaste fullførte utdanning (Bufdir, 2026). Andelen kvinner i alderen 25–66 år med høgare utdanning steig frå 12 prosent i 1980 til 52 prosent i 2022. For menn har andelen stige frå 16,7 prosent til 36,9 prosent i den same perioden (Bufdir, 2026).

Kjønnsforskjellen knytt til kven som tek høgare utdanning, heng delvis saman med kjønnsdelte utdanningsval og det kjønnsdelte arbeidslivet. Fleire av dei største kvinnedominerte yrka, som sjukepleie, krev høgare utdanning. Samtidig er det mange menn som jobbar i yrke som i større grad rekrutterer frå yrkesfaglege utdanningar. Dette er òg utdanningar som kan gi gode lønns- og karrieremoglegheiter. Det illustrerer at kjønnsforskjellar i arbeidsmarknaden ikkje berre handlar om utdanningsnivå, men òg om kva utdanningar og yrke kvinner og menn vel, og korleis dei blir verdsette i arbeidslivet.

At færre menn enn kvinner tek høgare utdanning, er ikkje unikt for Noreg. Det same gjeld i dei fleste OECD-land, men kjønnsforskjellane er endå større i Noreg. Island er det einaste landet i OECD der forskjellen mellom kjønna er større enn i Noreg.

Gutar med innvandrarbakgrunn vel i mindre grad enn andre høgare utdanning, mens norskfødde gutar med innvandrarforeldre i større grad vel høgare utdanning enn andre – eit mønster som også gjeld for jenter.

Når det gjeld personar med funksjonsnedsetjing, er det ein større andel kvinner med funksjonsnedsetjing enn menn med funksjonsnedsetjing som har gjennomført minst eitt år med høgare utdanning: 42 prosent kvinner mot 33 prosent menn i 2022 (Fredborg, 2024).

5.5.2 Få menn i viktige velferdstenester

Menn er i klart mindretal i sentrale velferdstenester som barnehage, skule og helse- og omsorgstenester. Det er ein konsekvens av dei kjønnsdelte utdannings- og yrkesvala som pregar arbeidsmarknaden, jf. ovanfor. Den skeive kjønnsfordelinga inneber til dømes at mange barn går gjennom barnehageåra med få mannlege rollemodellar, og gutar og menn møter sjeldnare fagpersonar av eige kjønn i helse- og velferdstenester. Høvet pasientar har til å møte personell av same kjønn, kan vere særleg viktig i situasjonar som blir opplevde som personlege eller sensitive. Kjønnsbalansen kan òg vere viktig for arbeidsmiljøet og for korleis arbeidsoppgåver blir fordelte, utvikla og løyste i helse- og omsorgstenestene.

Ein jamn kjønnsbalanse i pasientretta profesjonar vil gjere det lettare for fleire å søkje hjelp. Det er særleg relevant for helsesjukepleiarar, der det i dag er stor overvekt av kvinner. Ein betre kjønnsbalanse kan bidra til større mangfald i erfaringar, perspektiv og rollemodellar og gjere tenestene meir representative for befolkninga dei skal betene.

5.5.2.1 Få mannlege tilsette i barnehagen og grunnskulen

Av alle tilsette i grunnbemanninga i barnehagen i 2024 var 11 prosent menn, og frå 2013 til 2024 har prosentdelen menn auka med berre omtrent 0,5 prosenteiningar. Grunnbemanninga omfattar tilsette i barnehagen som jobbar direkte med heile barnegruppa. Andelen menn varierer noko etter eigarforholdet til barnehagen og mellom fylka.

Talet på personar som søkjer seg til barnehagelærarutdanninga, har gått ned dei siste åra. I 2024 var det 1985 studentar som begynte på barnehagelærarutdanning. I 2024 var det 1945 ferdiguteksaminerte barnehagelærarar, noko som svarer til ein nedgang på 295 barnehagelærarar sidan 2023. Andelen menn var 17,2 prosent i opptaket for 2024, mens andelen menn som blei uteksaminerte som barnehagelærarar same år, var 15,9 prosent.

I skuleåret 2024–2025 var 26 prosent av lærarane i grunnskulen menn. Andelen har lege mel-

Boks 5.6 Hvor er mine brødre

Prosjektet *Hvor er mine brødre* er eit døme på lokalt samarbeid for å rekruttere fleire til lærarutdanninga og pedagogiske yrke. Målet er å motivere menn med fleirkulturell bakgrunn til å bli lærarar i barnehage og skule, og dessutan barnevernspedagogar, med særleg fokus på rekruttering i Oslo aust. Prosjektet arrangerer møte der elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen får møte rollemodellar som deler erfaringar med fråfall og utanforskap og fortel om eigne utdannings- og yrkesval. I tillegg held *Hvor er mine brødre* presentasjonar og fagseminar for utdanningsinstitusjonar, legg til rette praksisplassar og driv nettverksgrupper med sosiale og faglege aktivitetar i aktuelle bydelar. Ambisjonen er å auke mangfaldet blant pedagogar og lærarar, slik at skulen og barnehagen betre speglar samfunnet. Dette kan bidra til å byggje tillit og styrkje relasjonane mellom barn, foreldre og sentrale aktørar i utdannings- og barnevernsfeltet.

lom 25 og 26 prosent i heile perioden mellom 2013 og 2024. Denne statistikken omfattar òg tilsette som underviser utan godkjend utdanning. Omtrent like stor del av kvinnelege og mannlege lærarar er kontaktlærarar, høvesvis 58,2 og 59 prosent i 2024–2025. Det er noko forskjell mellom fylka og etter eigarforholdet til skulen.

Det er ein lågare andel menn som arbeider i skulefritidsordninga (SFO) enn som lærarar i grunnskulen. I skuleåret 2024–2025 var 22 prosent av dei tilsette i SFO menn – ein auke på 6,2 prosentpoeng frå skuleåret 2013–2014. Det er større variasjon mellom fylka i andelen menn som arbeider på SFO, samanlikna med i læraryrket. Oslo har høgast andel mannlege tilsette på SFO, med 38,4 prosent, og Møre og Romsdal har lågast andel, med 11,4 prosent.

Talet på personar som søkjer seg til grunnskulelærarutdanninga, auka i 2024 etter fleire år med nedgang. Det skjedde samtidig som regjeringa endra opptakskrava til lærarutdanninga. I 2024 var det 1 235 studentar som begynte på grunnskulelærarutdanning for 1.–7. trinn, og 22,7 prosent av desse var menn. 990 studentar begynte på grunnskulelærarutdanning for 5.–10. trinn, og 38,4 prosent av desse var menn. I 2024 var det 1 000 ferdiguteksaminerte grunnskulelærarar for 1.–7. trinn, og 17 prosent av dei var menn. Det var 1 205 ferdiguteksaminerte grunnskulelærarar for 5.–10. trinn, og 35,7 prosent av dei var menn.

5.5.2.2 Få mannlege tilsette i dei kommunale helse- og omsorgstenestene

17,1 prosent av dei med helse- og sosialfagleg utdanning som var sysselsette i helse- og sosialtenestene ved utgangen av 2025, var menn (SSB, 2026e).

I dei kommunale helse- og omsorgstenestene har andelen menn auka noko i perioden 2016–2020, men menn utgjorde framleis berre 15,2 prosent av dei sysselsette i 2020. I 2024 var om lag 18 prosent av dei sysselsette i helsetenestene, inkludert pleie- og omsorgstenester i institusjon, menn. I dei kommunale helse- og omsorgstenestene var andelen 17 prosent (SSB, 2026f).

I den vidaregåande skulen er det ei overvekt av jenter (86,7 prosent i 2025) som søkjer seg til helse- og oppvekstfag (Utdanningsdirektoratet,

Boks 5.7 Menn i helse

Menn i helse er eit rekrutteringstiltak som har som formål å auke andelen menn i helse- og omsorgstenestene gjennom eit tilrettelagt og komprimert utdanningsløp fram mot fagbrev som helsefagarbeidar. Tiltaket rettar seg mot arbeidssøkjande menn i alderen 25 til 55 år og kombinerer opplæring med praksis i tenestene. Ordninga bidreg ikkje berre til å styrkje rekrutteringa til ein sektor med stort behov for arbeidskraft, men òg til auka mangfald blant dei tilsette. Samtidig gir tiltaket fleire menn høve til å få ei varig tilknyting til arbeidslivet, noko som kan ha positive ringverknader både for den enkelte og for samfunnet, mellom anna gjennom betre psykisk helse og auka deltaking.

I Meld. St. 11 (2025–2026) *Helsepersonellplan 2040* foreslår regjeringa å føre vidare og utvide rekrutteringstiltaket Menn i helse for å rekruttere menn til dei kommunale helse- og omsorgstenestene og bidra til å jamne ut kjønnsbalansen i ein sektor med svært høg kvinneandel.

2026f). Det same kjønnsdelte mønsteret ser vi i helse- og sosialfagutdanningar i fagskulesektoren, (Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, 2026), og dessutan i høgare utdanning, der andelen kvinner i helse-, sosial- og idrettsfag er 79 prosent (Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, 2024a).

5.6 Tiltak for færre kjønnsdelte utdanningsval og ein mindre kjønnsdelt arbeidsmarknad

Tiltak for betre kjønnsbalanse i arbeidslivet må sjåast i samanheng med tiltak for betre kjønnsbalanse i utdanningane. Det er først og fremst utdanningsvala til dei unge som bidreg til at arbeidslivet er kjønnsdelt, men forhold i arbeidslivet og dei unge si oppfatning av yrke, vurdering av eigne ferdigheiter og interesser påverkar òg utdanningsvala (Myklebust et al., 2019).

For at ungdom skal kunne ta utdannings- og yrkesval uavhengig av kjønn og kjønnsnormer, er det viktig at dei har grunnleggjande ferdigheiter som gir dei reelle valmoglegheiter. Svake grunnleggjande ferdigheiter i lesing og rekning kan gjere det vanskelegare å gjennomføre utdanning og få ei stabil tilknyting til arbeidslivet. Den negative utviklinga i læringsresultata og talet på elevar som er på dei lågaste meistringsnivåa i lesing og matematikk, skal snu. Regjeringa sitt mål om ein meir praktisk skule vil samtidig kunne bidra til at fleire unge kan få teste ulike interesser og moglegheiter på tvers av kjønn i løpet av skulegangen. Det kan få konsekvensar også for val av høgare utdanning. Les meir om dette i kapittel 4.

Kjønnsdelte utdanningsval og ein kjønnsdelt arbeidsmarknad er ei samansett utfordring som krev innsats frå fleire sektorar og på fleire politikkområde. Regjeringa følgjer opp problemstillinga til dømes i arbeidet med rekruttering til helse- og omsorgssektoren. Her er det sett i verk målretta tiltak for å betre kjønnsbalansen. Ein prøver mellom anna å rekruttere fleire menn til helse- og omsorgsyrke, og ein arbeider systematisk for å få til ei jamnare kjønnsfordeling blant dei tilsette.

Det finst fleire døme på ulike bransjespesifikke og lokale rekrutterings- og rollemodellprosjekt som har som formål å bidra til betre kjønnsbalanse i ulike utdanningar, sektorar og næringar, til dømes *Hvor er mine brødre*, *Gutter og helsefag* og *Menn i helse*, jf. tekstboksar tidlegare i kapittel 5.

Boks 5.8 Indikatorar for å følgje utviklinga

Sentrale mål i regjeringsstrategien for eit likestilt samfunn 2025–2030 er mindre kjønnsdelte utdanningsval og eit meir likestilt arbeidsliv. Strategien gir ei samla oversikt over innsatsen til regjeringa på området og understrekar kor viktig det er med koordinert innsats på tvers av sektorar. I samband med strategien er det utarbeidd indikatorar som gjer det enkelt å følgje utviklinga i den kjønnsdelte arbeidsmarknaden. Her er nokre relevante indikatorar som blir jamleg oppdaterte:

- søkjar- og elevtalet til yrkesfag med gute- eller jentedominans
- gjennomstrøyminga i den vidaregåande opplæringa
- andelen menn i kvinnedominerte yrke

Regjeringa viser til følgjande døme på innsats:

- god karriererettleiing
- nasjonalt senter for yrkesfag
- meir kunnskap om og erfaring med arbeidslivet
- miljø med kompetanse på kjønnsdelte utdanningsval
- innføring av kjønnskvotar i opptak til høgare utdanning

5.6.1 God karriererettleiing

God karriererettleiing kan hindre at unge avbryt utdanninga og hamnar utanfor utdanning og arbeid, eller at dei må begynne på eit nytt utdanningsløp og dermed «rykkjer tilbake til start». Slik rettleiing gjer den enkelte betre rusta til å ta bevisste utdannings-, yrkes- og karriereval. Det er òg viktig med tanke på utfordringane i samfunnet, for i dag blir ikkje den samla kompetansen i befolkninga godt nok utnytta, og kompetansen til den enkelte samsvarer ikkje godt nok med behovet i arbeidslivet. Karriererettleiing som er bevisst på at kjønn og kjønnsstereotypiar har noko å seie for utdanningsval, kan bidra til at unge kan ta betre informerte val, uavhengig av kjønn (Jensen & Aspøy, 2024; Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse, 2024b).

Den nasjonale karriererettleiaren karriereveiledning.no gir elevar rettleiing gjennom chat og

e-post, og på utdanning.no finn dei informasjon om svært mange utdanningar og yrke. I tillegg har kommunane og fylkeskommunane plikt til å tilby utdannings- og yrkesrådgiving til elevar og lærlingar.

For å styrkje karriererettleiinga i skulen er det ei tilskotsordning på 15 millionar kroner til fylkeskommunane for å prøve ut ulike modellar for samarbeid mellom karrieresentera og skulane, både ungdomsskular og vidaregåande skular. Det kan òg inkludere utforsking av korleis arbeidslivet og andre eksterne aktørar kan vere ein ressurs i karriererettleiinga.

På nettstaden Kvalitetslaboratoriet har Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse samla ressursar og verktøy med støtte i Nasjonalt kvalitetsrammeverk for karriereveiledning. Ein av desse ressursane er rettleiingsrommet, som består av ei rekkje filmar med refleksjonsoppgåver som gir karriererettleiarar høve til å reflektere rundt rettleiing. I 2026 blei det lansert to casar som tek opp kjønnsdelte utdanningsval, for å gjere karriererettleiarar bevisste på korleis kjønn og kjønnsstereotypiar påverkar utdanningsval.

5.6.2 Nasjonalt senter for yrkesfag

Regjeringa har etablert eit nasjonalt senter for yrkesfag for å styrkje kvalitets- og utviklingsarbeidet i fag- og yrkesopplæringa i heile det yrkesfaglege utdanningsløpet og for å få fleire til å gjennomføre ei yrkesfagleg utdanning. Senteret skal òg bidra til betre kjønnsbalanse i yrkesfaga.

5.6.3 Meir kunnskap om og erfaring med arbeidslivet

Erfaring med og kunnskap om arbeidslivet og ulike utdanningsmoglegheiter kan ha mykje å seie for utdannings- og yrkesval, også når det gjeld å velje uavhengig av kjønn.

I Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole* la regjeringa opp til å gi elevane meir praktisk arbeidslivsopplæring. Frå skuleåret 2026–2027 er det obligatorisk for skulane å tilby arbeidslivsfaget på ungdomstrinnet som eit alternativ til framandspråk. Tiltaket skal mellom anna førebu elevane til å velje utdanningsprogram i den vidaregåande opplæringa og gjere dei meir kjende med kva moglegheiter dei har innanfor både yrkesfaglege og studieførebuande utdanningsprogram (Meld. St. 34 (2023–2024)).

Boks 5.9 Gutter og helsefag

Universitetet i Tromsø (UiT) har sidan 2023 leidd prosjektet Gutter og helsefag, som skal bidra til at fleire unge, særleg gutar, blir kjende med moglegheitene innanfor helsefaglege utdanningar og yrke. Gjennom informasjonstiltak, skulebesøk og bruk av mannlege rollemodellar skal prosjektet gi elevar, lærarar og rådgivarar eit meir nyansert bilete av arbeid i helsesektoren. Prosjektet har utvikla seg frå ei regional satsing i Nord-Noreg til eit nasjonalt samarbeid som no omfattar fleire universitet og høgskular. Sidan oppstarten har prosjektet nådd om lag 5400 elevar gjennom rollemodellbesøk og 1900 elevar gjennom undervisningsopplegg i faget utdanningsval.

I budsjettforslaget for 2027 foreslår regjeringa å styrkje prosjektet og leggje til rette for at prosjektet kan utviklast til ei nasjonal satsing.

5.6.4 Miljø med kompetanse på kjønnsdelte utdanningsval

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) bidreg til å koordinere arbeidet med kjønnsdelte utdanningsval gjennom kontakt med andre direktorat, som Utdanningsdirektoratet og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse. I tillegg har Bufdir oppretta eit nettverk for kjønnsbalanse i utdanning der fleire tiltak er med, til dømes det nasjonale prosjektet for lærarrekruttering. Formålet med nettverket er å styrkje kvart enkelt prosjekt gjennom kunnskaps- og erfaringsdeling. Nettverket ser òg på koordinering og synergiar mellom tiltaka.

Bufdir og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse har samarbeidd om å utvikle ressursar til karriererettleiarar om korleis kjønn påverkar utdanningsval og i rettleiing om utdanningsval til elevane. Tiltaka er knytte til utdanningssektoren, men målet er at dei skal bidra til at unge tek meir informerte val utan å bli avgrensa av kjønnsstereotypiske oppfatningar av arbeidslivet og kva ein sjølv passar til, og dermed også til at kjønnsbalansen blir betre i arbeidslivet.

Komité for kjønnsbalanse og mangfald (Kifkomiteen) har sidan 2004 arbeidd for å fremje likestilling mellom kvinner og menn ved universitet, høgskular og forskingsinstitutt. I Meld. St. 19

Boks 5.10 Aktivitets- og forklaringsplikta som eit nyttig verktøy for å vurdere barrierar for kjønnsbalanse på arbeidsplassen

Tiltak retta mot utdanningsvalet til unge må sjåast i samanheng med arbeidsgivarane sine plikter og moglegheiter til å rekruttere og vareta eit mangfald av arbeidstakarar, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 24 om arbeidsgivarars aktivitets- og forklaringsplikt. I samsvar med lova skal arbeidsgivarar jobbe aktivt for å fremje likestilling og hindre diskriminering i verksemda si. Det inkluderer å kartleggje kva likestillingsutfordringar dei har i verksemda, og analysere moglege årsaker til desse. Basert på analysen skal dei setje i verk tiltak som skal bidra til å fremje likestilling eller hindre diskriminering.

Aktivitets- og forklaringsplikta kan vere eit nyttig verktøy for å undersøkje og vurdere barrierar for kjønnsbalanse i verksemda og for å vurdere kva tiltak som kan vere nyttige for betre kjønnsbalanse.

(2023–2024) *Profesjonsnære utdanningar over heile landet* varsla regjeringa at Kif-komiteen òg skal arbeide for å styrkje kjønnsbalansen i høgare utdanning. Dette er følgt opp med ei utviding av mandatet frå og med funksjonsperioden 2026–2029. Til det utvida mandatet ligg at komiteen skal bidra til bevisstgjering omkring problemstillingar knytte til mangfald, inkludering og trakassering i høgare utdanning. Vidare skal komiteen bidra til auka kunnskap om korleis kjønn, sosial bakgrunn og etnisk bakgrunn påverkar mangfald og kjønnsdeling i utdanningsval.

5.6.5 Frå kjønnspoeng til kjønnskvotar

Kjønnsubalansen i høgare utdanning kjem i hovudsak av at det er fleire kvinner enn menn som søkjer opptak til studium ved universitet og høgskular. I tillegg søkjer kvinner og menn seg til ulike utdanningar, slik at enkelte utdanningar får ein klar overrepresentasjon av menn, mens det på andre studium er ein klar overrepresentasjon av kvinner (Bufdir, 2026).

Denne søkjaråtferda blir ikkje løyst av verken poeng eller kvotar, men det kan bøte noko på store ulikskapar der det finst søkjarar av begge kjønn. Regjeringa håper at betre kjønnsbalanse i til dømes helsefaga over tid vil motivere fleire menn til å søkje seg til slike utdanningar.

I 2025 la regjeringa fram ei ny forskrift for opptak til høgare utdanning som vil tre i kraft 1. januar 2027. Den nye forskrifta inneheld fleire store endringar for opptak til høgare utdanning. Dei største endringane vil ikkje gjelde før studieåret 2028–2029.

Regjeringa fjernar dei fleste av dagens tilleggspoeng. Poenga for realfag og verneplikt blir behaldne, men dei blir halverte. Poeng for det underrepresenterte kjønnet (kjønnspoeng) blir erstatta med kvotar som skal sikre ein viss andel studentar av begge kjønn. Universitet og høgskular kan, som før, søkje Kunnskapsdepartementet om å nytte kvotar på studium med stor kjønnsubalanse. Kvotane blir først fylte opp med søkjarar frå det underrepresenterte kjønnet før alle konkurrerer om dei resterande studieplassane på like vilkår. Slik sørgjer ein for at ein viss andel personar av kvart kjønn kjem inn på studiet, dersom det er søkjarar av begge kjønn.

Dagens opptaksforskrift opnar for å tildele inntil to tilleggspoeng til det underrepresenterte kjønnet på eit gitt studium. Sidan karakterpoengsummen blant søkjarar varierer, er det vanskeleg å seie på førehand korleis tilleggspoenga vil slå ut. Ved å gå over til kvotar fjernar ein denne uvissa. For opptaket til høgare utdanning i 2027 har ni universitet søkt Kunnskapsdepartementet om å nytte kjønnskvotar på til saman 19 studium der menn er underrepresenterte. Søknadene blir no vurderte av departementet. Kunnskapsdepartementet har ikkje motteke søknader om kjønnskvotar til studium der kvinner er i mindretal.


Endringane er i tråd med NOU 2022: 17 *Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler* og Meld. St. 20 (2023–2024) *Opptak til høgare utdanning* med forslag til nye opptaksreglar (NOU 2022: 17; Meld. St. 20 (2024–2025)).

Den nye opptaksforskrifta opnar òg for at universitet og høgskular kan ta i bruk tre ulike modellar av rangerande opptaksprøver utan å måtte søkje Kunnskapsdepartementet.

Modellane har ulike formål og vil mellom anna kunne bidra til at også søkjarar utan dei høgaste karaktergjennomsnitta kan få ein studieplass. Slike rangerande opptaksprøver kan, slik regjeringa ser det, vere eigna til å hjelpe på kjønnsubalansen ved studium med spesielt høg konkurranse.

- Modell 1 inneber at inntil 20 prosent av plassane blir fordelte basert på rangering frå opptaksprøve.

- Modell 2 inneber at opptaksprøve kan brukast som rangeringsgrunnlag for søkjarar som har over 55 skulepoeng.
- Modell 3 inneber at opptaksprøve kan brukast som rangeringsgrunnlag i kombinasjon med poeng, under føresetnad av at poenga veg tyngst.



Figur 6.1

Kjelde: Anagram design.

6 Betre helse for gutar og menn

Noreg har gode levekår og velferdstenester, inkludert helse- og omsorgstenester, og befolkninga har generelt god helse og livskvalitet. Likevel er det tydelege kjønnsforskjellar i sjukdomsførekomst, sjukdomsforløp, helseåtferd og kor ofte kvinner og menn oppsøkjer helsetenesta. Menn har mellom anna høgare førekomst av ikkje-smittsame sjukdommar, rus- og avhengnadsproblem og sjølvmord. Sjukdom, skadar og tidleg død som kan førebyggjast, og som rammar menn hardare enn kvinner, er ikkje berre eit helseproblem, det kan òg vere ei likestillingsutfordring (NOU 2024: 8).

Kvinner og menn kan ha ulike behov i møte med helse- og omsorgstenestene, og slike forskjellar har det ikkje blitt lagt stor nok vekt på. Biologi og kjønna normer og forventingar, som maskuline ideal om sjølvstende og styrke, kan bidra til auka risikoåtferd blant gutar og menn og til høgare terskel for å søkje hjelp. At menn søkjer hjelp seint, eller lèt vere å søkje hjelp, kan få uheldige konsekvensar for helsa deira. I tillegg er det store sosiale helseforskjellar blant menn.

Regjeringa vil arbeide for ei friskare befolkning og mindre sosiale helseforskjellar. Det er eit mål å bruke personellressursane i helse- og omsorgstenestene betre for å få meir helse igjen for innsatsen. Pasientar skal oppleve ei helseteneste som heng saman – heile vegen, heile livet. Å fremje god helse blant gutar og menn vil styrkje folkehelsa og gi betre føresetnader for eit langt og aktivt liv.

For å møte likestillingsutfordringar når det gjeld helse, er det behov for meir kunnskap om kva kjønn har å seie for helse, og kjønnsperspektivet må i større grad bli teke omsyn til når politikk, folkehelsearbeid og tenestetilbod skal utformast. Det overordna målet for kvinnehelsestrategien til regjeringa er å bidra til at betydinga av kjønn blir vektlagd i politikkutforminga og i korleis helsemyndigheitene og den felles helsetenesta arbeider med kvinnehelse og kjønnsperspektivet i helse. Dette gjeld òg for helsa til gutar og menn. Det er nødvendig å styrkje helsekompetansen i befolkninga, som er eit område der det finst kjønnsforskjellar. Helse- og omsorgstenestene må samtidig leggje til rette for at informasjon og tilbod er forståelege, tilgjengelege og tilpassa ulike behov blant pasientar og i befolkninga.

Regjeringa vil
- fremje friske leveår for gutar og menn gjennom livsløpet gjennom kunnskap og folkehelsepolitikk retta mot område der menn har høgare dødelegheit og sjukdomsbelasting enn kvinner
- jamne ut forskjellar i friske leveår og levealder mellom ulike grupper av menn
- fremje god psykisk helse og motverke skadeleg bruk av rusmiddel for gutar og menn gjennom innsats for god folkehelse og i helse- og omsorgstenestene

Deltaking i fellesskap, gode sosiale relasjonar og støtte er avgjerande for god helse i befolkninga, og dette blir omtalt i kapittel 8.

6.1 Levevanar, levekår og forventa levealder

Forventa levealder og friske leveår er ein viktig peikepinn på korleis det står til med folkehelsa, og på korleis kvinner og menn skil seg frå kvarandre med omsyn til levekår og levevanar. Menn har høgare dødelegheit enn kvinner gjennom store delar av livsløpet, og det bidreg til at dei i gjennomsnitt har lågare forventa levealder. I 2025 var forventa levealder for menn 81,6 år og for kvinner 84,9 år (Forthun & Baravelli, 2026).

Årsaka til den høgare dødelegheita varierer med alder. Blant yngre menn utgjer ulykker, overdosar og sjølvmord ein større del av dødsfalla, mens kreft, hjarte- og karsjukdommar, demens og andre aldersrelaterte sjukdommar blir vanlegare dødsårsaker seinare i livet (NOU 2024: 8). Det er store sosiale forskjellar i dødelegheit blant menn, sjå boks 6.2.

Levealderen har auka mykje for både menn og kvinner, men den relative auken har vore størst blant menn (Engblad, 2025). Dette blir i stor grad knytt til endringar i levevanar og helseåtferd. Mindre røyking, betre førebygging og behandling av

Boks 6.1 Mannsutvalet foreslår

Mannsutvalet viser til at tidleg død og helsetap blant menn i stor grad kan førebyggjast. Utvalet argumenterer for at det er behov for meir kunnskap og kompetanse om menns helseutfordringar og kjønnsforskjellar i helse. Utvalet trekkjer fram at betre tilrettelegging, mellom anna gjennom anonym innleiande kontakt og meir tilgjengelege lågterskeltilbod, kan bidra til at gutar og menn søkjer hjelp tidlegare, og til meir openheit om fysisk, psykisk og seksuell helse (NOU 2024: 8).

Mannsutvalet reiser spørsmål om prostatakreft kan førebyggjast og behandlast på ein betre måte. Utvalet framhevar òg at arbeidet med sjølvmordsførebygging må styrkjast og i større grad rettast mot menn, som er overrepresenterte i sjølvmordsstatistikken.

Mannsutvalet foreslår fleire tiltak knytte til helse:

- Setje ned eit mannshelseutval
- Greie ut eit nasjonalt screeningprogram for prostatakreft
- Gjere helsetenester meir tilgjengelege for gutar og menn
- Gjennomføre ei satsing på seksuell helse
- Auke helsepersonells kunnskap om menns helseutfordringar for å utnytte potensialet ved konsultasjon betre
- Styrkje innsatsen for å forhindre sjølvmord
- Styrkje tilboda innanfor psykisk helsevern, rusbehandling og fengsel

hjarte- og karsjukdommar (Forthun & Baravelli, 2026), og færre dødsfall som følgje av trafikkulykker og drukning (Solbakken et al., 2026), har særleg bidrege til auka levealder blant menn.

Det er òg relevant å skilje mellom talet på leveår og talet på friske leveår. Menn mistar i større grad leveår som følgje av tidlegare død, mens kvinner i gjennomsnitt lever lenger, men med fleire år med sjukdom og nedsett funksjonsevne. Kvinner sitt høgare helsetap kan ikkje hovudsakleg forklarast med at dei lever lenger. Kvinners færre friske leveår er mellom anna knytt til høgare førekomst av psykiske plager, smertetilstandar og muskel- og skjelettlidingar, og dessutan helseutfordringar i samband med svangerskap og overgangsalder (Forthun, Madsen, Schwinger & Knudsen, 2025). Hos eldre kvinner kjem mellom anna osteoporose og fallskadar, inkludert hoftebrot, i tillegg (Institute for Health Metrics and Evaluation, 2025).

Boks 6.2 Store sosiale forskjellar i forventa levealder blant menn

Blant menn er det store sosiale forskjellar i forventa levealder, og forskjellane har auka dei siste tiåra. Menn med kort utdanning og låg inntekt lever mykje kortare enn menn med lang utdanning og høg inntekt. I Noreg var forskjellen i forventa levealder mellom menn over 40 år med høgast og lågast inntekt 13,8 år i 2011–2015, mens den tilsvarande forskjellen for kvinner var 8,4 år (Kinge et al., 2019). Blant personar med høg inntekt eller formue var kjønnsforskjellane i dødelegheit små. Det tyder på at sosiale forhold og levekår kan forklare ein stor del av overdødelegheita blant menn.

Forklaringane på samanhengen mellom sosioøkonomisk status og dødelegheit er samansette og inkluderer forskjellar i levevanar, arbeidsforhold og helsebelastingar (Syse et al., 2022). Nokre studiar vektlegg fysiske forhold som bustad, nærmiljø og tilgang til helsetenester, grøne område og idrettsanlegg (Gugushvili & Wiborg, 2025). Andre peikar på psykososiale mekanismar, der trong økonomi, opplevd prestasjonspress og sosial samanlikning bidreg til kronisk stress med negative helseeffektar. Slike mekanismar ser ut til å verke særleg sterkt blant menn, mellom anna i samanheng med normer knytte til forsørgjarrolle og sosial status (Engblad, 2025).

For enkelte store sjukdomsgrupper utviklar menn sjukdom tidlegare i livet enn kvinner og har høgare risiko for alvorlege forløp. Det gjeld særleg hjarte- og karsjukdom, der menn i gjennomsnitt får sjukdom fire til åtte år tidlegare enn kvinner (Ariansen et al., 2026). Kreft er den største dødsårsaka i Noreg (FHI, 2026a), og både førekomst og dødelegheit av kreft er samla sett høgare blant menn enn blant kvinner, sjølv om forskjellane varierer mellom ulike kreftformer. Prostatakreft er den vanlegaste kreftforma blant menn, og dei fleste tilfella blir diagnostiserte etter fylte 60 år. Mannsutvalet har særleg peika på behovet for tiltak som kan bidra til tidlegare oppdaging av denne forma for kreft. Røyking og UV-eksponering er dei viktigaste risikofaktorane for kreft hos begge kjønn, etterfølgt av kosthaldsfaktorar, overvekt/fedme og alkohol (Berstad et al., 2023). Sjølv om dødelegheita for fleire kreftformer har gått ned over tid, bidreg høgare førekomst, seinare diagnostisering og forskjellar i levevanar til at menn samla sett blir ramma hardare. Dette kan òg ha samanheng med at menn har mindre kunnskap om kreftsymptom og tek seinare kontakt med helsetenesta. I ein rapport frå Kreftforeningen, basert på mellom anna ein landsdekkjande befolkningsanalyse frå Respons Analyse, kjem det fram at berre éin av fem menn oppgir å ha god kjennskap til faresignal om kreft, mot éi av tre kvinner (Kreftforeningen, 2025).

Kjønnsforskjellar kjem òg tydeleg til uttrykk ved akutte og potensielt livstruande hendingar. Fleire menn enn kvinner blir behandla for hjartestans, og dei er i gjennomsnitt yngre når dette skjer (SKDE, 2025).

Kjønn påverkar dessutan risikoen for skadar og ulykker. Kvart år døyr det om lag 2800 personar som følgje av skadar. Rundt 2100 av dei skuldast ulykker, resten kjem hovudsakleg av sjølvmord (Solbakken et al., 2026). Menn har høgare dødelegheit etter ulykker i alle aldersgrupper. Menn døyr oftare av trafikkulykker, drukning og forgiftingar, mens kjønnsforskjellane er mindre ved fall- og brannulykker. Alkohol og andre rusmiddel er ein medverkande faktor ved mange skadar.

Ein del av forskjellane i vanhelse og dødelegheit må sjåast i samanheng med kjønnsforskjellar i levekår, utdanning, levevanar og risikoåtferd. Både biologiske forhold og sosiale normer kan spele ei rolle. Ideal knytte til sjølvstende og styrke kan til dømes bidra til at menn har ei meir risikofylt åtferd og høgare terskel for å søkje hjelp. Forsking tyder på at menn gjerne utviser meir risikofylt åtferd enn kvinner på mange område, særleg knytt til helse, tryggleik og bruk av rusmiddel (Helsedirektoratet, 2024a).

Det er ein sterk sosial gradient i førekomsten av ikkje-smittsame sjukdommar. Det vil seie at sjukdomsbyrda er størst blant personar med færrast sosioøkonomiske ressursar, og at risikoen aukar gradvis i takt med lågare utdanning og inntekt. FHI har undersøkt førekomsten av ikkje-smittsame sjukdommar blant personar i alderen 50–64 år som budde i Noreg i 2023. Resultata viser at dobbelt så mange menn med berre grunnskuleutdanning hadde éin eller fleire ikkje-smittsame sjukdommar samanlikna med menn med høgare universitets- og høgskuleutdanning (høvesvis 31 prosent og 15 prosent) (Dalene et. al., 2026). Dei store sosiale forskjellane var særleg tydelege for hjarte- og karsjukdommar, diabetes type 2 og kols. Dei same sosiale gradientane blei funne hos kvinner, men førekomsten var lågare for dei fleste sjukdommane. Dei store sosiale ulikskapane viser at det er eit betydeleg potensial for førebygging av ikkje-smittsame sjukdommar: Ved å rette tiltak mot sentrale risikofaktorar for ikkje-smittsame sjukdomar gjennom heile livsløpet er det teoretisk mogleg å halvere førekomsten blant mennene med lågast utdanning og inntekt.

Kjønnsforskjellar og sosioøkonomiske ulikskapar i levevanar som kosthald, fysisk aktivitet og tobakks- og alkoholbruk bidreg vesentleg til variasjonen i vanhelse og dødelegheit av ikkje-smittsame sjukdommar (Syse et al., 2022). Røyking er ein stor risikofaktor for hjarte- og karsjukdommar og bidreg til den høge førekomsten av sjukdomsgruppa blant menn (Dalene et al., 2026). Sjølv om andelen som røykjer dagleg har halde seg stabil på om lag 7 prosent dei siste åra, har andelen som røykjer av og til, auka med høvesvis 24 og 18 prosent blant menn og kvinner i aldersgruppa 16–24 år. I aldersgruppa 25–44 år er dagleg røyking meir utbreidd blant menn enn blant kvinner. Andelen som røykjer dagleg, er høgast i aldersgruppa 45–79 år, med noko fleire kvinner enn menn (SSB, 2025e). Røyking er i større grad utbreidd blant personar med lågare utdanning og blant menn med innvandringsbakgrunn (FHI, 2026b). Det har blitt vanlegare å bruke snus dagleg enn å røykje. Menn bruker framleis snus oftare enn kvinner i alle aldersgrupper, men sidan 2016 har den daglege bruken auka markant for begge kjønn. Blant kvinner har andelen auka frå 6 til 11 prosent, og blant menn har han auka frå 14 til 21 prosent (SSB, 2025e).

Menn har gjennomgåande eit høgare alkoholforbruk enn kvinner, rapporterer oftare episodisk høgt inntak og har i alle aldrar langt

høgare risiko for å utvikle alkoholbrukslidingar (Ørstavik, Moan & Christiansen, 2026; Helsedirektoratet, 2026c). Om lag 8 prosent av menn og 3 prosent av kvinner opplever ei alkoholbruksliding i løpet av ein tolvmånadersperiode (Reneflot et al., 2018). Ved auka alkoholkonsum aukar også risikoen for ulykker, vald og sjølvmordsforsøk, og eksisterande helseutfordringar kan forsterkast. Det er òg kjønnsforskjellar i bruken av dopingmiddel, og langt fleire menn enn kvinner bruker anabole steroid (FHI, 2013). Menn bruker cannabis i større grad enn kvinner (Helsedirektoratet, 2026a). Etter cannabis er dei sentralstimulerande stoffa kokain, ecstasy/MDMA og amfetamin dei mest brukte illegale rusmidla. Også desse stoffa er mest utbreidde blant menn og i dei yngste aldersgruppene (Helsedirektoratet, 2026a).

Menn har generelt mindre gunstige kosthaldsvanar enn kvinner, med høgare inntak av raudt kjøtt, salt og sukkerhaldig drikke og lågare inntak av frukt, bær, grønsaker og fiber (Abel et al., 2026). Samtidig er det ein sosial gradient i kosthaldet der personar med høgare utdanning i større grad følgjer kostråda enn det personar med lågare utdanning gjer. Når det gjeld fysisk aktivitet, er det ein større andel menn enn kvinner som oppfyller tilrådingane om fysisk aktivitet (Helsedirektoratet, 2025b), men også her er det ein tydeleg sosial gradient der menn med låg utdanning i mindre grad oppfyller dei.

Overvekt og fedme er meir utbreidd både blant menn og blant personar med lågare utdanning. Dette er ei kompleks utfordring der både levevanar som kosthald og fysisk aktivitet speler inn, saman med genetisk disposisjon og miljøfaktorar (Meyer & Juliusson, 2026).

Personar med kort utdanning og låg inntekt er generelt meir utsette for skadar og dårleg helse enn personar frå grupper med lang utdanning og høg inntekt. Arbeidsrelaterte risikofaktorar, rusmiddelbruk og ulik tilgang til førebyggjande tiltak kan bidra til auka sårbarheit (Solbakken et al., 2026). Samtidig påverkar sosiale og kulturelle normer korleis ulike grupper tek til seg informasjon om helse og førebygging.

Boks 6.3 Helseutfordringar i den samiske befolkninga

Det er utfordrande å lage statistikk om den samiske befolkninga, mellom anna fordi etnisitet ikkje blir registrert i nasjonale helseregister. Undersøkingar i område med samisk og norsk busetjing viser at både kvinner og menn med samisk bakgrunn rapporterer om meir psykiske plager enn dei utan samisk bakgrunn i dei same geografiske områda, og i litt større grad om dårleg fysisk helse (Torheim et al., 2026). Personar med samisk bakgrunn rapporterer òg i større grad enn personar med ikkje-samisk bakgrunn at dei har vore utsette for vald i barndommen og/eller i vaksen alder (Torheim et al., 2026). Det manglar nyare kunnskap om førekomsten av sjølvmord og sjølvmordsåtferd i den samiske befolkninga. Senter for samisk helseforsking har gjennomført større befolkningsundersøkingar i kommunar med samisk befolkning i 2003–2004 og 2012–2014, kalla SAMINOR 1 og 2. Studiane har påvist fleire helseutfordringar i den samiske befolkninga utan at årsakssamanhengane er kjende. Ei større undersøking, SAMINOR 3, blei gjennomført i 2023–2025 og inkluderte nord-, lule- og sørsamiske område.

6.1.1 Seksuell helse blant menn

Mannsutvalet (NOU 2024: 8) vurderer at menns utfordringar med seksualitet og seksuell dysfunksjon ikkje blir møtte på ein god nok måte i helsevesenet i dag.

For gutar og menn kan tradisjonelle førestillingar om maskulinitet, som forventingar om seksuelt initiativ, prestasjon, virilitet og heteronormativitet, gjere det vanskeleg å snakke ope om eigne erfaringar, utfordringar og behov. Mange menn opplever varige problem med ereksjon eller andre seksuelle funksjonar, og dette kan påverke sjølvkjensla og identiteten for mange. Terskelen for å ta opp og få hjelp med slike utfordringar er høg for mange.

Gutar oppsøkjer i mindre grad informasjon om og tenester knytte til seksuell helse, og opplever i mindre grad undervisninga om kjønn og seksualitet som relevant. Skulen har ansvar for å gi elevar kunnskap om kropp, seksualitet, kjønn, grenser og respekt for andre, og seksualitetsopplæringa er ein del av det tverrfaglege temaet folkehelse og livsmeistring, som skal fremje god helse og gode livsval. Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet utviklar ein kompetansepakke som skal støtte arbeidet til skulane med seksualitet, kjønn, grensesetjing og relasjonar. Les meir om undervisning om kjønn og seksualitet i kapittel 7.6.3.

Sosial isolasjon og mangel på trygge samtalar om kjensler og seksualitet kan svekkje menns seksuelle helse. Det tradisjonelle mannsidealet kan gjere det vanskeleg å be om hjelp, også for menn som har vore utsette for seksuelle overgrep. Samtidig kan tronge kjønnsnormer bidra til at nokre menn utviklar ei seksuell åtferd som er skadeleg både for dei sjølve og andre.

Erfaringar frå samtaletilbod viser at enkelte menn slit med hyperseksualitet, som høgt konsum av pornografi eller avhengnad av sexkjøp. Ein kvalitativ studie frå Redd Barna viser at ein del barn og unge har fri tilgang til pornografi på nettet lenge før eigen seksualitet og eige tenningsmønster er etablert (Berggrav, 2020). Pornografisk innhald inneheld ofte vald og krenkjande framstillingar, og ein del av materialet som sirkulerer, er dokumenterte overgrep. Politiet åtvarar om at auka deling av og eksponering for grovare seksualisert materiale kan bidra til haldningsendringar og ei normalisering av overgrep, noko som kan vere ei drivkraft for nye seksuallovbrot (Politiet, 2024). Forskinga på samanhengane mellom pornografi, kjønnsroller og seksualitet er likevel framleis avgrensa i norsk samanheng.

Mannsutvalet meiner at kunnskapen om menns seksuelle helse er mangelfull på fleire område, og at det er behov for meir forsking på årsakene til og konsekvensane av fallande sædkvalitet, kjønnssjukdommar som særleg rammar menn, betydinga av pornografibruk og seksuell helse blant menn som har sex med menn. Mannsutvalet peikar òg på at mannleg seksualitet i mindre grad blir anerkjend som mangfaldig og positiv og oftare blir knytt til problematiske eller uønskte uttrykk.

6.2 Tiltak for å styrkje folkehelsa

Regjeringa arbeider for ei friskare befolkning og for at alle skal ha likeverdige høve til ei best mogleg helse. For å nå dette målet må helsepolitikken ta omsyn til at det er vesentlege kjønnsforskjellar i helse og sjukdom. Mykje av menns sjukdom og funksjonstap er mogleg å førebyggje. Det er behov for breie befolkningsretta tiltak som treffer alle, også på område der menn blir ramma særskilt. I tillegg er det behov for målretta tiltak overfor høgrisikogrupper blant menn. Å fremje god helse blant gutar og menn vil styrkje folkehelsa generelt.

Folkehelsepolitikken har mål om fleire friske leveår, slik at barn, unge, vaksne og eldre får betre føresetnader for å leve eit friskare liv og mindre behov for helse- og omsorgstenester. Vi har tre overordna nasjonale folkehelsemål: Noreg skal vere blant dei tre landa i verda som har høgast levealder, befolkninga skal oppleve fleire leveår med god helse, trivsel og færre sosiale helseforskjellar, og vi skal skape eit samfunn som fremjar helse i heile befolkninga. Gjennom folkehelsepolitikken blir det arbeidd med å oppnå fleire friske leveår for alle menn, særleg menn med låg inntekt og kort utdanning, som er meir utsette for sjukdom og tidleg død. Innsatsen blir omtalt i Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga*, som er den nasjonale strategien for å jamne ut sosiale helseforskjellar.

Eit sentralt grep er å styrkje kunnskapsgrunnlaget om korleis kjønn, og kjønn i kombinasjon med andre faktorar, påverkar levevanane, livskvaliteten og helsa til folk. Det inneber å innhente, analysere og samanlikne helsedata fordelt på kjønn og gjere denne kunnskapen tilgjengeleg som grunnlag for avgjerder i helsesektoren og for andre samfunnssektorar. Ei rekkje nasjonale helsedata frå befolkningsundersøkingar er samla under Folkehelseinstituttet. Folkehelserapporten og Helsedirektoratets sektorrapport bidreg til kunnskapsgrunnlaget for folkehelsemeldinga, som blir lagd fram om lag kvart fjerde år. Helse- og omsorgsdepartementet og Helsedirektoratet bidreg til at ulike satsingar, som handlingsplan for fysisk aktivitet, program for eit aldersvennleg Noreg og forskjellige folkehelsekampanjar, tek omsyn til kjønnsrelaterte helseutfordringar gjennom livsløpet. Ei slik tilnærming skal bidra til meir treffsikre tiltak og betre måloppnåing i folkehelsearbeidet.

Kunnskap om kjønn bør inngå når befolkningsretta tiltak på folkehelseområdet, tilrådingar og rettleiingar skal utformast. Kravet i folkehelselova om eit kunnskapsbasert og systematisk folkehelsearbeid inneber at relevante forskjellar i helse mellom kvinner og menn bør takast med i vurderinga. Kjønnsperspektivet kan dermed vere viktig for å sikre at folkehelsetiltak blir tilpassa ulike behov i befolkninga. Kjønnsperspektivet er implisitt ein del av det systematiske oversiktsarbeidet ettersom dataa er kjønnsdelte, men ulikskapane kan tydeleggjerast.

Regjeringa trekkjer i tillegg fram følgjande tiltak:

- gjennomføring av nasjonal livskvalitetsstrategi (2025–2030) og vidare oppfølging
- tilrådingar om skjermbruk for barn og unge
- nasjonalt program for rusmiddelførebygging
- innsats for redusert bruk av tobakks- og nikotinprodukt
- handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029

Boks 6.4 Forslaget om eit mannshelseutval

Mannsutvalet foreslår å setje ned eit eige mannshelseutval. Grunngivinga er at det finst systematiske og lite utgreidde kjønnsforskjellar i helse som går i menns disfavør, og at kunnskapsgrunnlaget og tenestetilbodet ikkje er godt nok tilpassa dette (NOU 2024: 8).

Alle innbyggjarar har rett til likeverdige tenester etter behov, uavhengig av økonomi, sosial status, kjønn, etnisitet, seksuell orientering, alder, funksjonsevne og kvar i landet dei bur.

Regjeringa legg til grunn at menn sine helseutfordringar blir følgde opp innanfor den eksisterande folkehelsepolitikken og etablerte strategiar, der det blir lagt vekt på sosiale forhold, risikoåtferd og bruk av helsetenester. I denne meldinga er regjeringa tydeleg på at kjønnsperspektivet, det vil seie merksemd om kvinner og menn sine særskilde helseutfordringar, blir vektlagt i politikkutviklinga og i utviklinga av helse- og omsorgstenester framover.

Menns helse blir omhandla vidare i ei rekkje arbeid, mellom anna i Meld. St. 23 (2022–2023) *Opptrappingsplan for psykisk helse (2023–2033)*, *Bedre helsehjelp – flere gode år (2025–2033)* – Handlingsplan for å heve levealderen hos mennesker med alvorlige psykiske lidelser og/eller alvorlige rusmiddelproblemer, Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar*, Meld. St. 5 (2024–2025) *Trygghet, fellesskap og verdighet. Forebyggings- og behandlingsreformen for rusfeltet Del I – en ny politikk for forebygging, skadereduksjon og behandling*, Meld. St. 9 (2023–2024) *Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024–2027* og Meld. St. 11 (2025–2026) *Helsepersonellplan 2040*.

- tiltak for å redusere sosiale kosthaldsforskjellar
- meir kunnskap om somatisk helse, psykisk helse, rusmiddelproblem og livskvalitet blant menn i lågaste inntektskvartil
- tiltak for å auke helsekompetansen i befolkninga
- følgje opp strategien for god seksuell helse – vårt felles ansvar

6.2.1 Nasjonal livskvalitetsstrategi (2025–2030) og vidare oppfølging

Den reviderte folkehelselova frå 2026 gir psykisk helse og livskvalitet ein tydelegare plass i folkehelsearbeidet. Grunnlaget for kommunane sitt systematiske arbeid med livskvalitet og einsemd er styrkt gjennom at det er teke inn i revisjonen av folkehelselova.

Nasjonal livskvalitetsstrategi (2025–2030) tek utgangspunkt i at livskvaliteten i Noreg er høg, men ujamt fordelt, og at utviklinga går i negativ retning for enkelte grupper (Helse- og omsorgsdepartementet, 2025a). Den faktoren som påverkar livskvaliteten til befolkninga mest, er sosial støtte og tilhøyrsel.

Regjeringa har gitt Helsedirektoratet, i samarbeid med FHI, i oppdrag å utarbeide eit utkast til ein handlingsplan for å fremje livskvalitet og førebyggje og redusere einsemd.

Sjå òg omtale av einsemd i kapittel 8.

6.2.2 Tilrådingar om skjermbruk for barn og unge

Skjermbruk påverkar søvn, helse, leik og sosial aktivitet, faktorar som er viktige for psykisk helse og livskvalitet. Fleire gutar enn jenter i barneskulealder bruker over tre timar på skjerm kvar dag. Det kjem i hovudsak av at gutar bruker meir tid på dataspel enn jenter. Frå ungdomsskulen og utover er den totale skjermtida per dag ganske likt fordelt mellom kjønna (Enstad & Bakken, 2024).

Regjeringa har bedt direktorat som har ansvar for trygg digital oppvekst, om å samle skjermråda sine på éin stad, foreldrehverdag.no. Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet og Medietilsynet har saman utarbeidd felles tilrådingar om skjermbruken til barn og unge på fritida, i barnehagen, på skulen og på SFO. Formålet er at foreldre og yrkesgrupper som jobbar med barn og unge, enkelt skal finne oppdatert og kvalitetssikra informasjon og få råd om korleis skjermen kan brukast på ein sunnare og tryggare måte. Tilrådingane handlar òg om at skjermen ikkje skal stå i vegen for det som gir oss god helse. Tid på skjerm bør ikkje fortrengje andre aktivitetar som er viktige for god helse og livskvalitet, som å vere saman med andre, sove eller vere fysisk aktive.

Tilrådingane åtvarar dessutan mot risiko som følgjer direkte av sjølve skjermbruken. Her blir konkrete appar og tenester som TikTok, YouTube og Snapchat trekte fram. Bakgrunnen for dette er mellom anna det avhengnadsdannande designet til desse appane, skadeleg innhald og potensialet for rekruttering til kriminalitet.

6.2.3 Nasjonalt program for rusmiddelførebygging

Menn har eit høgare alkoholforbruk enn kvinner. Menn drikk oftare, og dei har oftare eit høgt kunsum per gong. Menn har òg eit høgare forbruk av ulovlege rusmiddel, og særleg har det vore ein urovekkjande auke i bruken av kokain. Helsedirektoratets levevanekampanjar tek omsyn til kjønn og legg kunnskap om ulikskap i levevanar til grunn for kampanjar (FHI, 2023).

Regjeringa styrkjer det kunnskapsbaserte rusmiddelførebyggjande arbeidet gjennom *Nasjonalt program for rusmiddelførebygging retta mot barn og unge*. Programmet skal bidra til auka bruk av kunnskapsbaserte metodar i det lokale førebyggjande arbeidet. I 2027 blir det foreslått å føre vidare arbeidet med programmet. Helsedirektoratet skal mellom anna vidareutvikle ein portefølje av fagleg tilrådde tiltak, leggje til rette for lokal implementering og styrkje kunnskapsformidlinga. Regjeringa piloterer òg eit globalt førebyggingssystem, CHAMPS, i to utvalde kommunar.

6.2.4 Innsats for redusert bruk av tobakks- og nikotinprodukt

Det er særleg blant unge menn at røyking og snusbruk er meir utbreidd enn blant unge kvinner. Både røyking og bruk av snus inneber risiko for alvorlege helseskadar.

Tobakksstrategien til regjeringa har som mål å oppnå ein tobakks- og nikotinfri generasjon. Barn og unge er særleg sårbare for nikotin (Meld. St. 15 (2022–2023)). Tiltaka i strategien skal redusere bruken av tobakks- og nikotinprodukt, særleg blant barn og unge, og gjere det lettare for folk å slutte å bruke dei. Målet er òg å verne befolkninga mot passiv røyking.

I tobakksstrategien er det fleire tiltak med mål om å redusere bruken av tobakks- og nikotinprodukt, som betre hjelp til tobakksavvenning, utvida røykjeforbod, redusert tilgjengelegheit, forbod mot nettsal, høge avgifter, sterkare helseåtvaringar og redusert eksponering på sosiale medium.

Boks 6.5 Gåfotball

Gåfotball er ein tilpassa variant av fotball. Sporten er organisert under Norges Fotballforbund (NFF), som igjen er eit særforbund under Norges idrettsforbund. Gåfotball er ein raskt veksande sport. Han er spesielt retta mot eldre vaksne (40+, 50+, 60+ og 70+), men passar for alle, uansett kjønn, alder eller ferdigheitsnivå. Det blir lagt stor vekt på sosialt samvær etter treningane, så tiltaket kan derfor vere godt eigna til å redusere einsemd.

6.2.5 Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029

Personar med høg utdanning og god økonomi er oftare fysisk aktive enn andre, det gjeld også for gutar og menn.

Målet med *Handlingsplan for fysisk aktivitet 2020–2029* er eit meir aktivitetsvennleg samfunn der alle, uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå og sosial bakgrunn, får høve til å vere fysisk aktive (Helse- og omsorgsdepartementet, 2020). Regjeringa har som mål å auke andelen av befolkninga som oppfyller dei helsefaglege tilrådingane om fysisk aktivitet, med 15 prosentpoeng innan 2030. Planen omfattar tiltak for gå- og aktivitetsvennlege nærmiljø, meir fysisk aktivitet i barnehage og skule, aktivitet i arbeidslivet og tiltak innanfor friluftsliv, idrett og helse- og omsorgstenester. Det blir òg arbeidd med kunnskapsutvikling, innovasjon og betre bruk av fysisk aktivitet innanfor førebygging og behandling. Informasjonskampanjar om levevanar, mellom anna fysisk aktivitet, kan vere effektive når bodskapen er basert på innsikt i ulike målgrupper, til dømes menn i sosioøkonomiske grupper som er lite aktive. Tiltak som fremjar fysisk aktivitet, kan òg utformast slik at dei tiltrekkjer seg fleire menn, slik til dømes gåfotball gjer.

6.2.6 Tiltak for å redusere sosiale forskjellar i kosthald

Målet med kosthaldspolitikken er å få fleire til å følgje kostråda og redusere forskjellar i kosthaldet mellom grupper, inkludert forskjellar mellom kjønn og ulike sosiale grupper.

Dei viktigaste tiltaka til regjeringa er å gjere det enklare å ta sunne val, mellom anna gjennom eit meir forpliktande samarbeid med matbransjen.

Regjeringa har innført eit forbod mot å marknadsføre usunn mat og drikke særleg retta mot barn under 18 år. Formålet med forbodet er å verne barn og ungdom mot aukande og målretta marknadsføring av usunne produkt og jamne ut sosiale forskjellar. Regjeringa har òg innført forbod mot sal av energidrikk til barn under 16 år. Gutar har høgare inntak av energidrikk enn jenter. Kommunikasjonskampanjar om kosthald tek omsyn til kjønnsperspektivet.

6.2.7 Meir kunnskap om somatisk helse, psykisk helse, rusmiddelproblem og livskvalitet blant menn i lågaste inntektskvartil

For å styrkje kunnskapsgrunnlaget om menns helse og forskjellar i forventa levealder har regjeringa gitt Statistisk sentralbyrå i oppdrag å utarbeide ei samla kunnskapsoppsummering om helse og livskvalitet blant menn i lågaste inntektskvartil, samanlikna med menn i høgare inntektskvartil og med kvinner. Målet er å styrkje kunnskapsgrunnlaget for tiltak som kan redusere sosial ulikskap og kjønnsforskjellar i helse.

Rapporten blir lansert i november 2026.

6.2.8 Auke helsekompetansen i befolkninga

I Meld. St. 9 (2023–2024) *Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024–2027 – Vår felles helsetjeneste* er auka helsekompetanse i befolkninga løfta fram som viktig for at alle skal ha den same tilgangen til tenester, og at pasientar og brukarar skal få hjelp på rett stad og til rett tid.

Helsekompetanse handlar om evne til å finne, forstå, vurdere og bruke informasjon om eiga helse. God helsekompetanse er svært viktig i dagens samfunn, der befolkninga blir eksponert for store mengder helseinformasjon frå ulike kjelder og kanalar. Informasjon til befolkninga må vere lett å forstå, og tenestene må leggjast til rette slik at dei er tilgjengelege for alle. God helsekompetanse kan gjere den enkelte betre i stand til å handtere si eiga helse, ta informerte val og delta meir aktivt i oppfølginga. God helsekompetanse kan derfor gjere det lettare for menn å oppsøkje helsevesenet når dei opplever helseutfordringar. Som ein del av regjeringa sitt prosjekt om ei friskare befolkning vil innsatsen i helse- og omsorgstenesta for å bidra til førebygging og styrkt eigenmeistring vere viktig.

6.2.9 Følgje opp strategien *God seksuell helse – vårt felles ansvar*

Regjeringa vil leggje til rette for at alle i samfunnet kan ha ei god seksuell helse.

For å styrkje den seksuelle helsa til menn er det behov for openheit, tilpassa tenester, kompetanse i helsetenestene og eit oppgjer med avgrensande kjønnsroller. Det er viktig å erkjenne at menn ikkje er ei einsarta gruppe, og at alder, helse, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering og/eller kjønnsidentitet, etnisitet og sosioøkonomisk bakgrunn påverkar erfaringar og behov på ulike måtar.

Det overordna målet med regjeringsstrategien *God seksuell helse – vårt felles ansvar: Strategi for seksuell helse* er god seksuell helse for heile befolkninga gjennom heile livsløpet (Helse- og omsorgsdepartementet, 2025b).

Her er tre sentrale føresetnader for å nå dette målet:

- fremje seksuelle rettar, respekt for mangfald og positive haldningar til seksualitet
- auke kunnskapen om og kompetansen på seksualitet og seksuell helse
- fremje god seksuell helse og tenester som når alle

Eit særleg sentralt mål i strategien for gutar og menn er å jamne ut kjønnsforskjellar i bruk av helsestasjons- og skulehelsetenesta og andre lågterskeltilbod (Helse- og omsorgsdepartementet, 2025b). Det er ei sterk fagleg tilråding at helsestasjon for ungdom bør setje i verk tiltak for å nå gutar i større grad og dermed jamne ut forskjellar i bruk av tenesta. Eit anna relevant mål i strategien er at tilsette i helse- og omsorgstenesta skal ha nødvendig og relevant kompetanse for å tematisere seksuell helse.

Ei heilskapleg undervisning om kjønn og seksualitet gjennom skuleløpet skal gi barn og unge kunnskap, ferdigheiter og haldningar som fremjar god seksuell helse og respektfulle relasjonar. Undervisninga skal vere kunnskapsbasert og alderssensitiv og omfatte tema som seksuell utvikling, relasjonar, kjensler, kroppsbilete, kjønnsroller og seksuell og reproduktiv helse. Regjeringa legg til grunn at undervisninga skal vareta mangfald og bidra til trygge læringsmiljø for alle elevar, særleg for dei som bryt med normer for kjønn og seksualitet eller tilhøyrer minoritetar.

Boks 6.6 Porno eller fakta?

Reform – ressurssenter for menn har eit prosjekt som har som formål å gi informasjon om kropp, grenser og positiv seksualitet for gutar og unge menn. I dag får gutar mykje av informasjonen om seksuell helse frå porno og sosiale medium, og det kan gi dei eit urealistisk og usunt bilete av kva sex inneber. I prosjektet, som har fått tilskot frå Helsedirektoratet, har Reform utvikla korte videoar som tek opp vanlege misforståingar, mytar og problematiske framstillingar av sex.

Ettersom gutar i mindre grad oppsøkjer informasjon og tenester knytte til seksuell helse og i mindre grad opplever undervisninga i skulen som relevant, bør innhaldet tilpassast gutars erfaringar. Tema som kropp, maskulinitetsnormer, kjensler, samtykke, grensesetjing og ansvar i relasjonar bør integrerast for å styrkje refleksjonsevna, empatien og handlingskompetansen deira.

Boks 6.7 Spørsmål om sex og porno til ung.no

Ung.no er ein statleg informasjonskanal som gir ungdom kvalitetssikra informasjon. Ung.no gir grunnleggjande kunnskap om seksualitet gjennom postar på sosiale medium og ved å svare på spørsmål som ungdommen sender inn. Spørsmåla og svara blir gjorde tilgjengelege slik at dei kjem mange til nytte.

Over 10 prosent av spørsmåla som tenesta får inn, handlar om sex, noko som viser at det er eit stort behov for informasjon og kunnskap hos ungdommen (ung.no, 2025). Det er generelt færre gutar enn jenter som aktivt oppsøkjer hjelp i spørsmål og svar-tenesta, men kjønnsforskjellen er mindre når det gjeld spørsmål om sex.

Ein tydeleg trend Ung.no observerer, er at stadig fleire ungdommar ser på porno – både som ei kjelde til læring, fordi dei er nysgjerrige og for å inspirere eige sexliv og påverke tenning. Ung.no ser òg ein auke i spørsmål om pornoavhengnad. I tillegg er det fleire spørsmål om problematisk og skadeleg seksuell åtferd som tilsynelatande er inspirerte av porno. Sjå òg tekstboksen om Ung.no i kapittel 7.

Regjeringa vil vidare styrkje kompetansen på kjønn, seksualitet og kjønnsforskjellar i elevar si læring og helseåtferd blant lærarar og andre tilsette i skulen. Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet skal vidareutvikle og ta i bruk kompetansepakkar som støttar skulen sitt arbeid med folkehelse og livsmeistring, inkludert seksualitet, relasjonar og grensesetjing.


6.3 Psykiske helseutfordringar blant menn

Menn skårar samla noko høgare enn kvinner på tilfredsheit med eiga psykisk helse, og fleire menn rapporterer om ei overvekt av positive kjensler (SSB, 2025f). Utviklinga i psykiske plager blant unge gir likevel grunn til bekymring.

Data frå Helseundersøkelsen i Trøndelag (HUNT) viser ein stor auke i symptom på angst og depresjon blant unge og unge vaksne dei siste tiåra, både blant kvinner og menn (NOU 2024: 8, s. 181). Sjølv om psykiske plager framleis er meir utbreidde blant kvinner, viser studien at auken frå 1995 til 2019 har vore markant også blant unge menn, særleg i aldersgruppene 20–29 år og 30–39 år. 6,9 prosent av både menn og kvinner i aldersgruppa 30–39 år hadde symptom på depresjon i byrjinga av perioden, og i 2019 hadde andelen auka til 11,6 prosent av mennene, mot 8,9 prosent av kvinnene (NOU 2024: 8, s. 181).

Også Ungdata-tal viser ein auke i sjølvrapporterte psykiske helseplager i perioden 2014–2023 (Helsedirektoratet, 2025c; FHI, 2026b). Ungdom med låg sjølvrapportert sosioøkonomisk status rapporterer om høgare nivå av psykiske plager. Erfaringar frå Ung.no tyder på at fleire gutar enn tidlegare tek kontakt om psykisk helse.

Andelen unge som blei registrerte med ei psykisk liding i spesialisthelsetenesta, auka i perioden 2010–2022. Auken var særleg stor blant tenåringsjenter og unge kvinner. Utviklinga har flata ut eller gått noko ned etter 2022, men for enkelte diagnosar har auken halde fram, mellom anna ADHD- og autismespekterdiagnosar. Auken har vore stor for begge kjønn, men størst for jenter og unge kvinner. Samtidig er det blant barn under 16 år med ein ADHD-diagnose ei klar overvekt av gutar. Blant gutar mellom 6 og 12 år har det frå 2010 til 2022 nesten vore ei dobling i talet på nye ADHD-diagnosar (Aase, Pettersen, Bang, Havdahl, & Biele, 2025). For autismespekterdiagnosar er



Figur 6.2 Psykiske plager hos gutar i ulike undersøkingar

Kjelde: (Bang et al., 2026).

gutar og menn overrepresenterte i alle aldersgrupper (Bang et al., 2026).

Det har vore ein auke i andelen unge som blir uføre på grunn av psykiske plager og lidingar. Dette heng særleg saman med auken i talet på barn og unge med utviklingsforstyrringar, hyperkinetiske forstyrringar og åtferdsforstyrringar. Det er fleire unge menn enn unge kvinner som får uføretrygd på grunn av psykiske plager og lidingar.

Sjølv om mange psykiske helseutfordringar rammar begge kjønn, er det kjønnsforskjellar i kva plager og lidingar kvinner og menn oftast opplever. Menn har høgare risiko for mellom anna alvorlege psykoselidingar, rusmiddellidingar og rusrelaterte problem, valds- og aggresjonsvanskar og åtferdsvanskar. Slike utfordringar fører ofte til kontakt med andre tenester enn psykiske helsetenester, til dømes politi, kriminalomsorg, rusbehandling eller akuttmedisinske tenester. Tal frå 2023 viser at om lag 18 prosent av alle menn og 26 prosent av alle kvinner var i kontakt med primærhelsetenesta og/eller spesialisthelsetenesta på grunn av psykiske symptom og lidingar i løpet av eitt år (Kirkøen et al., 2026).

Det er òg vesentlege forskjellar i psykisk helse og livskvalitet internt i gruppa menn, og faktorar som inntekt, utdanningsnivå, sivilstatus og alder har mykje å seie. Førekomsten av angst, depresjon, sjølvmordstankar og sjølvmordsforsøk er høgare blant skeive enn blant heterofile og cispersonar. Det gjeld òg for homofile og bifile menn (Andersen, Eggebø, Stubberud, & Holmelid, 2021).

Mannsutvalet peikar på at psykisk helsearbeid i større grad må ta høgd for kjønnsforskjellar i symptombilete, kommunikasjonsform og hjelpesøking. Utvalet meiner òg at det trengst meir forsking på korleis psykisk helse blir påverka av kjønnsroller og samfunnsforventingar.

Forsking frå Norden viser at unge menn i større grad enn unge kvinner synest det er vanskeleg å søkje hjelp, delta i samtalar om psykisk helse og erkjenne eigne psykiske utfordringar (Randell, 2023). Mykje tyder på at tradisjonelle

Boks 6.8 Påverkar kjønnsnormene eigenrapporteringa om psykisk helse?

Enkelte forskarar reiser spørsmål ved om jenter og kvinner kan vere meir tilbøyelege til å rapportere om kjensler, særleg negative kjensler, fordi dette i større grad samsvarer med rådande førestillingar om femininitet (Bakken & Sletten, 2026). Normer for maskulinitet og femininitet kan påverke korleis psykisk helse kjem til uttrykk og blir rapportert, og dermed òg korleis kjønnsforskjellar blir forstått og målte. Samtidig har vi avgrensa kunnskap om korleis kjønnsroller og samfunnsmessige forventingar påverkar den psykiske helsa og livskvaliteten til menn, slik Mannsutvalet òg påpeikar.

Boks 6.9 Livskvalitet og psykisk helse hos skeive

Lhbt+-personar rapporterer oftare om psykiske helseplager, inkludert angst og depresjon, og har oftare sjølvmordstankar og sjølvmordsforsøk enn heterofile og cispersonar, særleg blant bifile og transpersonar (Anderssen, Eggebø, Stubberud, & Holmelid, 2021).

Livskvalitetsundersøkinga frå 2020 viser at 38 prosent av alle skeive er lite nøgde med den psykiske helsa si. Det er 16 prosentpoeng meir enn i befolkninga generelt, der 22 prosent svarer det same. Bifile er gruppa med størst andel som er lite nøgd med den psykiske helsa si (42 prosent), etterfølgt av lesbiske og homofile (37 prosent) og personar med anna seksuell orientering (35 prosent) (Gram, 2021). Alder, utdanning, yrkesdeltaking, inntekt og samlivsstatus kan forklare noko av forskjellen i livskvalitet mellom desse gruppene, men også når det blir kontrollert for desse faktorane, er gruppene mindre tilfredse med livet enn heterofile (Arnesen H. S., 2024b).

Regjeringa har sett i gang ei ny nasjonal levekårsundersøking blant mangfaldet av skeive i Noreg. Undersøkinga vil gi oppdaterte og meir detaljerte data om livskvalitet og psykisk helse, med særleg vekt på bifile og transpersonar, og betydinga av mellom anna etnisitet, alder og funksjonsnedsetjing. Resultata er venta i 2027 og vil bidra til eit meir presist kunnskapsgrunnlag for vidare politikk- og tenesteutvikling.

Boks 6.10 Kroppspress og spiseforstyrringar er eit aukande problem

Det er viktig å synleggjere at gutar og menn òg kan ha alvorlege spiseforstyrringar og stor kroppsmisnøye, og at det kan komme til uttrykk på andre måtar enn hos mange jenter. For gutar og menn kan utfordringane oftare vere knytte til eit ideal om å vere både slank og muskuløs, noko som kan gi seg utslag i eit rigid kosthald, overtrening, bruk av kosttilskot, anabole steroid og andre ulovlege prestasjonsfremjande middel og svelting eller anna kroppskontrollerande åtferd. Når spiseforstyrringar og kroppspress i stor grad er forbunde med jenter, kan det bidra til at tenestene i mindre grad oppdagar og fangar opp problema til gutar og menn.

Ein studie viser at gutar som er overopptekne av å byggje musklar, har auka risiko for å slite med psykiske problem (NOU 2019: 19, s. 228). #UngIDag-utvalet meiner at både foreldre og jamaldringar er viktige for korleis idealet om kropp og utsjånad blir forma, og auka skjermbruk med reklame og influensarar har òg stor påverknad. Sosiale medium kan leggje eit stort press på gutar gjennom framstilling av «perfekte» kroppar og gjennom råd om trening og kosthald.

Ein medieanalyse som Bufdir har bestilt, viser at jenter og gutar i sosiale medium blir presenterte for svært ulike trenings- og kosthaldsideal. Gutar blir eksponerte for ein såkalla #Gymbro-kultur (styrketrening, musklar og yting) og kosthaldsråd som skal gi best mogleg treningsutbytte (TRY, 2026). Sjølv om det i utgangspunktet er positivt å vere oppteken av kosthald og trening, kan ei overinteresse leie til ei spiseforstyrra åtferd (Dane & Bhatia, 2023). Mykje av informasjonen på sosiale medium kan vere villeiande eller i verste fall feil. Det kan forsterke stereotype oppfatningar om at gutar skal vere muskuløse og sterke. Ungdom som bruker mykje tid på sosiale medium, ser ut til å vere meir sårbare for kroppspress enn ungdom som bruker mindre tid på dette (NOU 2019: 19, s. 229).

Erfaringar frå Ung.no viser over tid eit aukande fokus på kroppspress, også hos gutar. Gutar heilt ned til 13-årsalderen stiller spørsmål om trening, slanking og bruk av prestasjonsfremjande preparat. Dei spør òg om trendar og bruker då omgrep som «jawline», «mewing» og «ripped». Bruk av peptid er ei ny problemstilling i spørsmål frå gutane det siste året.

maskulinitetsnormer legg vekt på eigenskapar som kan stå i vegen for å søkje hjelp, og det er godt dokumentert at unge menn i mindre grad enn unge kvinner søkjer hjelp ved psykiske utfordringar (Randell, 2023). Sjå óg omtale i kapittel 6.8.

Einsemd blir omtalt i kapittel 8.

6.4 For mange menn døyr i sjølvmord

Sjølvmord er ei alvorleg folkehelseutfordring, og menn er særleg utsette. Av dei 676 registrerte sjølvmorda i Noreg i 2025 var heile 76 prosent menn. Talet på sjølvmord er høgast i aldersgruppene 30–49 år og 50–69 år. Samla sett var det noko færre sjølvmord i 2025 enn i 2023 og 2024.

Årsakene til sjølvmord og sjølvmordsforsøk er samansette og heng saman med ulike livsfaktorar. Psykiske lidingar, låg sosioøkonomisk status, familiehistorikk med sjølvmord, alkohol- og rusmiddelbruk, manglande sosialt nettverk og tidlegare sjølvmordsforsøk er sentrale risikofaktorar. Det er særleg unge menn med psykiske lidingar og/eller rusmiddelproblem og eldre menn som lever åleine og opplever depresjon, som er i risikogruppa. Barndomstraume er ein annan viktig risikofaktor for sjølvmord hos menn. Alvorlege somatiske sjukdommar aukar òg risikoen (FHI, 2020). Forsking viser at det å leve i samliv og ha nære sosiale relasjonar heng saman med lågare risiko for sjølvmord blant eldre menn.

Menn nyttar i større grad enn kvinner metodar med høgare risiko for dødeleg utfall, så det er færre menn enn kvinner som overlever sjølvmordsforsøk. Det bidreg til at fleire menn tek livet sitt, sjølv om kvinner gjennomfører fleire sjølvmordsforsøk. Dette blir omtalt som kjønnsparadokset i sjølvmordsstatistikken. Mange har heller inga kjend psykisk liding eller tidlegare kontakt med psykiske helsetenester. Ei norsk undersøking av dødsfall forårsaka av sjølvmord, overdose eller alkoholrelaterte leverskadar i ein seksårsperiode før dødsfall viste at to tredelar av kvinnene hadde hatt kontakt med spesialisthelsetenesta, mens berre halvparten av mennene hadde hatt slik kontakt (Heggebø & Ljunggren, 2025).

Det er mange og samansette årsaker til at menn toppar sjølvmordsstatistikken (Dietrichson, 2022). Sosial isolasjon blir trekt fram som ein viktig faktor. Mange menn har færre nære relasjonar og snakkar sjeldnare om kjenslene sine, noko som gjer det utfordrande for omgivnadene å oppdage at dei har det vanskeleg. Det tradisjonelle mannsidealet – der mannen skal vere sterk, beskytte andre og ikkje vise svakheit – kan gjere det ekstra krevjande å be om hjelp.

Ifølgje Nasjonalt kartleggingssystem for sjølvmord i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling har nesten halvparten av dei som tek sitt eige liv, vore i kontakt med psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling det siste året før sjølvmordet (Walby, Astrup, Gill & Myhre, 2024). Dei fleste sjølvmord skjer under behandling eller kort tid etter utskriving. Det inneber samtidig at omtrent halvparten av dei som tek sitt eige liv, ikkje har vore i behandling for psykiske lidingar og/eller rusmiddelproblem i spesialisthelsetenesta året før sjølvmordet. Dette gjer det utfordrande å fange opp alle som er i risikogrupper, og understrekar behovet for både spissa tiltak inn mot kjende risikogrupper og breiare og meir tilgjengelege førebyggjande tiltak.

Fleire studiar viser at det er ein samanheng mellom gjeld og sjølvmord og sjølvmordsforsøk. Særleg usikra gjeld og misleghald av bustadlån aukar risikoen. Forsking viser òg at det er større førekomst av sjølvmord blant personar med pengespelproblem enn i befolkninga generelt (Kristensen et al., 2025; Kristensen et al., 2024). Å ha pengespelproblem har helsemessige konsekvensar (Langham et al. 2016; Pallesen S. et al., 2023). I samtalestatistikken for 2024 frå Hjelpelinja for speleavhengige der helsemessige konsekvensar er tema, oppgir 9 prosent av dei som speler, at dei har hatt sjølvmordstankar eller -forsøk.

Speleproblem og regjeringa sin innsats mot speleproblem blir omtalt i kapittel 8.7–8.8.

6.5 Flest menn blant dei med rusmiddel- og avhengnadslidingar

Psykiske lidingar og avhengnadsproblem opptrer ofte samtidig. Undersøkingar både frå Noreg og andre land viser at personar med alvorlege psykiske lidingar ofte har rusmiddelproblem òg, og personar som er avhengige av alkohol eller narkotiske stoff, har ofte psykiske plager eller lidingar (Ørstavik, Moan & Christiansen, 2026). Menn er overrepresenterte på fleire område som har eit overforbruk- eller avhengnadsaspekt knytt til seg, som rusmiddelproblem og pengespelproblem (Pallesen S. et al., 2023).

Noreg har over tid hatt ein stabil høg førekomst av narkotikautløyste dødsfall (òg kalla overdosar). Dei fleste av dei narkotikautløyste dødsfalla i 2024 var i aldersgruppa 50–59 år, og gjennomsnittsalderen ved narkotikautløyste dødsfall

har lege stabilt på rundt 45 år i perioden 2020–2024. Årlege tal frå dødsårsaksregisteret viser at menn utgjer eit stort fleirtal av dei som døyr av narkotika- og alkoholutløyste årsaker. Av dei 342 narkotika- og alkoholutløyste dødsfalla i 2024 var 75 prosent menn (Helsedirektoratet, 2026a), og ei tidlegare kartlegging av dødsårsaker fann at overdosar var den nest vanlegaste dødsårsaka blant menn under 50 år (Knudsen et al. 2017, sitert av Gjersing, 2018).

Dødsårsaksregisteret fangar ikkje opp alle dødsfall som kan knytast til narkotikabruk, ettersom dødsårsaka kan vere vald, ulykker eller ulike sjukdommar knytte til rusmiddelbruken (Gjersing, 2018).

6.6 Menn er overrepresenterte i tvunge psykisk helsevern

Mange som har alvorlege psykiske lidingar, har god livskvalitet og lever eit meiningsfullt liv, men ei alvorleg psykisk liding har personlege og sosiale konsekvensar for kvar enkelt. Psykiske lidingar kan føre til utanforskap, og mange opplever framleis stigma knytt til sjukdommen. Ei alvorleg psykisk liding kan føre til uførleik, arbeidsløyse, sjukefråvær, fysiske sjukdommar og redusert forventa levealder.

Mannsutvalet påpeikar at talet på døgnplassar innanfor psykisk helsevern og rusbehandling er blitt betydeleg redusert over tid, og at utviklinga kan føre til at mange menn ikkje får eit godt nok behandlingstilbod. Utvalet understrekar at mangelfull behandling av personar med alvorlege psykiske lidingar kan få alvorlege konsekvensar både for den enkelte og for samfunnet.

Det har lenge vore ei målsetjing å vri verksemda i psykisk helsevern frå behandling i døgnavdelingar til poliklinisk og ambulant behandling nær der pasientane bur. Både talet på døgnplassar og opphaldsdøgn i psykisk helsevern har gått ned sidan 1990. I same periode har det vore ei satsing på å byggje ut dei kommunale tilboda innanfor psykisk helse og på rusmiddelfeltet, og det har vore ei omfattande utbygging av polikliniske, ambulante og oppsøkjande tenestetilbod som ACT, FACT og FACT Ung. Desse tilboda bidreg til redusert behov for døgninnleggingar og bruk av tvang. Den same utviklinga gjeld for tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Mens kjønnsfordelinga blant døgnpasientar i psykisk helsevern samla sett er relativt jamn, er menn overrepresenterte blant pasientar som er underlagde tvungent psykisk helsevern. Tenesteutvikling som fremjar frivilligheit, gir god pasientbehandling generelt, men vil gagne unge menn spesielt sidan dei utgjer ei større gruppe av tvangsinnlagde pasientar enn kvinner. Tal frå 2022 viser at i aldersgruppa 23–29 år var 262 menn per 100 000 tvangsinnlagde, mot 134 kvinner. Kjønnsforskjellane er mindre etter fylte 50 år, men i yngre aldersgrupper er dei tydelege (Helsedirektoratet, 2024b). Menns overrepresentasjon i tvunge psykisk helsevern heng delvis saman med at menn i mindre grad enn kvinner frivillig oppsøkjer og tek imot psykisk helsehjelp med samtykke. Menn har ein tendens til å utsetje å be om hjelp til det er alvorleg og akutt, med desto større risiko for at det resulterer i vedtak om tvunge vern.

Nokre av utfordringane i dag er mellom anna knytte til auka press på døgnkapasiteten i psykisk helsevern fordi fleire blir dømde til behandling. Helseføretaka planlegg døgnkapasiteten ut frå det framskrivne behovet og vanhelsa i befolkninga, men det varierer kor mange som blir dømde til tvunge psykisk helsevern, og dermed er det vanskeleg å planleggje. Det kan i tillegg vere krevjande å få til ei god samordning av helsetenester for heilskapleg og langsiktig oppfølging – særleg for personar med alvorlege lidingar og samansette behov. Etter mange år med nedgang i den totale døgnplasskapasiteten i psykisk helsevern for vaksne har reduksjonen no stoppa opp, og det er planlagt for ein auke framover. Det er særleg for personar med alvorlege psykiske lidingar og i tryggingspsykiatrien at det er behov for å auke døgnkapasiteten.

6.7 Tiltak for å betre menns psykiske helse og redusere problematisk rusmiddelbruk

Psykisk helse og rusmiddelfeltet er viktige satsingsområde for regjeringa. Det er behov for sterkare innsats for å førebyggje psykiske plager og lidingar, og terskelen for å få hjelp må bli lågare. Samtidig skal personar med alvorlege psykiske lidingar få meir heilskapleg behandling og oppfølging. På rusmiddelfeltet er den overordna ambisjonen å førebyggje og redusere dei negative konsekvensane som rusmiddelbruk kan ha for den enkelte, for dei pårørande og for samfunnet, og sikre at personar med rusmiddelproblem opplever tryggleik, fellesskap og verdigheit (Meld. St. 5 (2024–2025)).

Gjennom *Opptrappingsplan for psykisk helse* gir regjeringa retning for psykisk helse-feltet for tiårsperioden 2023–2033. Regjeringa prioriterer psy-

kisk helse gjennom styrkt innsats, med særleg vekt på helsefremjande og førebyggjande tiltak, lågterskeltilbod, auka døgnkapasitet og tidleg og rask avklaring for dei som søkjer hjelp (Meld. St. 23 (2022–2023)). Psykisk helse-feltet skal styrkjast med 3 milliardar kroner i tiårsperioden. Så langt er løyvingane auka med om lag 1,5 milliardar kroner.

Mange med rusmiddelrelaterte problem har samansette utfordringar som krev ulik oppfølging i kommune- og spesialisthelsetenestene.

Regjeringa trekkjer fram følgjande innsatsar for betre psykisk helse og reduksjon av problematisk rusbruk:

- styrkje arbeidet med sjølvmordsførebygging
- lågterskeltilbod innanfor psykisk helse- og rusmiddelfeltet
- oppfølging av handlingsplan for å heve levealderen for personar med alvorlege psykiske lidingar og/eller alvorlege rusmiddelproblem
- meir tilgjengeleg, samanhengande og koordinert behandling av rusmiddellidingar gjennom førebyggings- og behandlingsreforma
- oppfølging av handlingsplan mot overdosar
- auke døgnkapasiteten og bidra til det heilskaplege pasientforløpet innanfor psykisk helse

6.7.1 Styrkt arbeid med å førebyggje sjølvmord

Mannsutvalet foreslår å forsterke innsatsen for å forhindre sjølvmord og at innsatsen blir endå tydelegare retta mot menn.

Regjeringa har varsla at ho vil leggje fram ein ny handlingsplan for sjølvmordsførebygging tidleg i 2027. Planen skal ha eit tydeleg kjønns- og mangfaldsperspektiv. I planen vil ein sjå nærmare på samanhengen mellom økonomiske utfordringar og sjølvmord.

Mannsutvalet peikar på at det er behov for meir kunnskap om sjølvmord i eit kjønnsperspektiv. I september 2026 sende regjeringa på høyring eit forslag om å etablere eit varig, nasjonalt sjølvmordsregister. Eit slikt register vil vere eit viktig verktøy for å finne gode tiltak for å førebyggje sjølvmord. Det skal ta utgangspunkt i kartleggingssystemet for sjølvmord i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. Kartlegginga samlar inn informasjon om sentrale kjenneteikn ved pasientane som døyr, kvar i behandlingskjeda dei var, og kva tenester dei mottok. Om lag halvparten av alle sjølvmord blir gjorde av personar som har vore i kontakt med psykisk helsevern eller tverrfagleg spesialisert rusbehandling dei siste tolv månadene. På sikt er det ønskjeleg at kartlegginga blir utvida til også å innehalde opplysingar om personar som berre har

Boks 6.11 «Snakk om sjølvmordstankar – det kan redde liv»

Eit sentralt tiltak i *Handlingsplan for førebygging av sjølvmord – Ingen å miste (2020–2025)* er gjennomføringa av regionale folkeopplysingskampanjar om sjølvmord. Den overordna bodskapen for kampanjen er «Snakk om sjølvmordstankar – det kan redde liv». Målet er å gjere folk meir bevisste på sjølvmordstankar, bidra til at fleire søkjer hjelp, og få fleire til å bry seg dersom dei er bekymra for nokon. Målgruppa for kampanjane er heile den vaksne befolkninga, men kampanjane er utforma for å nå ulike grupper, særleg menn i alderen 40–60 år, og dei er tilpassa det kulturelle og språklege mangfaldet i befolkninga. Det inneber mellom anna at bodskapen er utforma for å treffe menn, og at det blir brukt mannlege rollemodellar for å fronte kampanjane.

Boks 6.12 Når tausheita blir farleg – den samiske mannen

Samiske menns historier om selvmordstanker og veier til bedring er eit forskingsprosjekt som er utført ved Senter for omsorgsforsking Nord (UiT). Hovudmålet for prosjektet er å dokumentere samiske menns erfaringar med sjølvmordstankar og -forsøk og avdekkje korleis kjønn, maskulinitetsnormer og samisk etnisk identitet påverkar desse opplevingane.

Ved hjelp av kvalitative djupneintervju med samiske menn over 18 år frå ulike område og med ulik bakgrunn kartlegg prosjektet personlege, relasjonelle og samfunnsmessige faktorar som påverkar både utvikling av sjølvmordstankar og vegen mot betring. Det er eit mål å identifisere barrierar i helsesystemet og foreslå kulturtilpassa og trygge hjelpetiltak retta mot menn frå samiske miljø.

Prosjektet er finansiert av Helse Nords forskingsfond og er eit samarbeid mellom Samisk nasjonalt kompetansesenter (SANKS) og UiT-forskarar.

fått behandling frå den somatiske spesialisthelsetenesta og kommunal helse- og omsorgsteneste. Systematisk innhenting av slik informasjon over tid bidreg til at fleire moglege sjølvmordsførebyggjande tiltak kan identifiserast og evaluerast, for betre kvalitet på tenestene og betre pasienttryggleik. Tiltaket vil inngå i den nye handlingsplanen for førebygging av sjølvmord.

6.7.2 Lågterskeltilbod innanfor psykisk helse- og rusmiddelfeltet

Mannsutvalet har foreslått å setje i verk tiltak for å gjere lågterskeltilbod innanfor psykisk helse meir tilgjengelege for menn og utarbeide ei nasjonal nettside som skal gjere det lettare å finne fram til lokale og regionale lågterskeltilbod.

Eitt av måla i opptrappingsplanen for psykisk helse er at innbyggjarar i alle kommunane i landet skal ha tilgang til kunnskapsbaserte lågterskeltilbod innanfor psykisk helse og rus. Gode lågterskeltilbod kan gi folk tidleg hjelp før problema utviklar seg til å bli meir alvorlege og det blir behov for meir spesialisert hjelp. Det finst mange gode tilbod i kommunane der folk kan få lett tilgang til hjelp, utan tilvising og lange ventetider. Tilgangen varierer likevel rundt om i landet. Regjeringa har derfor styrkt inntektene til kommunane, etablert ei eiga tilskotsordning og lagt til rette for at kommunane kan få implementeringsstøtte til å etablere og utvikle lågterskeltilbod. I 2025 hadde 85 prosent av kommunane og bydelane som rapporterte, minst éin type lågterskeltilbod til vaksne, mot 76 prosent i 2024. For barn og unge har andelen auka frå 55 prosent i 2024 til 72 prosent i 2025 (Ose & Kaspersen, 2025). I 2027 foreslår regjeringa å styrkje tilskotsordninga for utvikling, tilpassing og etablering av kunnskapsbaserte lågterskeltilbod innanfor psykisk helse- og rusmiddelfeltet med 60 millionar kroner.

Lågterskeltilbod som er drivne av frivillige og ideelle organisasjonar, er eit viktig og verdifullt supplement til det offentlege tenestetilbodet innanfor psykisk helse- og rusmiddelfeltet. Tilbod som hjelpetelefonar, chat-tenester og andre samtale- og meistringstenester kan bidra med råd, støtte og rettleiing til personar som står i ein vanskeleg livssituasjon på grunn av psykisk uhelse, rusmiddelproblem eller vald. Tilboda er særleg viktige for menneske i krise og når andre tenester ikkje er tilgjengelege. Dei har heile landet som nedslagsfelt, er lett tilgjengelege og har føreseielege opningstider. Slike tilbod er òg viktige for dei som av ulike grunnar ikkje ønskjer å oppsøkje dei offentlege helse- og omsorgstenestene. Regjeringa legg til rette for slike tilbod gjennom ulike tilskotsordningar. I statsbudsjettet for 2026 blei mellom anna tilskota til hjelpetelefonar og chat-tilbod og til samtale- og meistringstilbod styrkte med 30 millionar kroner.

Regjeringa legg òg til rette for digitale sjølvhjelps- og behandlingstilbod innanfor psykisk helse- og rusmiddelfeltet. Digitale sjølvhjelps- og behandlingsverktøy kan bidra til at det er lettare å finne fram til tilbod lokalt. Dette kan vere ein fordel for gutar og menn, som ofte ventar lenger med å oppsøkje hjelp ved helseutfordringar. Les meir om digitale sjølvhjelps- og behandlingsverktøy under 6.9.4.

6.7.3 Oppfølging av handlingsplan for å heve levealderen for personar med alvorlege psykiske lidingar og/eller alvorlege rusmiddelproblem

Med handlingsplanen *Bedre helsehjelp – flere gode år (2025–2033)* vil regjeringa redusere forskjellar i forventa levealder for personar med alvorlege psykiske lidingar og/eller alvorlege rusmiddelproblem. Planen er ein del av arbeidet med å redusere sosiale helseforskjellar. Planen omfattar mellom anna tiltak for å styrkje innføringa av nasjonale pasientforløp for somatisk helse og levevanar, utarbeide retningslinjer for behandling av angst og depresjon der fysisk aktivitet inngår, og etablere treningstilbod til målgruppa. Samtidig legg planen vekt på behovet for å styrkje heile behandlingskjeda og byggje ned barrierar, stigma og fordommar som kan hindre nødvendig helsehjelp.

Menn er overrepresenterte blant personar med samansette helseutfordringar knytte til alvorlege psykiske lidingar og rusmiddelproblem, og

Boks 6.13 Mann om bord frå Trondheim kommune

Trondheim kommune har etablert Mann om bord, eit tiltak retta mot menn som opplever utanforskap eller strevar med å finne plassen sin i samfunnet. Tiltaket byggjer på samarbeid mellom kommunale tenester, frivillige aktørar og andre relevante samarbeidspartnarar og har som mål å styrkje deltaking, tilhøyrsel og meistring. Gjennom eit tydeleg kjønnsperspektiv rettar tiltaket merksemd mot barrierar som kan gjere det vanskelegare for menn å oppsøkje støtte og hjelp.

tiltaka i handlingsplanen vil derfor komme menn i målgruppa til gode.

6.7.4 Meir tilgjengeleg, samanhengande og koordinert behandling av rusmiddellidingar gjennom førebyggings- og behandlingsreforma

Med Meld. St. 5 (2024–2025) *Trygghet, fellesskap og verdighet – Forebyggings- og behandlingsreformen for rusfeltet Del I – en ny politikk for forebygging, skadereduksjon og behandling* vil regjeringa førebyggje betre og komme tidlegare inn med god hjelp, behandling og oppfølging av rusmiddellidingar. Reforma skal bidra til ei meir tilgjengeleg, samanhengande og koordinert behandling av rusmiddellidingar.

Ved å følgje opp meldinga vil regjeringa styrkje den førebyggjande innsatsen knytt til bruk av ulovlege rusmiddel gjennom betre samordning mellom sektorar og aktørar, og regjeringa legg vidare til rette for meir tilgjengeleg, samanhengande og koordinert behandling av rusmiddellidingar. Det inneber mellom anna ei tettare kopling mellom tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), psykisk helsevern og somatiske tenester.

Kommunane har ansvar for å yte helse- og omsorgstenester til personar med rusmiddelproblem som oppheld seg i kommunen. Dei skal mellom anna tilby råd og rettleiing, utgreiing og behandling, psykososial rehabilitering, helsetenester i heimen og plass i institusjon ved behov. Fastlegar og heimetenester er òg sentrale i det kommunale rusarbeidet, og mange kommunar har i tillegg oppsøkjande tenester, til dømes utekontaktar retta mot utsette barn og unge.

Betinga påtaleunntak med vilkår om oppmøte for rådgivande eining for russaker skal vere den føretrekte straffereaksjonen overfor unge som bruker narkotika. Rådgivande eining for russaker kan òg ha ein viktig funksjon som kontaktpunkt for andre offentlege instansar som har behov for råd og rettleiing. Helsedirektoratet har publisert nytt rettleiande materiell for einingane på nettsidene sine til bruk for kommunane.

I mange kommunar blir det tilbydd oppsøkjande behandling og oppfølging og skadereduserande tiltak, som lågterskel helsetilbod og utdeling av brukarutstyr. I samband med førebyggings- og behandlingsreforma har regjeringa gjort fleire grep som er viktige i eit skadereduserande perspektiv, som å endre brukarromregelverket og leggje til rette for rusmiddelanalysetenester.

Det er viktig å etablere ein grunnleggjande struktur for behandling av rusmiddellidingar over heile landet. Regjeringa har derfor bedt om at det skal etablerast basistenester innanfor TSB i alle helseføretak, slik at tenestene blir meir tilgjengelege og betre integrerte med anna spesialisthelseteneste. Dei regionale helseføretaka fekk også i 2024 i oppdrag å utvikle ei teneste med integrert ettervern innanfor TSB, som inkluderer brukarstyrte plassar, i samarbeid med kommunane.

Boks 6.14 Oppsøkjande metodikk

Oppsøkjande tenester, til dømes i form av utekontaktar, er eit viktig tiltak for å identifisere og gripe inn tidleg overfor unge som står i fare for å falle utanfor eller utvikle psykisk uhelse eller rusmiddelproblem. Regjeringa har sett i gang ei nasjonal satsing på oppsøkjande metodikk gjennom eit kompetansesenter for rusfeltet (KORUS). Det er gjennom KORUS etablert eit nasjonalt kompetansemiljø og lagt til rette for nasjonale og regionale fagnettverk. Formålet er å stimulere fleire kommunar til å ta i bruk oppsøkjande arbeid som eit verktøy for tidleg intervensjon for å førebyggje fråfall, sosial ekskludering og rusmiddel- og psykiske helseproblem blant barn og unge på eit tidleg tidspunkt.

6.7.5 Følgje opp handlingsplan mot overdosar

Regjeringa har lagt fram ein handlingsplan mot overdosar som omfattar både ulovlege rusmiddel, vanedannande legemiddel og alkohol. Bakgrunnen er at det har vore stabilt mange overdosar dei siste åra, og at tidlegare strategiar ikkje har klart å redusere overdosetala. I 2024 døydde 345 personar av overdosar og 421 av alkoholrelaterte årsaker i Noreg. Foreløpige tal for 2025 viser 283 overdosar og 407 alkoholrelaterte årsaker (FHI, 2026c).

Planen inneheld ei rekkje tiltak som vil bli følgde opp framover. Som ein del av overdosearbeidet og innføringa av ei beredskapstenking på rusmiddelfeltet blei til dømes nettstaden *overdosefare.no* operativ i januar 2026. Nettstaden varslar om farlege rusmiddel i omløp, noko som er særleg viktig i lys av den aukande førekomsten av syntetiske opioid som fentanyl og nitazen.

6.7.6 Styrkje døgnkapasiteten og det heilskaplege pasientforløpet innanfor psykisk helse

Mannsutvalet foreslår at talet på døgnplassar i det psykiske helsevernet blir stabilisert på dagens nivå, og at det blir auka på sikt. Regjeringa deler denne vurderinga, og sidan 2021 er nedgangen i døgnkapasiteten bremsa. Døgnkapasiteten i psykisk helsevern skal vere på eit tilstrekkeleg nivå for å møte behovet for døgnbehandling. Regjeringa legg til rette for ei opptrapping, med ei forventing om ein auke alt i 2026. Det er planar om ytterlegare auke fram mot 2030.

Døgnkapasiteten i psykisk helsevern skal aukast med tilsvarande 430 plassar fram mot 2040. Med auken som er planlagd for dei neste fem åra, vil regjeringa vere godt i rute til å innfri dette løftet. Det er særleg behov for å auke døgnkapasiteten for dei med alvorleg psykisk liding, for ein må ta omsyn til det aukande behovet for plassar til dei som blir dømde til slik behandling, slik Mannsutvalet framhevar. Det faglege innhaldet i tilbodet skal vere av god kvalitet og tilpassa behovet til den enkelte.

Samtidig held regjeringa fram med å styrkje det heilskaplege pasientforløpet med tilbod som mellom anna heimesjukehus, ambulante tenester og FACT-team, som òg kan bidra til å redusere behovet for døgninnleggingar.

6.8 Sosial ulikskap i bruk av helse- og omsorgstenester

Menn nyttar primærhelsetenesta sjeldnare, og nokre har avgrensa kontakt med helsevesenet over lengre tid, også når symptoma tilseier at det er behov for medisinsk vurdering. Det kan bidra til at dei får seinare diagnose og dårlegare prognose ved sjukdommar der tidleg oppdaging er avgjerande, som kreft og hjarte- og karsjukdom.

Folkehelseinstituttet viser at menn bruker fastlegen i mykje mindre grad enn kvinner (Skyrud, Qureshi & Gjefsen, 2024). I gjennomsnitt har menn om lag 1,25 færre fastlegekonsultasjonar per år enn kvinner, og det er 8 prosent høgare sannsyn for at dei ikkje har hatt nokon fastlegekonsultasjon dei siste tre åra, enn tilfellet er for kvinner (Skyrud, Qureshi & Gjefsen, 2024). Konsultasjonar knytte til prevensjon og svangerskap er ikkje inkluderte i analysane og kan derfor ikkje forklare kjønnsforskjellane.

Forskjellane er særleg store blant personar utan partnar og blant personar med innvandringsbakgrunn. Samtidig minkar kjønnsforskjellane med aukande alder. Ved 80 års alder er det berre 10 prosent av mennene som ikkje har nokon konsultasjon hos fastlege eller legevakt i løpet av eitt år. For kvinner er mønsteret annleis: Det er relativt stabilt rundt 20 prosent som ikkje har hatt nokon fastlegekonsultasjon i løpet av eit år, fram til rundt 60 års alder – deretter blir andelen redusert fram mot 80 år. Då er forskjellen mellom menn og kvinner tilnærma lik null. Sjølv om studien om menns bruk av primærhelsetenester avdekkjer ujamn bruk av fastlegen mellom kjønna, understrekar forskarane at ein må forstå dei underliggjande årsakene til desse forskjellane for å kunne utvikle inkluderande bruk av helsetenester (Skyrud, Qureshi, & Gjefsen, 2024).

Bruken av fysioterapi og tannhelsetenester er lågare blant menn, og menn deltek i mindre grad i førebyggjande tiltak som influensavaksinasjon og screeningprogram (Lunde & Ramm, 2021). Tarmscreeningprogrammet er det einaste nasjonale screeningprogrammet som omfattar begge kjønn. Tal frå 2025 viser at 52 prosent av dei inviterte deltok, men deltakinga var lågare blant menn enn blant kvinner. Mens 57 prosent av kvinnene takka ja til tilbodet, var andelen blant menn 48 prosent. Lågare deltaking kan bidra til seinare oppdaging av sjukdom, men kunnskapen om kva helsekonsekvensar dette har over tid, er avgrensa.

Det er kjønnsforskjellar i bruken av helsestasjons- og skulehelsetenesta og andre lågterskeltilbod òg. I 2025 oppgav 26 prosent av jenter i vidaregåande opplæring at dei hadde brukt helsestasjon for ungdom det siste året, mot 8 prosent av gutane (Bakken, 2025). Samtidig peikar Mannsutvalet på at få kommunar har eigne tilbod retta mot gutar, og at det er behov for betre tilrettelegging, synleggjering og medverknad i utforminga av tenestene.

Ein rapport om sosial ulikskap i bruk av helsetenester finn at menn generelt har lågare bruk av helsetenester enn kvinner på tvers av sosial bakgrunn. Det er vanskeleg å avdekkje i kva grad den lågare bruken av helsetenester hos menn har negative helsekonsekvensar. Blant menn med svekt helse og låg utdanning er det færre som har hatt døgnopphald på sjukehus samanlikna med kvinner i same situasjon (Lunde & Ramm, 2021).

Det er store forskjellar mellom personar med innvandrarbakgrunn i Noreg når det gjeld levekår, levevanar og førekomst av sjukdom. Ifølgje folkehelserapporten frå FHI har innvandrarar lågare dødelegheit og noko høgare forventa levealder enn befolkninga elles (Indseth et al., 2026).

Boks 6.15 Særskilde barrierar for lhbt+-personar

Lhbt+-personar rapporterer om særskilde barrierar i møte med helsevesenet. Forsking frå Noreg og Skandinavia viser at mange opplever utfordringar knytt til både tilgang, kvalitet og tillit til tenestene (Evje et al., 2025). Det er mange som ikkje er opne om identiteten sin, og som opplever normative antakingar knytte til kjønn og seksualitet og manglande kompetanse hos tenesteytarar. Nokre unngår derfor å søkje hjelp av frykt for diskriminering eller fordi dei har låg tillit til tenestene. Transpersonar og personar med kjønnsinkongruens rapporterer gjennomgåande fleire og meir samansette barrierar, mellom anna knytt til tilgangen til kjønnsstadfestande behandling, feilkjønning og manglande tilrettelegging i tenestene (Langeland, Gulli & Rigtrup, 2023; Ivanova, Nysæter & Fischer, 2025; Evje et al., 2025).

Samtidig har innvandrarar frå land i Asia, Afrika eller Aust-Europa i gjennomsnitt dårlegare sjølvrapportert helse, psykisk helse og tannhelse enn andre. For enkelte sjukdommar og tilstandar er førekomsten lågare blant innvandrargrupper enn i resten av befolkninga, mens det er motsett for andre sjukdommar og tilstandar. Kunnskapsgrunnlaget om helsa og helsetenestebruken til innvandrarar er mangelfullt. Regjeringa har sett ned eit offentleg utval som skal greie ut helsetilstanden og bruken av helsetenester blant innvandrarar og nordmenn med innvandrarbakgrunn og korleis dette påverkar arbeidsdeltaking og inkludering.

Mannsutvalet peikar på at kulturelle og sosiale forhold kan bidra til forskjellar i korleis kvinner og menn bruker helsetenester. Tendensen til å bagatellisere eller avvise symptom og helseplager, som kan føre til at menn unngår eller utset å søkje hjelp, kan vere knytt til maskulinitet. Mannsutvalet meiner dessutan at helsetenestene i for lita grad er tilpassa menns behov, og at det trengst meir kunnskap om korleis menn bruker helsetenester, og korleis tenestene kan utformast for å nå menn betre.

6.9 Tiltak for likeverdige helse- og omsorgstenester

Likeverdige helsetenester føreset at ulike grupper opplever dei som tilgjengelege, relevante og tilpassa behova deira. Mannsutvalet peikar på at nokre menn møter særskilde barrierar for å søkje hjelp, og at det trengst meir kunnskap om samanhengen mellom mannsroller, helseåtferd og helseutfall. Regjeringa vil leggje til rette for helse- og omsorgstenester som er tilgjengelege, forståelege og tilpassa dei ulike behova til befolkninga, slik at alle får likeverdige høve til å få informasjon og nytte relevante helse- og omsorgstilbod.

Det er ei sterk fagleg tilråding at helsestasjon for ungdom bør setje i verk tiltak for å nå gutar i større grad og dermed jamne ut forskjellar i bruk av tenesta. Tilboda bør vere tilpassa behova til gutane, og det er avgjerande at gutane sjølve får vere med og utforme tenestene. Nokre kommunar har oppretta eigne helsestasjonstilbod for gutar.

God kapasitet og kvalitet i allmennlegetenesta, inkludert fastlegeordninga, er ein føresetnad for å bevare og vidareutvikle likeverdige helse- og omsorgstenester til befolkninga. Det har blitt fleire fastlegar og færre personar utan fastlege sidan 2023, og det gagnar også menn.

Regjeringa vil i tillegg nemne følgjande tiltak:

- utgreiing av screening for prostatakreft
- betre kunnskap for å styrkje kvaliteten i helse- og omsorgstenestene
- betre utnytting av helsedata
- ta i bruk digitale sjølvhjelps- og behandlingsverktøy
- tiltak for å fremje betre helse- og omsorgstenester til innsette

6.9.1 Vurdere nye kreftscreeningprogram

Regjeringa har som mål i den *Nasjonale kreftstrategien* at det i løpet av strategiperioden (2025–2035) skal givast tilbod om ein større grad av persontilpassa screeningprogram, i tråd med EU sine satsingar (Helse- og omsorgsdepartementet, 2025c). Det er eit mål at kunstig intelligens (KI) skal kunne brukast både for å oppdage kreft tidleg og ved utgreiing av kreft. KI har potensial til å både kunne auke fordelane og redusere ulempene ved screening. Lungekreft og prostatakreft er dei kreftformene som per no skal greiast ut, men utviklinga innanfor KI og annan helseteknologi kan òg opne for at andre kreftformer kan bli aktuelle. Det er fleire pilotprosjekt på gang i Europa.

Populasjonsbasert screening for prostatakreft er ikkje innført i Noreg og heller ikkje i så mange

andre land. Fleire studiar har vist at PSA-baserte screeningprogram kan føre til at færre døyr av prostatakreft. PSA står for prostataspesifikt antigen. Det er eit protein (enzym) som blir produsert av cellene i prostatakjertelen. Foreløpig er det ingen studiar som har vist at det er ei auka totaloverleving ved PSA-screening, men studiane har heller ikkje vore designa for å undersøkje denne problemstillinga.

Før det kan setjast i gang screening for prostatakreft, er det behov for meir kunnskap. Helsedirektoratet følgjer med på kunnskapsutviklinga på dette området og vil vurdere å setje i gang ein prosess for å greie ut screening for prostatakreft. I ei slik utgreiing vil det bli gjennomført ei vurdering av etiske, juridiske, organisatoriske, faglege og personellmessige konsekvensar, og i tillegg vil det bli gjennomført helseøkonomiske analysar.

Boks 6.16 Helsestasjon for gutar

For at ein skal nå fram til gutar i større grad, er det viktig at gutane opplever god tilgang til skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom, og at tilbodet blir tilpassa behova til gutane. I den faglege retningslinja for helsestasjon og skulehelsetenesta blir det gitt døme på tiltak for å få fleire gutar til å oppsøkje helsestasjon for ungdom:

I nokre kommunar finst det eigne helsestasjonstilbod for gutar, anten som eiga teneste eller at spesielle tidspunkt er sette av til gutar. Bydel Gamle Oslo i Oslo kommune har til dømes eit tilbod til gutar med fagfolk som helsesjukepleiar, sjukepleiar, lege og psykolog.

Helsestasjon for gutar gir òg tilbod om testing av seksuelt overførbare infeksjonar (urinprøvar) og samtaletilbod gjennom drop-in eller timebestilling.

Retningslinja tilrår òg at helsestasjon for ungdom, før eventuelle tiltak blir sette i verk for å jamne ut kjønnsforskjellar i bruken av tenesta, bør:

- ha oversikt over ungdomspopulasjonen
- kartleggje og få oversikt over om det er forskjellar i korleis tenesta blir brukt, og kva som kan vere årsakene til dette
- samarbeide med ungdommane i lokalmiljøet
- analysere kvifor det er forskjellar, og vurdere om det er behov for å setje i verk tiltak

Det kan òg vere andre grupper som av ulike grunnar ikkje oppsøkjer tenesta. Helsestasjon for ungdom bør arbeide for å nå all ungdom, uavhengig av kjønn, seksualitet eller etnisk opphav.

Kjelde: (Helsedirektoratet, 2026b).

6.9.2 Betre kunnskap for å styrkje kvaliteten i helse- og omsorgstenestene

Kvinner og menn kan handtere sjukdom og helseutfordringar på ulike måtar, og det påverkar når og korleis helsetenester blir brukte. Når menn i mindre grad enn kvinner bruker helsetenestene, kan det innebere at helseproblem blir oppdaga seinare eller ikkje blir følgde godt nok opp. Årsakene til kjønnsforskjellane er samansette, og det er usikkert kva konsekvensar dette har for menns helseutfall. Dette understrekar behovet for betre kunnskap om korleis kjønn speler inn i møte med helsetenestene, og for tiltak som bidreg til at tilboda når heile befolkninga på ein likeverdig måte.

I regjeringa sin langtidsplan for forsking og høgare utdanning er helse eit av seks prioriterte tematiske område. Innanfor denne prioriteringa blir mellom anna forsking på kvinnehelse og kjønnsforskjellar i helse rekna som viktig for at ein skal kunne gjere helse- og omsorgstenestene meir treffsikre og likeverdige.

Det finst relativt god kunnskap om biologien knytt til menns helse, men det er mindre kunnskap om kvifor menn oppsøkjer helsetenester sjeldnare enn kvinner, og kvifor sosial ulikskap ser ut til å slå sterkare ut for menn. Som del av den årlege dialogen med FHI er det aktuelt å be FHI om å styrkje analysen av kjønnsforskjellar og vurdere behovet for meir kunnskap om kjønnsforskjellar i bruken av helse- og omsorgstenester og kva dei betyr for helseutfall. Det er òg aktuelt å vidareutvikle kjønnsspesifikke analysar av helsedata der det er relevant, medrekna brukarundersøkingar, som grunnlag for forbetring av helse- og omsorgstenestene.

Det er eit mål for regjeringa at helsetenestene skal vere meir tilgjengelege for menn som i dag bruker dei mindre enn det forventa behovet (Skyrud, Qureshi & Gjefsen, 2024).

For å redusere sosiale og kjønnsbaserte helseforskjellar må tenestene utviklast med auka bevisstheit om kjønn, andre forskjellsdimensjonar som etnisitet, kjønnsmangfald, funksjonsnedsetjingar og sosiale forhold. Betre tilrettelegging for tidleg kontakt med tenestene, lågterskeltilbod

og arbeid for å skape større mangfald blant tilsette er sentralt. I den offentlege helsetenesta skal det gjerast prioriteringar som sikrar best mogleg bruk av ressursane. Tiltaka som blir sette i verk, må sjåast i lag, slik at innsatsen samla sett bidreg til best mogleg helsegevinst, likeverdige tenester og effektiv bruk av dei samla personellressursane.

Regjeringa vil òg forbetre kunnskapen om menn sin helse og kjønnsforskjeller, også i samanheng med andre faktorar knytte til sosiale forhold. Dette skal nyttast til å utvikle betre og meir treffsikre helse- og omsorgstenester og folkehelsetiltak.

6.9.3 Betre utnytting av helsedata

Regjeringa vil leggje til rette for betre bruk av helsedata i arbeidet med helsa til befolkninga og kjønnsperspektiv i helse, mellom anna for å bidra til likeverdig tilgang til gode helsetenester og eit meir treffsikkert folkehelsearbeid.

Noreg har mange gode nasjonale helse- og kvalitetsregistre. Norsk pasientregister, kommunalt pasient- og brukarregister og medisinske kvalitetsregistere samlar informasjon om utgreiing, behandling og oppfølging av pasientar i norsk spesialisthelseteneste. Kunnskapen frå registera blir brukt til å forbetre kvaliteten på helsetenestene og pasienttryggleiken, men har òg stort potensial for å avdekkje om sosioøkonomi, kjønn og andre forhold påverkar om pasientane får likeverdige helsetenester.

Rapporten *Betydning av kjønn for behandlingskvalitet i norske sykehus* undersøkjer om behandlingskvaliteten i norske sjukehus er lik for kvinner og menn (SKDE, 2025). Rapporten er eit samarbeid mellom Senter for klinisk dokumentasjon og evaluering (SKDE) og Nasjonalt senter for kvinnehelseforsking og tek utgangspunkt i fleire av dei nasjonale medisinske kvalitetsregistera. Forskarane bak rapporten finn at det er små forskjellar i førekomst, behandling og overleving (der det blir registrert) for kvinner og menn. Eit anna viktig funn er at kjønnsforskjellane som blei registrerte, går begge vegar. Dette viser behovet for kjønnsdelte analysar av helsedata. Det skal utarbeidast fleire rapportar med analysar frå andre kvalitetsregister for å avdekkje om resultata også gjeld dei resterande fagområda som kvalitetsregistera dekkjer.

Rapporten frå kvalitetsregistera er positiv i den forstand at ingen av dei undersøkte registera finn uønskt variasjon i behandlingskvalitet mellom kjønna. Samtidig peikar funna på kor viktig det er med undersøkingar som belyser kva betyding kjønn har for tilgangen til behandling. Dette er viktig for at ein skal få meir kunnskap om korleis kjønn påverkar heile sjukdomsforløpet, inkludert risiko, symptom og overleving.

Sjølv om kjønn blir fastslått i dei fleste helseregister, er det behov for auka bruk av helsedata til å analysere og presentere etter kjønn. Ved å nytte registerdata til å studere ulike sjukdommar og helsetilstandar fordelt på kjønn er det mogleg å få ei betre forståing av korleis risikofaktorar, årsaksforhold og behandling heng saman og påverkar kvarandre.

Eit døme er data om trafikkulykker frå Norsk pasientregister som gir oversikt over kjønnsfordelinga av el-sparkesykkelulykkene relatert til rus, med klar overvekt av menn. Slik informasjon kan gi bakgrunn for haldningskampanjar. Data frå befolkningsundersøkingar som Helseundersøkelsen i Trøndelag (HUNT), Tromsøundersøkelsen og Kartleggingsundersøkelser av fysisk aktivitet (KAN) vil gi informasjon om gutar og menn som er av betyding for folkehelsearbeidet.

I 2024 blei dei sentrale helseregistera samla i Folkehelseinstituttet for at ein skulle få betre samordning, gjere forvaltinga meir effektiv og få enklare tilgang til og auka bruk av data frå helseregister til styring, kvalitetsforbetring og forsking. Det vil òg vere viktig for kjønnsperspektivet i forsking.

Fleire av tiltaka i kvinnehelsestrategien vil òg bidra til å auke kunnskapen om menn. Til dømes er det snakk om å styrkje kompetansen på kjønn i helseutdanningar og vidareutdanningstilbod og ta i bruk kjønnsperspektivet ved revisjon og utarbeiding av nasjonale tilrådingar, råd og pakke- og pasientforløp.

6.9.4 Digitale sjølvhjelps- og behandlingsverktøy

Regjeringa vil gjere kunnskapsbasert informasjon og digitale verktøy lettare tilgjengelege for befolkninga, både som sjølvhjelp og som del av oppfølging og behandling. Digitale sjølvhjelps- og behandlingsverktøy kan gjere det enklare å ta kontakt med helse- og omsorgstenestene, gi støtte på eit tidleg tidspunkt og senke terskelen for å søkje råd og hjelp. Det kan vere særleg viktig for gutar og menn, som ofte ventar lenger med å oppsøkje hjelp ved helseutfordringar. For nokre kan digitale tenester som opnar for anonymitet, fleksibilitet og kontakt utan fysisk oppmøte, vere ein lågterskelinngang til hjelp.

Mange kan i større grad handtere vanlege og langvarige helseplager på eiga hand dersom dei har tilgang til gode og kunnskapsbaserte digitale verktøy. Det finst alt fleire slike løysingar, mellom anna på Helsenorge, men bruken varierer og er i lita grad integrert i det generelle tilbodet til helse- og omsorgstenestene. Regjeringa vil etablere ei digital førstelinje som skal gjere det lettare for folk å meistre si eiga helse, avlaste helse- og omsorgstenesta og bidra til at folk får raskare tilgang til råd, rettleiing og helsehjelp.

Helsedirektoratet har fått i oppdrag å etablere ei innbyggjarretta offentleg KI–basert svarteneste som består av ein chatbot som gir dialogbaserte, kvalitetssikra råd og svar på spørsmål om symptom, tilstandar og helseplager frå innbyggjarane. Svartenesten kan òg hjelpe med å tolke og forklare symptom og prøvesvar som innbyggjarane legg inn sjølve.

Innsatsen til regjeringa for å rekruttere gutar og menn til helse- og omsorgssektoren er omtalt i kapittel 5.


6.9.5 Innsats for betre helse- og omsorgstenester til innsette

Over 90 prosent av dei innsette i norske fengsel er menn. Fysiske og psykiske helseskadar skal førebyggjast gjennom gode gjennomføringsforhold. Det er godt dokumentert at innsette i fengsel har fleire levekårs- og helseproblem og mykje dårlegare helse enn befolkninga elles.

Kommunar med fengsel har ansvar for å tilby helse- og omsorgstenester til dei innsette (Helse- og omsorgstjenesteloven, 2011, § 3-9). Kommunane skal organisere tilbodet slik at dei innsette til kvar tid får forsvarlege helse- og omsorgstenester, og slik at helsepersonell kan skjøtte dei lovpålagde pliktene sine. Spesialisthelsetenesta har tilsvarande ansvar for å tilby nødvendige spesialisthelsetenester til dei innsette. Tilbodet av stadlege spesialisthelsetenester i fengsel er gradvis bygd ut, mellom anna gjennom satsingar for å sikre god psykisk helsehjelp, rusbehandling og behandlingstilbod til seksuallovbrotsdømde. Kriminalomsorga skal leggje til rette for at dei innsette kan få helsetenester når dei har behov for det.

I 2023 utnemnde regjeringa Straffereaksjonsutvalet. Utvalet skal vurdere forvaring, overføring til tvunge psykisk helsevern og tvungen omsorg og korleis helsa til dei innsette, særleg med vekt på alvorlege psykiske lidingar eller utviklingshemming, best kan varetakast under varetekt og straffegjennomføring og ved tilbakeføring til samfunnet. Utvalet leverte ein NOU-rapport i 2025, og regjeringa følgjer fortløpande opp fleire tilrådingar frå utvalet (NOU 2025: 2).

Helsedirektoratet har på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet utarbeidd ein ny nasjonal rettleiar til lov og forskrift for helse- og omsorgstenester til innsette. Formålet er å hjelpe tenestene med å vareta behova til dei som sonar i norske fengsel. Rettleiaren rettar seg mot den kommunale helse- og omsorgstenesta, den administrative og politiske leiinga i kommunen, den fylkeskommunale tannhelsetenesta og helseføretaka. Han beskriv mellom anna ansvaret kriminalomsorga har for å leggje til rette for at helse- og omsorgstenestene kan gjennomføre både dei lovpålagde oppgåvene sine og helsefremjande tiltak.



Figur 7.1

Kjelde: Anagram design.

7 Vald og kriminalitet

Nesten halvparten av alle menn i Noreg oppgir at dei har blitt utsette for fysisk vald éin eller fleire gonger i løpet av livet. Valden er ofte utøvd av menn dei ikkje kjenner. Menn blir òg utsette for fysisk, psykisk og seksuell vald i nære relasjonar.

Utfordringar knytte til oppvekst- og levekår, normer og forventingar til korleis gutar og menn skal vere og reagere, kan vere medverkande årsaker til at gutar og menn blir involverte i vald og kriminalitet, både som utøvar og som utsett. Det breie førebyggjande arbeidet skjer på tvers av fleire samfunnsområde. Det handlar mellom anna om å førebyggje utanforskap og leggje til rette for gode oppvekstvilkår, deltaking og moglegheiter. Desse innsatsområda er nærmare omtalte i andre kapittel i meldinga.

Den samla innsatsen for å førebyggje vald og kriminalitet er nedfelt i fleire strategiar og handlingsplanar. Alle som blir utsette for vald, skal få nødvendig vern og oppfølging. Det er behov for å styrkje den førebyggjande innsatsen og sikre god oppfølging av både utsette og utøvarar.

Dette kapittelet handlar om vald som rammar gutar og menn, og korleis dette kan førebyggjast og følgjast opp. Det endrar ikkje det viktige arbeidet knytt til at vald mot kvinner framleis er ei av dei mest alvorlege likestillingsutfordringane i samfunnet.

Regjeringa vil
- følgje opp *Opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner (2024–2028)*
- bidra til likeverdige og tilgjengelege hjelpetilbod for valdsutsette menn og kvinner
- utarbeide tilrettelagd helseinformasjon på Helsenorge til personar som er utsette for ikkje-familiær vald
- omtale tiltak for og oppfølging av personar som er utsette for ikkje-familiær vald, i ein nasjonal rettleiar for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofar
- følgje opp *Sjef i eget liv – styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold 2025–2028*

Boks 7.1 Mannsutvalet foreslår

Mannsutvalet peikar på at vald mot menn i lita grad har blitt forstått og følgt opp som ei samansett likestillingsutfordring. Forventingar til maskulinitet kan gjere det vanskeleg for menn å erkjenne, snakke om og søkje hjelp i samband med valdserfaringar (NOU 2024: 8).

Utvalet trekkjer fram at problematisk åtferd blant gutar og menn ofte blir individualisert og forstått som ansvaret til den enkelte, i staden for å bli forstått som eit uttrykk for underliggjande utfordringar som krev heilskaplege og samfunnsretta løysingar.

Utvalet etterlyser meir førebygging, betre hjelpetilbod og ei heilskapleg tilnærming som ser vald, maskulinitetsnormer og likestilling i samanheng. Mannsutvalet foreslår følgjande tiltak:
- Gi betre hjelp til offer for ikkje-familiær vald
- Styrkje hjelpetilbodet til personar som utøver vald i nære relasjonar

7.1 Omfanget av alvorleg fysisk vald blant menn

Menn blir i stor grad utsette for alvorleg fysisk vald, ofte i det offentlege rommet og av ukjende gjerningspersonar, til dømes på utelivsarenaer. Valden kan få store konsekvensar for den som er utsett, og kan òg skape utryggleik for andre.

I Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress (NKVTS) si omfangsundersøking av vald og overgrep i den norske befolkninga frå 2023 oppgir omtrent halvparten av mennene, 46 prosent, at dei har opplevd minst éi alvorleg fysisk valdeleg hending etter at dei fylte 18 år, mot 29 prosent av kvinnene (Dale, Aakvaag, Strøm, Augusti & Skauge, 2023). Dei fleste som hadde opplevd alvorleg fysisk vald, hadde vore utsette

Boks 7.2 Kjønnsnormer kan påverke om ein søkjer hjelp

Førestillingar om maskulinitet kan ha innverknad på korleis vald blir utøvd, forstått og erfart, både blant dei som utøver vald, og dei som er utsette for det. Studiar viser at ein del menn kan ha utfordringar med å setje ord på valdserfaringar, og at dei kan kjenne seg bundne av forventingar til korleis ein «mandig» respons på truslar og overgrep skal sjå ut (NOU 2024: 8, s. 201). Førestillingar om kva menn «bør tole», kan til dømes gjere det vanskelegare å erkjenne og formidle valdssårbarheit, sjølv når valden har alvorlege konsekvensar (Rosten, 2020).

Menns vald mot menn er den vanlegaste forma for politimeld vald, men har likevel fått avgrensa merksemd i forskinga og samfunnsdebatten. Ein studie av korleis slik vald blir presentert og tolka i dommar og i media, tyder på at vald som blir utøvd mellom menn – også mellom menn som står i eit likestilt forhold til kvarandre – til ei viss grad blir normalisert. Valden blir ofte forstått som ein del av den sosiale samhandlinga mellom menn og blir gjerne beskriven på ein forenkla måte av media (Jon & Skilbrei, 2024). Dette kan tyde på at valden blir oppfatta som «vanleg» eller forventa. Det kan gjere det vanskelegare å sjå valden som eit samfunnsproblem som krev førebygging og oppfølging.

Menn nyttar i mindre grad enn kvinner særskilde hjelpetilbod for valdsutsette, som krisesenter, Nok.-senter og hjelpetelefonar. Det kan ha samanheng med at kvinner oftare blir utsette for alvorleg og gjenteken vald i nære relasjonar, men òg med barrierar knytte til maskulinitetsnormer, skam og det å søkje hjelp. Det kan òg skrive seg frå at nokre av tilboda er betre tilrettelagde for kvinner enn for menn.

for vald frå menn. 15 prosent av dei utsette mennene oppgav kvinneleg utøvar.

Menn rapporterer om fleire fysiske skadar av valden, mens kvinner i større grad enn menn oppgir at dei var redde for å bli skadde eller døy då dei blei utsette for valden (Dale, Aakvaag, Strøm, Augusti & Skauge, 2023). UngVold-undersøkinga peikar på at unge gutar langt oftare enn jenter blir utsette for truslar om vald eller fysisk vald frå jamaldringar (Frøyland, Lid, Schwencke & Stefansen, 2023).

Menn er sterkt overrepresenterte blant valdsutøvarar, uavhengig av om valden rammar menn eller kvinner. I NKVTS-undersøkinga rapporterte omtrent 80 prosent av dei som hadde vore utsette for alvorleg fysisk vald, at gjerningspersonen var ein mann. Rundt 20 prosent oppgav at dei hadde blitt utsette for vald frå ei kvinne, mens 12 prosent hadde opplevd vald frå personar av begge kjønn.

7.2 Menn blir òg utsette for vald i nære relasjonar

Menn blir òg utsette for fysisk og psykisk vald i nære relasjonar, og dei er svakt overrepresenterte som offer for mindre alvorleg fysisk vald. NKVTS si omfangsundersøking frå 2023 viser at mindre alvorleg fysisk vald frå ein partnar rammar 15 prosent av menn og 13 prosent av kvinner. Kvinner er mest utsette for alvorleg fysisk partnarvald: 10 prosent av kvinnene har opplevd dette, samanlikna med 3 prosent av mennene (Dale, Aakvaag, Strøm, Augusti & Skauge, 2023).

Psykisk vald rammar både kvinner og menn. I hovudsak blir psykisk vald karakterisert som måtar å skade, skremme eller krenkje nokon på som ikkje er av direkte fysisk natur. Det kan òg omfatte måtar å styre, kontrollere eller dominere andre på ved hjelp av underliggjande makt eller truslar. Psykisk vald blir helst utøvd i nære relasjonar, til dømes mot ektefellen eller sambuaren, barn og andre familiemedlemmer.

Ettersom omgrepet *psykisk vald* ikkje har nokon klar definisjon, er det vanskeleg å samanlikne statistikk og vurdere kjønnsdimensjonen i utøving av og sårbarheit for denne forma for vald. Svenske studiar viser at den sjølvrapporterte sårbarheita for psykisk vald er høgare enn for den fysiske (Brå, 2024).

Undersøkinga viser at det er kjønnsforskjellar i former for kontroll i parforhold. Menn opplever oftare å bli overvaka på nett enn kvinner, mens kvinner noko oftare opplever sjalusi og at dei må gjere greie for kvar dei har vore. Når vi ser på den meir omfattande kontrollen, der det er snakk om ei blanding av fleire kontrollformer, er kvinner meir utsette enn menn (17 prosent kvinner mot 14 prosent menn) (Dale, Aakvaag, Strøm, Augusti & Skauge, 2023).

Konsekvensane av vald i nære relasjonar kan vere gjennomgripande både for den valdsutsette og for barna til den valdsutsette. Valden har større konsekvensar enn den fysiske skaden han forårsakar. Det er ein klar samanheng mellom det å bli utsett for vald i nære relasjonar og den fysiske og psykiske helsa. Mange som blir utsette for vald eller overgrep, utviklar helseplager, anten akutt som følgje av fysiske skadar eller akutte psykiske traumereaksjonar, eller ved at skadane utviklar seg over tid.

Yngre og eldre kvinner og menn som er utsette for vald, har høgare førekomst av angst og depresjon. Ei følgje av valden kan vere auka bruk av alkohol og andre rusmiddel, og dessutan sjølvmordsproblematikk. I tillegg har dei som er utsette for vald, og særleg kvinnene, klart høgare førekomst av kreft, hjarte- og karsjukdommar og fallskadar enn kvinner som ikkje er utsette for vald (NKVTS, 2018).

Barn kan sjølve bli utsette for vald og seksuelle overgrep i nære relasjonar, eller dei kan vere vitne til at ein forelder eller ein annan omsorgsperson blir utsett for dette. Å vere vitne til vald kan vere like skadeleg for barn som å bli utsett for det sjølv. I UngVold-studien frå 2023 oppgav éin av seks deltakarar at dei i oppveksten hadde sett eller høyrt ein forelder bli utsett for fysisk vald eller psykiske krenkingar frå ein partnar (Frøyland, Lid, Schwencke & Stefansen, 2023). Å vere utsett for vald, overgrep eller omsorgssvikt i barndommen gir auka risiko for utryggleik, redusert helse og livskvalitet også i vaksen alder, og det kan auke risikoen for at ein sjølv blir utsett for eller utøver vald som vaksen (Aakvaag & Strøm, 2019)

NKVTS-undersøkinga viser at personar som har vore utsette for vald, opplever fleire symptom på angst, depresjon og posttraumatisk stress enn personar som ikkje har vore det. Jo fleire former for vald personen var utsett for, desto fleire symptom på psykisk uhelse blei rapporterte. Personar som hadde vore utsette for vald både i barndommen og som vaksne, hadde størst symptombelasting (Dale, Aakvaag, Strøm, Augusti & Skauge, 2023).

Boks 7.3 Kjærastevald blant unge

UngVold-undersøkinga frå 2023 kartlegg ulike former for vald og krenkingar i kjærasteforhold.

Resultata viser at omfanget er høgt. Blant ungdom som har eller har hatt ein fast kjærast, rapporterte om lag 3 av 10 å ha opplevd minst éi form for vald eller krenking frå ein kjærast – 22 prosent blant gutar og 35 prosent blant jenter. Det vanlegaste, særleg blant jenter, er å bli utsett for seksuell vald. Fleire jenter enn gutar oppgav òg at dei hadde vore utsette for psykiske krenkingar, digitale truslar og audmjukingar og digitale seksuelle krenkingar. 1 av 10 har opplevd fysisk vald frå ein kjærast, til dømes dytting, lugging, slag og spark. Gutar oppgav å ha blitt utsette for slik kjærastevald noko oftare enn jenter.

Sårbarheit for kjærastevald er meir utbreidd blant ungdom med ei anna seksuell orientering enn heterofil, blant unge med funksjonsnedsetjingar og blant dei som har opplevd problem i oppveksten (Frøyland, Lid, Schwencke & Stefansen, 2023). Kontrollerande åtferd er ein tydeleg risikomarkør for kjærastevald. Ein stor del av ungdom som hadde erfart slik åtferd frå ein kjærast, rapporterte òg om vald og andre former for krenkingar.

7.3 Kjønnsnormer og maskulinitet kan gjere det vanskeleg å snakke om seksuell vald og overgrep

Seksuell vald er eit samleomgrep for ulike former for seksuelle krenkingar og omfattar alt frå berøring til valdtekt. NKVTS-undersøkinga viser at 1 av 20 norske menn blir utsette for valdtekt eller andre former for seksuelle overgrep i løpet av livet. Det tilsvarande talet for kvinner er 1 av 5, altså langt høgare (Dale, Aakvaag, Strøm, Augusti & Skauge, 2023).

Ungdomstida er den tida i livet då flest blir utsette for seksuell vald. UngVold-undersøkinga frå 2023 viser at det rapporterte omfanget av nesten alle former for seksuell vald var tilnærma dobbelt så høgt som i 2015, for både gutar og jenter. Omtrent 1 av 4 i UngVold-undersøkinga rapporterte at dei hadde vore utsette for minst eitt tilfelle av seksuell vald i løpet av oppveksten. Kjønnsforskjellane er betydelege, og omfanget av seksuell vald er nær fire gonger så stort blant jenter som blant gutar (Frøyland, Lid, Schwencke & Stefansen, 2023).

Det blir i hovudsak oppgitt at det er menn som utøver seksuell vald, også når den utsette sjølv er ein mann. Kvinnene som hadde blitt utsette for valdtekt, oppgav i 97 prosent av tilfella at utøvaren var ein mann. Mennene som hadde opplevd vald-

tekt, oppgav i 58 prosent av tilfella at utøvaren var ein mann. I 17 prosent av tilfella var det både menn og kvinner som utøvde valdtekta (Dale, Aakvaag, Strøm, Augusti & Skauge, 2023, s. 75).

Erfaringar frå hjelpeapparatet kan tyde på at kjønnsnormer og førestillingar om maskulinitet kan gjere det vanskelegare for gutar og menn å identifisere overgrep, snakke om det og søkje hjelp. Frykt for ikkje å bli trudd, skam og uvisse om eigen identitet kan gjere det vanskeleg å fortelje om det som har skjedd. Dette kan bidra til at overgrep mot gutar og menn i mindre grad blir avdekte og følgde opp, og det understrekar kor viktig det er at hjelpetenestene har kompetanse til å møte alle utsette på ein trygg, respektfull og likeverdig måte.

7.4 Mangel på informasjon til offer for ikkje-familiær vald

Den alvorlege fysiske valden som gutar og menn blir utsette for, ofte i det offentlege rommet og der gjerningsmannen er ukjend, kan få store og langvarige konsekvensar for den psykiske helsa deira. Ein norsk studie av personar som hadde vore utsette for fysisk vald utanfor nære relasjonar, der nær 80 prosent var menn, fann at blant deltakarane som blei følgde opp, hadde nær éin av tre symptom som var i samsvar med posttraumatisk stressliding, eitt år etter hendinga, mens nær éin av fem hadde slike symptom åtte år seinare (Johansen et al., 2022).

Det finst i dag ingen tilpassa helseinformasjon til denne gruppa, og det varierer kva slags oppfølging dei får etter valdshendinga. Valdsoffer er ofte i kontakt med legevakta og kan få tilbod om oppfølging der eller av det kommunale psykososiale kriseteamet.

7.5 Krisesentertilbodet til menn

Krisesentertilbodet er eit av dei viktigaste verne- og rettleiingstilboda for personar som er utsette for vald i nære relasjonar. Kommunane har ansvar for å sørgje for eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn. Etter gjeldande rett er det eit krav om fysisk skilde krisesentertilbod for kvinner og menn. Bakgrunnen er ei avveging mellom to ulike likestillingsperspektiv: å fremje generell likestilling ved å gi kvinner og menn lik tilgang til krisesentertilbodet og å gi eit særleg vern for kvinner, som er mest utsette for alvorleg vald i nære relasjonar. Alle som er utsette for vald i nære relasjonar, skal ha eit likeverdig tilbod, uavhengig av kjønn. Krisesentertilbodet omfattar både ein midlertidig trygg stad å bu og eit dagtilbod med rettleiing og informasjon om rettar og moglegheiter.

Det er eit mål at personar som er utsette for vald i nære relasjonar, skal få eit tilbod som er tilpassa behovet deira, uansett kva for ein situasjon dei er i. Kommunen skal leggje til rette for at tilbodet varetek dei individuelle behova til brukarane. Slik tilrettelegging kan mellom anna henge saman med kjønn, seksuell identitet og/eller kjønnsidentitet, alder, etnisitet, språk, funksjonsnedsetjing og valdserfaringar.

I 2025 budde det 2 052 kvinner og 226 menn på krisesentera, og 3 467 kvinner og 364 menn nytta dagtilbodet på krisesentera. 65 prosent av dei som budde på krisesenter i 2025, hadde innvandrarbakgrunn. 1 531 barn budde på krisesenter i 2025 (Sentio Research Norge, 2025).

Menn utgjer ein liten del av dei som nyttar krisesentertilbodet. Det kan henge saman med kor mange menn som blir utsette for alvorleg vald frå partnaren sin, men òg med forhold ved tilbodet eller terskelen for å søkje hjelp.

Kunnskapen på feltet peikar på fleire moglege forklaringar. Fleire studiar viser til at det å søkje hjelp på ein stad som i stor grad er rekna som eit tilbod for kvinner, kan vere eit stort steg å ta for valdsutsette menn (Grøvdahl & Jonassen, 2015). Ifølgje Reform – ressurssenter for menn er det òg eit problem at mange menn ikkje veit at dei har eit krisesentertilbod, og heller ikkje at dei kan ta med seg barna dit (Reform, 2024). I ei landsrepresentativ undersøking som Kantar gjorde for Reform i 2020, gjekk det fram at berre 41 prosent trudde at krisesentera hadde tilbod til menn med barn (Kantar, 2020). Når spørsmålet gjaldt menn utan barn, var det berre 31 prosent av dei spurde som trudde at krisesentera hadde noko tilbod.

Sjølv om krisesenterlova føreset eit likeverdig tilbod uavhengig av kjønn, er det i praksis likevel slik at det er forskjellar i tilbodet til kvinner og menn, og dermed også til barna deira. Studiar peikar mellom anna på stadvis dårlegare fysisk standard, manglar ved tryggleiken, mindre aktivitetstilbod, lite eigna butilbod, manglande bemanning i helgar og på kveldstid og at menn i større grad blir isolerte, særleg i mindre kommunar og krisesenter (Bakketeig, 2014). Nokre plassar for menn står ubrukte i periodar. Krisesenter der tilbodet til kvinner og menn er samlokalisert, det vil seie at det er skilde avdelingar for kvinner og menn i det same bygget, med separate inngangar, gir betre tilbod til menn. Når tilbodet til menn

ikkje er godt nok, er heller ikkje tilbodet til barn som kjem saman med ein mannleg omsorgsperson, godt nok.

7.6 Tiltak for å fange opp og førebyggje vald og overgrep

Korleis vald blir forstått, betyr noko for kva slags førebyggjande tiltak som blir sette i verk. Kjønnsperspektiv i valdsførebygging inneber å forstå, analysere og handtere vald ved å anerkjenne at kjønn har noko å seie for kven som utøver vald, kven som blir utsett for vald, kva type vald det er snakk om, og kva konsekvensar valden har. Det handlar òg om å forstå kva rolle kjønnsnormer speler for både utøving av vald, erfaringar med vald og responsen frå omgivnadene.

Regjeringa vil styrkje førebygginga av vald og sikre eit heilskapleg hjelpetilbod, både til utsette og utøvarar. Regjeringa viser til følgjande tiltak som er sette i verk:

- tilbod til personar som utøver vald og overgrep
- hjelpetilbod som er kjende og tilgjengelege også for valdsutsette menn
- tiltak for å førebyggje vald og overgrep i nære relasjonar

7.6.1 Tilbod til personar som utøver vald og overgrep

Tilbod til valdsutøvarar og personar som står i fare for å utøve vald, overgrep eller aggressiv eller skadeleg seksuell åtferd, er ein viktig del av det valdsførebyggjande arbeidet. Mannsutvalet framhevar behovet for å styrkje behandlingstilbodet til valdsutøvarar slik at det blir meir tilgjengeleg i fleire delar av landet.

Det finst ulike oppfølgings- eller behandlingstilbod til vaksne og barn som utøver vald og overgrep, mellom anna tilbod i regi av helsetenester, barnevern og familievern. Det finst òg tenester med spesifikke mandat om behandlingstilbod til valdsutøvarar, slik som Sinnemestring Brøsetmodellen og stiftinga Alternativ til Vold. Dei seinare åra har behandlingstilbodet i spesialisthelsetenesta til vaksne som gjer seg skuldige i overgrep mot barn, eller som har seksuell interesse for barn, blitt styrkt. Det same gjeld tilbodet til barn som har problematisk eller skadeleg seksuell åtferd.

Regjeringa vil jobbe for at det skal vere likeverdige og tilgjengelege behandlingstilbod i helse- og omsorgstenesta til personar som har utøvd eller står i fare for å utøve vald og seksuelle overgrep, i tråd med *Opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar 2024–2028*. På oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet ferdigstilte Helsedirektoratet i 2022 ein overordna strategi for heilskapleg og planmessig utvikling av arbeidet retta mot personar som har utøvd vald eller seksuelle overgrep. Direktoratet arbeider med å foreslå konkrete tiltak for å nå måla i strategien, på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet.

7.6.1.1 Sinnemeistring og behandlingstilbod i regi av helsetenestene

I spesialisthelsetenesta kan pasientar med til dømes alvorleg psykisk liding og forhøgd valdsrisiko få behandling i ordinære eller tryggleikspsykiatriske tilbod basert på individuell vurdering av behandlings- og oppfølgingsbehovet.

Helsedirektoratet utarbeidde i 2020 nasjonale faglege råd for helsetilbodet til personar som står i fare for å utøve seksuelle overgrep mot barn («Det finnes hjelp»). I 2020 og 2021 fekk dei regionale helseføretaka i oppdrag å etablere eit heilskapleg behandlingstilbod til personar som står i fare for å utøve seksuelle overgrep mot barn, i tråd med ein modell som Helsedirektoratet har utarbeidd. Tilbodet skulle òg tilpassast behova i den samiske befolkninga.

I tråd med *Opptrappingsplan mot vald og overgrep (2017–2021)* blei helseføretaka vidare bedde om å sikre god nok klinisk kompetanse på behandling av seksuelle åtferdsproblem hos barn og unge. Arbeidet skulle gjennomførast i samarbeid med eit nasjonalt klinisk nettverk. Ettersom ein stor andel av seksuelle overgrep mot barn og unge er utført av jamaldringar, er det etablert behandlingstilbod for skadeleg seksuell åtferd ved alle ungdomspsykiatriske poliklinikkar/psykisk helsevern retta mot skadeleg seksuell åtferd hos barn og unge.

«Det finnes hjelp» er eit landsdekkjande tilbod til vaksne med seksuell interesse for barn, og som ønskjer støtte til å førebyggje overgrep. Tilbodet er tilgjengeleg i alle helseregionar og er følgt opp med informasjonskampanjar retta særleg mot menn i alderen 18–35 år.

«Ny kurs» er eit poliklinisk behandlingstilbod i Helse Sør-Øst for personar over 18 år som har gjort, eller som er bekymra for at dei skal gjere, seksuelle overgrep mot barn eller vaksne. Ein sentral del av tilbodet er å støtte pasienten i å utvikle eit meiningsfullt liv med mål om at dette skal førebyggje nye overgrep.

«BASIS – Behandling av seksuallovbruddsproblematikk i spesialisthelsetjenesten» er eit frivillig tilbod til personar som er dømde for seksuallovbrot, og som er i gang med å gjennomføre straffa, eller for dei som blir vurderte å ha høg risiko for tilbakefall. Behandlinga startar i fengsel, og tilbodet blei etablert i alle helseregionar i 2020.

7.6.1.2 Familievernet sitt arbeid med vald

Familievernet kan komme i kontakt med familiar der éin eller fleire utøver eller blir utsette for vald. Det er viktig at terapeutar og meklarar fangar opp saker som treng særleg oppfølging, og at dei melder vidare til barnevernet eller politiet når det er nødvendig. Kunnskap om vald og overgrep er derfor ein del av grunnkompetansen til alle tilsette. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har i fleire år arbeidd for å styrkje grunnkompetansen om vald i familievernet. Velferdsforskingsinstituttet NOVA har på oppdrag frå Bufdir i fleire år forska på familievernet sitt arbeid med vald. I ein studie frå 2024 finn NOVA at fagutviklinga på valdsfeltet har ført til generelt større merksemd, betre kompetanse og gode verktøy i arbeidet med vald i familievernet (Seeberg & Bossy, 2024). Sjå òg omtale av samarbeidet mellom Alternativ til Vold og familievernet under punkt 7.6.1.3.

Ein del familievernkontor tilbyr sinnemeistringskurs i form av gruppetilbod for personar som opplever at dei er for sinte i kvardagen, til dømes på barna eller partnaren. Nokre av kursa finst òg som videokurs eller digitale verktøy, til dømes littsint.no.

Regjeringa vil sjå på tiltak for å fange opp risikosakene i familievernet og få desse vidare til eigna handtering i barnevern og politi etter behov.

7.6.1.3 Alternativ til Vold – eit viktig tilbod til menn som utøver vald

Alternativ til Vold (ATV) blei etablert som det første europeiske behandlingstilbodet til menn som utøver vald mot partnaren. Seinare er tilbodet utvida til å omfatte kvinner òg. ATV er i dag eit offentleg finansiert behandlings- og kompetansesenter med særleg vekt på vald i nære relasjonar og har 15 kontor spreidde rundt om i landet. ATV får tilskot både frå staten og frå kommunar. Statens tilskot i 2026 er på om lag 102 millionar kroner over budsjettet til Barne- og familiedepartementet.

Sidan 2017 har det statlege tilskotet inkludert eit familiemandat, som inneber at også barna og partnaren til utøvaren i behandling kan få eit samtaletilbod. Nokre kontor har eigne tilbod til ungdom med valdsproblematikk, valdsutsette vaksne og barn som har opplevd vald heime.

ATV har i fleire år samarbeidd med familievernet både på sentralt og lokalt nivå for å heve grunnkompetansen om vald og overgrep blant dei tilsette i familievernet. Det omfattar mellom anna opplæring av terapeutar ved alle familievernkontor i metoden «Enkel og effektiv aggresjonskontroll» og samarbeid i enkeltsaker. Dette samarbeidet blir vidareført.

Fire av behandlingsstadene til ATV har tilbod til ungdom som utøver vald. Tilbodet er finansiert av kommunane. ATV Drammen er stiftinga sitt senter med kompetanse på ungdom som utøver vald i det offentlege rommet, og har sidan 2003 hatt eit tilbod til ungdom i samarbeid med Drammen kommune. Eit tilsvarande tilbod er etablert i Kristiansand og Asker, og eit nytt tilbod blei oppretta i Stavanger i 2025. Tilboda er gratis og byggjer på ei eigenutvikla psykologfagleg tilnærming. Erfaringane viser at tverrfagleg og tverrsektorielt samarbeid er vesentlege suksessfaktorar. Døme frå Drammen viser at tilbodet kan inngå i ei samanhengande tiltakskjede med barnevern, konfliktråd, skule, politi og andre kommunale tenester. ATV opplyser at om lag 90 prosent av ungdommane i behandling sjølve har vore utsette for vald eller har vakse opp i ein heim med partnarvald (ATV, 2025).

Evalueringar frå Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress viser positive behandlingsresultat for vaksne (Askeland, Birkeland, Lømo, & Tjersland, 2021). Sjølv om det berre finst avgrensa forsking på effekten av behandling for barn og unge med valds- og aggresjonsproblem, er det rimeleg å gå ut frå at god og kvalifisert behandling kan førebyggje at dei tek valdsproblematikken med seg inn i sine eigne nære relasjonar. Behandling kan òg hjelpe ungdom ut av ein kriminell løpebane prega av vald.

Dei fleste ATV-kontora tilbyr behandling berre i kommunane som har inngått driftsavtale med ATV. Det inneber i praksis at mange kommunar ikkje har noko ATV-tilbod til innbyggjarane sine. Regjeringa prioriterer det statlege tilskotet til ATV. Dersom fleire kommunar inngår eit samarbeid med ATV, vil det kunne styrkje behandlingstilbodet til valdsutøvarar.

7.6.2 Hjelpetilboda skal vere kjende og tilgjengelege, også for valdsutsette menn

Mange ulike tenester er viktige i oppfølging, behandling og vern av valds- og overgrepsutsette, til dømes generelle tenester der hjelp til utsette er ein del av oppgåvene, tenester i arbeids- og velferdsforvaltinga, kommunale helse- og omsorgstenester, spesialisttenesta og familievernet. I tillegg omfattar hjelpetilbodet spesialiserte tenester der hjelp til valdsutsette utgjer kjerneoppgåva, til dømes krisesentertilbodet, overgrepsmottaka, sentera mot incest og seksuelle overgrep, Nok.-sentera, støttesentera for kriminalitetsutsette, Alternativ til Vold og hjelpetelefonar for valdsutsette. Både dei spesialiserte og dei generelle tenestene utgjer viktige delar av det samla tilbodet til valdsutsette.

Statistikk viser at menn i mindre grad enn kvinner oppsøkjer dei særskilde hjelpetilboda for valdsutsette, til dømes krisesentertilbodet, sentera mot incest og seksuelle overgrep, Nok.-sentera og hjelpetelefonar for valdsutsette (Agenda Kaupang, 2026). Det er flest kvinner som nyttar seg av tilbodet i overgrepsmottak. Andelen menn som oppsøkjer mottaka, har over tid lege mellom 4 og 7 prosent (NOU 2024: 4, 2024). Det kan ha samanheng med at kvinner i mykje større grad enn menn rapporterer om alvorleg og gjenteken vald i nære relasjonar. I tillegg kan andre faktorar spele inn, som til dømes at menn og gutar har høgare terskel for å søkje hjelp, særleg ved alvorleg fysisk eller seksuell vald, eller at nokre av tilboda er betre tilrettelagde for kvinner enn menn. Det er eit mål at tenestene skal vere likeverdige for kvinner og menn, og at dei særskilde hjelpetilboda for valdsutsette skal vere godt kjende både blant kvinner og menn.

7.6.2.1 Støttesenter for kriminalitetsutsette

Støttesentera for kriminalitetsutsette er i dag ein sentral del av tilbodet til alle, uavhengig av kjønn, som er utsette for vald, overgrep og annan integritetskrenkjande kriminalitet. Sentera gir støtte, informasjon og rettleiing og legg til rette for at møtet med politiet og rettsapparatet blir ei så god oppleving som mogleg i ein vanskeleg situasjon for den utsette. Vald i nære relasjonar og annan vald utgjer den største delen av sakene som støttesentera arbeider med.

Oslo Economics og Agenda Kaupang gjennomførte i 2025 ei evaluering av støttesentera på oppdrag frå Politidirektoratet. Evalueringa viser at tilbodet har positive verknader for kriminalitetsutsette. Ho peikar òg på at støttesentera kan avlaste etterforskarar og påtalejuristar og bidra til at vitne er betre førebudde til avhøyr og rettsbehandling. Samtidig viser evalueringa at det er variasjonar mellom sentera når det gjeld organisering, bemanning og oppgåveutføring, noko som kan påverke måloppnåinga. Evalueringa blei lansert i juni 2026 og blir no følgd opp av Politidirektoratet.

7.6.2.2 Styrkje kunnskapsgrunnlaget om felles butilbod på krisesenter

Kravet i krisesenterlova om fysisk skilde krisesentertilbod for kvinner og menn er særleg grunngitt i behovet for tryggleik og vern av valdsutsette kvinner. Fleire studiar viser at kravet om fysisk skilde butilbod til kvinner og menn kan vere ei utfordring, særleg for mindre kommunar og krisesenter, sjå kapittel 7.5. Ei mogleg årsak til at tilbodet til menn nokre stader har eit mindre omfang og lågare kvalitet, kan vere at kommunane opplever det som uforholdsmessig kostbart å ha eigne krisesentertilbod til menn.

Romerike krisesenter IKS har frå 2021 gjennomført eit forsøk med felles krisesentertilbod for kvinner og menn, og forsøket blei følgjeevaluert av NOVA i 2025. Evalueringa viser at tilbodet til menn og barn som kjem med far, blei styrkt. Konsekvensane for kvinner er meir samansette, og forskarane kunne ikkje trekkje sikre konklusjonar om korleis eit slikt tilbod påverkar kvinners bruk av krisesenteret. Forsøket er forlengt ut 2027 og blir følgt opp med vidare evaluering (Dullum & Bakketeige, 2025).

Spørsmålet om det bør opnast for felles krisesentertilbod til kvinner og menn, eller om dagens ordning bør førast vidare, var på høyring sommaren 2025. Høyringssvara var delte, og det blei konkludert med at det var behov for meir kunnskap og fleire utgreiingar. Under behandlinga av Prop. 122 L (2024–2025) *Endringar i krisesenterlova (tydeleggjering av det kommunale ansvaret og grunnlag for behandling av personopplysningar m.m.)* gjorde Stortinget oppmodingsvedtak 1019 om å styrkje kunnskapsgrunnlaget om felles butilbod og vedtak 1020 om å vidareføre igangsette forsøk med krisesentermodellar. Barne- og familiedepartementet følgjer opp dette.

7.6.2.3 Andre tiltak for å styrkje krisesentertilbodet til menn og barna deira

I tillegg til å styrkje kunnskapsgrunnlaget om integrert butilbod for kvinner og menn er det vik-

tig å setje i verk andre tiltak for å betre tilbodet til menn og barna deira. Endringane i krisesenterlova som Stortinget vedtok 16. juni 2025, tydeleggjer plikta kommunen har til å sørgje for likeverdige alternative krisesentertilbod. Den faglege rettleiaren for innhaldet i krisesentertilbodet understrekar kommunane sitt ansvar for å gi eit tilrettelagt tilbod for menn.

Tilstanden til og utforminga av krisesenterbygg er ein viktig faktor for å kunne tilpasse tenesta til valdsutsette menn. Det blei i 2025 etablert ei ny tilskotsordning for å stimulere kommunar til å oppgradere, fornye eller utvide krisesentera sine. Mellom anna fekk fleire kommunar tilskot til å etablere eigne avdelingar for menn. Tilskotsordninga er vidareført i 2026 og blir òg foreslått vidareført i 2027.

Dersom krisesentertilbodet skal vere eit tilgjengeleg lågterskeltilbod for personar som er utsette for vald i nære relasjonar, må det vere kjent både for kvinner og menn og for instansar som møter valdsutsette. Den faglege rettleiaren for innhaldet i krisesentertilbodet framhevar at informasjon om krisesentertilbodet til menn, både samtaletilbod og butilbod, må komme tydeleg fram når kommunane informerer om tilboda sine. Kommunane har ei plikt etter kommunelova til å informere om all verksemd og på eit språk som valdsutsette kan forstå. Det blir òg informert om krisesentertilbodet i ulike kanalar på sosiale medium. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet bidreg til å gjere krisesentertilbodet kjent for menn gjennom informasjon, statistikk, forsking og fagutvikling.

I informasjonsarbeidet om krisesentertilbodet, anten det er kommunen, staten eller frivillig sektor som står bak, er det viktig å synleggjere betre at tilbodet er retta mot både kvinner og menn, vaksne og barn.

7.6.2.4 Menn som blir utsette for vald utanfor familien

Menn utøver og blir i stor grad utsette for alvorleg fysisk vald, særleg vald som skjer i det offentlege rommet og som blir utøvd av ukjende gjerningspersonar. Tilbodet til denne gruppa valdsutsette menn varierer i kvalitet og tilgjengelegheit. Regjeringa tek sikte på å gjere informasjon meir tilgjengeleg for denne gruppa menn ved å utarbeide tilpassa helseinformasjon på Helsenorge for personar som er utsette for vald utanfor familien. Det er viktig at denne gruppa menn får

Boks 7.4 Lågterskeltilbod retta mot gutar og menn

Mannstelefonen, som er driven av Reform – ressurssenter for menn, er eit landsdekkjande lågterskeltilbod for menn som treng nokon å snakke med. Tilbodet blir bemanna av frivillige som har fått opplæring i samtalestøtte, og tilbyr anonyme og fortrulege samtalar om tema som einsemd, samlivsbrot, konfliktar, psykisk helse, vald, overgrep og andre livsutfordringar. Mannstelefonen er Noregs eldste telefonteneste spesielt retta mot menn.

Reform – ressurssenter for menn utviklar i samarbeid med fleire krisesenter eit gruppetilbod for menn som er utsette for vald i nære relasjonar. Prosjektet, som starta i 2025 og er vidareført i 2026, skal gi erfaringar med rekruttering til gjennomføring og evaluering av gruppetilbod for målgruppa. Erfaringane blir delte med krisesenter og andre hjelpetenester for å bidra til vidare utvikling av tilbodet. Tilbodet er retta mot menn som har vore utsette for vald i vaksen alder, og som ikkje lenger bur saman med valdsutøvaren. Prosjektet er støtta av konfliktrådet og blir gjennomført i samarbeid med Romerike krisesenter, Asker, Bærum og Lier krisesenter og Oslo krisesenter (Reform, 2026).

Kamerathjelpen er eit lågterskel samtaletilbod som er drive av MannsForum. Tilbodet er basert på likemannsstøtte, der menn kan snakke anonymt og fortruleg med frivillige som sjølv har erfaring med krevjande livssituasjonar. Samtalane kan handle om mellom anna samlivsbrot, konfliktar knytte til foreldreskap, einsemd, psykiske belastingar og andre livskriser.

Utsattmann.no er eit nasjonalt informasjons- og støttetilbod for gutar og menn som har vore utsette for vald eller seksuelle overgrep. Nettstaden blir driven av menn med eigne erfaringar som overgrepsutsette i samarbeid med fagpersonar. *Utsattmann.no* formidlar kunnskap om vald og overgrep, tilbyr ei anonym spørsmåls- og svarteneste og gir råd til utsette, pårørande og fagpersonar. Gjennom informasjon, erfaringsformidling og rettleiing skal tilbodet bidra til å gi folk auka kunnskap, redusere stigma og gjere det lettare for utsette gutar og menn å oppsøkje hjelp.

den hjelpa dei har behov for. Dei kommunale psykososiale kriseteama og legevaktene skal leggje til rette for oppfølging etter alvorleg fysisk vald utanfor familien der det er behov for det. Dette skal innarbeidast gjennom den pågåande revisjonen av *Nasjonal rettleiar for psykososiale tiltak ved kriser, ulykker og katastrofar*.

7.6.3 Tiltak for å førebyggje vald og overgrep i nære relasjonar

God førebygging og tidleg innsats mot vald og overgrep kan redusere behovet for meir omfattande tiltak seinare og spare enkeltindivid og samfunnet for store kostnader, både menneskelege og økonomiske. Det er behov for førebyggjande og haldningsskapande tiltak som rettar seg mot gutar og menn for å motverke normer som fremjar vald og skadeleg seksuell åtferd.

7.6.3.1 Opptrappingsplan mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar for perioden 2024–2028

Regjeringa la i 2023 fram ein opptrappingsplan med 122 tiltak for å førebyggje og motarbeide vald, overgrep og, i verste fall, drap. Gjennomføringa er godt i gang, og det blei publisert ein statusrapport i juli 2026.

Opptrappingsplanen er sentral i arbeidet med å førebyggje, gi betre hjelp til og vern av personar som er utsette for vald og overgrep, og sørgje for meir effektiv straffeforfølging og oppfølging av personar som har utøvd det. Tiltaka omfattar mange sektorar, mellom anna barnehagen og skulen, barne- og familievernet, helsesektoren og politiet. Døme på sentrale tiltak:

- Innføring av RISK-modellen i alle politidistrikt, der politispesialistar og sosial- og helsefagleg tilsette arbeider saman i team for å førebyggje vald. Innsatsen blir retta både mot valdsutsette, valdsutøvarar og barna til valdsutsette. Regjeringa har som mål å etablere RISK i alle politidistrikt og har begynt med Nordland, Sør-Vest og Sør-Øst politidistrikt.
- Etablering av partnardrapkommisjonen, som skal styrkje det førebyggjande arbeidet mot partnarvald og partnardrap
- Utvikling av meir tilgjengelege og likeverdige behandlingstilbod til personar i helse- og omsorgstenesta som har utøvd eller står i fare for å utøve vald og seksuelle overgrep
- Nasjonal strategi for arbeidet til helsesektoren med personar som utøver vald eller overgrep, med vekt på tilgjengeleg behandling og kunnskap om og kompetanse på å identifisere, vurdere og følgje opp dei som står i fare for å utøve vald

Helsedirektoratet har prioritert arbeidet med barn og unge, der potensialet for førebygging blir vurdert som særleg stort. Tiltaka skal samla bidra til betre førebygging, tidlegare innsats og auka tryggleik for personar som er utsette for vald og overgrep.

7.6.3.2 Informasjons- og haldningsskapande arbeid

Arbeidet med å førebyggje vald og overgrep omfattar universelle tiltak for å formidle kunnskap om vald, overgrep, samtykke, grenser og tilgjengelege hjelpetilbod. Målet er både å førebyggje vald og overgrep og gjere det lettare å oppdage og stanse vald som alt skjer. Regjeringa meiner det er viktig å ha ein særleg innsats retta mot unge i det haldningsskapande arbeidet.

Dei seinare åra har norske styresmakter og frivillige organisasjonar gjennomført fleire haldnings- og informasjonskampanjar retta mot befolkninga generelt og mot unge spesielt for å førebyggje vald i nære relasjonar, valdtekt og andre seksuelle overgrep. Sjølv om det har vore forska lite på effekten av slike kampanjar, kan det å setje temaet på dagsordenen òg bidra til at fleire blir klar over kva vald og overgrep faktisk er, og kor omfattande problemet er. Det kan gjere det lettare for utsette menn å fortelje nokon kva dei har opplevd, rapportere om det og oppsøkje hjelp.

Erfaringar frå andre land kan tyde på at valdsførebygging med eit kjønnsperspektiv og som særleg har gutar og menn som målgruppe, kan ha effekt for å oppnå endringar i haldningar og normer om vald (Moen, Bergman, & Øverlien, 2018). Samtidig er det viktig å understreke at kampanjar truleg vil ha liten effekt når det gjeld å førebyggje den gjentekne og grove valden.

Det er etablert eit samarbeid mellom relevante direktorat i arbeidet mot vald i nære relasjonar og vald og overgrep mot barn. Direktoratsgruppa skal bidra til å auke kunnskapen i befolkninga om vald og overgrep og om konsekvensane av dette. Vidare skal gruppa leggje til rette for betre koordinering av kampanjar og anna haldningsskapande arbeid for å førebyggje vald og overgrep.

Eit døme er haldningskampanjen «Porno er ikke pensum», som blei lansert i 2026. Bakgrunnen er ein markant auke i talet på unge som blir utsette for seksuell vald, kombinert med at stadig fleire barn og unge blir eksponerte for

porno og seksuelt innhald på internett. I tillegg har innføringa av den nye samtykkelova gjort tematikken meir aktuell. Målgruppa for kampanjen er unge mellom 15 og 18 år, og kampanjen oppmodar unge om å søkje kunnskap om kropp, sex og grenser frå den offentlege informasjonskanalen Ung.no og ikkje frå pornofilmar. Målet er å gi dei meir kunnskap om kvar grensene går mellom gjensidig sex, krenkjande eller skadelege erfaringar og seksuelle overgrep.

7.6.3.3 Undervisning om kjønn og seksualitet

Valdsførebyggjande tiltak i regi av barnehagar, skular og helsetenester gir eit godt grunnlag for å nå ut til flest mogleg barn og unge med openheit og kommunikasjon om tema som seksualitet, grensesetjing, vald og overgrep.

Undervisning om kjønn og seksualitet skal vere ein integrert del av opplæringsløpet frå tidleg alder og gjennom heile skulegangen. Formålet er å gi barn og unge kunnskap, ferdigheiter og haldningar som støttar god seksuell helse og legg grunnlaget for trygge og respektfulle relasjonar. Opplæringa skal byggje på oppdatert og forskingsbasert kunnskap og vere tilpassa aldersgruppa og den kulturelle bakgrunnen til elevane. Kompetansemåla skal dekkje sentrale tema som relasjonar og kjensler, kroppsbilete, kjønnsroller, grensesetjing og seksuell og reproduktiv helse.

Undervisninga må opplevast som relevant for livssituasjonen til elevane, også i lys av den digitale kvardagen deira, og må derfor ta opp tema som samtykke, grensesetjing og korleis ein kan handtere krenkingar og overgrep på nettet. Elevane må òg få kunnskap om kvar og korleis dei kan melde frå om slike hendingar.

Det er utvikla fleire informasjons- og opplæringsressursar både i regi av staten og frivillig sektor som kommunane kan nytte i det valdsførebyggjande arbeidet. Eit døme er «Jeg vet» (jegvet.no), som er ein gratis læringsressurs for barnehagar og skular om mobbing, vald, overgrep og barns rettar. Innhaldet er knytt til rammeplanen for barnehagen og læreplanane i skulen. Ei effektevaluering viser at bruk av «Jeg vet» aukar elevane sin samla kunnskap om vald i heimen, seksuelle overgrep og kva barn kan gjere, særleg blant dei yngste. Bruk av verktøyet har òg ein positiv effekt på motivasjonen til lærarane og bidreg til å gjere læraren tryggare i undervisninga om vald og overgrep (Flatø, Zhang, Strand, & Weiss, 2026). Også foreldre har eit ansvar for å snakke med ungdom om seksualitet og grensesetjing. Foreldrehverdag.no er ein inngangsport til digital informasjon for foreldre, drifta av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir). Her kan foreldre finne tips og råd om korleis dei kan snakke med ungdom mellom anna om seksualitet, samtykke, sexpress og seksuelle overgrep. I 2025 er det utvikla nytt innhald om digitalt foreldreskap og om skadeleg innhald i sosiale medium.

Boks 7.5 Ung.no

Regjeringa har vedteke at nettstaden Ung.no skal vere den primære kanalen staten har for digital informasjon til, dialog med og tenester for barn og unge på tvers av sektorar og tenestenivå. På Ung.no kan ungdom stille anonyme spørsmål eller søkje på alt dei lurer på, blant tidlegare spørsmål og svar. Mange spørsmål handlar om kropp, sex og seksuelle overgrep. Nettstaden blir drifta av Bufdir i samarbeid med andre offentlege tenester og etatar, til dømes Helsedirektoratet. Bufdir samarbeider mellom anna med Kripos når det gjeld innhaldsartiklar om internettrelaterte overgrep.

7.6.3.4 Endringar i straffelovas kapittel om seksuallovbrot

Fleire endringar i kapittelet om seksuallovbrot i straffelova tok til å gjelde 1. juli 2025. Endringane skal styrkje det strafferettslege vernet mot ufrivillig seksuell omgang og leggje til rette for ei meir nyansert og forholdsmessig straffeutmåling. Den viktigaste endringa er at valdtektsføresegna er utvida til å ramme den som har seksuell omgang med nokon som verken i ord eller handling har samtykt til det: «Berre ja betyr ja». Valdtektsføresegna har eit nytt straffealternativ som rammar den som har seksuell omgang med nokon som i ord eller handling gir uttrykk for ikkje å vilje det: «Nei betyr nei».

I tillegg er føresegna om minstestraff for valdtekt til samleie mv. oppheva. Føresegna om misbruk av overmaktsforhold og liknande er utvida slik at ho rammar den som skaffar seg sjølv eller andre seksuell omgang ved å utnytte ein person under 18 år i ein særleg sårbar situasjon. Endringane skal styrkje det strafferettslege vernet mot ufrivillig seksuell omgang, leggje til rette for ei meir nyansert og forholdsmessig straffeutmåling og styrkje barns vern mot seksuell utnytting.

Det er lagt ut informasjon om dei nye føresegnene i straffelova på den nasjonale nettportalen dinutvei.no. Her ligg det informasjon og artiklar om kva føresegner som gjeld, og kva som er nytt. Portalen blir drifta av Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress og blir finansiert av Justis- og beredskapsdepartementet.

7.6.3.5 Barnevernet sitt arbeid med vald og overgrep

Barnevernet jobbar for at barn og unge som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, skal få nødvendig hjelp, omsorg og vern til rett tid. Denne innsatsen kjem òg gutar og menn til gode. Forsking viser at det er mangel på både kompetanse og systematikk i saksbehandlinga i saker som gjeld bekymring om vald, og at tilgangen på verksame hjelpetiltak varierer. Det medfører at valdsutsette barn og familiane deira ikkje alltid får den hjelpa dei treng, frå barnevernstenesta. På oppdrag frå Barne- og familiedepartementet er Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) i gang med å lage ein rettleiar for korleis barnevernstenesta skal arbeide i valdssaker. Rettleiaren skal bidra til ei meir heilskapleg tilnærming, mellom anna gjennom auka fokus på systematikk og ferdigheitstrening i å snakke om vald med barn og foreldre. Rettleiaren skal innehalde faglege tilrådingar for heile saksbehandlingsforløpet. Bufdir arbeider samtidig med å utvikle nye kompetansehevingstiltak for det kommunale barnevernet.

Det er behov for å auke tilgangen på verksame hjelpetiltak. MST-CAN (Multisystemic Therapy – Child Abuse and Neglect) er eit kunnskapsbasert, intensivt behandlingstiltak som rettar seg mot familiar der det førekjem vald og/eller annan omsorgssvikt mot barn i alderen 6–18 år. Bufetat gir opplæring i bruk av tiltaket. Barne- og familiedepartementet gir tilskot til Nasjonalt utviklingssenter for barn og unge (NUBU), som hjelper kommunane med å greie ut, planleggje, etablere og halde ved like MST-CAN-tilbodet. Det er blitt fleire kommunale MST-CAN-team i Noreg dei siste åra, og i dag finst det fem slike team. Dei er organiserte i interkommunale samarbeid og omfattar 20 kommunar.

7.7 Negativ sosial kontroll og æresmotivert vald rammar også menn

Negativ sosial kontroll og æresmotivert vald er alvorlege former for kontroll og overgrep som avgrensar fridommen til personar og livsutfaldinga deira, og som kan få alvorlege konsekvensar for den psykiske og fysiske helsa deira. Gutar og menn blir òg utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald. I 2025 gjaldt 22 prosent av sakene som var rapporterte til Kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, gutar og menn. Det svarer til 302 saker (IMDi, 2025; Bufdir, 2026). For mange gutar og menn kan det vere krevjande å søkje hjelp. Skam knytt til det å vere mann og utsett for vald, og frykt for at ein ikkje skal bli møtt med forståing i hjelpemiddel apparatet, kan bidra til at dei ikkje søkjer støtte og hjelp (IMDi, 2025).

Negativ sosial kontroll av gutar kan ta ulike former. Mange møter strenge krav og avgrensingar i eigne livsval parallelt med at det er venta at dei skal overvake og kontrollere søstrene sine eller andre familiemedlemmer. Å påleggje gutar å kontrollere og regulere jenters åtferd er òg ein måte å utøve kontroll over gutane på. Det same gjeld når gutar blir pressa av familien til å kontrollere eller utøvde vald mot andre familiemedlemmer (IMDi, 2025).

Vi veit ikkje så mykje om korleis ulike grupper av menn blir utsette for dette. Kunnskapsgrunnlaget om erfaringane til lhbt+-personar er òg avgrensa. Nokre studiar indikerer at lhbt+-personar er ei særleg sårbar gruppe ettersom seksuell orientering, kjønnsidentitet eller kjønnsuttrykk som bryt med heteronormative forventingar, kan bli oppfatta som ein trussel mot familiens ære (Stubberud & Eggebø, 2020). Det å få vite at ein i familien er skeiv, kan føre til brot i familierelasjonar, at søsken ikkje blir gifte, og at det blir behov for å gjenopprette æra (Bufdir, 2022b).

7.8 Innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald

Regjeringa har styrkt innsatsen mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald dei siste åra. I 2025 blei handlingsplanen *Sjef i eget liv – styrket innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold (2025–2028)* lansert. Handlingsplanen har 29 tiltak innanfor innsatsområda rettsvern, førebygging, kompetanseheving i tenesteapparatet og ufrivillige utanlandsopphald. Dei særskilde tenestene består av mellom anna 69 mangfaldsrådgivarar ved utvalde skular over heile landet, det tverretatlege kompetanseteamet mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald og spesialutsendingar for integreringssaker ved utvalde norske utenriksstasjonar. Tenestene tilbyr direkte

hjelp til utsette personar og støtte til det ordinære tenesteapparatet, slik at fleire saker kan avdekkjast og følgjast opp. Dei støttar òg frivillige organisasjonar som førebyggjer negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, og anna arbeid gjennom IMDi og RVTS. I juli 2026 tok ei ny lov om særskild innsats mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vald til å gjelde. Lova regulerer mellom anna behandling av personopplysingar og deling av teiepliktige opplysningar i dei særskilde tenestene.

Regjeringa fremja i 2025 eit utreiseforbod som no er vedteke av Stortinget. Utreiseforbodet inneber at barneverns- og helsenemnda kan gjere vedtak om at eit barn ikkje kan forlate Noreg (utreiseforbod) dersom det er nærliggjande fare for at barnet i utlandet vil bli utsett for mishandling, at det er alvorleg fare for livet eller helsa til barnet, eller at det er risiko for annan alvorleg omsorgssvikt.

Regjeringa ønskjer at alle som blir utsette for negativ sosial kontroll og æresmotivert vald, skal oppleve tenestene som tilgjengelege og relevante, uavhengig av kjønn, kjønnsidentitet eller seksuell orientering. Kunnskapsgrunnlaget om erfaringane til ulike grupper er framleis avgrensa, og det vil regjeringa ta med seg i det vidare arbeidet på området.

7.9 Rekruttering til kriminalitet

Menn er sterkt overrepresenterte i kriminalstatistikken og blant innsette i fengsel. Destruktiv åtferd som kriminalitet og vald kan i visse tilfelle vere eit uttrykk for underliggjande utfordringar. Slike handlingar kan vere symptom på marginalisering, manglande sosial tilhøyrsel og utilstrekkeleg tilgang til støtte og ressursar. Når gutar og menn fell utanfor fellesskapet, kan det gi seg utslag i åtferd som utfordrar både dei sjølve og samfunnet.

7.9.1 Gutar er overrepresenterte blant barn og unge som utøver kriminalitet

Gutar er sterkt overrepresenterte blant barn og unge som utøver alvorleg og gjenteken kriminalitet. Forsking og erfaringar frå politiet viser at mange av desse gutane sjølve har vakse opp med store belastingar, som omsorgssvikt, vald i heimen, foreldre som er registrerte for kriminalitet, svake skuleprestasjonar og kontakt med barnevernet (Oslo Economics, 2022). Sekretariatet for konfliktråda rapporterer om at ein stor del av ungdommane som får ungdomsstraff eller ungdomsoppfølging for vald og overgrep, sjølve har vore utsette for vald, overgrep eller omsorgssvikt i barndommen (Sekretariatet for konfliktrådene, 2021). Tilsvarande funn er gjorde i ei undersøking av unge som gjentekne gonger har utøvd kriminalitet i Oslo politidistrikt, der valds- og overgrepserfaring, brotne relasjonar og ein anstrengd sosioøkonomisk situasjon prega oppveksten til mange av dei mest aktive lovbrytarane (Oslo politidistrikt & Oslo kommune, 2022).

Ein gjennomgang frå Oslo politidistrikt viser at dei fleste ungdommane med høg kriminalitetsbelasting tidlegare har vore registrerte som fornærma i straffesaker, ofte frå svært ung alder (Oslo politidistrikt & Oslo kommune, 2022). Mange kjem frå familiar med store levekårsutfordringar og manglar stabile vaksne rollemodellar. Denne sårbarheita kan kriminelle nettverk utnytte gjennom å tilby tilhøyrsel, status, vern og identitet. Særleg sårbare gutar kan derfor vere utsette for systematisk rekruttering til kriminelle miljø.

Dette understrekar at ungdomskriminalitet ikkje berre handlar om individuelle val, men òg om oppvekstvilkår, manglande støtte og avgrensa tilgang til positive og trygge fellesskap.

7.9.2 Risikofylte og skadelege internettmiljø for barn og unge

Kripos beskriv ei negativ utvikling med fleire unge som konsumerer og produserer valdsoppfordrande materiale på nett. Politiet har observert ein framvekst av ekstreme, valdelege nettsamfunn som byggjer fellesskap basert på kontroll, lojalitet og ekstreme haldningar, og der unge, sårbare individ blir påførte fysiske og psykiske skadar gjennom målretta og kynisk manipulasjon og utpressing. Politiet er merksame på utviklinga og har mellom anna gått ut i media og åtvara mot ekstreme nettsamfunn som rekrutterer barn og unge.

7.9.3 Gutar og unge menn er særleg sårbare for radikalisering

Dei siste åra har PST sett ein markant auke i radikalisering av mindreårige, særleg gutar, til høgreekstremisme i Noreg (PST, 2026a). Radikalisering og rekruttering skjer i stor grad på digitale plattformer, der innhald og propaganda er lett tilgjengeleg og enkelt å spreie. Radikalisering oppstår i eit samspel mellom individuelle, sosiale og samfunnsmessige faktorar. Kjønn er éin av fleire

faktorar som kan bety noko i samband med radikalisering. Dei fleste som utøver ekstremistisk vald eller terrorhandlingar, er menn (Meld. St. 13 (2024–2025)). Enkelte former for maskulinitetsideal kan gjere gutar og menn meir mottakelege for bodskapen om makt, kamp, dominans og vald som løysing på ulike problem.

Ekstremismekommisjonen framhevar at ein fellesnemnar for ekstreme grupper er at dei fleste søkjer etter og rekrutterer unge menn. Førestillingar om kjønnsroller og ideal knytte til maskulinitet og feminitet er sentrale faktorar i fleire ideologiar og radikaliseringsprosessar. Kommisjonen meiner derfor at det er viktig å inkludere dette perspektivet i det førebyggjande arbeidet og identifisere faktorar som gjer særleg menn sårbare for å bli rekrutterte av ekstremistiske grupper (NOU 2024: 3).

Meld. St. 13 (2024–2025) *Forebygging av ekstremisme – Trygghet, tillit, samarbeid og demokratisk motstandskraft* viser at dei ungdommane som er mest utsette for radikalisering, er gutar som opplever utanforskap, einsemd, manglande meistring og svak tilknyting til skule eller arbeid, og som leitar etter identitet og fellesskap (Meld. St. 13 (2024–2025)). PST-rapporten om kva som kjenneteiknar mindreårige høgreekstremistar i Noreg, utdjupar at radikaliseringa av gutar ofte verkar å vere knytt til behov for tilhøyrsel og stadfesting snarare enn til sterk ideologisk overtyding. I nokre tilfelle kan ekstreme miljø tilby nettopp dette: tilhøyrsel, status og meining, og det gjer desse ungdommane særleg sårbare. Fleire har òg ein fascinasjon for vald, som gjere at radikaliseringsprosessen går raskare.

Meld. St. 13 (2024–2025) *Forebygging av ekstremisme* beskriv vidare korleis internett, spelmiljø og sosiale medium er blitt sentrale arenaer for radikalisering. Algoritmar kan bidra til at personar gradvis blir eksponerte for meir ekstremt innhald. I enkelte spelmiljø kan trakassering, hatefulle ytringar og kjønnsdiskriminerande språkbruk bidra til polarisering og gi grobotn for ekstreme haldningar. Ekstremistiske aktørar utnyttar i nokre tilfelle desse miljøa til rekruttering, propaganda og mobilisering.

Digitalt fellesskap kan tilby identitet, tilhøyrsel og enkle forklaringar på komplekse problem. Det kan gjere personar som er mykje åleine på internett, og som deltek i lukka nettforum, særleg utsette. Dersom dei samtidig opplever sosial isolasjon i kvardagen utanfor dei digitale arenaene, er det fare for at løysingane som blir presenterte i lukka forum, ikkje møter motargument og blir korrigerte.

7.10 Tiltak for å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet, radikalisering og rekruttering til kriminelle miljø

Regjeringa har dei siste åra styrkt innsatsen for å førebyggje barne- og ungdomskriminalitet, motverke rekruttering til valdelege ekstreme miljø og verne barn og unge mot skadeleg påverknad på internett. Tiltaka omfattar både tidleg innsats, betre oppfølging av utsette unge og tiltak for å førebyggje radikalisering og valdeleg ekstremisme. Fleire av tiltaka vil vere særleg viktige for gutar og unge menn, som er overrepresenterte blant dei som utøver kriminalitet og blir rekrutterte til kriminelle og valdelege ekstreme miljø.

Regjeringa følgjer opp dette gjennom

- førebygging av og kamp mot barne- og ungdomskriminalitet
- tiltak for betre førebygging, meir kunnskap om dei ekstreme nettmiljøa og betre oppfølging
- innsats for å førebyggje radikalisering og valdeleg ekstremisme

7.10.1 Førebygging av og kamp mot barne- og ungdomskriminalitet

Det er viktig å førebyggje at barn og unge blir rekrutterte inn i kriminalitet. Samtidig må vi sikre at dei som bryt lova, eller står i fare for å gjere det, blir møtte med raske og treffsikre reaksjonar. Regjeringa har dei siste åra sett i gang ei rekkje tiltak i arbeidet mot barne- og ungdomskriminalitet.

I 2025 prioriterte regjeringa om lag 450 millionar kroner til arbeidet mot barne- og ungdomskriminalitet. Barn og unge både over og under den kriminelle lågalderen som har utført eller står i fare for å utføre kriminelle handlingar, skal følgjast betre opp. Mellom anna skal kapasiteten til ungdomseiningane i kriminalomsorga aukast, og ein skal gi tilskot til beredskapsteam i elleve kommunar,[1] forbetre straffereaksjonane ungdomsstraff og ungdomsoppfølging, etablere hurtigspor for behandling av straffesaker der gjerningspersonen er under 18 år i Agder, Oslo, Vest og Øst politidistrikt, og utvide tilbodet multisystemisk terapi (MST) i barnevernet. I tillegg blei det oppretta ei ny tilskotsordning for frivillige organisasjonar for å skape lokale møteplassar for gutar og unge menn som er i risikosona for utanforskap,

[1] Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Drammen, Sandefjord, Skien, Lillestrøm, Lørenskog og Sarpsborg.

og som står i fare for å utøve kriminelle handlingar. Formålet er å førebyggje kriminalitet og rekruttering til kriminelle miljø i utsette område gjennom å etablere trygge og inkluderande sosiale møteplassar og aktivitetstilbod for gutar og unge menn.

I 2026 prioriterte regjeringa å utvide ordninga med hurtigspor til tre nye politidistrikt: Sør-Vest, Sør-Øst og Trøndelag politidistrikt. I 2026 er dessutan tilskotet til éin-til-éin-oppfølging auka. Tiltaket gir tilpassa oppfølging til unge som utøver kriminalitet, eller som er i randsona av kriminalitet, og familiane deira. Tilskotet går til kommunane med størst utfordringar med barne- og ungdomskriminalitet: Oslo, Bergen, Trondheim, Stavanger, Kristiansand, Drammen, Sandefjord, Skien, Lillestrøm og Lørenskog. Eit forskingsprogram om barne- og ungdomskriminalitet er etablert. Tilskotet til éin-til-éin-oppfølging må sjåast i samanheng med vidareføringa av tilskotet til beredskapsteam. Beredskapsteama skal jobbe ekstra med mellom anna å hindre rekruttering til kriminalitet og motarbeide narkotikaomsetning på og ved skular. I tillegg til kommunane som i dag får midlar til éin-til-éin-oppfølging, får Sarpsborg tilskot til beredskapsteam. Oppfølgingsløpa forsterkar kvarandre. Eit forslag til strengare straffer for ulovleg væpning på offentleg stad og for uforsiktig omgang med skytevåpen og eksplosiv har vore på høyring.

I forslaget til statsbudsjett for 2027 blir det foreslått å løyve 119,8 millionar kroner til styrkt innsats mot barne- og ungdomskriminalitet i justissektoren, barnevernet og kommunane. Tiltaka skal sørgje for betre oppfølging av barn og unge både over og under den kriminelle lågalderen som har utført eller står i fare for å utføre kriminelle handlingar. Tiltaka omfattar midlar til mellom anna:

- å gjennomføre endringar i barnevernslova, jf. Prop. 86 L (2025–2026) *Endringer i barnevernsloven (bedre beskyttelse av barn på institusjon)* og Innst. 362 L (2025–2026)
- å etablere ungdomsteam i Halden fengsel
- å utvide Risk-metodikken mot vald i nære relasjonar til ei geografisk driftseining i Agder politidistrikt og styrkje arbeidet i distrikt som allereie bruker metodikken
- å styrkje oppfølginga av barn og unge i konfliktrådet, særleg barn under 15 år
- å sikre nok kapasitet i domstolane og konfliktrådet i arbeidet med hurtigspor i distrikt som allereie har etablert ordninga
- å auke tilskotet til éin-til-éin-oppfølging i kommunane

7.10.2 Tiltak for betre førebygging, meir kunnskap om dei ekstreme valdelege internettsamfunna og betre oppfølging

Regjeringa arbeider med fleire tiltak mot ekstreme, valdelege nettsamfunn, mellom anna gjennom forslag om aldersgrense på sosiale medium (sjå òg kapittel 8) og ansvarleggjering av teknologiselskapa. Temaet blir følgt opp i fleire spor, mellom anna i arbeidet med ein ny nasjonal strategi mot valdeleg ekstremisme og terror.

Sårbarheitsfaktorar hos barn og unge ser ut til å spele ei rolle i rekrutteringa til ekstreme valdelege nettsamfunn. Samtidig er det mange som blir utsette for truslar eller overgrep i slike miljø utan at dei ber om hjelp. Det er derfor avgjerande at foreldra, skulen, helsevesenet, barnevernet og politiet har nødvendig kunnskap slik at dei kan identifisere teikn som gir grunn til uro. PST og politiet har publisert materiale med fenomenkunnskap og gir råd og rettleiing om tematikken på nettsidene sine.

Regjeringa la i 2025 fram den første heilskaplege stortingsmeldinga om ein trygg digital oppvekst, Meld. St. 32 (2024–2025) *Trygg oppvekst i et digitalt samfunn*. Meldinga peikar på at det auka digitale nærværet til barn og unge gir mange moglegheiter, men at det òg inneber større risiko for å bli utsett for kriminalitet, skadeleg påverknad og utnytting på nett. Blant dei sentrale tiltaka er forslag om ei lovfesta aldersgrense for bruk av sosiale medium og gjennomføring av EUs forordning om digitale tenester (Digital Services Act, DSA), som skal styrkje vernet av barn og unge i digitale tenester. Sjå òg omtale i kapittel 8.9.

Meldinga om trygg digital oppvekst omfattar òg tiltak retta mot fagpersonar som arbeider med barn og unge. Det er utvikla informasjon som skal distribuerast til kommunar, barnevernstenester og helsepersonell med mål om å styrkje kompetansen på risikofylte og skadelege miljø som barn og unge kan møte på internett. Informasjonen gir råd om kva teikn tilsette bør vere merksame på, og korleis dei kan førebyggje og følgje opp urovekkjande situasjonar. Den faglege oversikta er utarbeidd av Helsedirektoratet i samarbeid med Kripos, Nasjonalt kunnskapssenter om vald og traumatisk stress (NKVTS) og Medietilsynet. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har i tillegg gjort ei tilsvarande rettleiing tilgjengeleg for barnevernet, med konkrete råd til tilsette om oppfølging av barn som kan vere utsette for skadeleg påverknad eller utnytting på internett.

7.10.3 Innsats for å førebyggje radikalisering og valdeleg ekstremisme

Fleire av tiltaka i Meld. St. 13 (2024–2025) *Førebygging av ekstremisme* vil vere særleg viktige for gutar og menn. Tiltaka rettar seg mot sentrale risikofaktorar som utanforskap, psykiske helseutfordringar og marginalisering i skule og arbeid. Til dømes vil tiltak for å få fleire unge inn i arbeid og aktivitet vere særleg relevante for gutar, som er overrepresenterte blant dei som fell utanfor skule og arbeid (Meld. St. 13 (2024–2025)).

Meldinga beskriv kor viktig tidleg innsats og tverrsektorielt samarbeid er for apparatet rundt sårbare individ. Gjennom å styrkje samarbeidet mellom skule, helse, politi og kommune vil ein lettare nå personar som kan vere særleg sårbare for radikalisering. Majoriteten av desse er gutar og menn.

Meldinga viser òg at det er behov for forsking. Bufdir har fått i oppdrag å følgje opp eit konkret tiltak om at det skal innhentast meir kunnskap om korleis ideal og førestillingar om kjønn har noko å seie for radikalisering og ekstremisme.

Boks 7.6 Radikalisering og kjønn

I 2026 har Kultur- og likestillingsdepartementet, gjennom tilskotsordninga til familie- og likestillingspolitiske tiltak som er drifta av Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, tildelt likestillingssenteret KUN vel 2 millionar kroner over tre år til prosjektet «Radikalisering og kjønn». Prosjektet skal gi dei som jobbar med barn og unge, foreldre og dei unge sjølve ny kunnskap om korleis digitale kulturar formar kjønnsroller og radikaliseringsprosessar, og korleis desse utfordringane kan møtast med inkluderande og kunnskapsbaserte tiltak.

Med aukande digitalisering skjer ein stadig større del av det sosiale livet og identitetsutviklinga til dei unge på nett. Samtidig veks det fram digitale miljø som utfordrar etablerte normer for kjønn og likestilling. Eit av dei mest komplekse fenomena i denne utviklinga er *neo-manosfæren* – nettbaserte fellesskap som fremjar ein antifeministisk og ofte radikaliserande bodskap som særleg kan påverke haldningane unge gutar har til kjønn, relasjonar og samfunn.

Prosjektet blir gjennomført i samarbeid med dei andre regionale likestillingssentera og Reform – ressurssenter for menn.

7.11 Utfordringar for gutar og menn i møte med rettssystemet: kjønnsforskjellar i kontroll og straff

Gutar og menn er betydeleg overrepresenterte blant personar som blir kontrollerte av politiet, og blant domfelte. Kartleggingar og offentlege debattar reiser spørsmål om korleis kjønn, etnisitet og andre bakgrunnsfaktorar kan påverke erfaringar med kontroll, reaksjonar og oppfølging i rettssystemet. Slike spørsmål rører ved grunnleggjande prinsipp om rettstryggleik og likskap for lova.

Menn utgjer det store fleirtalet av innsette i norske fengsel. Mange står overfor store utfordringar i samband med overgangen frå fengsel til fridom. Svak tilknyting til arbeid og utdanning, helseutfordringar, rusproblem og avgrensa sosialt nettverk kan gjere overgangen til eit liv utan kriminalitet krevjande. Det er viktig med kunnskap om desse utfordringane for å styrkje rettstryggleiken og tilliten til styresmaktene og for å førebyggje ny kriminalitet.

7.11.1 Gutar og menn med minoritetsbakgrunn kan vere meir utsette for tilfeldige politikontrollar

Ei kartlegging som Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) har gjort, viser at gutar og menn med minoritetsbakgrunn som er samla i grupper, oftare enn andre hamnar i søkjelyset til politiet (Likestillings- og diskrimineringsombudet, 2022). Opplevingar og erfaringar med rasisme kan forsterke kjensla av utanforskap og manglande tilhøyrsel til samfunnet. Dette kan auke sårbarheita for radikalisering (Uzair, 2023).

7.11.2 Moglege skeivskapar i straffeutmålinga

Dei seinare åra har spørsmål om moglege skeivskapar mellom kvinner og menn i straffeutmålinga til domstolane vore gjenstand for medieomtale og offentleg debatt. Mellom anna publiserte NRK ei sak i februar 2025 i samarbeid med den internasjonale gravegruppa Lighthouse Reports som var basert på ein gjennomgang av 9 091 dommar i straffesaker frå tingrettane i 2022 og 2023 (NRK; Lighthouse Reports, 2025; Bjørke et al., 2025). Gjennomgangen viste at kvinnelege

Boks 7.7 Mann med utanlandsk bakgrunn stoppa av politiet fleire gonger

I 2020 blei Trøndelag politidistrikt klaga inn for Diskrimineringsnemnda av ein mann med utanlandsk bakgrunn som meinte at politiet fleire gonger hadde stoppa og kontrollert han under bilkøyring på grunn av etnisiteten hans. I løpet av ein femårsperiode hadde han blitt stoppa ti gonger utan at kontrollane hadde avdekt brot på reglane om rusmiddelpåverka køyring, brot på fartsgrensene eller andre forhold. Diskrimineringsnemnda konkluderte med at mannen hadde blitt diskriminert på grunn av etnisitet ved dei gjentekne politikontrollane. Nemnda konkluderte òg med at den manglande loggføringa av kontrollane var indirekte diskriminerande.

Nemnda fann ikkje grunnlag for å konkludere med brot på forbodet mot trakassering eller brot på regelen om å førebyggje og søkje å hindre trakassering, men saka har ført til ein breiare diskusjon i politiet om etnisk profilering og behovet for betre registrering og kontroll med politiet sin praksis for personkontroll (Diskrimineringsnemda, 2026).

lovbrytarar i gjennomsnitt fekk utmålt færre dagar i fengsel enn det mannlege lovbrytarar fekk for dei same lovbrota. Dagbladet Magasinet publiserte i mai 2018 ei liknande sak basert på ei undersøking av 1 118 dommar i straffesaker frå tingrettane om køyring i rusmiddelpåverka tilstand. I 907 av sakene var lovbrytarane menn, og i 211 av sakene var dei kvinner. Dagbladet Magasinet fann mellom anna at kvinner i større grad enn menn blei dømde til vilkårsstraff framfor straff utan vilkår, og at kvinner oftare enn menn fekk reduksjon i straffa i slike saker, og at dei dessutan fekk større reduksjon. Mediesaker som dette har reist spørsmål knytte til likskap for lova og skjønnsutøvinga til domstolane (Meldalen & Fjellberg, 2025).

7.11.3 Utfordringar i straffegjennomføring, rehabilitering og tilbakeføring til samfunnet

Menn er sterkt overrepresenterte i norske fengsel, og av 3 077 personar som var innsette i fengsel per første tertial 2026, var 2 913 menn. Menn utgjer dermed om lag 95 prosent av innsettepopulasjonen.

Forsking og offentlege utgreiingar viser at innsette generelt er marginaliserte og har store levekårsutfordringar. Mange har svak tilknyting til arbeidsliv og utdanning, dei har helseutfordringar, rusmiddelproblem og erfaring med utanforskap før soning.

Riksrevisjonen si undersøking av helse-, opplærings- og velferdstenester til innsette frå 2022 peikar på store manglar i oppfølginga under straffegjennomføringa. Undersøkinga konkluderer med at tenestene i for lita grad bidreg til å ruste innsette for eit liv utan kriminalitet etter lauslating (Riksrevisjonen, 2022).

I eit likestillingsperspektiv er det samtidig viktig å vere merksam på at det er ulike utfordringar for kvinner og menn som er innsette i institusjonane til kriminalomsorga. Fleire undersøkingar har vist at kvinnelege innsette i enkelte samanhengar har eit dårlegare tilbod under straffegjennomføringa enn menn, mellom anna fordi dei utgjer ein klar minoritet. Samtidig inneber det store fleirtalet av mannlege innsette at mange menn blir ramma av dei generelle utfordringane som er dokumenterte i kriminalomsorga, som manglande aktivitetstilbod og mangelfull kartlegging og oppfølging frå helse- og velferdssektoren.

Innsette har ofte avgrensa høve til å halde kontakt med familie og nære relasjonar under straffegjennomføringa. Restriksjonar knytte til besøk, telefonkontakt og andre kommunikasjonsformer kan gjere det krevjande å ta hand om foreldrerolla. Ettersom fleirtalet av dei innsette er menn, vil slike utfordringar i praksis få følgjer for mange fedrar og barna deira. For innsette med omsorgsansvar kan dette få konsekvensar for familierelasjonane og gjere det vanskelegare med tilbakeføring til samfunnet etter lauslating. Innsette kan bli overførte mellom fengsel under soninga. Slik flytting kan medføre brot i oppfølging, opplæring og aktivitetstilbod og gjere det meir krevjande å halde kontakt med familie og barn. Kontakten mellom innsette og barna deira er viktig både av omsyn til barns rett til familieliv og samvær med begge foreldra og for å bevare relasjonar som kan vere uvurderlege når dei innsette skal setjast fri.

7.12 Tiltak i samband med kontroll, straffeutmåling og gjennomføring av straff

Menn er overrepresenterte blant personar som blir kontrollerte av politiet, blant domfelte og

blant innsette i fengsel. Prinsippet om likebehandling skal gjelde for alle. Regjeringa arbeider for å følgje opp spørsmål knytte til rettstryggleik, tillit og rehabilitering.

Regjeringa viser til følgjande tiltak:

- oppfølging av evalueringa av pilotprosjektet med kvitteringsordning for personkontrollar
- tiltak knytte til moglege forskjellar i straffeutmåling
- betre rehabilitering og oppfølging etter gjennomført straff

7.12.1 Oppfølging av evalueringa av pilotprosjektet med kvitteringsordning for personkontrollar

Ei kvitteringsordning for personkontrollar gjennomført av politiet blei i ei årrekkje fremja som eit ønskt tiltak av organisasjonar som Organisasjonen mot offentlig diskriminering (OMOD) og andre interessegrupper. Budsjettforliket mellom regjeringspartia og SV seinhausten 2021 la grunnlaget for å setje i gang ei pilotordning med kvittering for personkontrollar gjennomførte av politiet. Pilotprosjektet er evaluert av politiet, med hjelp frå Oslo Economics og By- og regionforskningsinstituttet (NIBR) ved OsloMet.

Hovudkonklusjonen var at det er lite formålstenleg å innføre ei kvitteringsordning for personkontroll i politiet dersom formålet er å påverke tryggleiken og tilliten gjennom å påverke arbeidsmetodikken til politiet. Vurderingar og tilrådingar knytte særleg til forsking og rettslege problemstillingar blir følgde opp av Justis- og beredskapsdepartementet i samråd med Politidirektoratet, som òg har sett i verk tilrådde tiltak for å betre og effektivisere personkontrollen og styrkje kvaliteten og notoriteten. Verkeperioden for handlingsplanen til politiet for mangfald, dialog og tillit er forlengd ut 2027 (Oslo Economics; NIBR OsloMet, 2023).

7.12.2 Tiltak knytte til moglege forskjellar i straffeutmåling

På bakgrunn av det som har komme fram i ulike mediesaker om kjønnsforskjellar i straffeutmåling dei seinare åra, har Domstoladministrasjonen og domstolane hatt meir fokus på desse problemstillingane i det løpande kvalitetsarbeidet i domstolane i Noreg, innanfor rammene av den frie stillinga til domstolane.

Domstoladministrasjonen heldt i februar 2025 eit videomøte mellom NRK og alle domstolsleiarane i landet der dei gjekk gjennom og diskuterte denne tematikken og funnet i mediesaka som er nemnt i punkt 7.11.2. I ettertid har ein lagt til rette for at dei lokale fagsamlingane til domstolane kan nytte det som grunnlag for fagleg refleksjon og diskusjon. Domstoladministrasjonen arrangerte òg ein fagdebatt om temaet under Arendalsuka i 2025.

Moglege skeivskapar på bakgrunn av kjønn i straffeutmåling inngår vidare som eit tema i ulike kompetansetiltak i domstolane, og avgjerdspsykologi er mellom anna ein del av introduksjonsprogrammet for nye dommarar og i læringsløpet for rettsmekling. Der får deltakarane undervisning av ein psykologspesialist, og dei kan reflektere over avgjerdsprosessar og kva ubevisste vurderingsmekanismar kan ha å seie. Arbeidet med denne tematikken inngår i den kontinuerlege innsatsen til domstolane for å styrkje kvaliteten, likebehandlinga og tilliten til rettspleia.

7.12.3 Betre rehabilitering og oppfølging etter gjennomført straff

Målet med straffegjennomføringa er ikkje berre å reagere på lovbrot – ein skal òg leggje til rette for at kvar enkelt kan vende tilbake til samfunnet og leve eit liv utan ny kriminalitet.

Kvaliteten på rehabiliterings- og tilbakeføringstilboda er derfor viktig både for den enkelte, for samfunnsdeltakinga og for å førebyggje tilbakefall til kriminalitet.

I Meld. St. 31 (2024–2025) *Straff som virker – straffegjennomføring for et tryggere Norge* varslar regjeringa fleire tiltak for å auke kvaliteten på straffegjennomføringa. Mellom anna skal aktivitetstilbodet i fengsla moderniserast, det skal leggjast betre til rette for at dei innsette kan få relevant yrkeskompetanse, og arbeidsdrifta skal i større grad sjåast i samanheng med opplæringstilbodet. Regjeringa varslar òg ein gjennomgang av regelverket for straffegjennomføring for å sikre eit meiningsfullt innhald som førebyggjer kriminalitet, samtidig som tryggleiken blir vareteken. I dette arbeidet skal ein mellom anna vurdere om ein har teke nok omsyn til ikkje-diskriminering og likeverdige gjennomføringsforhold.



Figur 8.1

Kjelde: Anagram design.

8 Det viktige fellesskapet

Opne møteplassar, fritidsaktivitetar, idrett, frivilligheit, interesseorganisasjonar og kunst- og kulturtilbod er viktige fellesskapsarenaer som gir tilhøyrsel, vennskap, meistring og meining i kvardagen, og som bidreg til livskvalitet, inkludering og samfunnsdeltaking. For mange av utfordringane som er omtalte i denne meldinga, som psykiske og fysiske helseplager, kriminalitet og ulike former for marginalisering, er gode og trygge fellesskap ein viktig del av løysinga.

Det er ikkje alle som deltek i slike fellesskap, heller ikkje alle gutar og menn. Når gutar og menn står utanfor sentrale fellesskapsarenaer eller finn tilhøyrsel i destruktive fellesskap, kan det få alvorlege konsekvensar både for den enkelte og for samfunnet. Eit inkluderande og demokratisk samfunn føreset at folk opplever tilhøyrsel, tillit, deltaking og innverknad og kjenner seg som ein del av den generelle offentlegheita.

Regjeringa vil styrkje dei gode og viktige fellesskapa som bind samfunnet saman. Alle skal ha høve til å delta i trygge og meiningsfulle fellesskap, også utanfor heimen, skulen og arbeidsplassen. For barn og unge er gode fellesskap særleg viktige for ein god oppvekst og for gode livsval. Då treng dei gode vaksne rollemodellar, eit mangfald av møteplassar og aktivitetar, eit sterkt kulturliv, høve til demokratisk deltaking, ein god ytringskultur og trygge digitale rom. Aktørar som bidreg til dette, må spelast gode.

Regjeringa vil
- leggje til rette for eit mangfaldig og levande kulturliv som bidreg til ytringsfridom, meiningsbryting og eit ope offentleg ordskifte
- sikre at alle har tilgang til kunst- og kulturtilbod av høg kvalitet og tilbod om idrett og fysisk aktivitet, uavhengig av kjønn, bustad, økonomi og sosial bakgrunn
- bidra til gode rammevilkår for lokale og nasjonale kultur- og frivilligaktørar som medverkar til å skape aktivitetar og møteplassar
- bidra til eit kvalitetsløft for fritidsklubbar og andre opne møteplassar for barn og unge
- tidleg identifisere og gi god behandling for problematisk speleåtferd og auke og dele kunnskap om spel og speleproblem
- jobbe for ein trygg digital oppvekst og betre skjermbalanse for unge

Boks 8.1 Mannsutvalet foreslår

Mannsutvalet argumenterer for at enkelte utfordringar knytte til helse, einsemd og utanforskap rammar gutar og menn i større grad, eller på andre måtar, enn kvinner. Utvalet understrekar at førebygging og handtering av desse utfordringane krev innsats på fleire samfunnsarenaer samtidig. Høvet til å etablere og opprettholde meiningsfulle sosiale relasjonar og delta i fellesskap og samfunnsliv bidreg til auka tilhøyrsel og kan ha ein beskyttande effekt ved livskriser og sjukdom.

Utvalet trekkjer fram at fritidsarenaer og sosiale møteplassar kan vere sentrale inkluderingsmekanismar, og at det er viktig å anerkjenne verdien av møteplassar der mange gutar og menn i dag finn meining og fellesskap.

Mannsutvalet meiner òg at det kan vere relevant å sjå radikalisering og valdeleg ekstremisme i samanheng med gutar og menns utanforskap. Ekstremisme og radikalisering heng saman med opplevinga av å stå utanfor storsamfunnet.

Mannsutvalet foreslår å
- Etablere fleire møteplassar for gutar og menn
- Motverke sosiale forskjellar i fritidsaktivitetane til barn og unge
- Etablere eit fritidsklubbtilbod i alle kommunar

8.1 Einsemd og sosial isolasjon

Gode fellesskap og sterke sosiale relasjonar kan gi støtte i krevjande livsfasar og motverke einsemd. Ikkje alle har tilgang til slike fellesskap, og for nokre kan det føre til einsemd og sosial isolasjon. Det kan få alvorlege helsemessige konsekvensar som auka stress og høgare risiko for psykiske lidingar. Einsemd og sosial isolasjon aukar dessutan risikoen for hjarte- og karsjukdommar, demens og sjølvmord.

Risikoen for einsemd er særleg høg i grupper som er meir utsette for utanforskap, mellom anna personar med låg utdanning, svak økonomi, helseutfordringar eller svak tilknyting til arbeidslivet. Innvandrarar, personar med funksjonsnedsetjingar, skeive, unge i sårbare livsfasar og eldre kan òg vere særleg utsette. Rasisme, diskriminering og etnisk profilering kan forsterke einsemd og utanforskap (Wollscheid, Lynnebakke, Kindt, Karlstrøm, & Fossum, 2022).

Einsemd, sosial isolasjon og låg livskvalitet kjem særleg til uttrykk blant einslege menn, menn utan stabile sosiale relasjonar, eldre menn og menn utanfor arbeidslivet. Ein rapport frå SSB viser at einslege menn i alderen 45–66 år i større grad enn einslege kvinner rapporterer å vere lite tilfredse med livet (Gram, SSB, 2023). Menn er oftare barnlause, men avgrensa kunnskap om frivillig og ufrivillig barnløyse gjer det vanskeleg å vurdere kva dette har å seie for livskvaliteten.

Menn rapporterer gjennomgåande noko lågare tilfredsheit med dei sosiale relasjonane sine enn det kvinner gjer, og særleg einslege menn, skeive menn og menn med innvandrarbakgrunn er mindre tilfredse (SSB, 2025f).[1] I alle aldersgrupper frå 18 til 79 år er det fleire menn enn kvinner som oppgir at dei ikkje har nokon dei kan rekne med dersom dei får store personlege problem. Menn er i noko større grad sosialt isolerte og har oftare færre nære relasjonar (NOU 2024: 8).

Hos eldre personar er einsemd spesielt knytt til auka risiko for redusert kognitiv funksjon og demens (Meld. St. 15 (2022–2023)). Livsovergangar kan forsterke sårbarheita for både einsemd og sosial isolasjon, særleg i eldre år. Overgangen frå arbeid til pensjonisttilvære, tap av partnar eller redusert sosial deltaking kan innebere tap av roller og nettverk. Menn og kvinner kan oppleve slike overgangar ulikt, mellom anna som følgje av kjønnsroller, ulik jobbidentitet blant menn og kvinner og ulik grad av vane med å halde sosiale relasjonar ved like.

I eit forskingsnotat basert på NorLAG-undersøkinga blir det påpeika at utdanningsnivå har noko å seie for korleis ein meistrar slike livsovergangar (Herlofson, Løset, & Veenstra, 2025). Ein nyare norsk studie frå OsloMet, basert på NorLAG-data, følgde nesten 10 000 nordmenn gjennom 20 år og fann at sosial isolasjon auka risikoen for tidleg død med rundt 15–16 prosent (Aartsen, Vangen, Pavlidis, Hansen, & Precupetu, 2024). Manglande partnar og lite kontakt med familie var blant dei viktigaste faktorane. Studien fann òg at det særleg blant menn som rapporterte om einsemd, var høg dødsprosent, og forskarane konkluderte med at sosiale tiltak for å redusere einsemd og sosial isolasjon blant eldre kan redde liv (Dyb, 2025).

Frivillige organisasjonar speler ei viktig rolle i å skape fellesskap, aktivitetar og møteplassar som kan bidra til å motverke isolasjon og einsemd. Deltakinga i det frivillige er generelt høg, og det er fleire menn enn kvinner som deltek med frivillig innsats og i organisasjonar. Økonomi, funksjonsnedsetjing og innvandrarbakgrunn påverkar grada av deltaking, noko som betyr at nokre grupper menn deltek mindre i fellesskapa som det frivillige tilbyr. Ein gjennomgang av frivillig engasjement dei siste 25 åra viser ein liten tendens til nedgang blant unge. Nedgangen er større blant unge menn enn blant unge kvinner. Andelen frivillige blant unge menn har gått ned med 10 prosentpoeng etter pandemien, men er framleis høgare enn for 15 år sidan (Fladmoe, Eimhjellen, & Sivesind, 2024). Nedgangen kan vere teikn på svekt tilhøyrsel og mindre rekruttering til frivillige fellesskap blant enkelte grupper unge menn som følgjer andre utviklingstrekk knytte til utanforskap, einsemd og svakare samfunnsdeltaking. Det kan òg vere uttrykk for ein pandemieffekt, men like fullt eit utviklingstrekk som er relevant å følgje med på. Lågare deltaking i ung alder kan få betyding for tilknytinga til frivillige fellesskap seinare i livet (Ballard, Hoyt, & Pachucki, 2019).

8.2 Fritidsvanane blant unge gutar har endra seg: meir skjerm og mindre kultur

Fritida er ein viktig arena for vennskap, tilhøyrsel og meistring. Gjennom organiserte aktivitetar og uformelle møteplassar kan barn og unge byggje sosiale nettverk, utvikle evner og interesser og oppleve fellesskap. Dei fleste barn og unge deltek

[1] Sjå for eksempel tabell 13790, 13794, 13795, 13797.

i organiserte fritidsaktivitetar, men deltakinga varierer mellom ulike grupper, og ein del fell frå i ungdomsåra. Sjølv om gutar samla sett er godt representerte, er det enkelte grupper som deltek i mindre grad enn andre.

Fritidsvanane blant unge har endra seg mykje det siste tiåret. Ungdom bruker meir tid på skjermbaserte aktivitetar og mindre tid på skulearbeid, lesing og kulturorienterte fritidsaktivitetar enn før. Ei veksande gruppe unge er meir heime i fritida. Gutar med låg sosioøkonomisk status er overrepresenterte blant desse. Dei rapporterer lågare livskvalitet, svakare sosial tilhøyrsel og meir einsemd enn andre grupper (les meir om fritidsprofilane til Ungdata i boks 8.2). Studien «Ung i endring» peikar på at inaktive gutar kan vere meir sårbare enn inaktive jenter når det gjeld vennskap, sosial tilhøyrsel og andre livsutfordringar. Mens nokre jenter har eit aktivt sosialt liv også utanfor organiserte fritidsaktivitetar, ser dette ut til å vere vanskelegare for gutar (Eriksen, 2019).

Sjølv om fritidsvanane til dei unge har endra seg, er dei framleis kjønnsdelte. Både i Noreg og internasjonalt ser vi store kjønnsforskjellar i kulturbruk og kulturdeltaking (Berge et al., 2026). Jenter deltek oftare enn gutar i organiserte kulturaktivitetar som musikk, dans, teater og visuell kunst, mens gutar i større grad driv med idrett og skjerm på fritida (Bekkengen, 2025). Kulturbruksundersøkingane til SSB og Ungdata viser at forskjellane blir etablerte tidleg, og at dei blir forsterka i ungdomsåra, særleg i overgangen til ungdomsskule og vidaregåande opplæring, der deltakinga fell.

At gutar og jenter vel ulike aktivitetar, er ikkje i seg sjølv ei likestillingsutfordring. Utfordringa oppstår når kjønnsnormer og forventingar avgrensar kva aktivitetar barn og unge opplever som relevante, tilgjengelege eller sosialt akseptable. Forsking viser mellom anna at kjønnsnormer og utviklinga av eigen kjønnsidentitet kan gjere enkelte kunst- og kulturformer mindre attraktive eller meir sosialt risikable for gutar. Dersom ein opplever manglande meistring og tilhøyrsel i eksisterande tilbod, kan det vere ein barriere, og det same kan svakare rekruttering og oppfølging frå vaksne og institusjonar vere (Berge et al., 2026).

Under eit innspelsmøte med unge (sjå boks 1.1) blei det framheva at frykt for å bli kalla «homo» framleis fungerer som ein sosial sanksjon i enkelte gutemiljø. Ungdommane beskreiv at dette kan gjere det vanskelegare å uttrykkje interesser, kjensler og identitet, og i nokre tilfelle kan det påverke deltakinga i fritids-, kultur- og frivilligaktivitetar. Samtidig understreka fleire at gutar sjølve kan bidra til meir inkluderande miljø gjennom å vere bevisste på eigen språkbruk og eigne haldningar. Det blei etterlyst støtte frå vaksne og tilgang til trygge arenaer som kan førebyggje ekskludering og diskriminering. Tilsvarande innspel blei fremja til rapporten *(U)like muligheter*, der det særleg blei lagt vekt på rekruttering av leiarar

Boks 8.2 Dei unge blir stadig meir heimeorienterte

Ungdata identifiserer ulike typiske fritidsprofilar blant ungdom (Bakken, Abildsnes, & Sletten, 2024). Den største profilen, «dei som er mest med venner», har ei jamn kjønnsfordeling og er kjenneteikna av høg sosial deltaking, sterk tilhøyrsel og høg livskvalitet. Også blant «dei mest risikoorienterte» ungdommane er kjønnsfordelinga relativt jamn, med ei svak overvekt av gutar.

Dei tydelegaste kjønnsforskjellane ser vi blant «dei mest heimeorienterte» og «dei mest kulturelle» ungdommane. Gutar med låg sosioøkonomisk bakgrunn er overrepresenterte blant «dei heimeorienterte», som rapporterer om lågare livskvalitet, svakare sosial tilhøyrsel og meir einsemd enn andre ungdommar. Denne gruppa har vakse over tid og utgjer i dag om lag éin firedel av ungdomsbefolkninga.

Den andre gruppa med tydeleg kjønnsforskjell er «dei mest kulturelle» ungdommane, der jenter med høg sosioøkonomisk bakgrunn er overrepresenterte. Gutar deltek mykje mindre enn jenter i organiserte kulturaktivitetar som musikk, dans og teater. Forskjellane oppstår tidleg og blir forsterka gjennom ungdomsåra.

Det finns framleis avgrensa kunnskap om uformell og digital kulturdeltaking, om korleis gutar er med på desse arenaene, og om kva som kjenneteiknar gode inngangar til kunst og kultur for ulike grupper av gutar og unge menn. Det er behov for fleire longitudinelle analysar som kan sjå på årsakssamanhengar og effektar av tiltak over tid.

Boks 8.3 Innspel til inkluderande fritidsaktivitetar

Rapporten *(U)like muligheter*, om korleis barn og unge sjølve vurderer moglegheiter og behov for inkluderande fritidsaktivitetar, seier at økonomi, manglande tilrettelegging for personar med funksjonsnedsetjingar, mangel på god informasjon, logistiske utfordringar og stort konkurransefokus kan vere barrierar for deltaking. Sjølv om mange trivst med konkurransar, viser ein stor del av innspela at ungdom saknar meir vekt på det sosiale aspektet, også ved idrettsaktivitetar, og ikkje minst utover i ungdomsåra. Ungdommane ønskjer seg dessutan fleire lågterskeltilbod og opne møteplassar (Kulturtanken, 2024).

som ser heile det unge mennesket og førebyggjer sosialt utanforskap (Kulturtanken, 2024).

8.3 Idretten både formar og speglar normer for kjønn

Idretten er den organiserte fritidsaktiviteten som når flest barn og unge, og nær sagt alle gutar deltek i idrett i kortare eller lengre periodar av oppveksten. Idrettslaga er derfor blant dei viktigaste arenaene for fellesskap, meistring og tilhøyrsel for gutar.

Forsking viser at barn og unge som deltek i idrett, særleg lagidrett, gjennomgåande har betre psykisk og sosial helse enn jamaldringar som ikkje deltek. Deltaking er mellom anna knytt til høgare sjølvkjensle, betre sosial fungering og færre symptom på psykiske plager (Eime, Young, Harvey, Charity, & Payne, 2013). For gutar som opplever lite meistring på skulen, kan idrett vere ein viktig arena for anerkjenning, tilhøyrsel og struktur i kvardagen. Longitudinelle studiar viser òg lågare førekomst av internaliserte psykiske plager over tid blant gutar som deltek i organiserte aktivitetar, særleg i grupper som elles er utsette for utanforskap (Moeijes, van Busschbach, Bosscher, & Twisk, 2018).

At idretten betyr så mykje, inneber samtidig at det er viktig å rette merksemda mot dei som ikkje deltek, eller som ikkje opplever tilboda som relevante. Ungdata viser at gutar som står utanfor organiserte fritidsaktivitetar, i gjennomsnitt rapporterer lågare trivsel, meir rusmiddelbruk og fleire erfaringar med mobbing (Bakken, 2025). Deltaking i idrett heng saman med ei rekkje forhold knytte til familie, økonomi, helse og sosiale nettverk. Dei som deltek, er ofte allereie ein del av eit etablert fellesskap, mens dei som står utanfor, gjerne møter samansette utfordringar på fleire livsområde. For nokre grupper, mellom anna enkelte minoritetsungdommar, kan låg deltaking òg handle om at dei ikkje opplever tilhøyrsel eller relevans i dei aktivitetane som blir tilbydde

Boks 8.4 Unge menn er tydeleg underrepresenterte i museumsbesøk

Nær halvparten av befolkninga (46 prosent) besøkte eit museum i Noreg i 2025, ifølgje Norsk kulturbarometer 2025 (Bekkengen, 2025). Totalt blei det registrert 11,5 millionar museumsbesøk i 2025, noko som viser at mange går på museum fleire gonger i løpet av året. Brukar- og bruksundersøkinga ved museum i Noreg i 2025, som Ipsos har gjennomført på oppdrag frå Kulturdirektoratet, viser at kvinner framleis er i fleirtal blant museumsbesøkjande som er busette i Noreg, men kjønnsforskjellane er mindre enn i den tilsvarande undersøkinga frå 2019. Kvinner utgjer 56 prosent av dei besøkjande som er busette i Noreg, mens menn utgjer 42 prosent.

Blant dei yngste besøkjande som er busette i Noreg, aldersgruppa 15–24 år, er andelen kvinner (63 prosent) nær dobbelt så høg som andelen menn (32 prosent). Andelen menn aukar med alder, og i aldersgruppa 67 år og eldre er 51 prosent menn.

Kvinner er litt meir tilfredse med museumsbesøket enn menn. Blant kvinnelege besøkjande gir 46 prosent toppskår for besøket, mot 39 prosent blant menn. Kvinner vurderer dessutan i større grad enn menn at museumsbesøket har gitt dei ny innsikt, og at musea tek opp viktige samfunnsaktuelle tema. Samla sett viser undersøkinga at kjønnsforskjellane i museumsbruk er blitt mindre sidan 2019, men at unge menn framleis er tydeleg underrepresenterte (Ipsos, 2026).

(Persson & Eriksen, 2025). Så sjølv om idretten har eit stort potensial som inkluderingsarena, når han altså ikkje alle grupper like godt.

Som samfunnet elles speglar idretten normer og forventingar knytte til kjønn, men normene varierer stort mellom ulike idrettar, aktivitetsformer og miljø. Det som gir status, anerkjenning og tilhøyrsel i eitt miljø, kan vere noko anna i eit anna miljø. For dei fleste barn og unge representerer idretten eit positivt fellesskap med gode rollemodellar og moglegheiter til å utvikle identitet, oppleve meistring og skape sosiale relasjonar. Samtidig peika #UngIDag-utvalet på at gutar som ikkje finn seg til rette i dei største og mest etablerte gutearenaene, kan oppleve at dei har færre sosialt aksepterte alternativ enn jenter (NOU 2019: 19). Forsking på maskulinitet og ungdomskultur tyder på at førestillingar om korleis gutar bør vere, og kva aktivitetar som blir oppfatta som passande for gutar, framleis kan påverke vala og handlingsrommet til dei unge. For enkelte kan slike forventingar gjere det meir krevjande å velje aktivitetar som bryt med etablerte normer. Det kan påverke både opplevinga av tilhøyrsel og kva aktivitetsval som verkar reelle og tilgjengelege. Men normene i idretten er ikkje statiske. Dei blir endra over tid og er påverka av samfunnsutviklinga, nye rollemodellar og den aukande merksemda på inkludering og mangfald. Idretten kan dermed både vidareføre og utfordre etablerte førestillingar om kjønn.

Blant skeive gutar og menn varierer erfaringane med idrett. For mange representerer idretten eit viktig fellesskap prega av vennskap, meistring, identitetsutvikling og sosial tilhøyrsel. Men forsking viser òg at enkelte opplever at diskriminering, ekskludering eller forventingar om å passe inn i bestemte førestillingar om kjønn og maskulinitet hindrar dei i å delta (Heian, Strandbu, Berge, Sogn, & Haugsevje, 2025). Kunnskapsgrunnlaget er ikkje stort nok til at vi kan seie kor stor del av skeive som deltek i idrett, men vi veit at erfaringane varierer mykje mellom ulike idretts- og aktivitetsmiljø. Utfordringane ser ut til å vere størst i miljø der tradisjonelle førestillingar om kjønn og seksualitet står sterkt, mens andre miljø i større grad gir rom for mangfald i identitet, kjønnsuttrykk og måtar å vere utøvar på. Forskinga understrekar dermed at vi ikkje kan forstå idretten som éin samla arena for skeive. Mens enkelte opplever utanforskap eller press om å tilpasse seg rådande normer, beskriv andre idretten som eit fellesskap der dei får anerkjenning og opplever tryggleik og tilhøyrsel (Heian, Strandbu, Berge, Sogn, & Haugsevje, 2025). Idretten kan dermed både spegle normer og haldningar som finst i samfunnet elles, og fungere som ein arena der slike normer blir utfordra gjennom nye fellesskap og erfaringar.

8.4 Deltaking, fellesskap og utfordringar i digitale spelmiljø

Dataspel er i dag ein av dei mest utbreidde fritidsaktivitetane i Noreg, særleg blant gutar og menn. Rapporten *Barn og medium 2026* viser at 95 prosent av gutane speler dataspel, mot 83 prosent av jentene (Medietilsynet, 2026). Nesten dobbelt så mange gutar som jenter speler dagleg (63 mot 31 prosent), og 70 prosent av gutar i alderen 11–14 år speler dagleg. For mange gutar og unge menn er dataspel meir enn underhalding – det er ein sosial, lærerik og utviklande arena der dei knyter relasjonar, finn tilhøyrsel og byggjer nettverk. For dei som står i fare for å bli sosialt isolerte, kan spelmiljøet vere ein viktig ressurs. Fleire gutar enn jenter opplever speling som sosialt og som ei kjelde til kontakt med venner (67 mot 43 prosent) (Medietilsynet, 2026).

Dataspel blir i aukande grad anerkjent på linje med andre fritidsaktivitetar. Utdaterte førestillingar om ein direkte samanheng mellom valdelege spel og valdeleg åtferd er tilbakeviste. Men spelkulturen er likevel ikkje utan utfordringar. Deltaking kan krevje tilgang til utstyr, tid og ferdigheiter, og barn frå låginntektsfamiliar eller frå familiar med avgrensa digital kompetanse, kan dermed falle utanfor. I tillegg kan sterke prestasjonsnormer og tydelege hierarki i enkelte spelmiljø føre til at enkelte opplever utanforskap, sjølv om dei formelt deltek. Dataspelkulturen har òg store utfordringar med ekskludering og trakassering, særleg basert på kjønn.

Digitale fellesskap kan bli ei positiv erstatning for fysisk sosial kontakt. For andre kan det, gjerne i kombinasjon med arbeidsløyse, manglande deltaking i andre aktivitetar eller psykiske helseutfordringar, auke risikoen for isolasjon. Funn frå *Barn og medium 2026* viser at gutar i større grad enn jenter rapporterer at spelinga går ut over søvnen, at dei bruker pengar i spel, at dei har spelt spel med 18-årsgrense, og at dei sjølve opplever at dei bruker for mykje tid på speling (Medietilsynet, 2026). Problemspeling kan dermed forsterke utanforskap og bidra til redusert livskvalitet. Spelproblematikk blir omtalt vidare i kapittel 8.7.

8.5 Behov for fleire tilgjengelege lågterskeltilbod

Ikkje alle barn og unge finn seg til rette i organiserte fritidsaktivitetar, og for mange gutar er eigenorganisert lågterskelidrett viktig for å halde oppe aktivitet og fellesskap. Både Mannsutvalet og barn og unge seier at det trengst fleire tilgjengelege møteplassar der det er mogleg å delta utan store økonomiske kostnader, prestasjonskrav eller forpliktingar (NOU 2024: 8; Kulturtanken, 2026).

Fritidsklubbar er eitt døme på slike lågterskelarenaer. Dei treffer breitt på tvers av sosial bakgrunn, og jenter og gutar bruker dei i omtrent like stor grad. Den førebyggjande rolla til fritidsklubbane er understreka i det folkehelsefremjande arbeidet og i fleire utgreiingar (NOU 2024: 8; NOU 2024: 3). Det er likevel variasjon både i tilgangen til og kvaliteten på fritidsklubbane. Ikkje alle kommunar har eit fritidsklubbtilbod, og høvet til å delta i opne fellesskap er derfor til ei viss grad avhengig av kvar ungdommane bur.

Sjølv om mange kommunar legg vekt på førebyggjande arbeid for barn og unge, kan kultur- og fritidstilbod vere sårbare. Dei siste åra har det vore ein nedgang i dei kommunale kulturbudsjetta etter fleire år med oppgang. 39 prosent av kommunane rapporterer om kutt i kulturbudsjetta for 2026. Det er størst kutt i stillingar og i støtte til frivillige organisasjonar, etterfølgt av kutt i kulturskuletilbod og opningstider på biblioteket. Idrettsanlegg, kulturbygg og tilskot til idrett blir òg ramma. Fleire kommunar opplyser at kultur i stor grad er skjerma frå dei største kutta, eller at politikarane har reversert foreslåtte kutt, særleg i tilbod til barn og unge og kulturskulen (Holmboe & Kleppe, 2026).

8.6 Tiltak for å styrkje det viktige fellesskapet og motverke einsemd

Frivilligsentralar, aktivitetstilbod for eldre, fritidsklubbar og aktivitetane til frivillige organisasjonar er viktige døme på lokalt forankra møteplassar som bidreg til inkludering og motverkar einsemd.

Med stadig fleire eldre som bur åleine, er det viktig å ha gode og inkluderande lokalsamfunn. Aktivitetar og møteplassar med låg terskel for å delta, både i utemiljø og på stader som butikkar, kafear og bibliotek, bidreg i stor grad til sosial støtte og fellesskap. Det same gjer eit inkluderande sivilsamfunn med frivillig innsats.

Regjeringa vil styrkje dei generelle verkemidla for inkludering i fellesskapsarenaene. Det handlar mellom anna om å redusere dei økonomiske barrierane for deltaking, sikre trygge og inklude-

Boks 8.5 Frivilligsentralar som fellesskapsarenaer for seniormenn

Norges Frivilligsentraler (NFS) jobbar for å styrkje frivilligsentralane som møteplass for fleire eldre menn ut frå eit folkehelseperspektiv. Her er arbeidet mot einsemd og for sosial deltaking gjennom prosjektet *Seniormenn i frivilligheten* viktig. Frivilligsentralane tilbyr aktivitetar og fellesskap for breie målgrupper i heile landet.

Det finst ikkje nasjonale tal for kjønnsfordelinga blant besøkjande og frivillige i frivilligsentralane. I prosjektet *Seniormenn i frivilligheten* er det samla inn kunnskap om korleis eksisterande møteplassar og fellesskap når ulike grupper eldre menn, og kva som skjer i overgangar seint i livet – til dømes når arbeidslivet og etablerte sosiale arenaer fell bort, eller ved tap av partnar, redusert helse eller mindre sosialt nettverk. Her er menn særleg utsette for å oppleve einsemd. Råda for å rekruttere seniormenn er utarbeidde på grunnlag av erfaringar med og forsking på kva som fremjar frivillig innsats.

Prosjektet er gjennomført saman Norske Kvinners Sanitetsforening, Nasjonalt senter for aldring og helse, Senteret for eit aldersvennleg Noreg og Voksenopplæringsforbundet. Målet er å samle forsking, erfaringar og konkrete praksisdøme som kan gi meir kunnskap om kva som motiverer menn til aktivitet, deltaking og frivillig engasjement, og kva rolle frivilligsentralane har i dette arbeidet.

Nokre råd om korleis ein kan gjere aktivitetar meir tilgjengelege:

- konkrete aktivitetar og interesser som inngang til fellesskapet
- låg terskel og tydelege, føreseielege rammer
- personleg invitasjon i tillegg til generell annonsering
- høve til å bruke eigne ferdigheiter og oppleve å vere til nytte
- medverknad og fleksibilitet
- stabile fellesskap der ein framleis kan høyre til, sjølv om helsa og kapasiteten endrar seg

rande miljø og leggje til rette for eit mangfald av aktivitetar, slik at folk over heile landet kan finne noko dei opplever som relevant og interessant. Regjeringa legg vekt på universelle ordningar som når breitt ut i frivillig sektor, og som styrkjer kulturinstitusjonane. Samtidig kan analysar av kjønnsforskjellar og andre forskjellar bidra til meir treffsikre universelle løysingar.

Regjeringa viser til følgjande tiltak som er sette i gang:

- gode rammevilkår for frivillig sektor til å skape inkluderande fellesskap og møteplassar
- styrking av fritidsklubbar og opne møteplassar for ungdom
- styrking av anlegg til idrett, kultur og eigenorganisert aktivitet lokalt
- innsatsar for å sikre at kulturen når alle
- samarbeid om å styrkje inkluderinga av barn og unge
- tiltak for ein trygg, inkluderande og tilgjengeleg dataspelkultur
- meir kunnskap om kva tiltak som aukar deltakinga blant barn og unge, og særleg blant underrepresenterte grupper
- jamne ut sosiale forskjellar i livskvalitet
- betre fellesskap og møteplassar for eldre gjennom eldreløftet til regjeringa

8.6.1 Gode rammevilkår for frivillig sektor til å skape inkluderande fellesskap og møteplassar

Gode rammevilkår for det frivillige er det viktigaste verkemiddelet for å støtte opp under ein mangfaldig og tilgjengeleg frivillig sektor. Det inkluderer føreseieleg finansiering, enkle regelverk og tilgang til eigna lokale.

Frivillige organisasjonar tilbyr interessefellesskap der folk møtest rundt alt frå idrett og friluftsliv til kultur, dataspel, handverk eller andre felles interesser. Gjennom frivilligheita kan folk delta i interessekamp og samfunnsengasjement, anten det handlar om menns likestillingsutfordringar, pasientrettar, lokalmiljøutvikling, miljøspørsmål eller andre saker som blir opplevde som viktige.

Sentrale statlege tilskotsordningar er momskompensasjonsordninga til frivillige organisasjonar, lokale aktivitetsmidlar, tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar, Frifond og tilskot til idrettsanlegg og fysisk aktivitet, kulturformål og friluftslivsorganisasjonar. Full momskompensasjon til det frivillige er gjennomført i heile regjeringsperioden og er foreslått vidareført i 2027.

I 2026 blei det fordelt over 4 milliardar kroner i spelemidlar til idrett og over 1,1 milliardar kroner til kultur. Tiltak for barn og unge er prioritert, og målet er å leggje til rette for at alle kan delta, uavhengig av bakgrunn og økonomi. Organisasjonane kan i stor grad nytte midlane der dei meiner dei trengst mest, noko som er viktig for at dei skal kunne gjere ein god jobb med å inkludere grupper som fell utanfor, og som står utanfor fellesskapa. Stabil og føreseieleg finansiering er avgjerande for inkluderingsarbeidet til organisasjonane og for å byggje opp nødvendig kompetanse over tid (Arnesen & Hansen, 2024).

I tillegg til dei breie og generelle ordningane har regjeringa prioritert eigne satsingar på mangfald og inkludering med Krafttak for mangfald og inkludering i idretten frå 2021 til 2024 og Krafttak for mangfald og inkludering i kulturfrivilligheita frå 2024 til 2026. Utlysing av driftsmidlar til kulturfrivilligheita blei etablert i 2026 og er eit viktig tiltak for frivillige organisasjonar som jobbar for eit meir mangfaldig og inkluderande kunst- og kulturtilbod for barn og unge. Det bidreg til å styrkje både den nasjonale kompetansen og lokale tiltak, samtidig som vellykka modellar kan vidareutviklast og spreiast. I tillegg gir IMDi tilskot til integreringsarbeid i regi av frivillige organisasjonar.

Regjeringa prioriterer òg driftstilskot til frivilligsentralane, som er lokale møteplassar i nesten alle kommunar. I 2027 er det sett av 293,5 millionar kroner til driftstilskot til 601 frivilligsentralar i 336 kommunar.

For å snu trenden med mindre frivillig deltaking blant unge menn etter pandemien kan organisasjonar ha eit særleg blikk på rekruttering i denne gruppa og ta utgangspunkt i interessene og ressursane deira. Gode råd for rekruttering til frivillig innsats er utdjupa i boks 8.5.

Boks 8.6 Fellesskap og frivilligheit for menn

Det finst fleire frivillige organisasjonar som arbeider særleg med inkludering av gutar og menn, og som er opptekne av å redusere likestillingsutfordringar. Rebrothering er ein av dei.

Rebrothering er ein ideell organisasjon som rettar seg mot menn, og som byggjer fellesskap gjennom samlingar, samtalegrupper, aktivitet og frivilligheit. Organisasjonen arbeider mellom anna med psykisk helse, sosial inkludering og ungdomsengasjement. Dei har faste samlingar i Bergen, Oslo og Stavanger, der menn møtest til aktivitetar, erfaringsdeling og fellesskap.

Boks 8.7 Handlingsplanen *Alle inkludert!*

Handlingsplanen *Alle inkludert!* blei lansert våren 2024 og har utløyst store investeringar i idrett, kultur og fritidsklubbar. I perioden 2023–2026 er det gitt over 1 milliard kroner ekstra i statsbudsjettmidlar og spelemidlar til tiltak som skal bidra til brei deltaking, med særleg vekt på barn og unge i familiar med vedvarande låg inntekt (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2024a).

8.6.2 Styrking av fritidsklubbar og andre opne møteplassar for ungdom

Fritidsklubbar er viktige møteplassar og inkluderingsarenaer, særleg for ungdom som ikkje finn seg til rette i organiserte eller prestasjonsorienterte fritidstilbod. I 2026 har Bufdir fått i oppdrag å utarbeide ein kommunal rettleiar for arbeidet med fritidsklubbar og andre opne møteplassar.

Regjeringa har sidan 2022 styrkt tilskotsordninga til inkludering av barn og unge med 231 millionar kroner, slik at ho utgjer totalt 758 millionar kroner i 2026. Gjennom denne ordninga har kommunar og andre aktørar kunna søkje om treårig støtte til mellom anna fritidsklubbar, lokale fritidskassar og utstyrssentralar.

I 2026 etablerte regjeringa eit kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge (Førebyggingsprogrammet). I forslaget til statsbudsjett for 2027 blir det foreslått at den delen av tilskota til inkludering av barn og unge som i dag går til kommunane, skal innlemmast i ordninga frå 2027. Programmet inneber at tilskot som i dag er øyremerkte bestemte tiltak eller sektorar, blir samla i éi overordna ordning. Det gir kommunane større handlingsrom til å prioritere førebyggjande innsats, sjå ulike tiltak i samanheng og tilpasse innsatsen til lokale behov. Tiltaka kan vere både universelle og målretta og vil òg kunne omfatte fritidsklubbtilbod. Ordninga skal evaluerast i perioden 2026–2028. Evalueringa skal mellom anna vurdere resultatet av ordninga opp mot måla og delmåla. Eitt av delmåla er at barn og unge skal ha god helse, oppleve tilhøyrsel og delta, mellom anna i fritidsaktivitetar og i nærmiljøet.

Det er Kultur- og likestillingsdepartementet som har hovudansvaret for tilskotet til Ungdom og Fritids fond, som skal gå til aktivitetar i klubbane. Fondet er styrkt med midlar både frå statsbudsjettet og spelemidlane dei siste åra, og departementet vidareførte innsatsen på same nivå i 2026, med 27 millionar kroner frå spelemidlane.

Kultur- og likestillingsdepartementet greidde i 2026 ut statusen for ikkje-kommunale og frivillig drivne opne møteplassar for ungdom. Denne utgreiinga skal gi meir kunnskap og eit betre grunnlag for å identifisere gode samarbeids- og finansieringsmodellar og vurdere behov og moglege tiltak for å styrkje ikkje-kommunale fritidsklubbar og opne møteplassar for ungdom.

8.6.3 Styrking av anlegg til idrett, kultur og eigenorganisert aktivitet lokalt

Lågterskeltilbod i nærmiljøet er særleg viktig for å inkludere dei som står lengst unna andre organiserte aktivitetar. Eigna lokale og arenaer er avgjerande for at det frivillige skal kunne tilby barn og unge aktivitetar innanfor idrett, kor og korps og eigenorganiserte aktivitetar.

Statlege tilskot til bygging og rehabilitering av anlegg er derfor det fremste verkemiddelet i idrettspolitikken og kjem i tillegg til den lokale finansieringa. I denne regjeringsperioden er den gjennomsnittlege ventetida for å få spelemidlar til idrettsanlegg redusert frå nesten tre år til under eitt år. Det blir gitt ekstra tilskot til nærmiljøanlegg i område med levekårsutfordringar. Nærmiljøanlegg er enklare anlegg i nabolag og lokalsamfunn. Dei skal vere tilgjengelege for alle og kan brukast til eigenorganisert idrett og fysisk aktivitet. Praksisen frå fylkeskommunane viser at nærmiljøanlegga blir høgt prioriterte.

For regjeringa er det viktig at alle barn og unge skal kunne ta del i fysisk aktivitet og idrett, både organisert og eigenorganisert. Gjennom spelemidlane bidreg regjeringa med store midlar til anlegg for eigenorganisert idrett, som særleg mange gutar bruker. Om lag 40 prosent av anleggsmidla på totalt 1,86 milliardar kroner gjekk til anlegg som primært blir nytta til eigenorganisert aktivitet, i 2024. Det gjeld nærmiljøanlegg, alpinanlegg, svømmeanlegg, friluftslivsanlegg, golfanlegg og skiløyper. Gjennom anleggsordninga kan ein søkje om tilskot til dømes til skateanlegg, aktivitetsparkar og motorikkparkar.

Organisasjonen Tverga blir støtta med driftstilskot på 11,5 millionar kroner frå Kultur- og likestillingsdepartementet i 2026. Tverga er eit kunnskaps- og kompetansesenter for eigenorganisert aktivitet som gir rettleiing og råd til fylkeskommunar, kommunar og eigenorganiserte miljø om tilrettelegging av aktivitet og bygging av anlegg. Fri-

fond har motteke 4 millionar kroner til eigenorganisert aktivitet i 2026.

Regjeringa har sett i gang arbeidet med ein nasjonal strategi for kulturarenaer. Målet er å leggje til rette for betre tilgang til eigna kulturarenaer over heile landet. Kulturarenaer er ikkje berre stader for kunst- og kulturaktivitetar, dei er òg viktige møteplassar som bidreg til fellesskap, sosial tilhøyrsel, livskvalitet og aktiv samfunnsdeltaking. Gode og tilgjengelege kulturarenaer kan vere særleg viktige for grupper som i mindre grad deltek i organiserte aktivitetar, eller som opplever utanforskap. Arenaene kan bidra til meistring, frivillig engasjement, tilhøyrsel og lokale nettverk på tvers av alder og bakgrunn. Strategien skal støtte kommunar og fylkeskommunar i rolla som tilretteleggjarar, og blant tiltaka som blir vurderte, er meir rettleiing, auka kunnskapsdeling og styrkt kompetanse om utvikling, bruk og tilgjengeleggjering av kulturarenaer.

Regjeringa har òg sett i gang arbeidet med ei ny melding til Stortinget om den statlege idrettspolitikken. Meldinga skal sjå på sentrale utfordringar og utviklingstrekk i norsk idrett. Arbeidet omfattar mellom anna spørsmål om deltaking, fråfall og barrierar for aktivitet blant ulike grupper.

Boks 8.8 Friluftslivet tilbyr attraktive fellesskap for gutar og menn

Gutar og menn er godt representerte i norsk friluftsliv både når det gjeld eigenorganiserte aktivitetar og i friluftslivsorganisasjonane, særleg innanfor jakt, fiske og båtliv. Forsking viser at friluftsliv har ei jamnare fordeling i sosioøkonomisk status enn idrett og kultur (Brevik & Rafoss, 2017). Sjølv om det finst økonomiske barrierar i friluftslivet òg, er det lågare terskel for å delta på mange av aktivitetane her enn på andre fritidsarenaer, og det er mogleg å delta utan krav om å måtte prestere. Friluftsliv kombinerer kontakt med naturen, fysisk aktivitet, sosial tilhøyrsel og meistring – faktorar mange forskarar meiner beskyttar mot psykisk uhelse. Statlege tilskot frå tilskotsordninga for friluftslivsaktivitet over budsjettet til Klima- og miljødepartementet bidreg til at friluftslivsorganisasjonar kan leggje til rette friluftsområde og sørgje for at kostnader ikkje kjem i vegen for at barn og unge får delta i aktivitetar. Slik bidreg styresmaktene til brei deltaking i friluftsliv og frivillige fellesskap.

8.6.4 Innsatsar for å sikre at kulturen når alle

Kunst- og kulturinstitusjonar som bibliotek, museum og scenekunstinstitusjonar bidreg til eit mangfaldig og inkluderande kulturliv. Regjeringa har som mål å bidra til eit rikt kulturliv i heile landet og sørgje for at barn og unge skal ha tilgang til og høve til å delta i kunst- og kulturaktivitetar, uavhengig av bakgrunn, bustad og økonomiske ressursar.

Aktørar som får tilskot frå Kultur- og likestillingsdepartementet, skal arbeide langsiktig og strategisk for å fremje mangfald og likestilling. Det inneber mellom anna at dei skal sørgje for universell utforming, låg terskel for deltaking og ei brukarbetaling som ikkje er høgare enn nødvendig.

Musea er viktige arenaer for kunnskapsformidling, læring, refleksjon og opplevingar for eit breitt publikum over heile landet. I 2025 hadde musea i det nasjonale museumsnettverket det høgaste besøkstalet på ti år med 7,5 millionar besøk. Dei hadde eit omfattande program med utstillingar, arrangement og pedagogiske tilbod. Rapporteringa viser likevel at andelen barn og unge gjekk ned til 22 prosent i 2025, etter å ha lege på rundt 25 prosent dei siste åra. Det tyder på at det framleis er behov for å styrkje arbeidet med å nå denne målgruppa. Ifølgje brukar- og bruksundersøkinga for musea i Noreg 2025 er unge menn tydeleg underrepresenterte blant dei som går på museum (les meir i tekstboks 8.4). Mange museum arbeider aktivt for å senke terskelen for deltaking gjennom å ha familieorienterte tilbod, differensierte prismodellar, ulike gratistiltak og aktivitetskort til redusert pris for personar med låg inntekt.

Kulturtanken er det statlege forvaltingsorganet for barne- og ungdomskultur. Kulturtanken arbeider for at alle barn og unge skal ha like høve til å oppleve, delta i og skape kunst og kultur, og bidreg til å motverke forskjellar i gutars og jenters kulturdeltaking gjennom ulike verkemiddel.

Den kulturelle skulesekken (DKS), som er forvalta av Kulturtanken, er eit viktig universelt tiltak. Gjennom DKS får alle elevar, uavhengig av kjønn og bakgrunn, oppleve kunst og kultur av høg kvalitet gjennom skulebesøk av profesjonelle kunstnarar. Slik når ein gutar og unge menn òg, som i mindre grad oppsøkjer kulturtilbod på fritida. Skulen blir dermed ein viktig utjamnande arena. Regjeringa vil prioritere Den kulturelle skulesekken.

Boks 8.9 «Kultur for inkludering» trefte gutar i Larvik kommune

I Nesjar Teater- og Kulturforening var det markant fråfall blant gutar då dei kom i 13–14-årsalderen, og foreininga ville ta tak i problemet fordi lokalsamfunnet hadde ein høg sjølvmordsrate blant unge menn, og fordi fleire gutar streva med skulevegring. Med prosjektet «Kultur for inkludering», som var finansiert av Vestfold fylkeskommune i 2025, lykkast dei med å inkludere fleire gutar.

Prosjektet omfatta teater-, musikal-, revy-, keramikk- og snikkargruppe, temakveldar om psykisk helse, gaming- og sosialkveldar, overnattingstur og gutetilbodet Torsdagsklubben. Over 70 ungdommar deltok på aktivitetane. Når aktivitetane var sosiale og uformelle og leidde av unge rollemodellar, var andelen gutar svært høg. Erfaringane frå prosjektet viser at gutar ofte fell frå på grunn av konformitetspress, frykt for å ikkje passe inn og mangel på mannlege førebilete. Foreininga erfarte at dei fekk fleire gutar med seg med lågterskeltilbod som er uformelle og prega av praktisk og teknisk meistring.

Kulturtanken har òg tilskotsordningar og driv med utviklingsarbeid retta mot fylke, kommunar og kulturaktørar, der inkludering og mangfald er gjennomgåande prioriteringar. Eit kjønnsperspektiv på gutar og unge menn blir vareteke innanfor ulike verkemidla. For Kulturtanken er det viktig å bidra til større relevans, sosial tryggleik og oppleving av anerkjenning i kulturmøte, både på skule- og fritidsarenaer, og dessutan å motverke at kunst- og kulturtilbod står fram som kjønnsstereotype i innramming og formidling.

Regjeringa er oppteken av at kunst- og kulturinstitusjonane skal ha god kunnskap om publikummet sitt og arbeide målretta for å nå nye brukargrupper. Den landsdekkjande strukturen av museum og musikk- og scenekunstinstitusjonar gjer at kunst og kultur av høg kvalitet er tilgjengeleg for folk i heile landet. Institusjonane samarbeider ofte og tett med frivillige og lokale aktørar, og stadig fleire initierer lågterskeltilbod og inkluderande framsyningar og konsept. Institutsjonane si rapportering viser at musikk- og scenekunstinstitusjonane arbeider godt og målretta mot barn og unge. Kvart fjerde arrangement er retta mot denne gruppa. Aktiviteten består mellom anna av framsynings- og konsertseriar, skule- og barnehagetilbod, talentutviklingstiltak og formidlingsprosjekt. I programma retta mot barn og unge viser fleire institusjonar at dei har ambisjonar om å prøve ut nye format og formidlingsformer, mellom anna gjennom ulike former for samskaping og medverknad og bruk av ny teknologi. Som ein del av *Alle inkludert!*, handlingsplanen for deltaking i kultur-, idretts- og friluftslivsaktivitetar, har regjeringa sidan 2025 prioritert ei særleg satsing hos Riksteatret på gratis teater for barn og unge, der formålet er å senke terskelen ved at barn og unge som vanlegvis ikkje går på teater, skal få oppleve relevant scenekunst gratis.

8.6.5 Samarbeid for å styrkje inkluderinga av barn og unge

Fritidserklæringa er ein intensjonsavtale mellom regjeringa, Kommunesektorens organisasjon (KS) og frivillige organisasjonar som har som mål at alle barn, uavhengig av den sosiale og økonomiske situasjonen til foreldra, skal ha høve til å delta i minst éin organisert fritidsaktivitet saman med andre barn. Partane samarbeider om å nå dette målet gjennom jamlege møte, kommunenettverk og samlingar.

For å nå måla er ein avhengig av det lokale arbeidet. Samarbeid mellom kommunar og frivillige lag og foreiningar er avgjerande for å realisere intensjonane i Fritidserklæringa.

Målretta samfunnsoppdrag er ein ny metode for å ta tak i gjenstridige samfunnsutfordringar. I 2025 sette regjeringa i gang samfunnsoppdraget «Ingen barn og unge utanfor!» – eit langsiktig og målretta arbeid for inkludering av barn og unge. Det overordna målet er at utanforskap blant barn og unge skal vere betydeleg redusert innan 2035. Kommunar, fylkeskommunar, frivillig sektor, næringsliv, forskingsinstitusjonar og andre samfunnsaktørar er godt i gang med å vidareutvikle samarbeidet om å auke deltakinga til barn og unge og skape varige systemendringar for inkludering. Innsatsen skal bidra til at fleire barn og unge opplever meining og meistring, og at dei høyrer til i eit fellesskap.

8.6.6 Inkluderande, trygg og tilgjengeleg dataspelkultur

Akkurat som Mannsutvalet er regjeringa oppteken av å anerkjenne at dataspel er ein verdifull sosial arena for mange og ei kulturform som kan

bidra til kreativitet, læring og utvikling av tekniske ferdigheiter.

Dataspelpolitikken til regjeringa er forankra i Tid for spel – dataspelstrategi 2024–2026, og eit sentralt mål er å leggje til rette for ein inkluderande, trygg og tilgjengeleg dataspelkultur (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2024b). Tiltaka på området skal mellom anna bidra til å samle, styrkje og dele kunnskap om dataspel og dataspelkultur og sørgje for trygge og inkluderande møteplassar for dataspelkulturen.

Dataspelstrategien legg vekt på kor viktig det er med trygge digitale møteplassar i samspel med fysiske arenaer. Fleire stader i landet finst det arenaer der unge kan møtast og spele saman med trygge vaksne til stades. Det er altså behov for ei balansert tilnærming der spel blir forstått både som ressurs og risiko, noko som krev tiltak som støttar balanse, meistring og deltaking på fleire arenaer samtidig.

8.6.7 Meir kunnskap om målretta tiltak for auka deltaking

Det trengst meir kunnskap om kva tiltak som skal til for at fleire barn og unge, særleg frå dei underrepresenterte gruppene, skal delta. Derfor har Kultur- og likestillingsdepartementet sett i gang ulike kunnskapsprosjekt som vil bidra til auka innsikt.

I samband med Kulturtanken sitt prosjekt «Krafttak for mangfald» gjennomfører forskingsstiftinga Fafo eit prosjekt om kva som fremjar deltaking og reduserer barrierar. Prosjektet kjem òg med praksisnære tilrådingar og tilbyr verktøy basert på eksisterande tiltak i kulturfrivilligheita.

Kulturtanken viser til at det trengst meir forsking som går djupare inn i kva som faktisk verkar når ein vil auke deltakinga i kulturaktivitetar, særleg med tanke på tiltak retta mot gutar og unge menn. Dette krev mellom anna betre data om digital og uformell deltaking, meir finmaska analysar av korleis kjønn samverkar med andre sosiale ulikskapsfaktorar, og langsiktige evalueringar av konkrete program og verkemiddel. Meir kunnskap vil gjere det mogleg å utvikle meir treffsikre tiltak og vidareutvikle politikken på området.

Regjeringa har i 2026 løyvd midlar til ei fleirårig systematisk effektevaluering av inkluderingstiltak på fritidsfeltet. Formålet er å få meir kunnskap om effektar av ulike tiltak for å inkludere barn og unge i fritidsaktivitetar.

Ekstrainnsatsen for deltaking i idretten i område med ein høg andel barn frå låginntektsfamiliar skal etter planen evaluerast i idrettsmeldinga som kjem i 2027.

8.6.8 Jamne ut sosiale forskjellar i livskvalitet

Den nasjonale livskvalitetsstrategien (2025–2030) skal gjere livskvalitet til eit tydelegare mål for samfunnsutviklinga (Helse- og omsorgsdepartementet, 2025a). Strategien tek utgangspunkt i at livskvaliteten i Noreg er høg, men ujamt fordelt, og at utviklinga går i negativ retning for enkelte grupper.

I 2024 blei temaa livskvalitet og einsemd innarbeidde i folkehelselova for å styrkje det systematiske arbeidet på området. Regjeringa har varsla ein handlingsplan for livskvalitet og einsemd som skal ta omsyn til kjønnsforskjellar.

Regjeringa arbeider på tvers av sektorar for å førebyggje og redusere einsemd. Innsatsen vil også bli følgd opp i den kommande handlingsplanen mot einsemd.

Regjeringa legg til rette for levande og inkluderande lokalsamfunn, møteplassar og sosiale buformer, mellom anna gjennom Eldrebustadprogrammet, Bu trygt heime-reforma og arbeidet med eit aldersvennleg Noreg. Saman med Kunnskapsdepartementet vil regjeringa òg arbeide med å styrkje tilhøyrselen og førebyggje fråfall i barnehage, skule og høgare utdanning. Det skal mellom anna utviklast ein kompetansepakke om temaet folkehelse og livsmeistring i skulen.

Helse- og omsorgsdepartementet samarbeider òg med Arbeids- og inkluderingsdepartementet

Boks 8.10 Forskingsprosjekt om rasisme og diskriminering

På oppdrag frå Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) gjennomfører Institutt for samfunnsforsking (ISF) eit forskingsprosjekt om rasisme og diskriminering på ei rekkje område i den norske offentlegheita. Prosjektet skal kartleggje korleis rasisme og diskriminering knytt til synlege kjenneteikn som hudfarge, klesdrakt og religiøse symbol kjem til uttrykk og påverkar minoritetar sine erfaringar og moglegheiter i Noreg. I tillegg skal prosjektet undersøkje det etniske mangfaldet og omfanget av rasisme og diskriminering i frivilligheita og i kunst- og kulturlivet, og det skal utforske korleis kunstig intelligens (KI) kan brukast til å identifisere og forhindre hatefulle ytringar i sosiale medium.

om tiltak for ei friskare befolkning. Målet er mellom anna å redusere sosiale helseforskjellar og styrkje deltakinga i arbeids- og samfunnslivet.

Innsatsen på psykisk helse og rusfeltet er òg relevant for arbeidet mot einsemd, mellom anna gjennom Opptrappingsplan for psykisk helse 2023–2033. I 2026 er det etablert ei tilskotsordning for kunnskapsbaserte lågterskeltilbod innanfor psykisk helse og rus i kommunane. I tillegg har regjeringa styrkt tilskotet til hjelpetelefonar og chattilbod innanfor psykisk helse, rus og vald. Frivillige organisasjonar og andre aktørar i sivilsamfunnet er viktige samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Boks 8.11 Eldreløftet

Eldreløftet er ein del av regjeringsplanen for Noreg (2025–2029) og høyrer til satsingsområdet tryggleik for helsa. Fellesskapet skal stille opp for dei eldre. Derfor har regjeringa lagt fram Eldreløftet med nye og forsterka satsingar på bustad, bemanning og kvalitet, høyrsel, aktivitet og pårørande. Målet er å mobilisere eldrekrafta og bidra til ei trygg framtid for dei eldre.

8.6.9 Betre fellesskap og møteplassar for eldre gjennom eldreløftet til regjeringa

Regjeringa vil ha eit meir aldersvennleg Noreg, der eldre kan delta og kjenne seg trygge. Gjennom Eldreløftet følgjer regjeringa opp Bu trygt heimereforma og kjem med nye og forsterka satsingar på bustad, bemanning og kvalitet, høyrsel, aktivitet og pårørande. Målet er trygge kvardagar i eit aldersvennleg samfunn. Med fleire eldre og åleinebuande eldre er det behov for å gjere det lettare å bu heime lenger og leggje til rette for effektiv tenesteyting i heimen. Dei eldre treng gode sosiale møteplassar, servicefunksjonar i nærleiken og tenester som gjer at dei kan meistre kvardagen i sin eigen heim. Regjeringa legg òg vekt på å styrkje moglegheita eldre har til å ta del i frivillige aktivitetar som kan bidra til betre helse og livskvalitet.

8.6.9.1 Ny tilskotsordning til aktivitetstiltak for eldrekrafta

Regjeringa har etablert ei ny tilskotsordning til aktivitetstiltak for eldrekrafta som del av *Eldreløftet*. Ordninga skal bidra til at eldre kan leve eit aktiv og meningsfullt liv, motverke einsemd og styrkje aldersvennlege møteplassar der eldre både kan delta og bidra i fellesskapet. Tilskotsordninga blei lansert i 2026 og dekkjer eit breitt spekter av tiltak, både for aktive pensjonistar som ønskjer å engasjere seg i frivillig arbeid, og for eldre som trenger meir tilrettelagde tilbod. 174 tiltak over heile landet fekk støtte, mellom anna aktivitetar som kan trekkje til seg menn, som transporthjelp, idretts- og turgrupper, historielag og gåfotball. Aktivitetstilskotet byggjer opp under arbeidet med aktivitetsgarantien i Bu trygt heimereforma, tiltak i program for eit aldersvennleg Noreg 2030 og styrkjer folkehelseinnsatsen i Eldreløftet gjennom auka fysisk og sosial aktivitet for eldre. Regjeringa vil løfte eldrekrafta og ta i bruk den verdifulle erfaringa og kompetansen dei eldre har, til å løyse viktige samfunnsoppgåver. Regjeringa har derfor inngått eit partnarskap for eldrekrafta med sentrale frivillige organisasjonar og KS. I arbeidet skal dei særleg ta omsyn til ønska og behova til eldre menn. Mange vil gjerne bidra i frivillig arbeid for andre eldre eller i aktivitetar på tvers av generasjonar, mens andre treng tilrettelagde tilbod. Eldre menn deltek i stor grad i frivillig arbeid. Samtidig kan livsovergangar som det å bli pensjonist, ufør eller miste partnar og vener, auke risikoen for einsemd og sosial isolasjon. For å møte denne utfordringa har Senteret for eit aldersvennleg Noreg i samarbeid med fleire frivillige organisasjonar gjennomført eit prosjekt for å utvikle og synleggjere frivillige tilbod som i større grad treffer menn (sjå boks 8.5). Erfaringane frå prosjektet skal takast med vidare i partnarskapet for eldrekrafta.

8.7 Gutar og menn er overrepresenterte blant personar med speleproblem

Menn er tydeleg overrepresenterte i både problematisk pengespeling og problematisk dataspeling. Den siste befolkningsundersøkinga (frå 2022) om omfanget av penge- og dataspelproblem i Noreg blant personar mellom 16 og 74 år estimerer at om lag 23 000 nordmenn har problem med pengespel, mens om lag 93 000 har risiko for å få problem med det (Pallesen S. et al., 2023). Førekomsten av problematisk pengespeling blant menn er nær tre gonger så stor som for kvinner.

Problematisk penge- og dataspeling er utbreidd blant unge gutar. Ei stor skulebasert undersøking frå 2025 blant barn og unge i Noreg i

alderen 12 til 17 år om penge- og dataspelproblem viste at 11,5 prosent av gutane og 2,2 prosent av jentene hadde symptom på pengespelproblem, og at det kan vere ein samanheng mellom dataspelproblem og pengespelproblem (Pallesen S. et al., 2023). Undersøkinga viste vidare at 3 prosent av gutane kan klassifiserast som dataspelavhengige, mot 1,1 prosent av jentene.

Norsk Tipping har dei siste åra sett eit trendskifte blant dei yngste spelarane ved at fleire av dei nye unge kundane (18–25 år) registrerer seg for å spele kasinospel. Andelen unge menn som speler kasinospel, er tre gonger høgare enn i befolkninga generelt. Dette er urovekkjande sidan kasinospel er blant spela med høgast risiko for å gi speleproblem. Nyare tal frå Norsk Tipping viser ein viss auke i problemspeling, særleg blant unge menn.

Grensa mellom dataspel og pengespel har dei siste åra blitt viska noko ut ved at det har komme inn pengespel og pengespelliknande element i dataspel. Til dømes kan ein kjøpe digitale forundringspakkar (loot-boksar) loot-boksar i dataspel der spelaren ikkje kjenner innhaldet eller verdien av innhaldet. Vidare kan ein kjøpe eller vinne *skins*, det vil si digitale kosmetiske gjenstandar som endrar det visuelle utsjånaden til ein figur, ein gjenstand eller eit våpen utan å påverke spelemekanikkane eller prestasjonane til spelaren. Skins kan brukast som innsats i pengespel på plattformer utanfor dataspela, såkalla *skin betting*. Fleire av desse sidene lèt òg personar under 18 år spele. Ingen i Noreg har lov til å tilby pengespel med skins, og sidan 2025 har Lotteri- og stiftelsestilsynet DNS-blokkert nettsider som tilbyr dette. Departementet har bestilt og motteke ein rapport frå Lotteri- og stiftelsestilsynet om korleis lootboksar og andre pengespelliknande element i dataspel kan regulerast. Rapporten er utarbeidd av Lotteri- og stiftelsestilsynet i samarbeid med Medietilsynet, Norsk filminstitutt og Forbrukartilsynet og er bestilt av regjeringa som ledd i oppfølginga av eit oppmodingsvedtak frå Stortinget om regulering av pengespelliknande element i dataspel. Rapporten er sendt på høyring, med høyringsfrist 12. januar 2027.

Den siste tida har det vakse fram såkalla prediksjonsmarknader, altså digitale plattformer der brukarar kan vedde på utfallet av framtidige hendingar. Prediksjonsmarknader er eit forholdsvis nytt fenomen som det er grunn til å vere merksam på. Mellom anna har det vore reist spørsmål om ein mogleg samanheng med speleproblem, eller om prediksjonsmarknadene kan fungere som ein inngangsport til seinare problemspeling. Det er foreløpig for tidleg å konkludere om slike samanhengar, men utviklinga gjer at mellom anna Lotteri- og stiftelsestilsynet følgjer fenomenet tett.

Speleproblem kan ha alvorlege konsekvensar for den psykisk helsa og livskvaliteten til folk, derfor er førebygging sentralt i regjeringa sin pengespelpolitikk. Førebygging er viktig i eit samfunnsperspektiv òg, sidan speleproblem kan få store konsekvensar både for den enkelte, dei pårørande og samfunnet elles. Tidleg førebygging kan bidra til å redusere økonomiske og sosiale belastingar og hindre at folk får speleproblem. Speleproblem kan føre til gjeld, som igjen kan gi økonomiske problem og skape stress og konfliktar i familie- og arbeidslivet. Over tid kan dette bli ein vond sirkel der gjeld og speling forsterkar kvarandre negativt. Regjeringas «Handlingsplan mot spilleproblemer 2026–2029» viser til at personar med pengespelavhengnad oftare har sjølvmordstankar enn befolkninga elles, og understrekar behovet for tidleg identifisering og tilgjengeleg hjelp (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2026).

8.7.1 Regjeringa sin innsats mot speleproblem

Arbeidet med å førebyggje speleproblem har vore forankra i nasjonale handlingsplanar sidan 2005. *Handlingsplan mot spilleproblemer 2026–2029* omfattar både data- og pengespel og byggjer på eit mål om at så få personar som mogleg skal utvikle speleproblem (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2026). Dette er avgjerande for å redusere dei negative konsekvensane av speleproblem for enkeltpersonar, pårørande og samfunnet samla sett.

Handlingsplanen har tre overordna mål: Færrast mogleg skal utvikle speleproblem, problematisk speleåtferd skal identifiserast tidleg og møtast med god behandling, og kunnskapen om spel og speleproblem skal aukast og delast. For perioden 2026–2029 har ein lagt særleg vekt på utvalde målgrupper, mellom anna barn og unge i alderen 9–25 år, pårørande og barn som pårørande, idrettsutøvarar, personar under soning og andre utsette grupper. Mange av tiltaka i handlingsplanen vil i praksis særleg komme gutar og unge menn til gode ettersom dei er overrepresenterte blant personar med speleproblem. Barn og unge er ei sentral målgruppe i handlingsplanen, mellom anna fordi regjeringa er bekymra for ei utvikling der barn blir eksponerte for pengespel og får interesse for slike spel gjennom dataspel.

Handlingsplanen omfattar tiltak innanfor førebygging, hjelpetilbod og kunnskapsutvikling og må sjåast i samanheng med andre handlings-

planar, strategiar og råd.[2] Arbeidet er langsiktig og dynamisk, med fast målstruktur, og ansvarlege styresmakter vurderer og justerer tiltaka løpande for å sikre at dei er relevante og treffsikre.

Norsk pengespelpolitikk er tydeleg styrt av omsynet til ansvarskjensle, der førebygging av speleproblem alltid skal komme før profitt. Handlingsplanen vidarefører derfor eit langsiktig, systematisk og målretta arbeid og legg vekt på både førebygging, hjelp til dei som allereie har problem, og auka kunnskap som kan danne grunnlag for å utvikle politikken vidare.

Handlingsplanen blir finansiert av minimum 0,5 prosent av overskotet til Norsk Tipping og utgjorde 40 millionar kroner i 2025.

8.8 Demokratisk utanforskap, ytringsklima og digital påverknad blant unge menn

Mannsutvalet peikar på teikn til at særleg unge menn kan oppleve større avstand til demokratiet og fellesskapet. Sjølv om det generelt er små kjønnsforskjellar i valdeltakinga, ser vi at yngre menn og menn med innvandrarbakgrunn stemmer i mindre grad enn andre veljarar. Utgreiinga frå Mannsutvalet fortel òg at fleire gutar og menn opplever ytringsfridommen i Noreg som avgrensa (NOU 2024: 8).

Når nokon opplever at dei står på utsida av demokratiske prosessar, kan det bidra til avmakt, redusert tillit til institusjonar og lågare oppslutning om demokratiske verdiar. Sosiale medium, algoritmar og kunstig intelligens kan forsterke slike tendensar gjennom feilinformasjon, desinformasjon og målretta påverknad. Ulike grupper i befolkninga blir eksponerte for ulik informasjon om samfunnet og korleis dei bør leve.

Utanforskap, manglande meistring eller låg tillit til samfunnet kan gjere nokre gutar og unge menn meir mottakelege for polariserande eller ytterleggåande bodskapar. Enkelte nettmiljø tilbyr forklaringar på personlege og samfunnsmessige utfordringar som byggjer på fiendebilete, mistillit og motsetningar mellom grupper. Algoritmar kan bidra til auka eksponering for slikt innhald over tid og kan i visse tilfelle forsterke radikaliseringsprosessen.

Samla sett kan dette påverke livskvaliteten til gutar og menn, tilhøyrselen til fellesskapet og den demokratiske motstandskrafta i samfunnet.

8.8.1 Nokre menn har lågare tillit og lågare valdeltaking

Fleire undersøkingar peikar på at tillitsnivået generelt er høgt i Noreg, men at menn gjennomgåande har noko lågare tillit enn kvinner til styresmakter, media og andre innbyggjarar (Arnesen & Dalen, 2025; Oppøyen, 2022; DFØ, 2026; Eidset & Kræmmer, 2026). Levekårsundersøkinga til SSB viser at menns tillit samla sett er relativt stabil frå 2022 til 2025, men at det kan vere grunn til å sjå på enkelte utviklingstrekk. Andelen med låg tillit til rettsvesenet har auka, særleg blant unge menn, og fleire menn oppgir at dei har låg tillit til nyheitsmedia. Tilliten varierer med mellom anna utdanning, alder, deltaking i frivillige organisasjonar og økonomisk situasjon.

Det er betydelege forskjellar i valdeltakinga, avhengig av utdanning, innvandrarbakgrunn,

Boks 8.12 Demokratisk fråkopla ungdom

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet har forskarar ved NTNU, saman med NTNU Samfunnsforskning og Rambøll Consulting Management, gjennomført den første nasjonale kartlegginga av demokratisk kunnskap og kompetanse blant elevar i vidaregåande skule: «Demokomp» (Storstad et al., 2026). Studien byggjer på data frå vel 3 200 vg2-elevar.

Studien viser at kunnskap om demokrati er viktig for engasjement og deltaking og ein av dei viktigaste faktorane for å byggje demokratisk beredskap. Elevar med god kunnskap om demokrati støttar i større grad demokratiske verdiar, dei har høgare tillit til institusjonar, og dei har betre evne til å vurdere informasjonskjelder. Samtidig viser kartlegginga at ein firedel av elevane i vg2 er det forskarane omtaler som «demokratisk fråkopla», det vil seie at dei har låg politisk interesse og låg politisk deltaking. Forskarane finn at det er ein tydeleg samanheng mellom demokratisk fråkopling og låg grad av politisk sosialisering i heimen, men at skulen til ei viss grad kan kompensere for dette (Storstad et al., 2026).

[2] Dette inkluderer mellom anna dei nasjonale tilrådingane om skjermbruk som blei lanserte i 2026: Meld. St. 5 (2024–2025) *Forebyggings- og behandlingsreformen for rusfeltet Del I – en ny politikk for forebygging, skadereduksjon og behandling*, handlingsplanar for sjølvmordsførebygging, Meld. St. 32 (2024–2025) *Trygg oppvekst i et digitalt samfunn*, regjeringa sin dataspelstrategi *Tid for spill (2024–2026)* og strategiplanen *Bekjempelse av manipulering av idrettskonkurranser (2025–2028)*.

alder og kjønn. Det er samla sett noko meir sannsynleg at menn blir «heimesitjarar», altså gjentekne gonger avstår frå å bruke stemmeretten sin, enn at kvinner blir det. Det gjeld særleg menn i alderen 26–39 år. Personar utan utdanning utover grunnskulen og personar med innvandrarbakgrunn er òg tydeleg overrepresenterte.

Når enkelte grupper deltek mindre i val, blir den politiske innverknaden deira svekt. Over tid kan det påverke både tilliten deira til demokratiet og representativiteten til systemet. Valforsking peikar på at vedvarande heimesitjing kan forsterke sosiale og politiske ulikskapar. Auka avstand mellom grupper og avgjerdstakarar kan òg styrkje oppslutninga om rørsler som utfordrar demokratiske normer (Meld. St. 13 (2024–2025)).

8.8.2 Gutar og menns deltaking i samfunnsdebatten

Gutar legg stor vekt på moglegheita til å ytre seg fritt og bli tekne på alvor når dei gjer det (Opinion, 2026). Ytringsfridom er blant temaa som engasjerer dei mest. Samtidig viser fleire undersøkingar at mange gutar og menn synest det er krevjande å delta i offentlegheita. Dei beskriv eit press om å uttrykkje seg på ein «rett» eller politisk korrekt måte, noko som kan heve terskelen for å delta og forsterke kjensla av at meiningane deira ikkje har nokon legitim plass i samfunnsdebatten. Nokre unge opplever handteringa av ytringar på digitale plattformer som ein barriere. På nett kan ytringar finnast eller bli synleggjorde i ettertid, og enkelte opplever at lagrings- og distribusjonsmekanismane til plattformene kan gjere at ytringar kan få utilsikta konsekvensar og publikum. Fleire menn enn kvinner, og fleire unge enn eldre, rapporterer at dei har vore utsette for nedlatande kommentarar. Det kan forklarast med at det er desse gruppene som i størst grad uttrykkjer meiningane sine digitalt (Fladmoe, Wollebæk, Thorbjønsrud, & Eggen, 2026). Menn er mest ytringsvillige og har vore det over tid, uavhengig av alder, utdanning og politisk tilhøyrsel.

Opplevingane av avgrensingar i ytringsrommet varierer, både når det gjeld kven som opplever det, og kvifor. Om ein opplever avgrensingar på grunn av lite meiningsmangfald eller «det politisk korrekte» eller på grunn av risikoen for å bli utsett for hets og hatefulle ytringar, er i stor grad avhengig av partipolitisk tilhøyrsel. Høgare terskel for å delta i samfunnsdebatten kan medføre sjølvsensur. For kvar enkelt kan dette redusere den demokratiske deltakinga, tilknytinga og innverknaden. For samfunnet samla sett kan det utfordre eit mangfaldig, ope og opplyst offentleg ordskifte og demokratisk representativitet og legitimitet.

Menn har større aksept for ytringar som kan opplevast som krenkjande, enn kvinner, og slik har det vore i mange år. Når slike ytringar rettar seg mot minoritetsgrupper, er aksepten relativt høg både blant menn og kvinner (høvesvis 79 og 56 prosent) (Fladmoe, Wollebæk, Thorbjønsrud, & Eggen, 2026). Demokratiske samfunn krev og legg til rette for toleranse og rom for usemje og mangfald. Som *Ytringsberedskap – Nasjonal strategi for eit ope og opplyst offentleg ordskifte* viser til, omfattar ytringsfridommen òg ytringar som «fornærmar, sjokkerer og forstyrrar» (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2025a). Samtidig er det eit problem for ytringsfridommen og ei velfungerande offentlegheit dersom enkelte lèt vere å ytre seg fordi dei er redde for å bli møtte med hets, sjikane eller negative reaksjonar. Ytringsfridomskommisjonen drøfta om tilknyting til offentlegheita er eit vilkår for brei deltaking, og kva barrierar som kan hindre denne tilknytinga (NOU 2022: 9). Brei deltaking i offentlegheita inneber ikkje nødvendigvis at flest mogleg deltek, men at ulike grupper, erfaringar og perspektiv kjem til orde. Studiar viser at om lag ti prosent av befolkninga jamleg kommenterer på nyheiter digitalt (Moe & Schefner, 2026), og at femten prosent oppgir å ha deltatt i digitale diskusjonar om samfunnsspørsmål på sosiale medium/internett i løpet av det siste året (SSB, 2026h). Avgrensa deltaking kan skuldast mangel på tid og interesse, arbeidssituasjonen og ulik tilgang til ressursane som trengst for å delta. Erfaringar med hets og sjikane kan òg utgjere ein stor barriere, særleg for personar med etnisk eller religiøs minoritetsbakgrunn, kvinner og unge. For desse gruppene er angrepa oftare retta mot identitet og slike ting som hudfarge, religion og kjønn, enn mot innhaldet i ytringane.

8.8.3 Informasjon, normer og forventningar som gutar og unge menn møter på internett

Digitale plattformer er sentrale arenaer der maskulinitet og kjønnsnormer blir forma og formidla. Slike plattformer er blitt ein stor del av kvardagen til både barn, unge og vaksne, og særleg barn og unge bruker mykje tid på dataspel. Her blir dei eksponerte for ulike ideal, forventingar og vurderingar knytte til korleis ein bør vere, eller korleis ein bør leve. I mange tilfelle kan desse ideala, forventingane og vurderingane vere svært ulike for gutar og jenter. Under innspelsmøtet med unge

om gutar og menns likestillingsutfordringar (sjå tekstboks 1.1) var deltakarane opptekne av korleis digitale miljø kan forsterke press, kroppsideal og ekstreme kjønnsnormer (Redd Barna, 2026).

Analysar tyder på at gutar og jenter bevegar seg i stadig meir ulike digitale informasjonsunivers (Storstad & Bungum, 2025; TRY, 2026). Innanfor desse kjønnsdelte informasjonsstraumane ser visse typar innhald ut til å nå særleg mange gutar. Det gjeld mellom anna bodskapar som blir presenterte som enkle forklaringar på komplekse samfunnsspørsmål eller som alternative forståingar av kjønn og samfunn. Forsking peikar på at konfliktorienterte forteljingar om kjønn i aukande grad har bevega seg bort frå marginale nettforum og over til større plattformer (Storstad & Bungum, 2025). Slike bodskapar kan få gjennomslag ved å bli kopla til erfaringar og utfordringar som unge gutar kjenner igjen, mellom anna gjennom innhaldsskaparar dei utviklar tillit til.

Nokre gutar og menn kan søkje seg til fellesskap som vender seg bort frå eller er i opposisjon til etablerte demokratiske normer. Den såkalla mannosfæren omfattar ulike digitale fellesskap som ofte er kjenneteikna av antifeministiske perspektiv og ei forståing av kjønn som biologisk bestemt og hierarkisk (Peters, 2026). Innhaldet i desse miljøa varierer frå sjølvhjelpsorientert rådgiving og diskusjonar om maskulinitet til meir ekstreme haldningar og konspirasjonsprega innhald. Samtidig er slike perspektiv i aukande grad blitt tilgjengelege på større og meir kommersielle digitale plattformer.

Subkulturar som incelmiljøet (*involuntary celibacy*, nettbasert fellesskap av menn som lever i ufrivillig sølibat, og som har kvinnefiendtlege haldningar) er døme på at digitale fellesskap kan tiltrekkje seg personar som opplever einsemd, sosial isolasjon og psykiske belastingar, kombinert med eit ytterleggåande verdsbilete. Digitaliseringa har gjort det enklare å etablere og opprethalde slike fellesskap på tvers av landegrenser, og høg grad av anonymitet kan senke terskelen for å uttrykkje ekstreme haldningar og søkje tilhøyrsel i lukka nettverk.

Sosiale medium kan spele ei rolle i slike utviklingsprosessar. Den teknologiske utviklinga har tilbydt verktøy som gjer det enklare å produsere og spreie feilinformasjon, og dette kan aktørar som ønskjer å villeie eller skape uro, dra nytte av. Hatefulle ytringar og desinformasjon skaper ofte stort engasjement og kan spreiast raskt gjennom interaksjonane til brukarane og tilrådingsalgoritmane frå plattformene. Algoritmane kan dermed bidra til at brukarar blir eksponerte for stadig meir einsidig eller ekstremt innhald over tid. Det kan påverke radikaliseringsprosessar.

Politiets tryggingsteneste (PST) har dei siste åra registrert ein auke i talet på mindreårige som blir eksponerte for ekstrem islamistisk propaganda på nett (PST, 2026b). Dei fleste er gutar i alderen 15 til 17 år, men det er òg snakk om yngre barn. Nettbaserte plattformer gjer det mogleg å nå sårbare unge direkte, spreie propaganda raskt og etablere kontakt på tvers av geografiske grenser.

Digitaliseringa har utvida borgarane sitt høve til å ytre seg og innhente ny informasjon og nye perspektiv, uavhengig av tid og stad. Samtidig har dette opna opp for at produsentar utan redaksjonell tilknyting kan tilby nyheits- og aktualitetsinnhald som ikkje er basert på journalistiske arbeidsmetodar eller presseetikk. Kunstig intelligens (KI) gjer det ekstra krevjande å vurdere kva som er truverdig innhald, og å skilje mellom ekte og falsk informasjon. Utviklinga gjer det særleg viktig med kritisk medieforståing og kjeldekritikk. Medietilsynet si undersøking *Kritisk medieforståelse i den norske befolkningen 2024* indikerer at

Boks 8.13 Innspel frå dei unge om digitalisering og likestilling

Unge beskriv digitale plattformer både som ein risiko og ein ressurs og peikar på korleis utviklinga skaper nye rom for påverknad, identitetsforming og sosial tilhøyrsel. Digitalisering kan gjere gutar meir utsette for skadeleg innhald, ekkokammer og miljø som fremjar snevre kjønnsroller. Fleire understrekar at polariserande bodskapar spreier seg raskt på dei algoritmestyrte plattformene, og at det digitale sporet til brukaren kan gjere det krevjande å bryte ut av slike miljø. Det blei òg framheva at profilerte kulturpersonlegdommar og kommentatorar i digitale rom har stor påverknad på korleis unge menn forstår kjønn og samfunn. Samtidig understreka dei unge at sosiale medium gir gode moglegheiter for å fremje likestilling, mellom anna ved å gi tilgang til nye perspektiv, mangfaldige rollemodellar og inkluderande fellesskap på tvers av geografi og bakgrunn.

Blant innspela til tiltak kom tilrådingar om å kartleggje korleis kunstig intelligens påverkar likestilling (Redd Barna, 2026).

evna til å identifisere KI-generert innhald er avgrensa i befolkninga. Samtidig svarer fleire menn enn kvinner og fleire unge enn eldre at dei synest det er lett å vurdere om informasjon dei møter på nettet, er sann eller usann. Det viser at det trengst meir systematiske og omfattande studiar for å undersøkje om enkelte grupper, til dømes unge menn, er meir sårbare for desinformasjon enn andre (Medietilsynet, 2024).

8.9 Tiltak for eit demokratisk og motstandsdyktig samfunn

Demokratisk deltaking, eit mangfald av frie redaktørstyrte medium, eit ope og opplyst offentleg ordskifte og trygge digitale oppvekstmiljø er grunnleggjande for eit velfungerande samfunn.

Den raske teknologiutviklinga og posisjonen utanlandske teknologigigantar har i den norske offentlegheita, utfordrar desse føresetnadene. Regulering av digitale plattformer må kombinerast med styrkt demokratisk og digital kompetanse og eit mangfald av frie redaktørstyrte medium som befolkninga bruker og har tillit til. Kunnskap, deltaking og tillit byggjer fellesskap og motstandskraft mot desinformasjon og polarisering.

Utanforskap, manglande meistring eller låg tillit til samfunnet kan gjere enkelte gutar og unge menn meir sårbare for påverknad frå ytterleggåande nettmiljø. Slike miljø tilbyr tilhøyrsel og identitet og bidreg til å forsterke mistillit og fiendebilete. Dette må møtast med inkluderande fellesskap og gode rollemodellar.

Slik vil regjeringa leggje til rette for deltaking, ytringskultur og eit tryggare internett for barn og unge:

- meir kunnskap om demokrati og medborgarskap i skulen
- tilrettelegging for bibliotek som opne og demokratiske møteplassar
- innsats for eit ope og opplyst offentleg ordskifte og styrkt motstandskraft mot desinformasjon
- innsats for trygg oppvekst i digitale samfunn
- nordisk samarbeid om auka kunnskap om algoritmestyrt informasjon, likestilling og demokratisk motstandskraft

8.9.1 Meir kunnskap om demokrati og medborgarskap i skulen

Kunnskap om demokrati er avgjerande for å byggje demokratiske verdiar og tillit til demokratiske institusjonar. Derfor er demokrati og medborgarskap eitt av tre prioriterte tverrfaglege tema i læreplanverket. Likevel har mange unge for lite kunnskap om demokratiet. Fellesskuleutvalet peika i rapporten sin på at det er viktig med demokratiopplæring, men at opplæringa i temaet er blitt meir krevjande (NOU 2026: 10). Utfordringa er samansett, men utvalet meiner at det trengst ei heilskapleg satsing på demokratiopplæring i skulen. Det inneber å styrkje kompetansen til læraren, tydeleggjere demokratisk kunnskapsinnhald og verdiar i læreplanverket og sørgje for at elevane får lære om demokrati i praksis gjennom medverknad.

På oppdrag frå Kunnskapsdepartementet jobbar Utdanningsdirektoratet med å fornye strukturen og innhaldet i framtidas vidaregåande opplæring. Temaet demokrati og medborgarskap inngår i dette arbeidet.

Andre aktørar bidreg òg i arbeidet med tematikken. I 2025 blei det lansert ein ny felles strategi for freds- og menneskerettssentera i Noreg (Kunnskapsdepartementet, 2025b). Sentera er viktige støttespelarar for skulane i arbeidet med å førebu elevane på demokratisk deltaking gjennom undervisning i grunnleggjande demokratiske verdiar som gjensidig respekt, toleranse, ytringsfridom og frie val. Strategien synleggjer breidda i arbeidet til sentera og viser kva dei bidreg med, både kvar for seg og samla. Han peikar òg på framtidige utviklingsområde og verkefelt for sentera, ikkje minst kor viktig det er at sentera vidareutviklar det faglege samarbeidet med andre kompetansemiljø. Målet er å skape fleire synergieffektar. Det kan vere både fagleg berikande og meir berekraftig for ressursane.

8.9.2 Biblioteka som opne og demokratiske møteplassar

Biblioteka er opne og inkluderande kulturarenaer som sikrar fri og lik tilgang til kunnskap, informasjon og kultur for alle. Dei legg til rette for læring, samtale og debatt og er ein møteplass for folk på tvers av alder, kjønn, kultur og sosioøkonomisk bakgrunn. Slik bidreg dei til å byggje fellesskap og tillit og til å styrkje den demokratiske offentlegheita. Biblioteka er derfor sentrale institusjonar i demokratiet.

Gjennom brei tilgang til litteratur, forsking, redaktørstyrte medium og andre kunnskapskjelder gir biblioteka befolkninga verktøy for refleksjon, kritisk tenking og digital dømmekraft. Biblioteka kan dermed gjere samfunnet meir motstandsdyktig mot gruppefiendtlege og antidemo-

kratiske haldningar og styrkje den demokratiske beredskapen.

Folkebiblioteklova sikrar at alle kommunar har eit folkebibliotek som er eigd og finansiert av kommunen. Nasjonalbiblioteket er statens utviklingsorgan for biblioteksektoren og bidreg til utvikling gjennom å forvalte og tildele prosjekt- og utviklingsmidlar.

SSBs kulturbarometer viser at menn bruker biblioteket i mindre grad enn kvinner (Bekkengen, 2025). I 2025 var 44 prosent av menn bibliotekbrukarar, mot 54 prosent av kvinner. Menn i alderen 45–66 år var den gruppa som i minst grad brukte biblioteket i 2025. Tal frå Bokbasen Statistikk viser ein tilsvarande kjønnsforskjell når det gjeld utlån (Bokbasen, 2026). I første halvår av 2026 stod kvinner for 68 prosent av alle utlåna, mens menn stod for 23 prosent (9 prosent er ukjent). Biblioteksektoren er klar over kjønnsforskjellane, og enkelte bibliotek har utvikla prosjekt som rettar seg spesifikt mot gutar og menn.

I *Regjeringens plan for Norge 2025–2029* er lesing eit prioritert område. Satsinga omfattar eit leseløft både i utdannings- og kultursektoren. For utdanningssektoren handlar det om å styrkje lese- og skriveundervisninga i skulen for å forbetre lese- og skriveferdigheitene til barn og unge. For kultursektoren handlar leseløftet om byggje ein sterkare kultur for lesing i heile befolkninga. Levande folkebibliotek, mangfaldig litteraturtilbod og god litteraturformidling er sentrale element i dette arbeidet. Kultur- og likestillingsdepartementet utarbeider ein leselyststrategi for vaksne. Biblioteka er sentrale i arbeidet med å skape leselyst i befolkninga.

8.9.3 Styrkt innsats for eit ope og opplyst offentleg ordskifte og motstandskraft mot desinformasjon

Ytringsberedskap – Nasjonal strategi for eit ope og opplyst offentleg ordskifte trekkjer opp prinsipp for det samla og sektorovergripande arbeidet til regjeringa med ytringsfridom og eit ope og opplyst offentleg ordskifte. Han er ikkje utforma som ein tradisjonell handlingsplan med ei uttømmande liste over tiltak, men synleggjer korleis regjeringa vil arbeide på tvers av skule og utdanning, medium, kunst- og kulturliv, forsking, arbeidsliv, sivilsamfunn og digitale plattformer. Arbeidet skal styrkje infrastrukturen for ytringsfridommen, byggje ned barrierar for deltaking, sikre openheit og medverknad og bidra til ein ytringskultur som er prega av toleranse, mangfald og stor takhøgd. Eitt av prinsippa strategien løftar fram, er idealet om eit konstruktivt usemjefellesskap: eit fellesskap som ikkje byggjer på semje, men på evna og viljen til å handtere usemje gjennom dialog og samarbeid. I tråd med dette slår strategien fast at regjeringa vil «bidra til at ungdom utviklar forståing av ytringsfridom og verdien av debatt og ein konstruktiv usemjefellesskap» (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2025b).

Strategi for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon (2025–2030) omtaler regjeringa sin innsats for å førebyggje at desinformasjon skal spreie seg og få effekt. Verkemidla og tiltaka skal leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte i tråd med infrastrukturkravet i Grunnlova § 100. Styresmaktene er pålagde å sørgje for at folk har høve til å vere engasjerte i og tilknytte offentlege samtalar. Strategien handlar med andre ord om å sikre ytringsfridommen, ikkje om å avgrense høvet individ har til å ytre seg offentleg, eller å fjerne usanne påstandar. Han skal styrkje eit demokratisk usemjefellesskap som ikkje er påverka av falsk eller villeiande informasjon.

Eit sentralt tiltaksområde i strategien er følgjeleg å styrkje den kritiske medieforståinga til befolkninga – kunnskapen og ferdigheitene som er nødvendige for å orientere seg og delta trygt i medielandskapet – slik at folk sjølve kan vurdere kva som er påliteleg informasjon. Tiltak inkluderer til dømes å støtte skipinga av Tenk – Senter for kildebevissthet, eit initiativ frå Faktisk.no, som er ein ideell organisasjon for faktasjekking og eit uavhengig redaktørstyrt medium. Senteret skal bidra til at fleire får kompetanse på kritisk medieforståing og kjeldekritikk. Utanforskap, manglande meistring eller låg tillit til samfunnet kan gjere nokre gutar og unge menn meir sårbare for påverknad frå aktørar som ønskjer å forsterke mistillit og fiendebilete. Tiltaksområdet i strategien rettar seg mot befolkninga generelt, ikkje mot spesifikke grupper. For særleg sårbare eller utsette personar og grupper kan det likevel vere svært viktig med tiltak som kan styrkje den kritiske medieforståinga.

Eit anna viktig tiltak er etableringa av eit senter for forsking på det offentlege ordskiftet. Institutt for samfunnsforsking, i samarbeid med Universitetet i Oslo og NORCE skal drive senteret. Senteret skal bidra med langsiktig og systematisk forsking på vilkåra til ytringsfridommen og utviklinga i det offentlege ordskiftet, mellom anna ved å undersøkje deltakinga og erfaringane til befolkninga, ulike gruppers tilgang til offentlegheita og betydinga av politiske, juridiske og

Boks 8.14 DSA – eit viktig verktøy for å verne mindreårige på internett

Forordninga om digitale tenester (Digital Services Act, DSA) blei vedteken av EU i 2022 og fastset nye reglar for digitale plattformer og søkjemotorar. Dei mest omfattande krava gjeld for dei aller største plattformene og søkjemotorane.

DSA pålegg plattformene å identifisere, vurdere og redusere risikoen knytt til tenestene sine, mellom anna risikoen som følgjer av ulovleg og skadeleg innhald. Forordninga inneheld særskilde føresegner som styrkjer vernet av barn og unge, til dømes eit forbod mot åtferdsbasert reklame retta mot barn. Det blir òg eit generelt forbod mot å vise åtferdsbasert reklame basert på sensitive personopplysingar, til dømes om legning, etnisitet eller religion. DSA er eit rammeverk som fastset prosedyrar og plikter for korleis plattformer skal handtere ulovleg innhald.

DSA er eit indre marknadsregelverk og blir rekna som EØS-relevant. Skjermbrukutvalet tilrådde at forordninga blir innlemma i norsk rett, og tilrådinga fekk brei støtte i høyringa. Regjeringa har varsla at arbeidet med å innlemme DSA i EØS-avtalen og gjennomføre regelverket i norsk rett vil bli prioritert. Gjennomføringa krev ny lovgiving, og lov om digitale tenester blei send på høyring hausten 2025.

teknologiske rammevilkår. Det skal òg følgje utviklinga i polarisering og desinformasjon, som korleis desinformasjon blir spreidd, kven som er særleg utsette, og kva mottiltak som verkar i ein norsk kontekst. Senteret er eit tiltak i både ytringsberedskapsstrategien og strategien for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon.

Skulen har potensial til å vere ei motvekt til dagens moglegheiter til å velje bort medietilbod som er sentrerte om politikk og samfunnsspørsmål, redaktørstyrt innhald mv., og kan gi unge den kunnskapen dei treng for å kunne nyansere og kritisk vurdere informasjon. Forsking viser at utdanning og demokratisk kunnskap styrkjer forståinga av likebehandling, mangfald og solidaritet med marginaliserte grupper som grunnleggjande verdiar i eit velfungerande demokrati (Storstad & Bungum, 2025, s. 79).

8.9.4 Tiltak for ein trygg oppvekst i eit digitalt samfunn

Regjeringa la fram Meld. St. 32 (2024–2025) *Trygg oppvekst i et digitalt samfunn* i 2025. Meldinga skal bidra til ein heilskapleg politikk på feltet og sjå på moglegheiter og utfordringar med den digitale kvardagen til barn og unge. Meldinga inneheld fleire tiltak som kan bidra til å fremje likestilling, mellom anna gjennom arbeidet med digital kompetanse, vern mot seksuell utnytting, regulering av digitale plattformer og utvikling av kunnskapsbasert politikk. Tiltaka kan bidra til å redusere kjønnsrelaterte forskjellar i risiko, deltaking og moglegheiter i den digitale kvardagen til barn og unge.

Andre tiltak i meldinga omfattar nasjonale råd for å hjelpe barn, unge og foreldre med å finne ein god balanse mellom skjermbruk og andre aktivitetar, og råd om mobilbruk i skulen. Meldinga legg vekt på å styrkje barns rettar og vern i digitale medium gjennom auka regulering av dei store teknologiaktørane. Regjeringa vil mellom anna føre vidare arbeidet med ny lovgiving for digitale tenester og styrkje det internasjonale samarbeidet for å sikre at teknologiselskap og digitale plattformer tek eit større ansvar for barns tryggleik på nett. Dette omfattar mellom anna vern mot skadeleg innhald, kommersiell påverknad, digitale krenkingar og ulike former for utnytting i sosiale medium.

8.9.4.1 Lovforslag om auka aldersgrense på sosiale medium

Regjeringa vil innføre ei aldersgrense for sosiale medium for å verne barn mot digitale overgrep, hets, rekruttering til kriminalitet og radikaliserande innhald. Aldersgrensa skal gjelde fram til det året ein fyller 16. Lova har vore på høyring i Noreg og EØS, og regjeringa jobbar med mål om å leggje fram eit lovforslag for Stortinget innan året er omme.

8.9.5 Nordisk samarbeid om meir kunnskap om algoritmestyrt innhald, likestilling og demokratisk motstandskraft

Gjennom Noregs formannskap i Nordisk ministerråd i 2027 vil regjeringa løfte fram behovet for betre samhald i ei uroleg tid. Eit ope og inkluderande samfunn føreset respekt for og vern om grunnleggjande rettar. I ei tid med aukande polarisering i spørsmål om kjønn, likestilling og rettar skal Norden vere ei samlande kraft for likeverd,

fridom og inkludering og ein pådrivar for at alle skal kunne leve frie og trygge liv. Digitale plattformer medverkar til at debattar om kjønnsroller, rettar og identitet blir forma og spreidde over landegrensene.

I 2027 vil regjeringa ta sikte på å gjere ein innsats på kunnskaps- og informasjonsfronten når det gjeld korleis det digitale medielandskapet, algoritmestyrte informasjonsstraumar og mediebruk formar normer, haldningar og debattar knytte til kjønn, likestilling og lhbt+-rettar, og kva konsekvensar dette kan ha for tilliten, polariseringa og den demokratiske motstandskrafta i Norden. Målet er å styrkje kunnskapsgrunnlaget, leggje til rette for erfaringsutveksling på tvers av sektorar og identifisere moglege tiltak som kan styrkje tilliten og den demokratiske motstandskrafta i Norden frå eit likestillings- og lhbt+-perspektiv.

I tillegg vurderer regjeringa nasjonale innsatsar for å auke kunnskapen om desse problemstillingane.



Figur 9.1

Kjelde: Anagram design.

9 Ein fornya likestillingspolitikk

Noreg har eit omfattande verkemiddelapparat for likestilling og eit lovverk som pålegg alle offentlege styresmakter å arbeide aktivt for å fremje likestilling og hindre diskriminering. Fleire offentlege utgreiingar har over tid peika på behovet for å styrkje gjennomføringa av likestillingspolitikken. Trass i eit omfattande lovverk og etablerte strukturar har utvala i stor grad identifisert dei same utfordringane: manglande koordinering og svak oppfølging av sektoransvaret. Mangelfull oppfølging av likestillingsansvaret kan føre til at kunnskap om utfordringane til gutar og menn ikkje blir omsett i politikk, at tenestene ikkje blir tilpassa behovet til brukarane, og at dei eksisterande forskjellane vedvarer.

Regjeringa vil ha ein effektiv og kunnskapsbasert likestillingspolitikk med tydeleg ansvar, eit solid kunnskapsgrunnlag og systematisk oppfølging på tvers av sektorar og forvaltingsnivå. For å styrkje likestillingspolitikken og sikre eit meir samordna og målretta likestillingsarbeid har Kultur- og likestillingsdepartementet sett i verk fleire tiltak som skal vidareutvikle verkemiddelapparatet.

Regjeringa vil
- styrkje strukturen for likestillingspolitikken
- bidra til eit godt kunnskapsgrunnlag om likestilling for gutar og menn
- fremje likestillinga for gutar og menn internasjonalt

9.1 Utfordringar i organiseringa og gjennomføringa av likestillingspolitikken

Det er Kultur- og likestillingsdepartementet som har det overordna ansvaret for å koordinere og initiere likestillingspolitikken. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Likestillings- og diskrimineringsombodet og Diskrimineringsnemnda har heilt sentrale forvaltings-, handhevings- og kompetanseoppgåver på likestillings- og diskrimineringsfeltet. Statsforvaltarane har ei viktig rolle i å fremje likestilling og ikkje-diskriminering, og gjennom til dømes rettleiing, kunnskapsformidling og dialog med kommunane skal dei bidra til eit systematisk og kunnskapsbasert likestillingsarbeid. I tillegg kjem fem likestillingssenter, som er organiserte som private stiftingar eller som ein del av universitets- og høgskulesektoren. Sentera får grunnløyving frå Kultur- og likestillingsdepartementet og har eit felles samfunnsoppdrag som beskriv kva dei, innanfor det øyremerkte tilskotet, skal bidra med på likestillingsfeltet. Tilskotsordninga for familie- og likestillingspolitiske tiltak er òg eit viktig verkemiddel i arbeidet med å fremje kjønnslikestilling. Gjennom denne ordninga blir det lagt til rette for at sivilsamfunnet kan bidra med kunnskap, kompetanse og likestillingstiltak.

Det er eit grunnleggjande og lovfesta prinsipp i norsk likestillingspolitikk at alle offentlege

Boks 9.1 Mannsutvalet foreslår

Utvalet tilrår ein likestillingspolitikk som vidarefører innsatsen for kvinners likestilling og i større grad tek for seg strukturelle og kulturelle forhold som avgrensar deltakinga og handlingsrommet til gutar og menn (NOU 2024: 8). Vidare meiner utvalet at likestillingsintegreringa må gjennomførast meir systematisk, støtta av ei heilskapleg evaluering av verkemidla, tydelegare sektorovergripande ansvar og sterkare oppfølging.

Mannsutvalet har følgjande forslag til tiltak på dette området:
- Innføre ein kjønnsnøytral formålsføresegn i likestillings- og diskrimineringslova (sjå omtale i kapittel 2)
- Innføre meir effektive verkemiddel i likestillingspolitikken
- Revidere statistikksider og indikatorar for kjønnslikestilling
- Skaffe meir forsking og kunnskap om menns likestillingsutfordringar

styresmakter skal arbeide aktivt, målretta og systematisk med likestilling, jf. omtalen av aktivitetsplikta i kapittel 2. Men vi har for lite kunnskap om korleis plikta blir etterlevd, om lova verkar etter intensjonen, og kva effektar ho har i samfunnet.

9.1.1 Fleire tilrådingar om eit styrkt verkemiddelapparat

Likestillingsutvalet peika i NOU 2011: 8 på behovet for å styrkje det offentlege likestillingsarbeidet, tydeleggjere plikter og utvikle meir forpliktande strukturar for oppfølging av likestillingspolitikken (NOU 2011: 8).

Også seinare offentlege utgreiingar har peika på utfordringar med å gjennomføre likestillingspolitikken. Både #UngIDag-utvalet og Mannsutvalet går langt i å understreke at sektoransvarsprinsippet for likestilling, slik det er lovfesta gjennom aktivitets- og forklaringsplikta, ikkje fungerer godt nok i praksis.

Evaluering av Likestillings- og diskrimineringsombodet og Diskrimineringsnemnda viser at det rettslege handhevingsapparatet har ei viktig og legitim rolle, men at det kan bli betre med tanke på gjennomslagskraft, rolleavklaring og samspel med andre delar av likestillingsapparatet (Lund & Co, 2024). Det er ikkje gjennomført tilsvarande heilskaplege evalueringar av likestillingsarbeidet til Bufdir eller av samspelet mellom nasjonale, regionale og lokale aktørar på feltet.

For å få meir kunnskap om korleis offentlege styresmakter arbeider med likestilling, sette regjeringa i 2024 i gang eit samarbeid med OECD om ein gjennomgang av norsk likestillingspolitikk. Formålet var å undersøkje korleis likestillingsperspektiv blir integrerte i offentleg styring og politikkutvikling, og korleis aktivitets- og forklaringsplikta blir følgd opp i praksis.

OECDs rapport, som blei publisert våren 2026, peikar på at det trass i sterk politisk forplikting er manglande samsvar mellom dei høge ambisjonane regjeringa har for eit likestilt og mangfaldig samfunn og måten sektorane jobbar på i praksis. Departementa knyter ikkje likestillingsmål til breiare nasjonale økonomiske mål som full sysselsetjing, konkurranseevne og innovasjon, særleg innanfor energi og grøn og digital sektor. OECD meiner at det er behov for å anerkjenne likestilling som ei langsiktig strategisk drivkraft for berekraftig og inkluderande vekst som òg påverkar bruttonasjonalproduktet. For å sikre vedvarande framgang på likestillingsfeltet er det nødvendig med langsiktige investeringar i eit solid oppdatert kunnskaps- og datagrunnlag og institusjonell kapasitet til å bruke kunnskapen i politikkutforminga (OECD, 2026b).

9.1.2 Likestillingsarbeidet i kommunane

Kommunane har ansvar for å fremje likestilling gjennom rolla som tenesteytar, arbeidsgivar og styresmaktsutøvar. Dei forvaltar sentrale velferdstenester, arbeidsplassar og ressursar med stor betyding for levekår, deltaking og moglegheiter. Eit systematisk og målretta likestillingsarbeid i kommunesektoren blir vurdert som ein sentral føresetnad for å realisere nasjonale mål om likestilling og likeverd og sikre at offentlege tenester og avgjerder kjem alle grupper til gode. Aktivitets- og forklaringsplikta er meint å støtte opp under dette arbeidet.

Ein rapport om kommunanes arbeid med aktivitets- og forklaringsplikta etter likestillings- og diskrimineringslova viser at den lovpålagde plikta berre *i avgrensa grad* blir etterlevd slik ho er meint (EY, 2024). Sjølv om mange kommunar gjennomfører enkeltståande tiltak for likestilling, er arbeidet ofte lite systematisk og svakt forankra i den ordinære styringa og praksisen i kommunen. Etter fleire år med skjerpa krav i aktivitets- og forklaringsplikta er det framleis stor variasjon i korleis plikta blir forstått og følgd opp.

9.2 Tiltak for eit godt verkemiddelapparat for likestillingspolitikken

Eit godt verkemiddelapparat for likestillingspolitikken er eit av hovudmåla i *Strategien for likestilling mellom kvinner og menn 2025–2030* (Kultur- og likestillingsdepartementet, 2024c). Strategien peikar mellom anna på tiltak knytte til aktivitets- og forklaringsplikta til offentlege styresmakter, styrkt samarbeid mellom offentlege aktørar, eit tilgjengeleg rettleiings- og lågterskeltilbod i diskrimineringssaker og styrking av likestillingspolitiske organisasjonar og likestillingssentera. Gjennom strategien har regjeringa allereie varsla innsats for eit betre verkemiddelapparat for likestillingspolitikken.

Forslaget frå Mannsutvalet om meir effektive og forpliktande verkemiddel i likestillingspolitikken blir særleg følgt opp gjennom

– gjennomgang av verkemiddel på likestillingsfeltet og oppfølging av tilrådingane frå OECD

– auka likestillingskompetanse og betre rammer for eit sterkt sivilt samfunn
– betre kunnskapsgrunnlag og statistikk om kjønn og menns likestillingsutfordringar

9.2.1 Gjennomgang av verkemiddel på likestillingsfeltet og oppfølging av tilrådingane frå OECD

Regjeringa har sett i gang ein gjennomgang av verkemidla på likestillingsfeltet. Målet er å greie ut organiseringa, ansvarsfordelinga og verkemiddelbruken hos sentrale aktørar som Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) og Diskrimineringsnemnda (DN) og ordninga med tilskot til likestillingssentera. Kultur- og likestillingsdepartementet har gitt DFØ i oppdrag å gjennomføre ei evaluering av korleis desse aktørane bidreg til å nå det overordna samfunnsmålet om mest mogleg likestilling og minst mogleg diskriminering. DFØ skal òg vurdere korleis departementet si styring av verksemdene fungerer. Evalueringa vil leggje grunnlaget for ei vurdering av eventuelle endringar i organisering, ansvarsfordeling, verkemiddel og styring blant sentrale aktørar på likestillingsfeltet.

Regjeringa ønskjer å sjå tilrådingane frå OECD i samanheng med evalueringa av verkemiddelapparatet for likestilling og med eit større forskingsprosjekt som CORE – Senter for likestillingsforsking ved Institutt for samfunnsforsking (ISF) gjennomfører hausten 2026. Dette prosjektet vil gi meir kunnskap om korleis aktivitets- og forklaringsplikta til offentlege styresmakter og arbeidsgivarar fungerer i praksis.

9.2.2 Meir kompetanse på likestilling og gode rammer for eit sterkt sivilt samfunn

Dei siste åra har regjeringa styrkt innsatsen for likestilling på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Ved å bidra til kompetanseheving i kommune-Noreg, auke støtta til likestillingssentera og sørgje for ei betre tilskotsordning for frivillige organisasjonar blir det bygd kapasitet og kompetanse til å møte likestillingsutfordringar i heile landet.

9.2.2.1 Likestilte kommunar

Regjeringa vil løfte det systematiske arbeidet med likestilling, mangfald og menneskerettar i kommunane gjennom eit prosjekt som skal styrkje likestillingsarbeidet i praksis. Prosjektet består av nettverkstreff, kompetansesamlingar, kommunebesøk og digitale kompetansetiltak og skal gjere kommunane betre stand til å analysere sine eigne likestillingsutfordringar, integrere likestilling i mål- og styringssystem og byggje på erfaringar frå andre som har gjort det same.

Det er KS som driv prosjektet, og som har inngått ein samarbeidsavtale med Bufdir.

9.2.2.2 Styrket likestillingssenterstruktur

Dei fem likestillingssentera – Likestillingssenteret, Likestillingssenteret KUN, Likestillingssenteret på Vestlandet, Reform – ressurssenter for menn og Senter for likestilling ved Universitetet i Agder – jobbar breitt med likestilling. Reform har i tillegg eit særskilt mannsperspektiv. Sentera skal halde seg oppdaterte på likestilling, og dei skal utvikle og formidle kunnskap om alle diskrimineringsgrunnlag.

Likestillingssenteret på Vestlandet er det femte og nyaste. Skipinga av dette senteret har vore viktig for å sikre ein landsdekkjande struktur med eitt senter i kvar region. Slik kan endå fleire kommunar få hjelp med arbeidet for likestilling og mangfald. Målgruppene for dei regionale likestillingssentera er innbyggjarane og offentleg, privat og frivillig sektor.

I regjeringsperioden (2021–2026) har løyvingane til dei regionale likestillingssentera auka med om lag 80 prosent.

9.2.2.3 Styrking av likestillingspolitiske organisasjonar

Tilskot til aktørar som jobbar med kjønnslikestilling, blir i all hovudsak gitt gjennom den etablerte tilskotsordninga «Familie- og likestillingspolitiske tiltak», som Bufdir forvaltar på vegner av Kultur- og likestillingsdepartementet. Målet med ordninga er å sikre drift, bidra til mangfald og skape meir aktivitet blant frivillige organisasjonar som arbeider med familie- og likestillingspolitikk i Noreg. Ordninga prioriterer tiltak for å betre likestilling for kvinner og menn, tiltak for å engasjere gutar og menn i likestillingsarbeid og tiltak retta mot likestillingsutfordringar som barn og unge møter i barnehagen, på skulen, i skulefritidsordninga og i fritida.

Sidan 2020 er tilskotsordninga auka med nærmare 180 prosent. I tillegg auka tilskotet med 4 millionar kroner i 2026. Dette var ei ekstra-

Boks 9.2 Døme på prosjekttilskot med mannsperspektiv

Ordninga gir tilskot til ei rekkje prosjekt som belyser gutar og menns likestillingsutfordringar og bidreg til utvikling av kunnskap og tiltak på feltet. Her er nokre døme:

- Forandringsfabrikken får totalt 570 000 kroner i 2026 og 2027 til prosjektet *Gutta setter dagsorden*, der gutar formidlar erfaringar og gir råd til styresmakter og skule om korleis likestillinga for gutar kan styrkjast i utdanningsløpet.
- Reform – ressurssenter for menn får totalt 1,79 millionar kroner i perioden 2026–2028 til prosjektet *En likestilt helsestasjon 2026–2028. Systematisk inkludering av fedre og andre ikke-fødende foreldre i helsestasjonstjenesten*.
- Foreininga Et barn for lite får 200 000 kroner i 2026 til prosjektet *Menn som snakker sant om sorg*, som tilbyr menn som har mista barn, ein arena for støtte og erfaringsdeling.
- Likestillingssenteret KUN får totalt 735 000 kroner i perioden 2026–2028 til prosjektet *Mann nok – han, livet og rollene imellom*, som skaper arenaer for refleksjon om menns roller i arbeid, helse og familieliv.
- MIR får 480 000 kroner i 2026 til prosjektet *På tvers av generasjoner – fedre og sønner i dialog*, som skal styrkje fedrars engasjement og fremje likestilling gjennom dialog og kunnskapsdeling.

løyving for å styrkje den attverande ramma for prosjekt som søkte ordninga.

9.2.3 Betre kunnskapsgrunnlag og statistikk om kjønn og menns likestillingsutfordringar

Eit godt kunnskapsgrunnlag er ein føresetnad for ein treffsikker og legitim likestillingspolitikk. I ei tid med aukande polarisering, desinformasjon og spreiing av misvisande eller forenkla framstillingar av likestillingsspørsmål er det særleg viktig med forsking, statistikk og analysar som kan gi eit mest mogleg presist bilete av utviklingstrekk, utfordringar og effektar av ulike tiltak. Det bidreg til å styrkje både avgjerdsgrunnlaget og den offentlege samtalen om likestilling.

Mannsutvalet foreslår ei systematisk satsing på forsking som kan tette kunnskapshòl knytte til menns likestillingsutfordringar (NOU 2024: 8, ss. 276–277). Utvalet viser til offentleg finansierte statistikksider og ulike indikatorar for likestilling som er relevante for biletet av menns likestilling (til dømes uttak av fedrekvote og kjønnsforskjellar i utdanning og arbeidsliv). Utvalet peikar på at det er for lite kunnskap om andre sider ved likestillingssituasjonen til menn, mellom anna knytt til kvar barna skal bu etter samlivsbrot, og forskjellar i levealder. Kultur- og likestillingsdepartementet meiner det er fornuftig å gå gjennom offentlege statistikksider om kjønnslikestilling og vurdere om dei gir eit balansert grunnlag for å vurdere likestillingssituasjonen til kvinner og menn i Noreg i dag. Bufdir har derfor fått i oppdrag å vurdere dette. Bufdir følgjer opp oppdraget ved å gå gjennom eigne statistikksider om kjønnslikestilling, og ved å gi SSB i oppdrag å vurdere behovet for å revidere indikatorsettet «Indikatorane for kjønnslikestilling i kommunane».

OECD tilrår å styrkje offentleg sektor sin kapasitet til å bruke kunnskap og likestillingsanalysar i politikkutviklinga. Organisasjonen tilrår òg å utvikle interseksjonelle data og forsking i sektorar i omstilling, særleg innanfor grøn sektor, energi og digitalisering. Dette føreset langsiktige investeringar både i eit oppdatert kunnskaps- og datagrunnlag og i institusjonell kapasitet til å bruke kunnskapen i politikkutforminga. Per i dag er det ikkje avklart korleis tilrådingane frå OECD skal følgjast opp.

Strategien til departementa, *Gode hver for oss. Best sammen* omtaler behovet for kontinuerleg vidareutvikling av kunnskapsgrunnlaget (Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, 2025). Både DFØ og Digitaliserings- og forvaltingsdepartementet understrekar betydinga av felles kunnskapsutvikling som grunnlag for politikkutvikling, krisehandtering og vidareutvikling av departementsfellesskapet.

Noregs forskingsråd har i rapporten «Kunnskapsgrunnlag for FoU-innsatsen på likestilling og ikke-diskriminering» peika på at det ligg eit stort potensial i å forbetre og samle datagrunnlaget. Forskingsrådet viser til at det finst mange små datasett som ikkje er samla, mellom anna om religion, livssyn, etnisitet, funksjonsnedsetjing og seksuell legning (Forskningsrådet, 2026).

Kultur- og likestillingsdepartementet ser eit stort potensial i å utnytte eksisterande statistikk, registerdata og KOSTRA-data betre på tvers av

sektorar og er derfor i gang med å utforme ein FoU-strategi som skal definere kva struktur og retning arbeidet med forsking og utvikling skal ha, og kva arbeidet skal omfatte. Strategien vil sjå på kunnskapsstatusen og -behovet og på relevante verkemiddel både på område som fell innanfor sektoransvaret til departementet, og der departementet har eit tverrsektorielt ansvar.

9.3 Fremje likestilling for gutar og menn internasjonalt

Regjeringa vil løfte likestilling for gutar og menn internasjonalt som ein del av arbeidet med ein breiare og meir heilskapleg likestillingspolitikk. Internasjonalt samarbeid er avgjerande for å fremje likestilling, menneskerettar og ei berekraftig samfunnsutvikling. Noreg støttar opp om det multilaterale samarbeidet og er aktivt med på sentrale samarbeidsarenaer, mellom anna i FN, OECD, Europarådet og Nordisk ministerråd.

Det er viktig at likestillingspolitikken omfattar heile befolkninga. Fleire internasjonale avtalar, konvensjonar og samarbeidsarenaer gir rom for å rette merksemda mot utfordringar som særleg gjeld gutar og menn.

Regjeringa vil arbeide for at gutar og menn i større grad blir anerkjende som ein del av målgruppa for likestillingspolitikken, ikkje berre som aktørar i arbeidet med likestilling for andre grupper. Likestilling gjeld begge kjønn, og arbeidet for rettane og moglegheitene til kvinner og jenter vil framleis bli prioritert høgt. Det er samstundes behov for auka merksemd om forhold som påverkar moglegheitene og levevilkåra til gutar og menn. Regjeringa vil derfor bidra til at slike perspektiv i større grad inngår i den internasjonale likestillingsdiskusjonen og kunnskapsutviklinga.

10 Økonomiske og administrative konsekvensar

Regjeringa sitt overordna mål for likestillingspolitikken er at fleire skal få større fridom og moglegheit til å leve det livet dei ønskjer.

Likestillingspolitikken må utviklast i takt med tida og dei utfordringane kvinner og menn møter gjennom livet. Meldinga gir ein brei gjennomgang av likestillingsutfordringane for gutar og menn, og legg rammene for framtidas likestillingspolitikk – ein politikk som i større grad òg tek høgd for likestillingsutfordringane til gutar og menn.

Alle tiltak og satsingar som er omtalte i meldinga, blir finansierte innanfor dei gjeldande budsjettrammene til dei aktuelle departementa.

Kultur- og likestillingsdepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Kultur- og likestillingsdepartementet 20. november 2026 om Ein likestillingspolitikk i takt med tida – Likestilling for gutar og menn blir send Stortinget.

Referansar

Abel, M. H., Brantsæter, A. L., Paulsen, M. M., Berstad, P. M., Holvik, K., & Lund-Iversen, K. (2026, 21. august). *Kosthold i Norge. I Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Agenda Kaupang. (2026). *Kartlegging av telefon- og chattjenester for voldsutsatte barn.* Agenda Kaupang.

Alne, R. H., & Herstad, E. I. (2026). *Examining the Fallout: Who is Hurt by Educational Gender Biases?* (19. januar, 2026). Working paper.

Amundsen, B. (2024, 20. november). *Kristne blir sjeldnere innkalt til jobbintervju i Norge.* Henta frå Forskning.no.

Anderssen, N., Eggebø, H., Stubberud, E., & Holmelid, Ø. (2021). *Seksuell orientering, kjønnsmangfold og levekår. Resultater fra spørreundersøkelsen 2020.* Universitetet i Bergen.

Arbeids- og inkluderingsdepartementet. (2025). *Handlingsplan mot rasisme og diskriminering – ny innsats 2024–2027. Midtveisrapport pr. 1. juni 2025.*

Arbeidstilsynet. (2024, 12. februar). *26 arbeidstakere døde på jobb i 2023*. Henta frå webområde for Arbeidstilsynet.

Arbeidstilsynet. (2026, 9. september). *Statistikk over arbeidsskadedødsfall*. Henta frå webområde for Arbeidstilsynet.

Arencibia Alemán, J. M., Sandsør, A. M., Zachrisson, H. D., & Blömeke, S. (2024). Teacher-assigned grades and external exams: sources of discrepancy. *Assessment in Education: Principles, Policy & Practice, 31*(2), ss. 94–115.

Ariansen, I. K., Svendsen, K., Meyer, H. E., Næss, Ø. E., Hammer, T., Nendl, A., . . . Ohldieck, A. E. (2026, 3. Juli). *Hjerte- og karsykdommer i Norge. I Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Arnesen, D., & Hansen, V. W. (2024). *Kunnskapsoppsummering om barn og unges deltakelse i fritidsaktiviteter. Dimensjoner i deltakelse, barrierer, behov og tiltak (Rapport 2024:4)*. Senter for forskning på sivilsamfunn & frivillig sektor. Institutt for samfunnsforskning.

Arnesen, H. S. (2024a, 19. desember). *Fremdeles kjønnsforskjeller i tidsbruken til kvinner og menn i par*. Henta frå webområde for SSB.

Arnesen, H. S. (2024b, 4. januar). *Lavere livskvalitet blant ikke-heterofile*. Henta frå webområde for SSB.

Arnesen, H. S., & Dalen, H. B. (2025, 11. desember). *Fremdeles høy tillit i Norge*. Henta frå webområde for SSB.

Arntsen, L. D. (2022, 14. juni). Fedre mer fornøyde enn mødre – syn og bruk av foreldrepengeordningen. *Arbeid og velferd 2, 2022*. Henta frå webområde for NAV.

Askeland, I. R., Birkeland, M. S., Lømo, B., & Tjersland, O. A. (2021). Changes in Violence and Clinical Distress Among Men in Individual Psychotherapy for Violence Against Their Female Partner: An Explorative Study. *Frontiers in Psychology, 12*.

ATV. (2025, 15. september). *Høringssvar ekspertrapport om ungdomskriminalitet fra ATV.* Stiftelsen Alternativ til vold (ATV).

Bakken, A. (2025). *Ungdata 2025. Nasjonale resultater.* OsloMet – storbyuniversitetet, Velferdsforskningsinstituttet NOVA.

Bakken, A., & Sletten, M. (2026, 5. august). *Glade gutter og triste jenter – overdrives kjønnsforskjeller av negative indikatorer på psykisk helse?* Henta frå webområde for Rådet for psykisk helse.

Bakken, A., Abildsnes, M., & Sletten, M. A. (2024). *Fritidsprofiler blant ungdom. Fritid, sosial ulikhet, livskvalitet og endringer over tid (Rapport nr. 12/2024)*. OsloMet – storbyuniversitetet, Velferdsforskningsinstituttet NOVA.

Bakketeig, E. S. (2014). *Krisesentertilbudet i kommunene. Evaluering av kommunenes implementering av krisesenterloven (NOVA Rapport 19)*. OsloMet – storbyuniversitetet, Velferdsforskningsinstituttet NOVA.

Ballard, P. J., Hoyt, L. T., & Pachucki, M. C. (2019). Impacts of Adolescent and Young Adult Civic Engagement on Health and Socioeconomic Status in Adulthood. *Child Development, 90*(4), ss. 1138–1154.

Bang, L., Støle, H. S., Odsbu, I., Havdahl, A. K., Scheiene, M., Biele, G. P., & Aase, H. (2026, 24. Juni). *Psykiske plager og lidelser hos barn og unge. I Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Barnehageloven. (2005). Lov om barnehager. LOV-2005-06-17-64.

Barnes, J., Gray, T., & Woodrow, C. (2026). A Scoping Review of the Relationship Between Play and Learning Beyond Preschool. *Education Sciences, 16*(4).

Bekkengen, F. V. (2025). *Norsk kulturbarometer 2025.* Statistisk sentralbyrå.

Berge, O. K., Heian, M. T., Haugsevje, Å. D., Saga, R. S., Timm, E. W., Bruselius-Jensen, M., . . . Nielsen, A. M. (2026). *Fra mulighetsrom til handlingsrom. Barn og unges deltakelse i organiserte kulturaktiviteter – i et likestillinsperspektiv (Rapport 934).* Telemarksforskning.

Bergene, A. C., Vika, K. S., Lynnebakke, B., Vonen, M. N., Lyckander, R. H., & Samuelsen, Ø. A. (2023). *Fravær som vekker bekymring: Skoleeieres og skolelederes inntrykk og forståelse av fraværssituasjonen i Skole-Norge.* NIFU Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.

Berggrav, S. (2020). *«Et Skada Bilde av Hvordan Sex Er»: Ungdoms perspektiver på porno.* Redd Barna.

Berstad, P., Robsahm, T. E., Knudsen, M. D., Ghiasvand, R., Nygård, M., & Haugan, K. (2023). *Kreft i Norge – Hvor mange tilfeller kan forebygges?* Oslo: Kreftregisteret, Institutt for populasjonsbasert kreftforskning.

Bjerkebakke, T., & Sogge, M. C. (2024). *Erfaringer med, holdninger til og kunnskap om seksuell trakassering. En omfangsundersøkelse i den norske befolkningen*. Verian.

Bjørke, C. N., Bøe, H., Fange, P. Ø., Braun, J.-C., Geiger, G., DeBre, E., . . . Blekkerud, R. T. (2025, Februar 1). *Dommens dag for «Lisa»*. Henta frå webområde for NRK.

Bjørnestad, E., Dalland, C. P., Hølland, S., Myrvold, T., Svanes, I. K., Andersson-Bakken, E., . . . Håøy, A. (2024). *Klasserommets praksisformer 20 år etter – en evaluering av seksårsreformen (Rapport nr. 4).* OsloMet – storbyuniversitetet.

Bjørnshagen, V., & Østerud, K. L. (2021). Diskriminering av funksjonshemmede i arbeidslivet – funn fra et felteksperiment og oppfølgingsintervjuer. *Søkelys på arbeidsliv, 38(3–4), 210–225*.

Bokbasen. (2026). *Bokbasen Statistikk.*

Bratholmen, N. V., & Ekren, R. (2020). *Hvordan går det med elever som ikke får læreplass? Gjennomføring i videregående opplæring og tilknytning til arbeidsmarkedet.* Oslo: Statistisk sentralbyrå.

Brevik, G., & Rafoss, K. (2017). *Fysisk aktivitet; omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet.* NIH.

Brevik, L. M., Gudmundsdottir, G. B., Mathé, N. E., Stovner, R. B., Magnusson, C. G., Dodou, K., . . . Isaksen, A. R. (2026). *På fagenes premisser: EDUCATE sluttrapport Evaluering av LK20 i fagene* på trinn 4–13: *livsmestring, utforsking, digital kompetanse og algoritmisk tenkning*. Universitet i Oslo.

Brunovskis, A., Bøckmann, E., Jahnsen, S. Ø., & Ødegård, A. M. (2026). *Fafo-rapport 2026:18 Gråsoner i arbeidsutnytting.* Fafo Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning.

Brå. (2024). *Brott i nära relation. Kartläggning av utsatthet under 2022 och under livstiden.* Brå – kunskapscentrum för rättsväsendet.

Bufdir. (2022a). *Utredning av saker etter barneloven hvor det er stans mellom barn og en foreldre.* Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Bufdir. (2022b). *Kompetansetemaet mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og negativ sosial kontroll. Årsrapport 2022.* Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Bufdir. (2025). *Lønnet og ulønnet arbeid. En tilstandsanalyse om kvinner og menn i Norge 2025.* Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Bufdir. (2026). *Utdanning i et kjønnsperspektiv*. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

Bårdstu, S., & Holt, T. (2025). *Notat Arbeidspakke 4: Foreldres brukeropplevelser ved familievernkontoret.* Henta frå webområde til Folkehelseinstituttet.

CEDAW. (2023, mars 2). *CEDAW/C/NOR/CO/10: Concluding observations on the tenth periodic report of Norway*. Henta frå webområde for The Office of the United Nations High Commissioner for Human Rights (OHCHR).

Contreras, D. (2024). Gender differences in grading: teacher bias or student behaviour? *Education Economics, 32*(6), 762–785.

Dale, M. T., Aakvaag, H. F., Strøm, I. F., Augusti, E.-M., & Skauge, A. D. (2023). *Omfang av vold og overgrep i den norske befolkningen.* Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.

Dalene, K. E., Hjellvik, V., Larsen, I. K., Meyer, H. E., Stene, L. C., Næss, Ø. E., . . . & Ariansen, I. (2026). *Ulikhet i forekomst av ikke-smittsomme sykdommer: Hva er forekomsten av ikke-smitt-*

somme sykdommer i 2023 hos ulike sosiale og demografiske grupper i den norske befolkningen for aldersgruppen 50–65 år? Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Dane, A., & Bhatia, K. (2023, 22. mars). The social media diet: A scoping review to investigate the association between social media, body image and eating disorders amongst young people. *PLOS Global Public Health, 3(3)*.

Deng, W. H., & Fredriksen, P. M. (2018). Objectively assessed moderate-to-vigorous physical activity levels among primary school children in Norway: The Health Oriented Pedagogical Project (HOPP). *Scand J Public Health. 2018 May;46(21_suppl):38–47.*

DFØ. (2026, 19. august). *Tillit til offentlige institusjoner*. Henta frå webområde DFØ.

Dietrichson, S. (2022, 19. november). *Derfor dør flere menn i selvmord*. Henta frå webområde for Kilden.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet. (2025). *Gode hver for oss. Best samen. Strategi for departementsfellesskapet.*

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. (2026). *Tilstandsrapport for høgare yrkesfagleg utdanning 2026.* Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse.

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. (2024a). *Tilstandsrapport for høyere utdanning 2024.* Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse.

Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse. (2024b, 13. juni). *Kompetansestandarer for karriereveiledning i skolen. Målgrupper og kontekst*. Henta frå webområde for Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse.

Diskrimineringsnemda. (2026, oktober). *Etnisitet kan ikke være bestemmende for hvem som stoppes i politikontroll*. Henta frå webområde for Diskrimineringsnemda.

Dullum, J., & Bakketeige, E. (2025). *Evaluering av forsøk med felles botilbud for kvinner og menn på Romerike Krisesenter (NOVA rapport nr. 11/24)*. OsloMet – storbyuniversitetet, Velferdsforskningsinstituttet NOVA.

Dyb, H. N. (2025, 17. mars). *Elderly with no partner or family contact face higher risk of early death*. Henta frå webområde for OsloMet.

Eggebø, H., Stubberud, E., & Anderssen, N. (2019). *Skeive livsløp. En kvalitativ studie av levekår og sammensatte identiteter blant lhbtis-personer i Norge.* Nordlandsforskning.

Eidset, I., & Kræmmer, K. (2026). *Tillitsbarometeret 2026.* Bergen: Respons Analyse.

Eime, R. M., Young, J. A., Harvey, J. T., Charity, M. J., & Payne, W. R. (2013). A systematic review of the psychological and social benefits of participation in sport for children and adolescents: informing development of a conceptual model of health through sport. *International Journal of Behavirol Nutrition and Physical Activity, 10.*

Engblad, E. B. (2025, 15. juni). *Disse mennene har mye høyere risiko for å dø tidlig*. Henta frå webområde for Forskning.no.

Engvik, M., & Pettersen, M. (2021, 20. september). *Lengst pappaperm blant lærere, men langt fra en likedeling*. Henta frå webområde for SSB.

Enstad, F., & Bakken, A. (2024). *Ungdata junior 2024. Nasjonale resultater.* OsloMet – storbyuniversitetet, Velferdsforskningsinstituttet NOVA.

Eriksen, I. M. (2019). *Ungdom, kjønn og fritid.* Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.

Eurostat. (2026). *Employment and labour force by sex and age – annual data.* Henta frå webområde for Eurostat.

Evje, J., Nysæter, M. K., Ivanova, A., Nygård, S., Lock, L., & Fischer, N. (2025). *Skeives helsesøkende atferd. En kunnskapsoppsummering av behov, barrierer og erfaringer i møte med helsetjenesten.* CENSE – Norsk forskningssenter for seksuell helse, Psykologisk institutt, Universitet i Oslo.

EY. (2024). *Kommunenes arbeid med aktivitets- og redegjørelsesplikten inkludert likelønnskartlegging.* EY.

Falch, T., & Naper, L. R. (2013). Educational evaluation schemes and gender gaps in student achievement. *Economics of Education Review*, 36, 12–25.

FHI. (2013, 28. juni). *Anabole steroider i Norge. En oversikt fra befolkningsundersøkelser.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

FHI. (2020). *En kunnskapsoppsummering om selvmord hos menn: En gjennomgang av risikofaktorer, årsaker, tiltak og behandlingfor selvmord 2000–2020.* Folkehelseinstituttet.

FHI. (2023, 22. desember). *Alkoholbruk i den voksne befolkningen.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

FHI. (2026a). *Dette døde vi av i 2025*. Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

FHI. (2026b). *Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

FHI. (2026c). *Statistikk. Narkotikautløste dødsfall etter bofylke og dødsårsak, antall.* Folkehelseinstituttet.

Fladmoe, A., Eimhjellen, I., & Sivesind, K. H. (2024). *Tilbake til normalen? Frivillig engasjement i Norge, 1998–2023.* Senter for forskning på sivilsamfunn & frivillig sektor. Institutt for samfunnsforskning.

Fladmoe, A., Wollebæk, D., Thorbjønsrud, K., & Eggen, E. H. (2026). *Uro under en stabil overflate? Befolkningens syn på ytrings- og informasjonsfrihet 2025.* Fritt ord.

Flatø, H., Zhang, H., Strand, A., & Weiss, N. (2026). *Effekter av et digitalt læringsverktøy på elevers kunnskap om vold, overgrep og barnevernet.* Oslo: Fafo Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning.

Forskningsrådet. (2026). *Kunnskapsgrunnlag for FoU-innsatsen på likestilling og ikke-diskriminering. Hvordan likestillingsarbeidet i Norge kan styrkes gjennom økt kunnskap om likestilling, diskriminering og mangfold.* Norges Forskningsråd.

Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver. (2017). FOR-2017-04-24-487.

Forthun, I., & Baravelli, C. M. (2026). *Forventet levealder i Norge. I: Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Forthun, I., Madsen, C., Schwinger, C., & Knudsen, A. S. (2025, 10 13). *Sykdomsbyrde i Norge: I: Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Fredborg, E. (2024, 3. september). *Hver femte student har en funksjonsnedsettelse som er begrensende i studiene*. Henta frå webområde for SSB.

Frøyland, L. R., Lid, S., Schwencke, E. O., & Stefansen, K. (2023). *Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007–2023.* OsloMet – storbyuniversitetet, Velferdsforskningsinstituttet NOVA.

Frøyland, L. R., Lid, S., Schwencke, E. O., & Stefansen, K. (2023). *Vold og overgrep mot barn og unge. Omfang og utviklingstrekk 2007–2023.* OsloMet.

Gilje, S. J., & Haraldsrud, E. (2025, 2. juli). *Flere barn i SFO etter innføring av gratis deltid*. Henta frå webområde for SSB.

Gjersing, L. (2018). *Skader og problemer knyttet til narkotikabruk.* Henta frå Folkehelseinstituttet.

Gram, K. H. (2021, 26. januar). *1 av 3 skeive lite tilfreds med egen psykisk helse*. Henta frå webområde for SSB.

Gram, K. H. (2023, 18. januar). *Dårligere livskvalitet blant enslige*. Henta frå webområde for SSB.

Gramvik, S. (2025, 30. mars). *Hvor mye av karakterforskjellene mellom gutter og jenter kan forklares med forskjeller i modning?* Henta frå webområde for Forskning.no.

Grøvdahl, Y., & Jonassen, W. (2015). *Menn på krisesenter.* Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.

Gugushvili, A., & Wiborg, Ø. (2025, januar). Wealth and mortality among late-middle-aged individuals in Norway: a nationwide register-based retrospective study. *The Lancet Regional Health – Europe*.

Haukanes, S., Rønning, N. E., Nordhagen, I. C., Ryssevik, J., & Johansen, L. M. (2026). *Status for inkluderende praksis i skole, barnehage og PPT.* Ideas2evidence.

Heggebø, K. (2022). Gendered health consequences of unemployment in Norway 2000–2017: a register-based study of hospital admissions, health-related benefit utilisation, and mortality. *BMC Public Health, 22*.

Heggebø, K., & Ljunggren, J. (2025, 6. juli). Are there gender differences in mental healthcare utilisation preceding deaths of despair? A retrospective cohort study of Norwegian register data (2008–2017). *BMJ Open, 15*.

Heian, M. T., Strandbu, Å., Berge, O. K., Sogn, H. E., & Haugsevje, Å. D. (2025). *Trygge arenaer? Skeives erfaringer i idretten.* Telemarksforskning.

Helse- og omsorgsdepartementet. (2020, 4. juni). *Sammen om aktive liv. Handlingsplan or fysisk aktivitet 2020–2029.*

Helse- og omsorgsdepartementet. (2025a). *Nasjonal livskvalitetsstrategi: Fra måling til politikkutforming 2025–2030.*

Helse- og omsorgsdepartementet. (2025b). *God seksuell helse – vårt felles ansvar: Strategi for seksuell helse.*

Helse- og omsorgsdepartementet. (2025c). *Felles innsats mot kreft. Nasjonalt kreftstrategi (2025–2035).*

Helse- og omsorgstjenesteloven. (2011). Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. LOV-2011-06-24-30.

Helsedirektoratet. (2024a). *Befolkningen har gode levevaner og god livskvalitet i trygge og helsefremmende lokalsamfunn.* Henta frå webområde for Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet. (2024b). *Psykisk helsevern – tvungent psykisk helsevern med døgnopphold*. Henta frå webområde for Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet. (2025a, 6. mai). *Barn og unge 6–17 år bør være fysisk aktive i gjennomsnitt minst 60 minutter per dag i moderat til høy intensitet*. Henta frå webområde for Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet. (2025b, 30. september). *Kartlegging av fysisk aktivitet blant voksne og eldre 2020–22* . Helsedirektoratet. Henta frå Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet. (2025c). *Opptrappingsplanen for psykisk helse – Utvikling og status for resultatmålene ved starten av opptrappingsplanen.* Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet. (2026a, 18. mars). *Tall om illegale rusmidler*. Henta frå webområde for Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet. (2026b). *Nasjonal faglig retningslinje. Tiltak for å nå gutter: Helsestasjon for ungdom bør vurdere å iverksette tiltak for å nå gutter i større grad.* Henta frå webområde for Helsedirektoratet.

Helsedirektoratet. (2026c, 17. juni). *Tall om alkohol.* Henta frå webområde for Helsedirektoratet.

Herlofson, K., Løset, G. K., & Veenstra, M. (2025). *Sårbare overganger i eldre år gir ulike vilkår for en god alderdom.* OsloMet – storbyuniversitetet.

Hermstad, I. H., Mordal, S., Caspersen, J., & Utmo, I. (2023). *Bedre skolestart i Trondheim kommune. Utleira- og Åsvangmodellen.* Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.

Hofstad, E. (2026, 11. juni). *Forskningen på Nye Familier: Viser større mestringstro hos far.* Henta frå Sykepleien.

Holmboe, L. E., & Kleppe, B. (2026). *Kutt, kutt, kutt over hele linja. Kommunal kultursektor 2025.*

Hov, D., Horvei, M. S., & Bjerkebakke, T. (2025). *Trakasseringsbarometeret 2025*. Verian Group.

Höhn, A., Gampe, J., Lindahl-Jacobsen, R., Christensen, K., & Oksuyzan, A. (2020, Juni). Do men avoid seeking medical advice? A register-based analysis of gender-specific changes in primary healthcare use after first hospitalisation at ages 60+ in Denmark. *J Epidemiol Community Health.*, ss. 74(7):573–579.

IMDi. (2025, 21. august). *Hvordan går det med integreringen i Norge? Status og utviklingstrekk 2025. Utdanning og kvalifisering.* Henta frå webområde til Integrerings- og mangfoldsdirektoratet (IMDi).

IMDi; Bufdir. (2026). *Årsrapport 2025. De særskilte tjenestene mot negativ sosial kontroll og æresmotivert vold.* Integrerings- og mangfoldsdirektoratet & Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet .

Indseth, T., Spilker, R. S., Syse, A., Hansen, B. L., Hussaini, L., Straiton, M. L., . . . Labberton, A. S. (2026, 3. juli). *Helse og helsetjenestebruk blant personer med innvandrerbakgrunn.* Henta frå Folkehelseinstituttet.

Institute for Health Metrics and Evaluation. (2025). *Global Burden of Disease 2023: Findings from the GBD 2023 Study.* Seattle: IHME.

Ipsos. (2026). *Bruker- og bruksundersøkelse museer 2025.* Kulturdirektoratet.

Ivanova, A., Nysæter, M. K., & Fischer, N. (2025). *Skeives psykiske helse fra tjenesteyteres perspektiv. En kunnskapsoppsummering av psyskisk helsearbeideres erfaringer i møte med skeive pasienter.* CENSE, Psykologisk institutt, Universitetet i Oslo.

Jensen, F., Pettersen, A., Frønes, T. S., Weyergang, C., Løvgren, M., & Eriksen, A. (2026). *PISA 2025. Norske elevers kompetanse i naturfag, lesing og matematikk.* Cappelen Damm Forskning.

Jensen, R. S., & Aspøy, T. M. (2024). *Bedre kjønnsbalanse i aluminiumsverkene – muligheter og hindringer.* Fafo Institutt for arbeidslivs- og velferdsforskning.

Johansen, V. A., Milde, A. M., Nilsen, R. M., Breivik, K., Nordanger, D. Ø., Stormark, K. M., & Weisæth, L. (2022). The Relationship Between Perceived Social Support and PTSD Symptoms After Exposure to Physical Assault: An 8 Years Longitudinal Study. *Journal of Interpers Violence, 37*.

Jon, N., & Skilbrei, M.-L. (2024). Maskulinitet som voldens kulturelle stillas: Samfunnets forståelse av menns vold mot menn. *Tidsskrift for samfunnsforskning, 65(4), 227–243*.

Kalcic, M., & Keute, A.-L. (2024). *Voksnes ferdigheter i leseforståelse, tallforståelse og adaptiv problemløsning. Resultater fra PIAAC2.* Statistisk sentralbyrå.

Kantar. (2020). *Reformundersøkelsen 2020 – resultatene om helse.*

Keute, A.-L. (2024, 10. desember). *Kvinner har passert menn i leseforståelse*. Henta frå webområde for SSB.

Kinge, J. M., Modalsli, J. H., Øverland, S., Gjessing, H. K., Tollånes, M. C., Knudsen, A. K., . . . Vollset, S. E. (2019, 05). Association of Household Income With Life Expectancy and Cause-Specific Mortality in Norway, 2005–2015. *JAMA, 321*, ss. 1916–1925.

Kirkøen, B., Gjerde, L. C., Hjell, G., Straiton, M. L., Odsbu, I., Hauge, L. J., . . . Tesli, M. S. (2026, 2. juni). *Psykiske plager og lidelser hos voksne. I: Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå Folkehelseinstituttet.

Kitterød, H. R., Larsen, E. N., Seehus, S., Teigen, M., & Wik, Å. M. (2025). *Likestillingslandet i*

endring: Polariserte holdninger og oppfatninger. Resultater fra CORE Survey 2025 – likestillingsundersøkelsen (Rapport 2026:1). Institutt for samfunnsforskning.

Kitterød, R. H., & Teigen, M. (2024). *Stor oppslutning om likedelt ansvar for familie og forsørgelse* (Rapport 2024:3). Institutt for samfunnsforskning.

Kolle, E., Steene-Johannessen, J., Sävfenbom, R., Anderssen, S. A., Grydeland, M., Ekelund, U., . . . Solberg. (2019). *Hovedrapport: School in motion.* Høgskolen i Vestfold, Norges idrettshøgskole, Universitetet i Stavanger, Universitetet i Agder.

Kool, I. (2025). *Betydningen av innvandrerbakgrunn for muligheten til å få læreplass. Betydningen av å få læreplass for gjennomføring av videregående opplæring og sysselsetting* (Rapport 2025/26). Statistisk sentralbyrå.

Kool, I., Steffensen, K., & Bennetzen, J. (2026). *Elever uten grunnskolepoeng.* Statistisk sentralbyrå.

Kreftforeningen. (2025). *Menn og kreft – Et kunnskapsgap med alvorlige helseeffekter.* Oslo: Kreftforeningen.

Kristensen, J. H., Baravelli, C. M., Leino, T., Pallesen, S., Griffiths, M. D., & Erevik, E. K. (2025). Association between gambling disorder and suicide mortality: A comparative cohort study using Norwegian health registry data. *The Lancet Regional Health – Europe, 48*.

Kristensen, J., Pallesen, S., J, B., Leino, T., Griffiths, M., & Erevik, E. (2024). Suicidality among individuals with gambling problems: A meta-analytic literature review. *Psychol Bull, 150*, ss. 82–106.

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2024a). *Alle inkludert! Handlingsplan for like muligheter til å delta i kultur-, idretts- og friluftslivsaktiviteter, 2024–2026.* Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2024b). *Tid for spill – Regjeringens dataspillstrategi 2024–2026.* Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2024c). *Strategi for likestilling mellom kvinner og menn 2025–2030.* Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2025a). *Nasjonal strategi for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.* Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2025b). *Ytringsberedskap – Nasjonal strategi for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.* Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kultur- og likestillingsdepartementet. (2026). *Handlingsplan mot speleproblem 2026–2029.* Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kulturtanken. (2024). *(U)like muligheter? Barn og unges innspill om betydninger, barrierer og muligheter for deltakelse i kultur-, idretts- og friluftsaktiviteter.* Oslo: Kulturtanken.

Kulturtanken. (2026). *Innenfor – utenfor. En oversikt over barne- og ungdomskultur.* Oslo: Kulturtanken.

Kunnskapsdepartementet. (2023). *Barnehagen for en ny tid. Nasjonal barnehagestrategi mot 2030.* Kunnskapsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet. (2025a). *System for kompetanse- og karriereutvikling for ansatte i barnehage og skole.* Kunnskapsdepartementet.

Kunnskapsdepartementet. (2025b). *Felles strategi for freds- og menneskerettighetssentrene.* Kunnskapsdepartementet.

Langeland, F., Gulli, M., & Rigtrup, B. (2023). *Likeverdig helsehjelp for personer med kjønnsinkongruens.* Nordlandsforskning.

Langham, E., Thorne, H., Browne, M., Donaldson, P., Rose, J., & Rockloff, M. (2016). Understanding gambling related harm: a proposed definition, conceptual framework, and taxonomy of harms. *BMC Public Health, 16*.

Larsen, E. N., & Midtbøen, A. H. (2024). Det etniske hierarkiet. Diskriminering på grunnlag av landbakgrunn, religion og hudfarge i det norske arbeidsmarkedet. *Tidsskrift for samfunnsforskning, 65*.

Lavy, V. (2008). Do gender stereotypes reduce girls' or boys' human capital outcomes? Evidence from a natural experiment. *Journal of Public Economics, 92 (10–11)* (2083).

Li, X., & Kangas, M. (2026). A systematic literature review of playful learning in primary education: teachers' pedagogical activities. *Education 3-13, 54, ss. 1549–1564*.

Likestillings- og diskrimineringsombudet. (2022). *Kontroller uten kontroll. En kartlegging av etniske minoriteters* møte med norsk politi, og en *menneskerettighetsvurdering av lovverk og praksis.* Oslo.

Lund & Co. (2024). *Håndhevingsapparatet på diskrimineringsområdet – gjennomgang og vurdering*. Lund & Co.

Lunde, E. S., & Ramm, J. (2021). *Sosial ulikhet i bruk av helsetjenester – 2.* Statistisk sentralbyrå. Henta frå webområde for SSB.

Lynnebakke, B., Kindt, M. T., Alne, R. H., & Reiling, R. B. (2024). *Forskjellsbehandling,*

diskriminering og rasisme i norsk grunnskole. NIFU Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.
Medietilsynet. (2024). *Kritisk medieforståelse i den norske befolkningen 2024.*
Medietilsynet. (2026). *Barn og medier 2026. Ei undersøking om 9–18-åringars medievanar.* Medietilsynet.
Meland, A. T., Kaltvedt, E. H., & Reikerås, E. (2016). Toddlers master everyday activities in kindergarten: A gender perspective. *Early Childhood Education Journal, 44, ss. 349–358.*
Meland, A. T., Reikerås, E. K., & Kaltvedt, E. H. (2019). Toddlers' play in ECEC institutions from a gender perspective. *European Early Childhood Education Research Journal, 27, ss. 1–16.*
Meld. St. 11 (2024–2025) *Fagfolk for en ny tid – med høyere yrkesfaglig utdanning.*
Meld. St. 13 (2024–2025) *Forebygging av ekstremisme – Trygghet, tillit, samarbeid og demokratisk motstandskraft.*
Meld. St. 15 (2022–2023) *Folkehelsemeldinga – Nasjonal strategi for utjamning av sosiale helseforskjellar.*
Meld. St. 20 (2024–2025) *Innsats for demokrati, rettsstat og menneskerettigheter i Europa.*
Meld. St. 23 (2022–2023) *Opptrappingsplan for psykisk helse (2023–2033).*
Meld. St. 28 (2024–2025) *Tro på framtida – uansett bakgrunn.*
Meld. St. 34 (2023–2024) *En mer praktisk skole – Bedre læring, motivasjon og trivsel 5.-10. trinn.*
Meld. St. 5 (2024–2025) *Trygghet, fellesskap og verdighet – Forebyggings- og behandlingsreformen for rusfeltet Del I – en ny politikk for forebygging, skadereduksjon og behandling.*
Meld. St. 6 (2019–2020) *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO.*
Meld. St. 7 (2024–2025) *Om seksuell trakassering.*
Meld. St. 9 (2023–2024) *Nasjonal helse- og samhandlingsplan 2024–2027 – Vår felles helsetjeneste.*
Meldalen, S. G., & Fjellberg, A. (2025, 23. februar). *Ulikhet for loven*. Henta frå webområde for Dagbladet.
Meyer, H. E., & Juliusson, P. B. (2026, 25. juni). *Overvekt og fedme i Norge. I Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå Folkehelseinstituttet.
Midtbøen, A. H., & Rogstad, J. (2012). *Diskrimineringens omfang og årsaker. Etniske minoriteters tilgang til norsk arbeidsliv.* Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
Moe, H. & Schefner, C. (2026). Norway. *I Reuters Institute for the Study of Journalism. (n.d.). Digital News Report interactive.*
Moeijes, J., van Busschbach, J. T., Bosscher, R. J., & Twisk, J. W. (2018). Sports participation and psychosocial health: a longitudinal observational study in children. *BMC Public Health, 18.*
Moen, L. H., Bergman, S., & Øverlien, C. (2018). *Forebyggende tiltak mot vold i nære relasjoner.* Rapport 2/2018. Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.
Myklebust, R. B., HiAfdal, l. W., Mausethagen, S., Risan, M., Tangen, T. N., & Wernø, I. L. (2019). *Rekruttering av menn til grunnskolelærerutdanning for trinn 1–7.* Senter for profesjonsstudier, OsloMet.
Møller, G., Askvik, T., Vrålstad, S., Haugen, G. M., Eriksen, E., & Bjerklund, M. (2023). *Kjennetegn ved foreldre med mye og lite samvær med barna.* Telemarksforskning.
Møller, G., Eriksen, E., Haugen, G. M., Vrålstad, S., Askvik, T., & Bjerklund, M. (2023). *Samarbeid og konflikter mellom foreldre som bor hver for seg. Analyser av SSBs undersøkelse om bosted og samvær i 2020.* Telemarksforskning.
NKVTS. (2018). *Veileder for helse- og omsorgstjenestens arbeid med vold i nære relasjoner.* Nasjonalt kunskapssenter om vold og traumatisk stress.
Nordahl, T., Persson, B., Dyssegard, C. B., Hennestad, B. W., Martinsen, J., Vold, E. K., . . . Johnsen, T. (2018). *Inkluderende fellesskap for barn og unge.* Fagbokforlaget.
NOU 2009: 14 *Et helhetlig diskrimineringsvern.*
NOU 2011: 8 *Struktur for likestilling.*
NOU 2019: 3 *Nye sjanser – bedre læring.*
NOU 2019: 19 *Jenterom, gutterom og mulighetsrom – Likestillingsutfordringer blant barn og unge.*
NOU 2019: 20 *En styrket familietjeneste – En gjennomgang av familieverntjenesten.*
NOU 2020: 14 *Ny barnelov.*
NOU 2022: 17 *Veier inn – ny modell for opptak til universiteter og høyskoler.*
NOU 2022: 9 *En åpen og opplyst offentlig samtale – Ytringsfrihetskommisjonens utredning.*
NOU 2022: 18 *Mellom mobilitet og migrasjon – Arbeidsinnvandreres integrering i norsk arbeids- og samfunnsliv.*
NOU 2024: 3 *Felles innsats mot ekstremisme: Bedre vilkår for det forebyggende arbeidet.*
NOU 2024: 4 *Voldtekt – et uløst samfunnsproblem.*
NOU 2024: 8 *Likestillingens neste steg.*
NOU 2025: 2 *Samfunnsvern og omsorg.*
NOU 2025: 5 *Kvinners arbeidshelse – Kunnskap og tiltak.*

NOU 2026: 10 *Fellesskolen – Bærebjelke i framtidens samfunn.*

NRK; Lighthouse Reports. (2025, 1. februar). *Inequality before the law*. Henta frå Webområde for Lighthouse reports.

OECD. (2024). *Nurturing Social and Emotional Learning Across the Globe: Findings from the OECD Survey on Social and Emotional Skills 2023.* Paris: OECD Publishing.

OECD. (2026a, 8. september). *PISA 2025 Results (Volume I). Future-Ready Students.* Paris: OECD Publishing.

OECD. (2026b). *Harnessing the global transformations to accelerate equality in Norway. OECD Scan.* OECD Public Governance Policy Papers.

Opinion. (2023). *Pårørendeundersøkelsen 2023.* Helsedirektoratet.

Opinion. (2026). *Ung 2026. Rapport om målgruppestudie om unge i Norge.* Opinion.

Oppøyen, M. S. (2022, desember 13). *Yngre har mistet tillit til fremmede*. Henta frå webområde til Statistisk Sentralbyrå.

Orupabo, J., Larsen, I. D., & Nadim, M. (2026). *Etnisk ulikhet. Arbeidstakeres erfaringer med.* Institutt for samfunnsforskning.

Ose, S. O., & Kaspersen, S. L. (2025). *Kommunalt psykisk helse- og rusarbeid (IS-24/8). Nasjonale tall på ressursinnsats, kompetanse og innhold i tjenestene, 2025.* SINTEF.

Oslo Economics. (2022). *Kjennetegn ved barn og unge som begår kriminelle handlinger og virkninger av straff.* Oslo Economics.

Oslo Economics; NIBR OsloMet. (2023). *Evaluering av pilot med kvitteringsordning ved personkontroll /2023-104* . Oslo Economics.

Oslo politidistrikt & Oslo kommune. (2022). *Risiko og livssammenheng for unge kriminelle i Oslo. En ustødig grunnmur for mestring. SaLTo.*

Pallesen, S., Mentzoni, R. A., Syvertsen, A., Kristensen, J. H., Erevik, E. K., & Morken, A. M. (2023). *Omfang av penge- og dataspillproblemer i Norge 2022.* Bergen: Universitetet i Bergen: Nasjonalt kompetansesenter for spillforskning ved Institutt for samfunnspsykologi.

Pallesen, S., Mentzoni, R. A., Syvertsen, A., Kristensen, J. H., Erevik, E. K., & Morken, A. M. (2023). *Omfang av penge- og dataspillproblemer i Norge 2022.* Bergen: Universitet i Bergen, Nasjonalt kompetansesenter for spillforskning, Institutt for samfunnspsykologi.

Persson, M. F., & Eriksen, I. M. (2025). Sports participation as a reflection of social inclusion in youth: a holistic exploration of sport within young people's lives. *Sport, Education and Society, 31.*

Peters, R. (2026, februar 11). *Mannosfæren*. Henta frå Store norske leksikon.

Physical Activity Guidelines Advisory Committee. (2018). *2018 Physical Activity Guidelines Advisory Committee Scientific Report.* Washington: U.S. Department of Health and Human Services.

Politiet. (2024). *Politiets trusselvurdering 2024.*

Prop. 117 L (2024–2025) *Lov om barn og foreldre (barnelova).*

Prop. 63 L (2018–2019) *Endringer i diskrimineringsombudsloven og likestillings- og diskrimineringsloven (etablering av et lavterskeltilbud for behandling av saker om seksuell trakassering og en styrking av aktivitets- og redegjørelsesplikten).*

Prop. 81 L (2016–2017) *Lov om likestilling og forbud mot diskriminering (likestillings- og diskrimineringsloven).*

PST. (2026a). *Hva kjennetegner mindreårige høyreekstremister i Norge?* Oslo: PST.

PST. (2026b). *Temarapport: Hva kjennetegner mindreårige ekstreme islamister i Norge.* Oslo: PST.

Randell, E. (2023). *Unga mäns psykiska ohälsa i Norden: En forskningsöversikt om psykisk hälsa i relation till utbildning, arbetsliv och pandemi (TemaNord 2023:543).*

Redd Barna. (2026). *Gutter og menns likestillingsutfordringer. Oppsummering av innspill fra ungdom.* Oslo: Redd Barna.

Reform. (2023). *«Mange følelser kom ut av munnen min». Erfaringsrapport med anbefalinger fra prosjektet «En likestilt helsestasjon».* Reform – ressurssenter for menn.

Reform. (2024). *Høringsuttalelse til Forslag til endringer i krisesenterloven (Barne- og familiedepartementet).*

Reform. (2026, Oktober). *Pågående: Du er ikke alene. Gruppetilbud til menn utsatt for vold i nære relasjoner*. Henta frå webområde for Reform – ressurssenter for menn.

Reiling, R. B., Alne, R. H., Vennerød-Diesen, F. F., & Pedersen, C. (2025). *Ordens- og oppførselskarakterer.* NIFU Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.

Reisel, L., Skorge, Ø. S., & Uvaag, S. (2019). *Kjønnsdelte utdannings- og yrkesvalg: En kunnskapsoppsummering (Rapport 2019:6).* Institutt for samfunnsforskning.

Reneflot, A., Aarø, L. E., Aase, H., Reichborn-Kjennerud, T., Tambs, K., & Øverland, S. (2018). *Pyskisk helse i Norge.* Oslo: Folkehelseinstituttet.

Reuters Institute for the Study of Journalism. (u.d.). *Digital News Report interactive*.

Riksrevisjonen. (2022). *Dokument 3:4 (2022–2023) Riksrevisjonens undersøkelse av helse-, opplærings- og velferdstjenester til innsatte i fengsel.* Riksrevisjonen.

Rosten, M. G. (2020). En (tro)verdig utsatt? Menns fortellinger om vold fra en kvinnelig eller mannlig partner. I A. Bredal, H. Eggebø, & A. Eriksen, *Vold i nære relasjoner i et mangfoldig Norge.* Cappelen DAMM Akademisk.

Schou, L. (2017). Fedrekvoten – uttak og holdninger. *Arbeid og velferd*, ss. 81–95.

Seeberg, M. L., & Bossy, D. (2024). *«Dråpe for dråpe, stein for stein». Familievernets voldsarbeid i endring (Rapport nr. 9/2024)*. OsloMet – storbyuniversitetet, Velferdsforskningsinstituttet NOVA.

Sekretariatet for konfliktrådene. (2021). Tilbakefallsanalyse for 2020.

Sentio Research Norge. (2025). *Krisesenterstatistikken.* Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.

SKDE. (2025). *Betydningen av kjønn for behandlingskvalitet i norske sykehus SKDE rapport nr 3/2025.* SKDE – senter for klinisk dokumentasjon og evaluering.

Skjørten, K. (2021). Foreldretvister for lagmannsrettene – fordeling av barn mellom mor og far. *Tidsskrift for familierett, arverett og barnevernrettslige spørsmål, 19*(2), ss. 95–114.

Skyrud, K. D., Qureshi, S., & Gjefsen, H. M. (2024). *Menns bruk av primærhelsetjenesten (notat)*. Område for Helsetjenester. Folkehelseinstituttet.

Solbakken, S., Alver, K., Madsen, C., Holvik, K., Ranhoff, A., & Aga, R. (2026, 22. juni). *Skader og ulykker i Norge. I: Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Solberg, B., & Glavin, K. (2018). Fedre ønsker en mer aktiv rolle i svangerskapsomsorgen og på helsestasjonen. *Sykepleien Forskning.*

Solbrække, K. N., & Aarseth, H. (2006). *Samfunnsvitenskapens forståelser av kjønn.* Oslo: Universitetsforlag.

SSB. (2025a). *Arbeidskraftundersøkelsen Tabell 05111: Personer, etter alder, år og kjønn.* Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2025b). *Tabell 11711: Sysselsatte, etter innvandringskategori (2008), alder, landbakgrunn, år og kjønn.* Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2025c). *Tabell 14138: Jobbkrav og selvbestemmelse, etter ulike arbeidsforhold, kjønn, år og utdanningsnivå.* Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2025d). *Levekårsundersøkelsen 14130: Vold, trusler og seksuell trakassering, etter type problem, år og utdanningsnivå.* Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2025e, 23. oktober). *1 av 4 snuser eller røyker daglig.* Henta frå webområde for SSB.

SSB. (2025f, 30. oktober). *Statistikk om livskvalitet*. Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2026, 28. mai). *Tabell 10141: Konsultasjoner hos fastlegen, etter diagnose, år og alder.* Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2026a, 25. august). *Tabell 11689: Elever, etter foreldrenes utdanningsnivå, år og kjønn*. Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2026b, 16. juli). *Tabell 12962: Gjennomføring i videregående opplæring, etter foreldrenes utdanningsnivå, intervall (år), fullføringsgrad og kjønn*. Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2026c, 25. februar). *Tabell 10211: Befolkning, etter alder, år og kjønn*. Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2026d, 20. juli). *Tabell 14866: Gjennomføring i videregående opplæring, etter fullføringsgrad, intervall (år) og innvandringskategori*. Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2026e, 6. mars). *Statistikk om helse- og sosialpersonell*. Henta frå webområde for Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2026f, 6 Mars). *Tabell 12546: Sysselsatte med helse- og sosialfaglig utdanning. 4. kvartal, etter fagutdanning, år og arbeidstid.* Henta frå webområde fra Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2026g). *Tabell 14866: Gjennomføring i videregående opplæring, etter fullføringsgrad, intervall (år) og innvandringskategori*. Henta frå webområde fra Statistisk sentralbyrå.

SSB. (2026h, 11. desember, 2025). *Statistikk om Frivillighet, politisk deltakelse og tillit, levekårsundersøkelsen.* Henta frå webområde fra Statistisk sentralbyrå.

St.meld. nr. 8 (2008–2009) *Om menn, mannsroller og likestilling.*

STAMI. (2022). *Arbeidsskader*. Henta frå webområde for Statens Arbeidsmiljøinstitutt.

STAMI. (2024). *Faktabok om arbeidsmiljø og helse.* STAMI – Statens arbeidsmiljøinstitutt.

Storstad, O., & Bungum, B. (2025). Kunnskapens kraft og nettets makt. Hvordan forstå gutters holdningsendring til likestilling? I O. Storstad, & C. W. Joakim Caspersen, *Unge medborgere i en ny tid. Den internasjonale demokrati- og*

medborgerskapsstudien i skolen (ICCS 2022), 76–99. Scandinavian University Press.

Storstad, O., Eggen Dahl, K., Dahl, T., Grut, G., Røe, M., & Lenz, C. (2026). *Påkoblet eller frakoblet? Demokratiopplæring i videregående skole.* NTNU, Rambøll. NTNU.

Syse, A., Grøholt, E. K., Madsen, C., Aarø, L. E., Strand, B. H., & Næss, Ø. E. (2022, 16. september). *Sosiale helseforskjeller i Norge. I: Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Torheim, L. E., Broderstad, A. R., Melhus, M., Nilsen, T. S., Leino, T. M., Tvedten, H. M., & Gulseth, H. L. (2026, 01. oktober). *Helse i den samiske befolkningen. I: Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

TRY. (2026). *Likestilling i endring. En medieanalyse av en offentlige debatten i 2025.* TRY.

Ung.no. (2025). *Årsrapport ung.no.*

Utdanningsdirektoratet. (2023). *Standpunktvurdering i skolen – en beskrivelse av nåsituasjonen.* Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. (2025a, 17. februar). *Minoritetsspråklige barn*. Henta frå webområde for Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. (2025b). *Spesialpedagogisk hjelp*. Henta frå webområde for Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. (2026a). *Barn og barnehager*. Henta frå webområde for Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. (2026b, 25. august). *Karakterer på 10. trinn 2025–2026. Liten karakteroppgang i grunnskolen*. Henta frå webområde for Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. (2026c, 1. oktober). *Tall om elever, skoler, individuelt tilrettelagt opplæring og forsterket opplæring i norsk*. Henta frå webområde for Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. (2026d, 21. september). *Høring om endringer i organisering av skoledagen for 1. og 2. trinn*. Henta frå webområde for Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. (2026e). *Elevtall i videregående skole – utdanningsprogram og trinn*. Henta frå webområde for Utdanningsdirektoratet.

Utdanningsdirektoratet. (2026f). *Søkere til videregående opplæring – utdanningsprogram.* Henta frå webområde for Utdanningsdirektoratet.

Uzair, A. (2023). *Muslims and political violence: a sociological study of meaning-making among radicalised and non-radicalised muslim men in Norway.* Oslo: Universitetet i Oslo.

Vestøl, G. M. (2020). *Utredning om rekruttering av menn til helse- og omsorgssektoren.* PROBA samfunnsanalyse.

Vrålstad, S., Møller, G., Eriksen, E., Haugen, G. M., Ask, T., & Bjerklund, M. (2023). *Ansvar og omsorg for barn av foreldre som ikke bor sammen. Analyser av SSBs undersøkelse om bosted og samvær i 2020 (TF-rapport nr. 717)*. Telemarksforsking.

Walby, F. A., Astrup, H., Gill, E., & Myhre, M. Ø. (2024). *Selvmord etter kontakt med avtalespesialister innen psykisk helse og rus.* Nasjonalt kartleggingssystem for sjølvmord i psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, Nasjonalt senter for selvmordsforskning og -forebygging, Universitetet i Oslo.

West, C., & Zimmerman, D. H. (1987). Doing Gender. *Gender and Society*, ss. 125–151.

WHO. (2020). *WHO guidelines on physical activity and sedentary behaviour.* WHO.

Wollscheid, S., Lynnebakke, B., Kindt, M. T., Karlstrøm, H., & Fossum, L. W. (2022). *Konsekvenser av rasisme og diskriminering for integrering innen utdanning: En kunnskapsoversikt (Rapport nr. 22)*. Oslo: NIFU Nordisk institutt for studier av innovasjon, forskning og utdanning.

Zanga, G., & De Gioannis, E. (2023). Discrimination in grading: A scoping review of studies on teachers' discrimination in school. *Studies in Educational Evaluation, 78*.

Ørstavik, R. E., Moan, I. S., & Christiansen, S. T. (2026, 21 August). *Rusmiddellidelser i Norge. I: Folkehelserapporten – Helsetilstanden i Norge.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Øygarden, A.-M. U., Glavin, K., Sæther, K. M., Solberg, B., & Brekke, M. (2025). Hvor blir det av far i forskning på helsestasjonen? I T. Dahl-Michelsen, R. J. Sekse, G. Aasbø, & K. N. Solbrække (Red.), *Kjønn, helse og marginalisering* ss. 123–141. Cappelen Damm Akademisk.

Aadland, E., Okely, A. D., & Nilsen, A. K. (2022, 22. juni). Trajectories of physical activity and sedentary time in Norwegian children aged 3–9 years: a 5-year longitudinal study. *International Journal of Behavioral Nutrition and Physical Activity, 19* (1), 67.

Ådnanes, M., Haugen, G. M., Jensberg, H., Rantalaiho, M., & Husum, T. L. (2011). *Evaluering av mekling etter ekteskapslov og barnelov – Er meklingsordningen tilstrekkelig innrettet mot de vanskelige sakene, opplever foreldrene mekling som nyttig, og er barnets beste en rettesnor for avtalen?* SINTEF Teknologi og samfunn.

Aakvaag, H. F., & Strøm, I. F. (2019). *Vold i oppveksten: Varige spor? En longitudinell undersøkelse av reviktimisering, helse, rus og sosiale relasjoner hos unge utsatt for vold i barndommen (Rapport nr. 1/2019)*. Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.

Aartsen, M., Vangen, H., Pavlidis, G., Hansen, T., & Precupetu, I. (2024). The unique and synergistic effects of social isolation and loneliness on 20-years mortality risks in older men and women. *Frontiers in Public Health. Aging and Public Health, 12*.

Aase, H., Pettersen, J. H., Bang, L., Havdahl, A. K., & Biele, G. P. (2025, 28. mai). *Del 4: Tidstrender i forekomst av ADHD-diagnoser. I Temautgave 2025: Barn og unges psykiske helse.* Henta frå webområde for Folkehelseinstituttet.

Vedlegg 1

Oppfølging av forslaga frå Mannsutvalet

Denne oversikta viser korleis dei 35 forslaga til tiltak frå Mannsutvalet blir følgde opp. Meldinga omtaler òg fleire innsatsområde og tiltak som Mannsutvalet ikkje har teke opp.

Innsatsområde 1: Menn som omsorgspersonar

Forslag frå Mannsutvalet	Oppfølging
Tiltak 1 Endre foreldrepengeordninga og rettar i samband med fødsel	Far sin rett til å ta ut foreldrepengar er til dels avhengig av at mora er i arbeid eller annan aktivitet. Det er gjort lovendringar for å styrkje fedrar sine sjølvstendige rettar.
Mannsutvalet foreslår å endre foreldrepengeordninga for å gi like rettar uavhengig av kjønn, og for å gi fleire fedrar høve til å ta ut meir foreldrepermisjon. Utvalet foreslår fleire grep for å oppnå dette: å innføre individuelle rettar til foreldrepengar, dele permisjonsperioden i to og utvide foreldrepengeperioden, samt gi far eller medmor rett til to veker betalt permisjon i samband med fødsel.	Frå 2. august 2022 fekk fedrar og medmødrer rett til å ta ut åtte veker foreldrepengar uavhengig av aktivitetskravet til mora. Frå 2. august 2024 blei denne retten ytterlegare styrkt ved at aktivitetskravet til mora vart oppheva for ytterlegare to veker. Dette inneber at fedrar og medmødrer som har tent opp rett til foreldrepengar gjennom yrkesaktivitet i minst seks av dei siste ti månadene, no har sjølvstendig rett til å ta ut foreldrepengar i til saman ti veker når mora ikkje har tent opp slik rett. Alle fedrar som har tent opp rett til foreldrepengar, har rett til å ta ut to veker med foreldrepengar i samband med fødselen. Med innføringa av åtte veker sjølvstendig uttaksrett for far/medmor i 2022, fekk fedrar og medmødrer òg høve til å ta ut to av desse vekene i samband med fødsel. Regjeringa ønskjer å vidareføre den tredelte foreldrepermisjonen og opprettholde fedrekvoten. Foreldrepengeordninga er styrkt for begge foreldra. Foreldrepengeperioden ved 80 prosent dekning er utvida med elleve stønadsdagar for barn fødde frå 1. juli 2024 av. Endringa inneber at den samla utbetalinga no er om lag den same ved 80 og 100 prosent dekningsgrad, slik at foreldre ikkje lenger kjem økonomisk dårlegare ut ved å velje 80 prosent. Sjå nærmare omtale i kapittel 3.3.

Forslag frå Mannsutvalet	Oppfølging
Tiltak 2 Styrkje rolla og rettane til nybakte fedrar og medmødrer Mannsutvalet foreslår tre grep for å styrkje rolla og rettane til nybakte fedrar og medmødrer: at far og medmor får rett til å få dekt utgifter til reise og overnatting ved fødsel, systematisk innhenting av erfaringar frå helsestasjonane sine aktivitetar retta mot fedrar i barnet sitt første leveår, og oppdatering av dei nasjonale faglege retningslinjene for helsetenestene slik at dei inkluderer rolla til fedrar og medmødrer.	Regjeringa har lovfesta at pasientar får ha med seg pårørande når ein får helsehjelp. Dette gjeld òg gravide og deira partnarar. Fedrars tilbod ved helsestasjonen blir vareteke gjennom ei tydeleggjering av innhaldet i tenesta gjennom faglege retningslinjer. Retningslinjene for helsestasjons- og skulehelsetenesta er tydelege på at helsestasjonen skal rette tilbodet mot begge foreldra, og understrekar at både mor og far – eller andre omsorgspersonar – skal reknast som likeverdige foreldre og bli inviterte inn i oppfølginga av barnet. Nasjonale retningslinjer for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg inneheld omtale av rolla til partnaren.
Tiltak 3 Etablere trepartssamarbeid for betre balanse mellom arbeid og familie i mannsdominerte bransjar Mannsutvalet foreslår at regjeringa tek initiativ til eit trepartssamarbeid for å få kunnskap om, og finne fram til betre ordningar for, balansen mellom arbeid og familieliv i dei største mannsdominerte bransjane i arbeidslivet.	Regjeringa har etablert eit trepartssamarbeid for betre balanse mellom arbeidsliv og familieliv i mannsdominerte og kvinnedominerte bransjar, i tråd med framlegget frå Mannsutvalet og som varsla i regjeringa sin strategi for likestilling mellom kvinner og menn 2025–2030. Samarbeidet er lagt til arbeidsgruppa for likestilling i arbeidslivet under arbeidslivs- og pensjonspolitisk råd. Eit tiltak i denne meldinga er å vidareføre samarbeidet i dialog med partane i arbeidslivet. Sjå nærmare omtale i kapittel 3.3.4.
Tiltak 4 Utvide meklingsplikta ved samlivsbrot og foreldrekonfliktar til seks timar før det kan reisast sak for domstolane Mannsutvalet foreslår at foreldre ved samlivsbrot og foreldretvistar må ha gjennomført seks timar mekling før det kan reisast sak for domstolane.	Det er ikkje kunnskap som tyder på at meir obligatorisk mekling vil føre til at fleire saker blir løyste utanfor domstolane. Det er likevel vedteke ei rekkje andre endringar i den nye barnelova som har som mål å førebyggje og redusere konfliktar. Sjå nærmare omtale i kapittel 3.5.5.
Tiltak 5 Styrkje moglegheita domstolane har til å idømme delt bustad Mannsutvalet meiner at reglane for domstolane sitt høve til å fastsetje delt bustad må endrast.	Etter den nye barnelova kan domstolen fastsetje delt bustad også i tilfelle der det ikkje ligg føre «særlege grunnar». Det er opp til domstolen å vurdere kvar sak konkret med utgangspunkt i kva som er til beste for barnet. Sjå nærmare omtale i kapittel 3.5.4.

Forslag frå Mannsutvalet	Oppfølging
Tiltak 6 Leggje kompetansen til å flytte barnet innanlands til foreldreansvaret Mannsutvalet foreslår at foreldre med foreldreansvar må vere med på avgjerder om flytting av barn innanlands. Begge foreldra bør kunne reise sak om flytting for domstolane.	Den nye barnelova inneheld endringar som styrkjer kravet til semje mellom foreldra ved flytting av barn etter samlivsbrot. Foreldre som budde saman då barnet blei født, må som hovudregel vere einige dersom barnet seinare skal flytte. Sjå nærmare omtale i kapittel 3.5.3.
Tiltak 7 Innføre økonomiske ordningar som fremjar likestilling Mannsutvalet foreslår endringar i nokre av dei økonomiske ordningane knytte til bustad og samvær med barn etter samlivsbrot.	I ny barnelov blir gjeldande ordning for fastsetjing av barnebidrag vidareført. Barne- og familiedepartementet vil gjennomgå regelverket for barnebidrag og vurdere korleis det kan utformast slik at økonomiske omsyn i minst mogleg grad påverkar avtalar om bustad og samvær.
Tiltak 8 Greie ut lovfesta rett til ulønt permisjon for omsorgsarbeid for personar utanfor den nærmaste familien Mannsutvalet foreslår at det blir greidd ut korleis retten til ulønt permisjon for å utføre omsorgsarbeid kan utvidast, slik at han ikkje er avgrensa til personar i den nærmaste familien.	Regjeringa ønskjer ikkje ytterlegare ulønte permisjonsordningar. Det kan medføre kostnader for arbeidsgivaren sjølv om ordninga er ulønt. Det kan òg diskuterast om ordninga i hovudsak vil bli nytta av kvinner når det kjem til stykket, noko som kan påverke deltakinga til kvinner i arbeidslivet negativt.
Tiltak 9 Greie ut det rettslege rammeverket for barn i familiar med fleire enn to omsorgspersonar	Den nye barnelova vidarefører prinsippet om at barn berre kan ha to juridiske foreldre.

Innsatsområde 2: Kjønnsforskjellar i utdanning og arbeidsliv

Tiltak	Oppfølging
Tiltak 10 Innføre leikbasert læring i barnehagen Mannsutvalet foreslår at det blir innført nasjonale føringar for barnehagane om å ta i bruk det forskingsbaserte førskuleopplegget for leikbasert læring som er utvikla gjennom Agderprosjektet.	Regjeringa si vurdering er at rammeplanen allereie har krav om at barnehagen skal leggje til rette for leik, læring og utvikling. Regjeringa meiner at barnehagane bør stå fritt til å velje korleis det pedagogiske arbeidet skal organiserast i praksis. Sjå nærmare omtale i kapittel 4.2.2.
Tiltak 11 Innføre fleksibel skulestart Mannsutvalet foreslår at høvet til å starte på skulen eitt år tidlegare eller seinare enn i august det året barnet fyller seks år, blir meir tilgjengeleg enn i dag.	I praksis vil forslaget frå Mannsutvalet innebere å fjerne kravet om sakkunnig vurdering. I arbeidet med den nye opplæringslova konkluderte regjeringa med at ei sakkunnig vurdering kan redusere risikoen for negative konsekvensar av utsett eller tidleg skulestart, både på kort og lang sikt. Sjå nærare omtale i kapittel 4.4.1.1. Regjeringa er samtidig oppteken av at kommunar, skular og foreldre er kjende med høvet til fleksibel skulestart etter dagens regelverk. Dagens regelverk gir til dømes gode høve til å prøve ut fleksibel skulestart. Opplæringslova § 29-3 opnar for tidsavgrensa unntak frå lova til pedagogiske eller organisatoriske forsøk. Forsøka skal evaluerast og rapporterast.
Tiltak 12 Innføre ein meir praktisk og variert skulekvardag Mannsutvalet foreslår fleire tiltak for ein meir praktisk og variert skulekvardag med større rom for fysisk aktivitet. For barnetrinnet foreslår utvalet større innslag av leikbasert læring og frileik, og å utvide talet på undervisningstimar i dei praktisk-estetiske skulefaga (kroppsøving, kunst og handverk, musikk, mat og helse). For ungdomstrinnet vil utvalet styrkje valfaga gjennom å auke timetalet i valfag, og endre føringane for kor mange, og eventuelt kva for nokre, valfag skulane skal tilby.	Regjeringa tek fleire grep for ein meir praktisk skule der elevane lærer meir, blir meir motiverte og trivst betre. Eit hovudgrep i meldinga om 5.–10. trinn er å opprette eit nasjonalt program for meir praktisk læring. Programmet inneber meir pengar til utstyr og praktiske læringslokale. Det vil bli innført valfag for alle elevar på 5.–7. trinn, og det er blitt obligatorisk å tilby arbeidslivsfag på ungdomsskulen. I tillegg er det sett i gang arbeid for å endre skuledagen på 1. og 2. trinn for å leggje betre til rette for leik, fysisk aktivitet og sosial og emosjonell læring, i tillegg til dei grunnleggjande ferdigheitene lesing, skriving og rekning. Sjå nærmare omtale i kapittel 4.4.2.
Tiltak 13 Styrkje alternative opplæringsløp i vidaregåande opplæring Mannsutvalet foreslår ein nasjonal modell for å styrkje alternative opplæringsløp i vidaregåande opplæring.	Hovudmodellen i fag- og yrkesopplæringa er to år i skule og to år i bedrift. Fylkeskommunane har i dag, gjennom fleksibiliteten i fag- og timefordelinga, høve til å tilby alternative opplæringsmodellar. Sjå nærmare omtale i kapittel 4.4.6.

Tiltak	Oppfølging
Tiltak 14 Sikre rett til læreplass Mannsutvalet foreslår at det blir innført rett til læreplass for elevar i yrkesfagleg vidaregåande opplæring.	Regjeringa har sett i verk fleire tiltak for å bidra til at fleire får læreplass og fullfører yrkesfagleg opplæring: Frå 1. august 2024 er det innført rett til læreplass eller eit anna tilbod på vidaregåande trinn 3. I tillegg har regjeringa inngått ein samfunnskontrakt for fleire læreplassar, innført rett til yrkesfagleg rekvalifisering og skjerpa krava til bruk av lærlingar i offentlege kontraktar. Tiltaka skal bidra til at fleire får læreplass og fullfører yrkesfagleg opplæring. Sjå nærmare omtale i kapittel 4.4.6.
Tiltak 15 Endre poengberekninga på vitnemålet frå grunnskulen og vidaregåande opplæring	Regjeringa har gitt Utdanningsdirektoratet i oppdrag å greie ut om ei sikrare og forbetra eksamensordning.
Tiltak 16 og 17 Gjennomføre nasjonal satsing for at fleire unge skal velje og gjennomføre kjønnsutradisjonelle utdanningsprogram på yrkesfag (tiltak 16) og for at fleire unge skal velje og fullføre kjønnsutradisjonelle utdanningsprogram i høgare utdanning (tiltak 17) Mannsutvalet foreslår ei heilskapleg og langsiktig nasjonal satsing for at fleire unge skal velje kjønnsutradisjonelt på yrkesfag og i høgare utdanning.	Regjeringa viser til relevante tiltak, til dømes: Fleire relevante tiltak er varsla i meldinga om ein meir praktisk skule på 5.–10. trinn. Dette omfattar mellom anna å styrkje elevane sine moglegheiter til meir praktisk og arbeidslivsretta opplæring og å gjere det obligatorisk for skulane å tilby arbeidslivsfag på ungdomstrinnet. Regjeringa oppretta eit nasjonalt senter for yrkesfag i 2025. Ei oppgåve for senteret er å arbeide med kjønnsutradisjonelle val i fag- og yrkesopplæringa. Kunnskapsdepartementet har, saman med dei sentrale partane i utdanningssektoren, utarbeidd ein rekrutteringsstrategi der fleire mannlege lærarar er eitt av måla. Sjå nærmare omtale i kapittel 5.6.
Tiltak 18 Endre opptaksreglane til høgare utdanning Mannsutvalet foreslår å endre opptaksreglane til høgare utdanning gjennom auka bruk av opptaksprøver ved studium med stor kjønnsubalanse og konkurranse om studieplassane. Utvalet foreslår òg meir systematisk bruk av positiv særbehandling, som kjønnskvotar og kjønnspoeng.	Frå 1. januar 2027 blir kjønnspoeng erstatta med kvotar på studium med stor kjønnsubalanse. Målet er å sikre representasjon av begge kjønn. Den nye opptaksforskrifta opnar òg for at universitet og høgskular kan ta i bruk ulike modellar for rangerande opptaksprøver utan å måtte søkje om det. Etter regjeringa si vurdering kan slike opptaksprøver vere eit eigna verkemiddel for å motverke kjønnsubalanse på studium med særleg hard konkurranse om studieplassane. Sjå nærmare omtale i kapittel 5.6.6.
Tiltak 19 Auka innsats for det psykososiale arbeidsmiljøet og mot trakassering og seksuell trakassering i arbeidslivet Mannsutvalet tilrår at regjeringa tek initiativ til ei større satsing for å etablere gode HMS-rutinar for det psykososiale arbeidsmiljøet, som òg omfattar innsats mot trakassering, inkludert seksuell trakassering, i arbeidslivet.	Styrkt innsats for det psykososiale arbeidsmiljøet er viktig i IA-arbeidet og i arbeidet med å styrkje verksemdene sitt arbeidsmiljøarbeid generelt. Det er fleire prosessar i gang på dette området, mellom anna oppfølging av endringar i regelverket og ein ny nasjonal arbeidsmiljøstrategi. Regjeringa har òg lagt fram ei melding til Stortinget om seksuell trakassering. Sjå nærmare omtale i kapittel 5.4.

Innsatsområde 3: Sårbarheit og helse

Tiltak	Oppfølging
Tiltak 20 Setje ned eit mannshelseutval Mannsutvalet foreslår at det i inneverande stortingsperiode blir sett ned eit mannshelseutval for å gjere ei nærmare utgreiing av helseutfordringane til menn og kjønnsforskjellar i helse.	Regjeringa er tydeleg på at dei særskilde helseutfordringane til både kvinner og menn skal vektleggjast i politikkutviklinga og i utviklinga av helse- og omsorgstenestene framover. Sjå nærmare omtale i tekstboks 6.4.
Tiltak 21 Greie ut eit nasjonalt screeningprogram for prostatakreft Mannsutvalet foreslår at det så snart som mogleg blir greidd ut om det bør innførast eit screeningprogram for prostatakreft i Noreg, og korleis eit slikt program eventuelt bør utformast.	Eit av måla i den nasjonale kreftstrategien er å innføre eit screeningprogram for prostatakreft i løpet av den tiårige strategiperioden. Før screening for prostatakreft kan setjast i gang, er det nødvendig med eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Sjå nærmare omtale i kapittel 6.9.2.
Tiltak 22 Gjere helsetenester meir tilgjengelege for gutar og menn Mannsutvalet foreslår å setje i verk fleire tiltak for å gjere lågterskeltilbod meir tilgjengelege for menn. Det skal utarbeidast ei nasjonal nettside som gjer det lettare å finne fram til lokale og regionale lågterskeltilbod, og ein rettleiar for profilering av lågterskeltilbod retta mot menn. Det skal opprettast ei teneste for å ta anonym og diskret kontakt med helsetenester, og helsestasjonstilbodet for gutar skal styrkjast.	Det ligg føre ei sterk fagleg tilråding om at helsestasjon for ungdom bør setje i verk tiltak for å nå gutar i større grad og dermed jamne ut forskjellane i bruken av tenesta. I strategien for seksuell helse er det mellom anna eit mål å jamne ut kjønnsforskjellane i bruken av helsestasjons- og skulehelsetenesta og andre lågterskeltilbod. Gjennom *Opptrappingsplan for psykisk helse* styrkjer regjeringa tilgangen til kunnskapsbaserte lågterskeltilbod innanfor psykisk helse og rus i kommunane. Så langt i planperioden har regjeringa auka løyvingane til formålet med 500 millionar kroner. Regjeringa har òg auka tilskota til hjelpetelefonar og samtaletilbod gjennom Opptrappingsplan for psykisk helse. Gjennom etableringa av ei digital førstelinje vil regjeringa styrkje innbyggjarane sine moglegheiter til å meistre eiga helse, avlaste helse- og omsorgstenesta og bidra til raskare tilgang til råd, rettleiing og helsehjelp. Helsedirektoratet har fått i oppdrag å etablere ei innbyggjarretta offentleg KI-teneste som består av dialogbaserte og kvalitetssikra svar og råd på spørsmål frå innbyggjarane om symptom, tilstandar og helseplager, og som kan hjelpe med å tolke og forklare symptom og prøvesvar som innbyggjarane sjølve legg inn.
Tiltak 23 Gjennomføre ei satsing på seksuell helse Mannsutvalet meiner at det bør gjennomførast ei brei satsing på seksuell helse.	Regjeringa har lagt fram ein strategi for seksuell helse. Det overordna målet med strategien er god seksuell helse for heile befolkninga gjennom heile livsløpet. Sjå nærmare omtale av strategien i kapittel 6.2.10.

Tiltak	Oppfølging
Tiltak 24 Auke kunnskapen helsepersonell har om menns helseutfordringar for å utnytte potensialet ved konsultasjon betre Mannsutvalet foreslår å styrkje kompetansen om menns helse blant helsepersonell.	Regjeringa vil forbetre kunnskapen om menns helse og kjønnsforskjellar i helse – også i samanheng med sosiale forhold. Kunnskapen skal nyttast til å utvikle betre og meir treffsikre helse- og omsorgstenester og folkehelsetiltak.
Tiltak 25 Styrkje innsatsen for å forhindre sjølvmord Mannsutvalet meiner at arbeidet med å førebyggje sjølvmord må styrkjast og få ei endå tydelegare innretning mot menn.	Regjeringa vil leggje fram ein ny og spissa handlingsplan for førebygging av sjølvmord. Planen skal ha eit tydeleg kjønns- og mangfaldsperspektiv.
Tiltak 26 Styrkje tilboda innan psykisk helsevern, rusbehandling og fengsel Mannsutvalet foreslår at talet på døgnplassar i det psykiske helsevernet blir stabilisert på dagens nivå, og at det på sikt blir auka. Det må takast høgd for det aukande behovet for plassar til kriminelle som blir dømde til behandling i psykiatrien. Tilbodet innanfor tverrfagleg spesialisert rusbehandling og helsetilbodet til innsette i fengsel må styrkjast.	Sidan 2021 har nedgangen i døgnkapasiteten i psykisk helsevern blitt bremsa, og regjeringa legg til rette for ei gradvis opptrapping. Målet er at døgnkapasiteten skal vere god nok til å møte behovet for behandling, med auka kapasitet frå 2026 og vidare fram mot 2030. Sjå nærmare omtale i kapittel 6.7.6. Gjennom oppfølging av førebyggings- og behandlingsreforma for rusfeltet vil regjeringa bidra til meir tilgjengeleg samanhengande og koordinert behandling av rusmiddellidingar. Sjå nærmare omtale i kapittel 6.7.4. Regjeringa følgjer fortløpande opp fleire av tilrådingane frå Straffereaksjonsutvalet for å ta vare på helsa til innsette på ein best mogleg måte, særleg personar med alvorlege psykiske lidingar eller utviklingshemming, i samband med varetekt, straffegjennomføring og tilbakeføring til samfunnet. Sjå nærmare omtale i kapittel 6.9.6.
Tiltak 27 Etablere fleire lokale møteplassar for gutar og menn Mannsutvalet foreslår å etablere fleire lokale møteplassar for gutar og menn.	Regjeringa legg til rette for frivillig arbeid og fleire møteplassar gjennom ulike ordningar som har blitt styrkte dei siste åra: Regjeringa oppretta i 2025 ei tilskotsordning på 10 millionar kroner for å etablere trygge og inkluderande sosiale møteplassar, med mål om å førebyggje kriminalitet og rekruttering til kriminelle miljø i utsette område. Ordninga kan òg bidra til å styrkje lokale møteplassar og fellesskap for gutar og menn. Regjeringa har etablert ei ny ordning med tilskot til aktivitetstiltak for eldrekrafta som del av Eldreløftet. Ordninga skal bidra til at eldre kan leve eit aktivt og meiningsfullt liv, motverke einsemd og styrkje aldersvennlege møteplassar der eldre både kan delta og bidra i fellesskapet. Regjeringa har styrkt ordninga med tilskot til familie- og likestillingspolitiske tiltak i perioden 2021–2025. Eit av dei prioriterte kriteria for å få prosjekttilskot er at tiltaket bidreg til å engasjere gutar og menn i likestillingsarbeid. Dette kan mellom anna vere tiltak som legg til rette for møteplassar og fellesskap.

Tiltak	Oppfølging
	Kultur- og likestillingsdepartementet forvaltar og har styrkt enkle og breie ordningar som legg til rette for deltaking i frivillig arbeid og lokale aktivitetar innanfor kultur og idrett for heile befolkninga. Dette omfattar mellom anna full momskompensasjon til frivillige lag og foreiningar, lokale aktivitetsmidlar, Frifond og Ungdom og Fritids fond.
Tiltak 28 Motverke sosiale forskjellar i fritidsaktivitetane til barn og unge	Regjeringa har ei rekkje målretta innsatsar for å inkludere barn og unge og motverke sosiale forskjellar i deltaking, mellom anna gjennom følgjande:
Mannsutvalet tilrår at det blir sett i verk ei systematisk utprøving av tiltak for å inkludere barn og unge frå låginntektsfamiliar i organiserte fritidsaktivitetar.	Handlingsplanen *Alle inkludert!* blei lansert våren 2024 og har utløyst betydelege investeringar i idrett, kultur og fritidsklubbar. I perioden 2023–2026 er det løyvd over 1 milliard kroner ekstra i statsbudsjettmidlar og spelemidlar til tiltak som skal bidra til brei deltaking, med særleg vekt på barn og unge i familiar med vedvarande låg inntekt. Regjeringa har løyvd midlar til ei fleirårig og systematisk effektevaluering av tiltak for inkludering i fritidsaktivitetar i perioden 2026–2029. Forskingsprosjektet har ei samla økonomisk ramme på om lag 10 millionar kroner. Formålet er å få meir kunnskap om effektane av ulike tiltak for å inkludere barn og unge i fritidsaktivitetar. Det blir òg samla inn erfaringar frå ulike lokale tiltak for å styrkje kunnskapen om vellykka tiltak, mellom anna ved å setje i gang kartlegging av effektane av Mangfaldsløftet i kulturfrivilligheita, effektane av ekstra innsatsar i idretten og eit prosjekt for å samle inn og dele erfaringar om inkludering i fritidsaktivitetar blant organisasjonar som skaper aktivitetar for barn og unge. Regjeringa har foreslått å auke løyvinga til tilskot til inkludering av barn og unge med 10 millionar kroner i 2027, samtidig som ordninga blir målretta mot frivillige organisasjonar og andre aktørar registrerte i Frivilligregisteret. Med auken vil løyvinga til ordninga vere i underkant av 495 millionar kroner i 2027. Samtidig er den kommunale delen av den tidlegare ordninga foreslått overført til Kommunalt førebyggingsprogram for barn og unge. Gjennom programmet kan kommunane mellom anna prioritere tiltak som fremjar inkludering av barn og unge i fritidsaktivitetar. Sjå nærmare omtale i kapittel 8.6.

Tiltak	Oppfølging
Tiltak 29 Etablere eit fritidsklubbtilbod i alle kommunar Mannsutvalet foreslår at kommunane blir pålagde ved lov å ha eit fritidsklubbtilbod for barn og unge.	Fritidsklubbtilbodet blir styrkt gjennom andre verkemiddel. Regjeringa har sidan 2022 styrkt tilskotsordninga *Tilskot til inkludering av barn og unge* med 231 millionar kroner, slik at ho utgjer totalt 758 millionar kroner i 2026. Gjennom ordninga har kommunar og andre aktørar kunna søkje om treårig støtte til mellom anna fritidsklubbar. I 2026 har Bufdir fått i oppdrag å utarbeide ein kommunal rettleiar for arbeidet med fritidsklubbar og andre opne møteplassar. Tilskotet til Ungdom og Fritids fond, som skal gå til aktivitetar i klubbane, er blitt styrkt både med midlar frå statsbudsjettet og med spelemidlar dei siste åra. Kultur- og likestillingsdepartementet greidde i 2026 ut situasjonen for ikkje-kommunale og frivillig drivne opne møteplassar for ungdom. Utgreiinga styrkjer kunnskapsgrunnlaget for å vurdere behov, moglege tiltak og eigna samarbeids- og finansieringsmodellar og supplerer kunnskapen om kommunale fritidsklubbar og opne møteplassar. Sjå nærmare omtale i kapittel 8.6.2.
Tiltak 30 Betre hjelp til offer for ikkje-familiær vald Mannsutvalet tilrår at personar som blir utsette for vald utanfor familien, får meir informasjon om moglege fysiske og psykiske helseskadar, og betre oppfølging i form av eit samtaletilbod.	Regjeringa si vurdering er at det er formålstenleg å utarbeide tilpassa informasjon til menn som er utsette for ikkje-familiær vald, på Helsenorge. Når det gjeld samtaletilbod, vurderer regjeringen at behovet kan dekkjast gjennom dei kommunale psykososiale kriseteama og det psykososiale tilbodet på legevakta. Eit tiltak kan vere å innarbeide dette i rettleiar for psykososial oppfølging og eventuelt rettleiar for legevaktene. Sjå omtale under punkt 7.6.2.4.
Tiltak 31 Styrkje hjelpetilbodet til personar som utøver vald i nære relasjonar Mannsutvalet foreslår at tilbod om sinnemeistringskurs og andre behandlingstilbod til valdsutøvarar bør vere tilgjengelege i fleire delar av landet.	Regjeringa arbeider for likeverdige og tilgjengelege behandlingstilbod i helse- og omsorgstenesta for personar som har utøvd eller står i fare for å utøve vald og seksuelle overgrep, i tråd med opptrappingsplanen mot vald og overgrep mot barn og vald i nære relasjonar 2024–2028. Helsedirektoratet har utvikla ein overordna nasjonal strategi for helsesektorens arbeid med personar som utøver vald eller overgrep. Direktoratet jobbar med å foreslå konkrete tiltak for å nå måla i strategien, på oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet. Sjå omtale under punkt 7.6.1. Regjeringa prioriterer statleg tilskot til Alternativ til Vold. Regjeringa vil sjå på tiltak for å fange opp risikosakene i familievernet og få desse vidare til eigna handtering i barnevernet og politiet ved behov. Sjå nærmare omtale i kapittel 7.6.1.

Innsatsområde 4: Likestillingspolitikk for alle

Tiltak	Oppfølging
Tiltak 32 Innføre kjønnsnøytral formålsføresegn i likestillings- og diskrimineringslova Mannsutvalet foreslår at formålsføresegna i likestillings- og diskrimineringslova blir endra slik at ho blir kjønnsnøytral.	Regjeringa vil behalde formålsføresegna slik ho er i dag. Sjå nærmare omtale i kapittel 2.
Tiltak 33 Innføre meir effektive verkemiddel i likestillingspolitikken Mannsutvalet meiner at verkemidla i likestillingspolitikken må styrkjast, og foreslår at det blir greidd ut, utvikla og sett i verk nye metodar for likestillingsintegrering i offentleg utøving av styresmakt.	Regjeringa er i ferd med å gå gjennom verkemidla for likestillingspolitikken med formål om å greie ut organiseringa, ansvarsfordelinga og verkemidla til sentrale aktørar på likestillingsfeltet, som Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir), Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO) og Diskrimineringsnemnda (DN), og tilskotet til likestillingssentera. DFØ har fått i oppdrag å evaluere kva evne desse aktørane har når det gjeld å bidra til det overordna samfunnsmålet om meir likestilling og mindre diskriminering, og korleis departementet styrer verksemdene. Oppfølginga av OECDs tilrådingar vil bli vurdert i samanheng med dette og eit større forskingsprosjekt om aktivitets- og utgreiingsplikta til offentlege styresmakter og arbeidsgivarar. Sjå nærmare omtale i kapittel 9.2.1.
Tiltak 34 Revidere statistikksider og indikatorar for kjønnslikestilling Mannsutvalet foreslår ein gjennomgang og revisjon av eksisterande offentleg finansierte statistikksider og indikatorar for kjønnslikestilling.	Bufdir har fått i oppdrag å vurdere om offentlege statistikksider om kjønnslikestilling gir eit balansert nok grunnlag for å vurdere likestillingssituasjonen i Noreg i dag, og vil gå gjennom eigne statistikksider om kjønnslikestilling. SSB har i tillegg fått i oppdrag å vurdere behovet for å revidere indikatorane for kjønnslikestilling i kommunane. Sjå nærmare omtale i kapitel 9.2.3.
Tiltak 35 Skaffe meir forsking og kunnskap om menns likestillingsutfordringar Mannsutvalet foreslår ei systematisk satsing på forsking som kan tette kunnskapshol i forståinga av og arbeidet med å motverke likestillings-utfordringane til menn. Dette omfattar òg samansette likestillingsutfordringar for ulike grupper av menn.	Kunnskap og forsking om gutar og menns likestillingsutfordringar er i dag vareteke gjennom fleire sentrale løp (sjå nedanfor). Departementa vurderer i tillegg fortløpande behov for forsking og kunnskapsutvikling for å møte dei utfordringane som er skildra i meldinga, og for å vidareutvikle ein kunnskapsbasert politikk. Kultur- og likestillingsdepartementet legg til rette for ei langsiktig og stabil forsking på kjønnslikestilling, mellom anna gjennom finansieringa av CORE – Senter for likestillingsforsking, SSB, Bufdir og dei regionale likestillingssentera. Tilskotsordninga for familie- og likestillingspolitiske tiltak er òg eit viktig verkemiddel for å fremje utvikling av kunnskap om gutar og menns likestilling, og mange av dei største tildelingane dei seinare åra har gått til prosjekt om gutar og menn. Kultur- og likestillingsdepartementet bidreg òg til utvikling av kunnskap om gutar og menns likestilling på internasjonalt nivå, særleg i Nordisk ministerråd. Sjå nærmare omtale i kapittel 9.2.3.

Bestilling av publikasjonar

Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00

Publikasjonane er også tilgjengelege på
www.regjeringen.no

Omslags- og kapittelillustrasjoner: Anagram design

Trykk: Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa – 11/2026

SVANEMERKET
Trykksak
2041 0446

